HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 28.03.2017
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 21.02.2017

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 40/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 41/17	Protokoll frå førre møte
PS 42/17	Delegerte saker
PS 43/17	Referatsaker
PS 44/17	Søknad om startlån
PS 45/17	Detaljreguleringsplan for Teigane - utlegging til offentleg ettersyn
PS 46/17	Detaljreguleringsplan for Håvika - utlegging til offentleg ettersyn
PS 47/17	Reguleringsplan Skarabakken - utlegging til offentleg ettersyn.
PS 48/17	Prisfastjing og retningsliner for sal av kommunale bustadtomter
PS 49/17	Tomtepris Vike/Toftedal
PS 50/17	Val av plassering - pumpestasjon Almenningen
PS 51/17	Prosjekt 51408 - Einedalen skule - nedskalert prosjekt - alternativ lokalisering
PS 52/17	Reservasjon av næringstomt på Mjølstadneset
PS 53/17	Reguleringsendring for Aspevika - Slutthandsaming
PS 54/17	Detaljreguleringsplan for Gjertneset - utlegging til offentleg ettersyn
PS 55/17	Interkommunal kystsoneplan for ytre søre Sunnmøre - oppstart av planarbeid
PS 56/17	Utgreiing av ny lokalisering for Herøy vidaregåande skule
PS 57/17	Skatterekneskapen 2016
PS 58/17	Budsjettkontroll per 28.02.2017
PS 59/17	Gnr 60 Bnr 454 - Avtale om vegrett over kommunal grunn
PS 60/17	Gnr 15 Bnr 3 - Førespurnad om kjøp av eigedom

Delegerte saker frå avdelingane

DS 4/17	Søknad om endring av løyve.- bytte av stedfortredar
DS 5/17	Tildeling av prikkar i samband med brot på alkohollova.
DS 6/17	Melding om utviding av salsareal på salsbevilling for Kiwi Eggesbønes.

Referatsaker

RS 25/17	Synspunkter på klage fra Ørskog kommune
RS 26/17	Årsmelding 2016 Frostating lagmannsrett
RS 27/17	Orientering om Mørenett og anleggsbidrag
RS 28/17	Brev til kommuner i Møre og Romsdal vedr. klage fra Stranda av 8.3.2017.
RS 29/17	Synspunkter vedr. klage fra Norddal
RS 30/17	Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017
RS 31/17	Prosjektstyring - tilbakemelding til kommunestyret
RS 32/17	Forsvarets veterantjeneste
RS 33/17	Søknad om økonomisk støtte - Operasjon Dagsverk i Møre og Romsdal.
RS 34/17	Styrk matproduksjonen
RS 35/17	Vedlegg 5 til søknad om fiskerihamn Herøy kommune
RS 36/17	Feiring av Runde fyr 250 år
RS 37/17	Omorganisering Sørøyane HV-område
RS 38/17	Søknad om tilskot til kommunale fiskerihamnetiltak - Herøy kommune
RS 39/17	Nye kommunar i Møre og Romsdal - Info-skriv nr. 1/2017

PS 40/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 41/17 Protokoll frå førre møte

PS 42/17 Delegerte saker

PS 43/17 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/778
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/17	Formannskapet	28.03.2017

DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGANE - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 14 mfl. vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Siv. Ing. Svein Holmen	Postboks 319	6101 Volda
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY
Mørenett AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA

Barnerepresentanten i Herøy kommune
Ungdomsrådet
Eldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg
1 Plankart datert 31.12.2016
2 Føresegner datert 31.12.2016
3 Planomtale datert 31.12.2016

Saksopplysningar:
Saka gjeld offentleg ettersyn av ein reguleringsplan på Nerlandsøya. Dei fleste grunneigarane i planområdet har gått saman om å lage ein reguleringsplan som i stor grad samsvarar med kommuneplanen sin arealdel. Det er planlagt rorbuer, hytter og naust med tilhøyrande fellesområde og badeområde som skal vere opent og tilgjengeleg for alle.

Område er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig AN/FR1 (naust og fritidsbustadar) og det er planlagt mellom 30-35 nye bygg.

Det er gjennomført oppstartsmøte mellom kommunen og tiltakshavar plankonsulent 08.10.2014. Det vart gjeve løyve til oppstart av planarbeid i Formannskapet 03.02.2015, F-sak 17/15. Oppstart vart varsla i avis og på nett 06.02.2015 med frist for merknadar 20.03.2015.

Omtale av planforslaget

Bygningsmasse og uteområde:
Fritidsbebyggelsen i planen består av to areal med konsentrert hyttebygging (BFK_1 og 2), eit areal med tomter for frittliggande hytter (BFF) samt 5 mindre områder med rorbuder. (BFR_1-5).

Konsentrert hyttebygging – BFK 1-2
Områda med konsentrert hyttebygging (BFK_1,2) er områder der tiltakshavar ynskjer å kjede hytter til «dobbelthytter» i kombinasjon med enkelte frittståande hytter. Ved byggemelding av første hytte på BFK-1 må utbyggar legge fram samla situasjonsplan for utnyttinga av heile BFK_1.

Frittliggjande hytter - BFF
PÅ BFF skal det byggast to frittliggande hytter på romslege tomter.

Rorbuer – BFR 1-6
Det er sett av i alt 6 ulike areal for rorbuder (BFR_1-6). Rorbudene er fritidsbebyggelse som skal ha naust-/lager-funksjon i grunnetasjen og rom for varig opphald oppe. Etter regelverket kan rorbuder ha bruksareal (BRA) inntil 80m^2. Grunnflata («fotavtrykket») vert då bestemt av fordelinga av bruksareal oppe/nede. Som modell i illustrasjonane har eg generelt teke med 46m^2 BRA nede og 34m^2 oppe. Grunnflata på bygget vert då 50m^2.
Sjå planomtalen for detaljar kring dei ulike BFR-områda.

Naust – BUN 1-3
Det er 3 områder med naustføremål i planområdet.

BUN_1 er 2 eksisterande naust på frådelte tomter.

BUN_2 er eit større område med 5 ulike eigarar som vil samarbeide om utnyttinga av arealet. Teigane er skrå og små og ligg på dels overflødd areal som er vanskeleg

å utnytte separat. Eigarane vil gå saman om utfylling og klargjering av området med seinare fordeling av innvunne areal til sjølveigande tomter. Det kan plasserast inntil 9 naust på BUN_2.

BUN_3 er ei lita tomt der det før sto ei saltebud. Her er plass til eit lite naust med grunnflate ca 35m² (7x5m).

Felles uteområder – BAU 1-2
f_BAU_1 skal vere felles ute- /opphaldsområde for hyttene i BFK_1 og rorbudene i BFR_5. Dette området skal vere ein samlingsplass og møteplass som ikkje kan bebyggast, men der terrenget i nokon grad kan bearbeidast slik at der vert lettare farbart. Det kan også etablerast aktivitetsanlegg som t.d felles grillplass etc som ikkje framstår som permanente anlegg.

f_BAU_2 skal nyttast som ei lita grøn opning ved enden av strandpromenaden. På området kan det ikkje opprettast permanente anlegg eller bebyggelse, men her kan etablerast beplantning og nokre
kvilebenkar.

Nærmiljøanlegg - BNA
f_BNA skal nyttast til felles «klubbhus» / felles møteplass for BFK_1 og BFR_6. Huset kan ha kjøken / grill og vanleg sittemøblement, men kan ikkje nyttast til varig opphald / overnatting. Huset skal ha innlagt vatn frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg.

Badeområde(landdelen) – GB
Berggrunnen er oppsprukken, skifrig og svært vanskeleg å ferdast på. For at dette skal fungere som badeområde må vi jamne ut grunnen og fylle på noko sand nederst mot øvre flomål og kanskje litt utover mellom skjæra på dei grunnaste områda. Men intensjonen er å beholde litt av naturleg strandline utan vesentleg fylling. Badeområdet skal vere ålment tilgjengeleg via promenadane og nternvegane.

Badeområde i sjø – VB
Det kan fyllast sand på den grunne delen av VB ut til skjæret som ligg ytst på området. VB kan ikkje trafikkerast av motorgåande farty. Det kan plasserast badeflåte og liknande innretningar innanfor VB.

Strandpromenade – SGG
I kommuneplanen er det bestemt at det skal vere høve til fri ferdsel på sjøsida av naust og rorbuder i planområdet. Vi skal fylle ut området slik at vi får høve til tilflot for småbåter framom naust og rorbuder. Vi har valgt å legge ein gangveg (promenade) langs sjøkanten på dei nye fyllingane. Denne er innregulert med 2m breidde utan trapper og høgdeskilnadar.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
Internvegar – SKV 1-3
Internvegane f_SKV_1og2 er tilkomstvegar til naust- og rorbuder. Desse bygga har portar mot vegen der båtane skal takast inn, og areala mellom bygga og vegen vert utforma som trafikkareal. Dvs at heile areala inklusive internvegen framom bygga vert utforma som ei samanhengande trafikkflate. Vegen skal likevel vere markert for å sikre open ferdsle utan hindringar.
f_SKV_3 er ein felles tilkomst til BFF og SPP

Parkeringsplassar – SPP
Desse parkeringsplassane skal nyttast som felles parkering til Hyttene på BFK_1 og rorbudene på BFR_5. Det er plass til 14 P-plassar på f_SPP.

Vurdering:
Området er i dag lite brukt på grunn av at det er vanskeleg å ta seg fram i fjøra (topografi / berggrunn). Dei næraste sjøområda er også så grunne at sjølv småbåtar har problem med tilflotet. På sørsida er areala utbygde med sjøfylling, moloar og ein god del nyare fritidsbebyggelser (rorbuder og hytter). På nordsida er der opa fjøre som i kommuneplanen er avsett til naust og rorbuder. På vestsida (ovanfor Teigenesvegen) er areala avsett til ny trasé for Fv21 mot Kvalsvika. Det visest her til ein 41 år gammal vegplan som ikkje har vore handsama eller vedteken i Herøy kommune. Vegtraséen er teken inn i den nye kommuneplanen, men den er ikkje inne på nokon prioriteringslister for Statens vegvesen.

Planområdet framstår som eit ubebygd strandområde som er nokså utilgjengeleg frå landsida og med grunnlendt og dårleg tilflot. Området er lite brukt på grunn av vanskeleg topografi og berggrunn. Med unnatak av 3 eksisterande naust i nordenden av planområdet, samt eit gammalt og forfallent stornaust på 5/60, er området ubebygd.

Planområdet skal ha tilkomst frå den eksisterande kommunale «Teigenesvegen». Her er minimal trafikk no, og sjølv med litt trafikkauke når utbyggingane i kommuneplanen er gjennomførde vil trafikkmengda vere svært begrensa.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12
§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12
Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget
Plankonsulent har fått uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og sjekka ut potensielle interessekonflikt i www.artskart.no og www.naturbase.no. Det er ikkje registrert spesielt sårbare eller raudlista artar i planområdet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg for denne saka.

§9, Føre-var-prinsippet
Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Konklusjon:
Etter ei heilskapleg vurdering av saka vil rådmannen rå til at planforslaget i medhald av plan- og bygningslova, §12-10, vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Lenke til plankartet digitalt:
https://kommunekart.com/klient/sunnmørskart?urlid=0784189a49504329a5dfd0a10efedecd

Fosnavåg, 10.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Detaljregulering

TEIGANE

Gnr 5, brnr. 14 m fl. Teige, Nerlandsøya, Herøy kommune

ENDRINGAR

TEIKNFORKLARING **PBL § 12-5**

1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL.§ 12-5 .1)

- BFR — Fritidshus, Rorbuder
- BUN — Naust - sosi 1589
- BFF — Fritidshus, frittliggande hytter sosi 1121
- BFK — Fritidshus, konsentrert sosi 1122
- BNA — Nærmiljøanlegg (sosi 1440)
- f_BAT — Annen tenesteyting - returpunkt renovasjon (sosi 1169)
- f_BAU — Felles uteområde sosi 1690

2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

- f_SKV — Felles køyreveg
- f_SPP — Felles parkeringsplassar
- o_SKV — Off. veg - Teigenesvegen
- o_S — Samferdselsanlegg - areal for framtidig Fv21
- f_SVT — Annen veggrunn sosi 2018
- f_SGG — Gangareal - Strandpromenade sosi2016

3: GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5 . 5)

- f_GB — Badeplass - landdelen sosi3041

6: BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

- o_VFR — Friluftsområde i sjø sosi 6710
- f_VB — Badeområde - sjødelen sosi 6770
- o_VHS — Hamneområde i sjø sosi 6220

JURIDISKE LINER OG PUNKT

- Plangrense
- Føremålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- RpJurline - Innregulerte bygg
- RpJurline - Bygning som skal fjernast

KARTOPPLYSNIGAR

Koordinatsystem: UTM sone 22 / Euref 89

0 10 20 30 40 m

Basiskart er teikna med svak gråfarge

N

M = 1:1000

SAKSHANDSAMING ETTER PBL

Oppstartkonferanse
Forvarsling i tida: 5.feb - 20.mars 2015
1. gangs handsaming i planutvalet
2.gangs handsaming i planutvalet
Offentlig ettersyn fra_____ til_____
Handsaming i kommunestyret
Kunngjering med klagefrist

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

DATO:

30.des 2016

siv.ing SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan

Teigane Gnr.5, brnr: 1,4,13,14,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61

Nerlandsøya, Herøy kommune

Plan ID:

Plan dato: 30.des 2016

1 - Generelt:

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.

1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som kan hindre gjennomføring av planen.

2 - Reguleringsføremål:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A):	Fritidsbebyggelse hytter konsentrert (1122) BFK1,2
	Fritidsbebyggelse hytter frittliggande (1121) BFF
	Fritidsbebyggelse Rorbuder (1122) BFR_1-6
	Naust (1589) BUN_1-3
	Felles uteområde f_BAU_1,2 (1690)
	Nærmiljøanlegg f_BNA (1440)
	Annen tenesteyting – returpunkt renovasjon f_BAT (1169)
Samferdsleanlegg (S):	Felles køyreveg (2011) f_SKV_1-3 (internvegar)
	Off. veg o_SKV (2011) (Teigenesvegen)
	Samferdsleanlegg o_S (2001) (grunn til framtidig Fv21)
	Parkeringsplassar (2082) f_SPP
	Gangareal f_SGG (2016) (strandpromenade)
	Annan veggrunn – Fyllingsfront f_SVT_1 (2018)
	Annan veggreunn – Tekn. Anlegg – båtopptrekk f_SVT_2
Grønstruktur (G):	Badeplass (3041) f_GB
Bruk og vern av sjø og vassdrag:	Friluftsområde i sjø (6710) f_VFV
	Badeområde i sjø (6770) f_VB
	Hamneområde i sjø (6220) f_VHS

3 - Fellesføresegner:

3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet

3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.

3.3 Vegar og tekniske anlegg innanfor eit delområde skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye bygg i det aktuelle delområdet..

3.4. Utfylling i sjø:

a. Dei delane av byggeområda som grenser til sjø skal fyllast til sjøfront i samsvar med reguleringskartet. Fyllinga skal i front ha høgde 2m over NN2000. Ferdig golv på bygg som står på fyllinga skal golvhøgde på cote 2,5 over NN2000. Alle bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,7 må tole sjøvatn og stormflo / bølgepådriv.
b. Det skal vere ålment tilgjenge langs fjøra på tilrettelagt strandpromenade (f_SGG) i sjøkanten langs fyllinga i samsvar med reguleringskartet. f_SGG skal ha høgd minimum 1,9m over NN2000 og skal konstruerast slik at den toler overfløding og stormpådriv. Sjøfronten på fyllinga / strandpromenaden kan utformast slik at den kan nyttast som tilflot med småbåtar. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsla langs f_SGG

4 - Bebyggelse og anlegg

4.1 – Fritidsbebyggelse – Frittliggande hytter BFF (sosi 1121)

a. Området merka BFF skal nyttast til 2 frittliggande hytter
b. Bygga kan ha fri formgjeving og moderne materialbruk, men mønehøgda (raftehøgda v pulttak) skal ikkje overstige 5,5m over topp grunnmur / fundament. Kvar hytte kan ha bruksareal (BRA) inntil 100m^2
c. Det kan førast opp eit uthus/anneks pr. hytteeining max 10m frå hytta med storleik inntil 15 m² BRA og med mønehøgde inntil 3m
d. Ved byggemelding av første bygg skal det leggast fram situasjonsplan for heile BFF der plassering, storleik, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.
e. Hyttene i BFF skal ha full sanitær standard med avlaup til kommunalt anlegg.
f. Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.

4.1 – Fritidsbebyggelse – konsentrert hyttebygging BFK_1,2 (sosi 1122)

a. Områda merka BFK skal nyttast til konsentrert fritidsbebyggelse - hytter.
b. Utnyttingsgraden på dei ulike delfelta skal vere:
   BFK_1: BYA $_{max}$ = 35%,
   BFK_2: Området kan ha 3 hytter i samsvar med tomtedelinga på reguleringskartet.
c. Bygga kan ha fri formgjeving og moderne materialbruk, men mønehøgda skal ikkje overstige 5,5m over topp grunnmur / fundament. Kvar hytte kan ha bruksareal (BRA) inntil 100m^2
d. Det kan førast opp eitt uthus / anneks pr. hytteeining inntil 10m frå hytta med storleik på inntil 15 m² BRA og med mønehøgde inntil 3m. Uthus i BFK_2 skal ikkje innreidast for varig opphald
e. Ved byggemelding skal det leggast fram situasjonsplan for heile delområdet der plassering, storleik, høgde, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.
f. Hyttene i BK_1 og 2 skal ha full sanitær standard med avlaup til kommunalt anlegg.
g. Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.
h. BFK_1 skal ha tilkomst frå Teigenesvegen / f_SKV2, og BFK_2 frå f_SKV1.
i. BFK-områda skal ha ein parkeringsplass pr hytte.
   BFK_1 skal ha felles parkering på området SPP, og BFK_2 skal ha parkering på eigen grunn.

4.2 – Fritidsbebyggelse, Rorbuder BFR_1-6 (sosi 1122)

a. Rorbudene på BFR_1-6 kan førast opp i to etasjar med BRA inntil 80 m² der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2.etasjen er innreidd for overnatting og opphald.
b. Mønehøgde rekna frå topp golv nærast sjøen kan vere inntil 6,5m.
c. Dei delane av bygningane som ligg lavare enn 2,7 m over NN2000 må byggast i materiale som toler sjøvatn og bølgepådriv.
d. Rorbudene skal ha vassforsyning frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg.
e. Utnytting på dei ulike rorbudområda:
   - BFR_1 kan BYAmax=30%. Rorbudene i BFR_1 skal ha tilkomst frå o_SKV (Teigenesvegen)
   - BFR_2 kan ha 1 rorbud med tilkomst frå Teigenesvegen
   - BFR_3 kan ha 2 rorbuder med tilkomst frå f_SKV_1
   - BFR_4 kan ha 5 kjeda rorbuder med tilkomst frå den søraustlege greina av f_SKV_1
   - BFR_5 kan ha 3 rorbuder. Tilkomst frå f_SKV_2
   - BFR_6 kan ha 1 rorbud med tilkomst frå o_SKV (Teigenesvegen)
f. Kvar rorbu skal ha min.1 parkeringsplass på eigen grunn.
   Rorbudene i BFR_5 skal ha ein p-plass kvar på f_SPP
g. Ved byggemelding av første bygg på eit delområde skal det leggast fram samla situasjonsplan for heile det aktuelle delområdet der byggplassering, fasadar, utforming av uteareal og parkering for alle bygga på delområdet vert illustrert.

4.3 Naust, BUN_1-3 (sosi 1589)

a. I områda merka BUN skal det byggjast naust i ein etasje. Garnloft kan tillatast.
   Nausta i BUN kan ikkje innreiast for varig opphald.
b. **BUN_1** utgjer 2 eksisterande naust. Ved evt. påbygg / fornying av desse skal nedanforståande reglar (4.3 c-j) gjelde.
   På området **BUN_2** kan det byggast 9 nye naust. Frittståande naust skal ha min.1m opning / passasje til nabonaust. Eventuelle dobbeltnaust med storleik over 60 m² må ha brannskilje-konstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.
   På **BUN_3** kan det oppførast eit naust med grunnflate maks 35m^2
c. Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 2,3 – 2,5 over NN2000 avhengig av terrenghøgda på staden. Bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,7 skal ha berande bygningsdelar i betong / anna materiale som toler sjøvatn og verknadane av stormflo og bølgepådriv.
d. Nausta skal ha saltak.
e. Nausta kan oppførast med bruksareal (BRA) inntil 60 m².
f. Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.
g. Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen.
   Vindaga si dagslysflate skal ikkje overstige 3% av grunnplanet sitt bruksareal (BRA)
   Nausta kan ikkje ha kvist/takoppløft, karnapp eller andre fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.
h. Nausta kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar.
i. Det er ikkje tillate med gjerde / levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsle i området.
j. Kvart naust skal ha min.1 parkeringsplass på eigen grunn.

4.4 Annan tenesteyting – returpunk for renovasjon: f_BAT - sosi1169

På **f_BAT** kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling. Det kan også settast opp felles postkassestativ

4.6 Felles uteområde f_BAU_1,2 – sosi1690

f_BAU_1 er felles uteopphaldsområde for fritidshusa i BFK_1 og BFR_6. Området kan opparbeidast og nyttast som samlingsplass for vaksne og born. Det kan plasserast leikeapparat i området om ynskjeleg.

f_BAU_2 skal nyttast som ei lita felles grøn «lomme» ved enden av promenadevegen. Plassen kan opparbeidast parkmessig, og det kan settast opp benkar på området.

4.5 Nærmiljøanlegg f_BNA – sosi 1440

f_BNA skal nyttast til felles «klubbhus» / felles møtestad for BFK_1 og BFR_5. Huset kan ha kjøken / grill og vanleg sittemøblement, men kan ikkje nyttast til varig opphald / overnatting. Huset skal ha innlagt vatn frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg.

Huset skal vere i ein etasje, maks 60m2 BRA og mønehøgde 4,5m. Tilkomst frå f_SKV_1

5 – Samferdsleanlegg

5.1 Teigenesvegen (**o_SKV**)

o_SKV skal nyttast som hovudtilkomstveg med noverande standard

5.2 Privat felles tilkomstveg (f_SKV_1-3)

f_SKV_1 skal vere felles privat køyreveg for alle eigedomane innanfor planområdet

f_SKV_2og**3** skal vere felles private køyrevegar for dei eigedomane som er tilknytta desse vegane.

5.3 Parkering (f_SPP):

f_SPP skal nyttast som felles parkeringsareal for fritidshusa på BFK_1 og BFR_6.

5.4 Gangareal – Strandpromenade (**f_SGG** – sosi 2016)

Det skal leggjast vekt på å gje fyllingsfront/promenade ei estetisk og funksjonell utforming.

f_SGG skal utformast med universell standard. Alle har rett til ferdsle på f_SGG

5.5 o_S er parsell av framtidig areal for ny Fv21. På o_S kan det ikkje førast opp bygningar eller etablerast varige anlegg som kan vere til hinder for gjennomføring av Fv-prosjektet.

5.6 Annan veggrunn (**f_SVT_1,2**)

a Båtopptrekket skal vere felles for alle eigedomane innanfor planområdet.

b Fyllingsfronten utgjer enden på fyllinga og skal utformast i samsvar med reglane i §3.4

6: Grønstruktur

6.1: f_GB Felles badeplass – landdelen (sosi 3041)

a. f_GB skal vere felles badeplass knytt til den gjennomgåande strandpromenaden i planområdet.
b. Området kan tilordnast med påfylling av sand til sandstrand.

7: Bruk og Vern av sjø og vassdrag

7.1 **Friluftsområde i sjø (o_VFR)**

Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det kan tillatast utfylling i sjø, som følgje av nødvendig vegfylling med tilhøyrande sikring. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsle og fiske.

7.2 **Badeområde – sjødelen (VB)** sosi 6770**:**

Det kan fyllast sand på den grunne delen av VB ut til skjæret som ligg ytst på området.
VB kan ikkje trafikkerast av motorgåande farty. Det kan plasserast badeflåte og liknande innretningar innanfor VB. Kommunen skal godkjenne plassering av slike innretningar.

7.3 **Hamneområde i sjø (o_VHS)** sosi 6220

Innanfor f_VHS er det rett til ålmenn småbåtferdsle. Alle tiltak i sjø innanfor f_VHS så som utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. må omsøkast og gjevast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningslova.

Detaljregulering

TEIGANE

Gnr.5, brnr: 1,4,13,14,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61
Nerlandsøya, Herøy kommune

Innhald:

-Samandrag
-Bakgrunn
-Planprosessen
-Planstatus og rammer
-Planområdet, eksisterande tilhøve
-Beskrivelse av planframlegget
-Verknader av planframlegget
-Innspel ved forvarslinga
-Avsluttande kommentar
-Vedlegg:
Varslingsdokumenta
Kopi av merknadane

Oppdragsgjevar:
Eigarane
v Jon Kvalsund

Plankonsulent

SIV.ING SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

Dato:
30.des. 2016

Innhald

1 SAMANDRAG

2 BAKGRUNN
2.1 Målet med planen
2.2 Eigedomstilhøve
2.5 Krav om konsekvensutgreiing

3 PLANPROSESSEN
3.1 Planoppstart: Medverknad, varsling

4 PLANSTATUS OG RAMMER
4.1 Kommuneplan
4.2 Tilgrensande reguleringsplanar
4.4 Temaplanar
4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

5 PLANOMRÅDET–EKSISTERANDE TILHØVE
5.1 Lokalisering
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk
5.3 Stadskarakter og eksisterande bebyggelse
5.4 Solforhold og lokalklima
5.5 Kulturminne og kulturmiljø
5.6 Lokaltopografi og landskap
5.7 Naturverdiar
5.8 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
5.9 Landbruk
5.10 Trafikkforhold
5.11 Barn sine interesser
5.12 Universell tilgjengeligheit
5.13 Teknisk infrastruktur
5.14 Grunnforhold
5.15 Støyforhold
5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

6 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET
6.1 Utfylling
6.2 Reguleringsformål
6.3 Omtale av dei ulike føremåla
6.4 Planlagde offentlege anlegg – Fv21
6.5 Universell utforming
6.6 Landbruksfaglege vurderingar
6.7 Kulturminne
6.8 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET
7.1 Overordna planar
7.2 Landskap og omgjevnader - Stadskarakter
7.4 Estetikk og byggeskikk
7.5 Kulturminne og verneverdi
7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova
7.7 Friluftsinteresser
7.8 Trafikkforhold
7.9 Barn sine interesser
7.10 Sosial infrastruktur
7.11 Universell tilgjengeligheit
7.13 ROS
7.14 Jordressursar/landbruk
7.15 Teknisk infrastruktur
7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen
7.17 Konsekvensar for næringsinteresser

8 KU

9 INNKOMNE INNSPEL
Gjennomgang, kommentar og konklusjon etter forvarslinga.

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

11: VEDLEGG:
1. Plankart
2. Reguleringsføresegner
3. Referat frå oppstartsmøte
4. Varslingsbrev
5. ROS-sjekkliste
6. Innspel/merknader til planoppstart
8. Situasjonsplan (Illustrasjon)
9. Lengdeprofil f_SKV1 (Illustrasjon)
10. Snitt A-C (Illustrasjon)

1 Samandrag

På vegne av eigarane fremjer vi med dette detaljreguleringsplan for: Teigane på Nerlandsøya, Herøy kommune. Planen omfattar Gnr.5, brnr: 1,3,4,5,13,14,15,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61. Planen er avgrensa- og har innhald i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Området skal nyttast til kombinert bygge-og anleggsføremål **AN/FR1** for naust, rorbuder og evt hytter, og eigarane ynskjer no å utarbeide detaljplan for slike føremål på området


2 Bakgrunn

På strekninga Teigeneset til søreVaulen (brua) var der i 1965 i alt 16 naust og 7 sjøbuder, og dei fleste av desse byningane var knytt til matauk, transport og næring. No i 2016 er det på same strekninga 57 naust og 16 rorbuder (inkl dei gamle sjøbudene) No er dei fleste av desse bygga knytt til fritidsbruk / turisme og kanskje noko heimefiske.
Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp til satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga. Grunneigarane ynskjer å bygge naust og fritidsbebyggelse (rorbuder/hytter) på området – dels til eige bruk men også for salg.

2.2 Eigedomstilhøve:

Desse er grunneigarar i planområdet: (sjå også eigedomskart på n s)

Gnr	Brnr		Eigar (Heimelshavar) / Postadr./ Tlf / E-Post	Areal I m2	Areal I %
5			Gjelseth Janne Oddveig 6098 Nerlandsøy		
	1		Gjelseth Terje John 6098 Nerlandsøy	199	2,2
	4		Torbjørn Teige, Holsmyrvegen 24, 6011 Ålesund	1096	12,1
	13,14		Jorid Høydalsvik, Myrlandsvegen 11 A 6020 Ålesund	4345	48,1
	1,16		Teige Oluf Jonny og Gjelseth Janne Oddveig, 6098 Nerlandsøy	1226	13,6
	34		Teige Knut Perry Teigenesvegen 7 6098 Nerlandsøy		
	37	3/8	Kvalsund Pauline Anbjørg, Koparstadvegen 9, 6098 Nerlandsøy	232	2,6
		3/8	Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy		
		1/32	Heggelund, Eva Teige		
		1/32	Kjernes, Anne Teige		
		1/32	Teige, Berit		
		1/32	Teige, Else Pauline		
		1/32	Teige, Gunnar		
		1/32	Teige, Magne		
		1/32	Teige, Per Arvid		
		1/32	Teige, Svein		
	38		Kvalsund Pauline Anbjørg Koparstadvegen 9 6098 Nerlandsøy	124	1,4
			Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy		
	39		Kvalsund Pauline Anbjørg Koparstadvegen 9 6098 Nerlandsøy	206	2.3
	40		Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy	99	1,1
	45		Kvalsund Gustav Teigevegen 87 6098 Nerlandsøy	147	1,6
	49		Pettersen Mona Vatnevegen 4 6092 Fosnavåg	159	1,8
	60		Solli Oddleif Jan Øvre Plassegjerdet 3 6098 Nerlandsøy	294	3,3
			Solli Ottar Jarle Øvre Plassegjerdet 13 6098 Nerlandsøy		
	61		Teige Magne Gåsevikveien 14 2007 Kjeller	468	5,2
			Teige Svein Kneiken 10 B 6007 Ålesund		



2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Planen samsvarer med overordna plan, og både føremål, avgrensing og tilkomst er i samsvar med kommuneplanen. Det er soleis ikkje behov for konsekvensutgreiing etter PBL§4_2. Dette vart stadfesta av kommunen i oppstartmøtet.

3 Planprosessen

3.1 Planoppstart

Vi har følgt dei vanlege reglane i PBL ved oppstart av planarbeidet

a: Oppstartkonferanse.

Desse deltok på oppstartmøtet:
Frå Tiltakshavar: Jorid og Ståle Høydalsvik (for eigarane) og Svein Holmen (Plankonsulent)
Frå Kommunen: Jarl Martin Møller og Hallvard Rusten
På oppstartmøtet la tiltakshavarane fram idéskisser til utforming av prosjektet og kommunen sine folk gjorde greie for dei kommunale føringane for arbeidet.
Referat frå møtet er vedlagt.

b: Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert ved varslingsbrev og annonse i avisa Vestlands-Nytt 14.juli 2016 med frist for innspel/merknader 1.sept -16. Varslingsannonsa vart også lagt ut på Herøy kommune si heimeside. Varslingsdokumenta er vedlagte.


c: Innkomne innspel

Ved forvarslinga fekk vi inn 8 innspel. Desse er kort oppsummert, vurdert og kommentert i planomtalen. Alle innspel ved forvarslinga er vedlagte.

4 Planstatus og rammer.

Tilhøvet til eksisterande planar

4.1 Gjeldande kommunedelplan (2015):




Vår planutforming er i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Planområdet får avgrensing i samsvar m kommuneplanen sitt område AN/FR1. Her kan byggast naust (N) og fritidsbebyggelse (rorbuder / hytter)

Området grensar inn mot eksisterande regulerte områder i sør, og i kommuneplanen vert føremåla vurdert slik:

> *…. «Skildring av område: Område ligg På Kvalsund. Område ligg ved sjøen og har spreidd naust og sjøbuder på område. Terrenget består av berg og større steinar og er lite attraktivt for ålmenta. Forslaget går på å endre eit område frå naust til eit kombinert føremål med naust og fritidsbustadar. Dette er å sjå som ei vidareføring av føremålet som ligg i godkjend arealdel for Kvalsund som grensar i sør...»*

4.2 Gjeldande reguleringsplanar:



PlanID:	1515_200801
Plannamn:	Kvalsund - Teige
Dato ikrafttredelse:	11.12 - 2008

PlanID:	1515_201276
Plannamn:	Kvalsund
Dato ikrafttredelse:	28.11 - 2013

Dei to gjeldande planane er tekne inn i kommunedelplanen som *«vidareføring av reguleringsplan»,* og dette betyr vel at gjeldande regulering framleis skal gjelde.
Vår plan grenser mot sør inn til Kvalsund-planen (1515_201276), og i sør-vest inn mot den framtidige omlagte Fv21 som inngår i 1515_200801

4.3 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan-og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.

5 Planområdet – Eksisterande tilhøve

5.1 Lokalisering



5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Området er lite brukt no pga at det er vanskeleg å ta seg fram i fjøra (topografi / berggrunn), og at næraste sjøområda er så grunne at sjølv småbåtar har problem med tilflotet. På sørsida er areala utbygde med sjøfylling, moloar og ein god del nyare fritidsbebyggelser (rorbuder og hytter) På nordsida er der opa fjøre som i kommuneplanen er avsett til naust og rorbuder. På vestsida (ovanfor Teigenes-vegen) er areala avsett til ny trasé for Fv21 mot Kvalsvika. Det visest her til ein 41 år gammal vegplan som ikkje har vore handsama eller vedteken i Herøy kommune. Vegtraséen er teken inn i den nye kommuneplanen, men den er ikkje inne på nokon prioriteringslister for Statens vegvesen.

5.3 Stadskarakter og eksisterande bebyggelse

a - Planområdet

Planområdet framstår som eit ubebygd strandområde som er nokså utilgjengeleg frå landsida og med grunnlendt og dårleg tilflot. Området er lite brukt pga vanskeleg topografi og berggrunn. Med unnatak av 3 eksisterande naust i nordenden av planområdet, samt eit gammalt og forfallent stornaust på 5/60, er området ubebygd.

b – Naboskapet

Dette krakteriserer utviklinga av sjøfronten på Teige dei siste 50 åra:
-Talet på naust / sjøbuder har auka frå 16naust/7sjøbuder i 1965 til 57naust/16sjøbuder/rorbuder i 2015
-Det meste av denne auken har kome på oppfyllt areal
-Det er bygd moloar som gir nok ly til at det kan leggast ut flytebrygger for småbåtrane
-Bruken har endra seg frå næring/matauk/transport til fritidsbruk/rekreasjon/turisme.

Den gamle maritime bebyggelsen låg i tre-fire klynger på naturlege opptrekksplassar for båtane der det var livd og godt tilflot. Den nyare bebyggelsen har kome i tilknytting til dei gamle klyngene på nytt utfyllt areal og med moloar som har gitt ly og høve til flytebrygger.



Dei gamle sjøhusa og nausta var tilpassa i storleik og form etter bruk og behov….



…medan dei nye fekk form og storleik bestemt av fastlagt regelverk

5.4 Solforhold/lokalklima


AN/FR1 ligg søraust vendt i nokså ope landskap med gode soltilhøve. Pga lokaliseringa heilt ute i havranda er området generelt hardare påverka av storm, stormflo og bølgepådriv enn stadar lengre inne i fjordane. Men området ligg bra i lé for dei fleste vindretningane. Nordvesten kan av og til skape stort bølgepådriv inn Breidsundet med avbøygning rundt Teigeneset. Då kan det ta hardt på vår lokalitet. Stundom kan også returbølger frå Igesund-sida ta hardt her.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no og www.askeladden.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Ved forvarslinga vart det sett fram krav om arkeologisk registrering, men dette knytte seg til den nye traséen for Fv21. Denne traséen er ikkje aktuell for bygging i overskueleg tid – vi har bare fått pålegg om å ta den med for å sikre at areala ikkje vert attbygde. Kravet om arkeologisk registrering er difor trekt, og vil bli knytt til Fv-prosjektet når- og viss dette vert aktuelt ein gong i framtida.

5.6 Lokaltopografi og landskap

Planområdet er ein del av den store strandflata på sør-austsida av Nerlandsøya. Bilda på neste side skulle vere godt dekkande m.o.t topografien og landskapet som er her. Det store bildet gir oversikt, medan dei to små bilda viser den lokale topografien på planområdet.


Nerlandsøya
Teigeneset
Breisundet
søre Vaulen
Holmefjorden
FOSNAVÅG


Planområdet på sjøsida av Teigenesvegen
Teigenesvegen


Eksisterande hytter og rorbuer
Steinete og vanskeleg farbar fjøre

5.7 Naturverdiar
I følgje kartbasar som www.artskart.no og www.naturbase.no er det ikkje registrert spesielt sårbare- eller raudlista artar i planområdet.

5.8 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
Utanom den delen av området som er opparbeidd med naust, er det ikkje kjent at området har særleg verdi som rekreasjonsområde. Sjå bilder på forrige side.

5.9 Landbruk
I følgje www.skogoglandskap.no er det fulldyrka mark på gnr/brnr 5/4 (ovanfor Teigenesvegen), medan alt arealet på sjøsida av vegen er skrinn fastmark.
Den delen av vårt planområde som går inn på fulldyrka mark er arealet for framtidig Fv21.

5.10 Trafikkforhold
Planområdet skal ha tilkomst frå den eksisterande kommunale «Teigenesvegen». Her er minimal trafikk no, og sjølv med litt trafikkauke når utbyggingane i kommuneplanen er gjennomførde vil trafikkmengda vere svært begrensa. I kommuneplanen ligg ny trasé for Fv21 mot Kvalsvika inne. Denne veglina vart planlagt i 1975 og har sidan figurert som ein raud strek i kommuneplanen. Etter det vi veit er det ikkje aktuelt å gjennomføre slik omlegging av Fv21 i overskueleg tid. Vi er pålagde å ta med areal for vegline til Fv21 i samsvar med plan frå 1975 for å sikre at traséen ikkje vert attbygd. Ved evt gjennomføring av Fv-omlegignga vil nordre delen av vårt planområde måtte få tilkomst direkte frå den nye Fylkesvegen.


5.11 Barn og unge sine interesser
Planområdet er som nemnt nokså utilgjengeleg og ulendt og er i utgangspunktet lite nytta både av born og vaksne. Her er ingen opphaldsplassar eller «barnetrakk» som vi kjenner til.

5.12 Universell tilgjengelegheit
Planområdet er i utgangspunktet absolutt ikkje universelt tilgjengeleg. Her er berre ei steinete og ulendt fjøre som kan vere vanskeleg å forsere sjølv for vanleg førige folk.

5.13 Teknisk infrastruktur
Planområdet har vegtilknytning til Teigenesvegen.
Det lokale vassverket har leidningsnett til naboområdet i sør.
Kommunal avlaupsleidning ligg i Tegenesvegen om lag midt på vårt planområde.
Området har straumtilknytning og tele- / breibanddekning tilliks med resten av Teige.

5.14 Grunnforhold - Stabilitet.

Berg-grunnen i planområdet består i følgje NGU sine kartbaser (www.ngu.no) av Glimmergneis, mørk grå, middels- til grovkornet. Planområdet strekker seg litt innpå eit område med tjukk marin strand-avsetning. Det er hytteområdet BFF som kjem litt innpå den marine avsetninga, men her er allereide bygd både vegar, hus og andre tekniske anlegg utan at det har vore insidenter som tyder på ustabile masser. Vi meiner difor at det ikkje er behov for nærare vurdering av grunnstabilitet i planområdet.



5.15 Støyforhold

Vegtrafikkstøy er ikkje relevant. Einaste uynskte støy kan evt kome frå meir tilfeldig båttrafikk.

5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne		**Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?**	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	x	
	F	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?		x[1]
	g	Er faren for radon vurdert i området?	x	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?		

Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område?	x	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	x	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		x
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	x	
Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

Sjekklista er gjennomgått den __/__ - __ av sign: _____

Dette punktet i eksisterande situasjon er litt usikkert:
x[1]: Stormflo – høg vass-stand og bølgepådriv, er dette lagt inn i kommunale føringar?

6 Beskrivelse av planframlegget

Bakgrunn

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Med fritidshus og naust vil turistnæringa bli styrka.
Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp till satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga.

6.1 Sjøfylling

Berg-grunnen i planområdet (glimmergneis, mørk grå middels- /grovkrnet) er skifrig, oppsprukken og vanskeleg å ferdast på, og sjøen utanfor er grunn med dårleg tilflot sjølv for småbåtar. For å kunne utnytte areala på ein rekningssvarande måte må vi difor satse på å fylle opp området sopass at vi kan få tilflot med småbåtar. Vi har foreslått ein fyllingsfront ut til ca 1m djupn på middelvass-stand. Her finst ikkje detaljerte sjøkart, og vi har heller ikkje målt djupna, men ut frå flyfoto og lokalkjente sin kunnskap har vi fastlagt eit framlegg til fyllingsomfang. Dette må kanskje justerast i samband med gjennomføring av prosjektet. Fyllingsfrontane går fram av bildet nedanfor:




Raud strek på skissa viser vår fyllingsfront medan blå strek er kartverket sitt flômål. (NN2000)

6.2 Reguleringsføremål

Føremåla med nemning, sosi-koding, og arelastorleik:

Gruppe	Føremål etter PBL § 12-5:	Nemning	Sosi-kode	Areal
Bebyggelse og anlegg (B)	Fritidsbebyggelse - hytter konsentrert	BFK_1,2	1121	3186m²
	BFK_1 = 2315m²			
	BFK_2 = 871m²			
	Fritidsbebyggelse - hytter frittliggande	BFF	1122	802m²
	Fritidsbebyggelse - rorbuder	BFR_1-5	1122	3305m²
	BFR_1 = 1080m²			
	BFR_2 = 429m²			
	BFR_3 = 375m²			
	BFR_4 = 728m²			
	BFR_5 = 528m²			
	BFR_6 = 165m²			
	Naust	BUN_1-3	1589	2668m²
	BUN_1 = 304m²			
	BUN_2 = 2292m²			
	BUN_3 = 72m²			
	Felles uteområde	f_BAU_1,2	1690	932m²
	f_BAU_1 = 773m²			
	f_BAU_2 = 159m²			
	Nærmiljøanlegg	f_BNA	1440	351m²
	Annen tenesteyting – returpunkt renovasjon	f_BAT	1169	93m²
Samferdsle-anlegg (S)	Felles køyreveg (internvegar)	f_SKV_1-3	2011	1186m²
	f_SKV_1 = 757m²			
	f_SKV_2 = 364m²			
	(felles avkøyrsle til SPP og BFF) f_SKV_3 = 65m²			
	Off. veg (Teigenesvegen)	o_SKV	2011	904m²
	Samferdsleanlegg (grunn til framtidig Fv21)	o_S	2001	994m²
	Parkeringsplassar	f_SPP	2082	569m²
	Gangareal (strandpromenade)	f_SGG_1,2	2016	496m²
	Annet vegformål – fyllingsfront i sjø	f_SVT_1,2	2018	455m²
	Annet vegformål f_SVT_3	f_SVT_3	2018	315m²
Grønstruktur (G)	Badeplass	f_GB	3041	670m²
Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)	Badeområde i sjø	f_VB	6770	2268m²
	Friluftsområde i sjø	f_VFR	6710	753m²
	Hamneområde i sjø	o_VHS	6220	4851m²
SUM – heile planområdet				**24.798m²**

Sjå kart som syner føremåla på n side.


Y 324100
Y 324150
Y 324200
Y 324250
X 6917650
X 6917600
X 6917550
X 6917500
X 6917450
X 6917400
o_VHS
Hamneområde i sjø
f_SGG_1
Strandpromenade
f_SVT_1
BUN_1
Naust
A= 0.3 da
BFR_6
BUN_2
Naust
A= 2.3 da
f_SVT_3
Annen veggrunn
BFR_1
Rorbuer
A= 1.1 da
BYAmax= 30 %
o_S
Samf. anlegg
A= 1.0 da
f_SKV_1
BFR_4
Rorbuer
A= 0.7 da
BFR_3
Rorbuer
A= 0.4 da
BFK_2
Hytter, konsentrert
A=0.9 da
f_SVT_2
o_SKV
Gangvegen
BUN_3
BFR_2
Rorbuer
A= 0.4 da
f_BAU_2
A= 0.2 da
f_BNA
Nærmiljøanl.
Klubbhus
f_VB
Badeområde i sjø
f_GB
Badeområde på land
f_BAU_1
Felles uteområde
A= 0.8 da
f_SVT_4
o_VFV
Friluftsområde i sjø
f_BAT
Post og boss
BFK_1
Hytter , konsentrert
A= 2.3 da
BYAmax=35 %
BFR_5
Rorbuer
A= 0.5 da
f_SGG_2
f_SKV_2
f_SPP
Parkering
f_SKV_3
0.0 daa
BFF
Hytter , frittliggande
A= 0.8 da

6.3 Omtale av dei ulike føremåla


6.3.1 Bebyggelse og anlegg

a - Fritidsbebyggelse


Fritidsbebyggelsen i planen består av to areal med konsentrert hyttebygging (BFK_1 og 2), eit areal med tomter for frittliggande hytter (BFF) samt 5 mindre områder med rorbuder. (BFR_1-5)

Hytter:

Områda med **konsentrert hyttebygging (BFK_1,2)** er områder der tiltakshavar ynskjer å kjede hytter til «dobbelthytter» i kombinasjon med enkelte frittståande hytter. Kvar hytte skal ha frådelt eigedomsgrunn. For området **BFK_1** er det litt uklårt kor mange hytter og kva utforming dei skal ha. Vi har difor valgt å sette utnyttingsgraden der som % BYA innanfor ei nokså romsleg byggegrense. Kvar hytte må likevél følge regelverket for BRA og høgde i føresegnene. Ved byggemelding av første hytte på BFK-1 må utbyggar legge fram samla situasjonsplan for utnyttinga av heile BFK_1.
BFK_1 skal ha felles parkering på f_SPP
For **BFK_2** har vi bestemt eit maksimalt antal hytter på området der hytteutforminga og storleiken vert bestemt av regelveket i føresegnene.
Byggegrensene er sett sopass romslege rundt bygga at arkitekten / utbyggar kan få nokså bra spelerom innanfor regelverket.




BFF – frittliggande hytter.
BFF skal ha felles tilkomst med den felles parkeringsplassen f_SPP. PÅ BFF skal det byggast to frittliggande hytter på romslege tomter. Hyttene må byggast i samsvar med regelverket i føresegnene til planen. Hyttene på BFFskal ha parkering på eigen grunn.



Alle hyttene i BFK og BFF skal ha straum og full sanitær standard.


Rorbuder:
Det er sett av i alt 6 ulike areal for rorbuder (**BFR_1-6**). Rorbudene er fritidsbebyggelse som skal ha naust-/lager-funksjon i grunnetasjen og rom for varig opphald oppe.




Etter regelverket kan rorbuder ha bruksareal (BRA) inntil 80m^2. Grunnflata («fotavtrykket») vert då bestemt av fordelinga av bruksareal oppe/nede. Med fullt bruksareal oppe vil grunnflata på bygget bli 40m^2. Som modell i illustrasjonane har eg generelt teke med 46m^2 BRA nede og 34m^2 oppe. Grunnflata på bygget vert då 50m^2. Dette vert i siste instans bestemt av utbyggar, og vi utformer derfor tomtene- og legg byggegrensene slik at arkitekten skal ha tilstrekkeleg albuerom ved utforminga.


BFR_1 Området utgjer ei eksisterande fylling med godt tilflot for småbåtar. Som vi ser på bildet frå 1965 (neste s) hadde eigaren allereide då starta fylling her. Eigaren ynskjer no å utnytte tomta til rorbuder. Det er ikkje bestemt kor mange bygg eigaren skal ha på tomta, og vi bestemmer difor utnyttingsgraden med byggegrenser og % BYA. På BFR_1 er BYA$_{max}$ sett til 35%

BFR_2 er ei tomt der det sto eit stort naust som forsvant i storm for nokre år sidan. Naustet er med på bildet frå 1965 på n.s. Tomta er merkt m gul stipling på bildet nedanfor. Eigaren ynskjer å regulere inn ei rorbud på tomta omtrent der det gamle naustet sto. Rorbuda vil få båtutfár direkte til den opprinnelege gamle støa.










BFR_3
På BFR_3 står eit eksisterande stornaust som diverre er temmeleg prega av tidas tann. Naustet ligg til høgre på bildet frå 1965 ovanfor. Eigarane har nok mest lyst til å rive naustet og i staden sette opp moderne rorbuder på tomta. Det kunne vore aktuelt og ynskjeleg å restaurere det eksisterande naustet og bevare den ytre forma og materialbruken men med rorbud som fuksjon. Buda har tradisjonell arkitektur og knyter forbindelsesliner tilbake til opphaveleg maritim arkitektur på staden. Eigarane ynskjer imidlertid nye rorbuder på tomta






BFR_4
Området skal i sin heilskap fyllast opp. Området er no overflødd på nomalflo.
Eigaren ynskjer å nytte tomta til rorbuder. Vi har lagt inn kjeda buder med 2 + 3 einingar med opning mellom. Opninga er så breid at vi kjem til med bil nedanfor budene. Budene skal ha eigedomstomter. Byggegrenser og tomtegrenser er sett slik at vi kan få ein viss variasjon i forma på bygga innafor regelverket i føresegnene.



BFR_5
BFR_5 er adskilt frå BFK_1 av ein køyrbar gangveg som skal sikre biltilkomst bak rorbudene og tilkomst til badeområdet GB. Her er nytta same prinsippet som på BFR_4 med ei dobbeltbud i kombinasjon med ei frittståande. Rorbudene på BFR_5 er trekte litt lengre vekk frå tilkomstvegen pga at hyttene på nabo-arealet i sør nytter sitt areal mot tilkomstvegen til uteplass. For å få tilstrekkeleg manøvreringsareal framom naustdelen av rorbudene på BFR_5 har vi difor trekt bygga litt inn på tomta.
Rorbudene på BFR_5 skal ha parkering på f_SPP.






Grenselina mellom 5/65 og 5/14 innteikna med gul stipla line (bilde t.v). Reguleringsgrensa ligg i teiggrensa. Den delen av hagekonstruksjonen som hytteeigar har lagt inn på 5/14 må fjernast. Her skal vere innkøyring til rorbudene på 5/14.

BFR_6 er eit eksisterande naust i nordenden av planområdet. Naustet som har lavare golvnivå enn nabonausta har vore stormskadd fleire ganger og har vore naudreparert og er i nokså dårleg stand. Eigaren ynskjer no å rive naustet, heve golvnivået ca 1m og bygge ei ny rorbud på tomta.

b - Naust BUN_1-3


Det er 3 områder med naustføremål i planområdet:

BUN_1 er 2 eksisterande naust på frådelte tomter. Desse nausta kan ved modernisering / oppgradering om ynskjeleg utvidast til samsvar med reglane i §4.3 c-j i føresegnene til planen.
Naustet t.v på bildet har lavare golvnivå enn dei hine, og har difor vore stormskadd fleire ganger, medan dei hine har gått klar. Naustet har vore naudreparert og er i nokså dårleg stand. Eigaren ynskjer no å rive naustet, heve golvnivået ca 1m og bygge ei ny rorbud på tomta. Tomta får nemninga **BFR_6**






BUN_2 er eit større område med 5 ulike eigarar som vil samarbeide om utnyttinga av arealet. Teigane er skrå og små og ligg på dels overflødd areal som er vanskeleg å utnytte separat. Eigarane vil gå saman om utfylling og klargjering av området med seinare fordeling av innvunne areal til sjølveigande tomter. Det kan plasserast inntil 9 naust på BUN_2. Desse kan ha fri formgjeving innanfor rammene i føresegnene. Nausta er tenkt som frittståande bygg med avstand ca 1,5m og med større opning om lag midt i gruppa der ein kan kome ned til sjøsida med bil. Nausta skal ha frådelte sjølveigar-tomter. Tomte- og byggegrenser er sett så stramt at hovudbildet av gruppa vert fastlagt i reguleringa, men arkitekten vil framleis ha litt spelerom til å utfolde seg og skape litt variasjon.



Teigstørrelser 5/37,38,39 og 40




Aktuell utnytting av fyllinga på BUN_2

Gnr/brnr	Oppr. Areal Tørt land	%	Areal etter fylling	% etter fylling	Tal naust
5/40	98,7m^2	14,9%	514m^2	21,9%	2
5/39	206,3m^2	31,2%	551m^2	23,5%	2
5/38	124,0m^2	18,8%	549m^2	23,4%	2
5/37	232,1m^2	35,1%	461m^2	19,6%	2
5/14			273m^2	11,6%	1

Tabellen syner arealfordeling mellom eigarane på BUN_2. Fordeling av nytt areal, kven som får mest auke etc kan vere ein nøkkel for kostnads-delinga ved fylling. Gnr 5/14 gå inn og ta sin del av kostnadane

BUN_3 er ei bitte lita tomt der det før sto ei saltebud. Her er plass til eit lite naust med grunnflate ca 35m^2 (7x5m). BUN_3 skal vere knytt til eksisterande bustadeigedom lenger oppe i bygda. BUN_3 skal ha parkering på f_SPP



c - Felles uteområder

f_BAU_1 skal vere felles ute- /opphaldsområde for hyttene i BFK_1 og rorbudene i BFR_5. Dette området skal vere ein samlingsplass og møteplass som ikkje kan bebyggast, men der terrenget i nokon grad kan bearbeidast slik at der vert lettare farbart. Det kan også etablerast aktivitetsanlegg som t.d felles grillplass etc som ikkje framstår som permanente anlegg. Området skal vere felleseige for eigarane i BFK_1 og BFR_5 med felles vedlikehaldsplikt.
f_BAU_2 skal nyttast som ei lita grøn opning ved enden av strandpromenaden. På området kan det ikkje opprettast permanente anlegg eller bebyggelse, men her kan etablerast beplantning og nokre kvilebenkar.

d - Nærmiljøanlegg f_BNA

f_BNA skal nyttast til felles «klubbhus» / felles møteplass for BFK_1 og BFR_6. Huset kan ha kjøken / grill og vanleg sittemøblement, men kan ikkje nyttast til varig opphald / overnatting. Huset skal ha innlagt vatn frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg. Grunngjevinga for dette er vel helst at her er sopass mange regn- og havskoddedagar kvar sommar at det er behov for ein innadørs samlingsplass.

e - Anna tenesteyting.

Ferdig utbygd vil det bli behov for felles bossoppsamling der renovasjonsbil lett kan kome til for tømming, og også få snudd. Ved lengre ferieopphald kan det også vere behov for omdeling av post som vert mellombels omadressert hit. **f_BAT** ligg sentralt og lett tilgjengeleg for dei fleste i planområdet. Her kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling, og det kan også settast opp felles postkasse-stativ.

6.3.2 Samferdsleanlegg:

a - Teigenesvegen / Ny trasé for omlegging av Fv21

Teigenesvegen er ein kommunal veg som no ender ved sjøbudene på Teigeneset. Denne vegen vert influert av ein evt. ny fylkesvegtrasé som ligg inne i planen. Arealbruken i nordaustre enden av vårt planområde vil kome i konflikt med den nye Fv-lina dersom den skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 . Vi må då gjere merksam på at dei eksisterande nausta på 5/4(Torbjørn Teige), 5/49(Mona Pettersen), 5/45(Gustav Kvalsund) og 5/3(John Olav Teige) vil kome i konflikt med den nye Fylkesvegen. Kommunen ynskjer likevél at vi skal ta denne lina inn i detaljreguleringa for å sikre at Fv-traséen ikkje vert attbygd.

b - Internvegane f_SKV_1-3

Internvegane f_SKV_1og2 er tilkomstvegar til naust- og rorbuder. Desse bygga har portar mot vegen der båtane skal takast inn, og areala mellom bygga og vegen vert utforma som trafikkareal. Dvs at heile areala inklusive internvegen framom bygga vert utforma som ei samanhengande trafikkflate. Vegen skal likevel vere markert for å sikre open ferdsle utan hindringar.
f_SKV_3 er ein felles tilkomst til BFF og SPP

c - Parkeringsplassar f_SPP

Desse parkeringsplassane skal nyttast som felles parkering til Hyttene på BFK_1 og rorbudene på BFR_5. Vi får plass til 14 P-plassar på f_SPP. Arealet ligg inntil- og er avgrensa mot reguleringsplanen for Kvalsund – Teige (Plan ID: 1515_200801), men den er i konflikt med den nye Fv-lina slik den er framstilt i planen frå 1975. I reguleringa frå 2008 er imidlertid Fv-lina lagt inn med noko avvikande trasé i høve vegplanen frå -75. I dette bildet vél vi å halde oss til reguleringa frå¨2008.

d - Strandpromenade f_SGG

I kommuneplanen er det bestemt at det skal vere høve til fri ferdsel på sjøsida av naust og rorbuder i planområdet. Vi skal fylle ut området slik at vi får høve til tilflot for småbåter framom naust og rorbuder. Vi har valgt å legge ein gangveg (promenade) langs sjøkanten på dei nye fyllingane. Denne er inn-regulert med 2m breidde utan trapper og høgdeskilnadar. Den vil soleis kunne få Universell Standard.



Fyllingsfronten er tenkt utforma med ein gangveg ytst mot sjøkanten.
På bildet til venstre er eit døme på ei slik utforming i Volda sentrum med gangveg (promenade) langs sjø-kanten på fyllinga.

6.3.3 Grønstruktur:

a - Badeområdet (landdelen GB)

Berggrunnen er oppsprukken, skifrig og svært vanskeleg å ferdast på. For at dette skal fungere som badeområde må vi jamne ut grunnen og fylle på noko sand nederst mot øvre flomål og kanskje litt utover mellom skjæra på dei grunnaste områda. Men intensjonen er å beholde litt av naturleg strandline utan vesentleg fylling. Badeområdet skal vere ålment tilgjengeleg via promenadane og internvegane.

6.3.4 Bruk og vern av sjø- og vassdrag:

b - Badeområde i sjø (f_VB)

Det kan fyllast sand på den grunne delen av VB ut til skjæret som ligg ytst på området.
VB kan ikkje trafikkerast av motorgåande farty. Det kan plasserast badeflåte og liknande innret-ningar innanfor VB. Kommunen skal godkjenne plassering av slike innretningar.

a - Friluftsområde i sjø (o_VFR)

Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsel og fiske. Innanfor o_VFR kan det ikkje etablerast småbåtanlegg som t.d flytrebrygger. Her vil vi på ei gitt strekning utforme fyllings-fronten med tilflot for småbåtar.

c - Hamneområde i sjø (o_VHS)

I Hamneområdet VHS er det rett til ålmenn båtferdsle. Her kan etablerast småbåtanlegg, t.d flytebrygger, men for alle tiltak i sjø såsom utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. må det søkast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningsloven.

6.4 Planlagde offentlege anlegg – Framtidig trasé for Fv21

Teigenesvegen er ein kommunal veg som no ender ved sjøbudene på Teigeneset. Denne vegen vert influert av ein evt. ny fylkesvegtrasé som ligg inne i planen. Denne fylkesvegomlegginga som har hengt ved i det kommunale planverket i 41 år er framleis ikkje aktuell for gjennomføring i overskueleg tid, og med 5 års detaljplanperspektiv har vi difor regulert inn noverande Teigenesvegen som tilkomst til vårt planområde. Planen frå 1975 er synt på neste side med horisontal og vertikal utforming.
skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 som også er teke inn i den nye kommuneplanen.

NR.	ENDRING–ERSTATNING	DATO.	SIGN.

SIGN.
ARK.
SIGN. 27/11-75. P.S
ARK.

F.V. 21 H.P. : KOPARSTAD-KVALSVIK
PARSELL : Kvalsvik - Teigenes

MÅLESTOKK:
Hor. 1:1000
Vert. 1:200

DETALJPLAN: PLAN OG PROFIL
PROFIL

2-20-A0

LARS L. TEIGE

AK I. TEIGE

ANNY K. TEIGE


ARTUR SUND

T E I G E B O G

Arealbruken i nordaustre enden av vårt planområde vil kome i konflikt med den nye Fv-lina dersom den skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 som også er teke inn i den nye kommuneplanen. Vi må då gjere merksam på at dei eksisterande nausta på 5/4(Torbjørn Teige), 5/49(Mona Pettersen), 5/45(Gustav Kvalsund) og 5/3(John Olav Teige) vil kome i konflikt med den nye Fylkesvegen. Kommunen ynskjer likevél at vi skal ta denne lina inn i detaljreguleringa for å sikre at Fv-traséen ikkje vert attbygd.

Stign. 2.28‰

500 600 700 800 900


Y 324050
Y 324100
Y 324150
Y 324200
X 6917650
X 6917600
X 6917550
X 6917500
X 6917450
X 6917400
5/56
5/15
5/5
5/3
5/45
5/49
5/4
5/13
5/61
5/14
5/37
5/40
5/1,16
5/33
5/34
4/293
4/294
4/307
4/295
5/16
4/322
4/268
5/65
4/269
4/228

6.4 Universell utforming

Heile planområdet er sopass flatt at vi får universell standard frå P-plass til inngang på dei fleste bygga i planområdet. Gangvegen på sjøsida har små høgdeskilnadar, og ved å unngå trappetrinn og høgdeskilnadar i endene mot fellesvegane denne promenadevegen på universell standard frå parkeringsplassane.

6.5 Landbruksfaglege vurderingar

Arealet for framtidig Fv21 – o_S er den einaste delen av planområdet som går over fulldyrka mark på gnr 5, brnr 3. Omlegging av Fv21 er eit overordna og samfunnsnyttig prosjekt, og det må vel difor aksepterast at det går med noko dyrkamark. Det er ellers ikkje landbruksdrift på 5/3 no.

6.6 Kulturminne

Den einaste registreringa i Askeladden i planområdet er eit SEFRAK-registrert objekt: 0003 – 008: Naust. Dette ser ut til å vere det gamle naustet som sto på teig 5/61 – Svein og Magne Teige. Naustet gjekk med i ein storm for ein del år sidan.



6.7 Vassforsyning og avlaup – tilknytting til off. nett.

Hytter og rorbuder skal ha full sanitær standard med vassforsyning frå privat vassverk og avlaup til kommunalt nett. Spillvatn (svart- og gråvatn) skal samlast i sentralt punkt og pumpast i fellesleidning til kommunal pumpestasjon: EGS_punkt, sid 4795. Reg.dato 2014 0908. Derfra pumping til kmmunalt utslepp. Prosjektering skal gjerast i samband med byggemelding, og det skal om mogløeg samordnast med kloakkløysinga for Teigebogen

6.8 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Dei avbøtande tiltaka som ligg i planen i høve ROS er:
-Bygningsplassering i plan og høgd
-Krav til materialbruk som ivaretek omsynet til stormflo.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Planframlegget er i samsvar med overordna plan både m.o.t føremål og utstrekning.

7.2 Landskap og omgjevnader - Staden sin karakter

Landskapet endrar seg særleg pga fylling i sjø, og omgjevnadane får eit endra preg pga endra bruk.
Det som krakteriserer utviklinga av sjøfronten mellom søreVaulen og Teigeneset dei siste 50 åra er:
-Talet på naust har auka mykje – og vi har fått ein del fritidsbebyggelse (rorbuder) i sjøkanten
-Det meste av auken har kome på oppfyllt areal.
-Det er bygd moloar som gir nok ly til at det kan leggast ut flytebrygger for småbåtane
-Bruken har endra seg frå næring/matauk/transport til fritidsbruk/rekreasjon/turisme.
Den gamle maritime bebyggelsen låg i tre-fire klynger på naturlege opptrekksplassar for båtane der det var livd og godt tilflot. Her var 16naust + 7sjøbuder mellom søreVaulen og Teigeneset i 1965.
Den nyare bebyggelsen har kome i tilknytting til dei gamle klyngene på nytt utfyllt areal og med moloar som har gitt ly og høve til flytebrygger. No i 2016 er det på same strekninga 57 naust og 16 rorbuder (inkl dei gamle sjøbudene) No er dei fleste av desse bygga knytt til fritidsbruk / turisme og kanskje noko heimefiske.
Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp till satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga.
Vår utbygging vil er soleis eit nytt steg i same retninga som utviklinga har gått dei siste 50 åra.

7.3 Estetikk og byggeskikk

Vår plan legg opp til totalt 30-35 nye bygg i planområdet. Dette er stor auke på ein sopass liten stad. Men her er det snakk om utbygging som skal gå over mange år. Grunnlaget for å kunne skape god byggeskikk er lagt i fordelinga mellom naust- og fritidsbebyggelse og orienteringa av bebyggelsen etter sjøfrontane. Mykje vil stå på den arkitektoniske utforminga av kvart einskildt bygg.

Her er mange eigarar på relativt små teigar, og kvar eigar ynskjer å få mest mogleg ut av sin teig. Dette handlar om å posisjonere seg i høve framtidig turistnæring, og skaffe seg grunnlag for framtidig utnytting av sine arealressursar.

Når det kjem til plassering av bygg er der ei grense mellom stivbeint lineær oppstabling av like bygg (slik som t.d på Jensholmen) i motsetnad til det å ha så store variasjonar i møneretning, høgde og materialbruk at plasseringa gir eit tilfeldig og rotete inntrykk.

Tradisjonell naustbygging har møneretning loddrett på strandlina unntatt på stadar der det er bratt eller hardt vérpådriv frå spesielle retningar. Her har vi lagt opp til at sjøtilknytte hus (naust og rorbuder) skal ha møneretning loddrett på sjøkanten. Vi legg også opp til at all naustbygging skal vere frittståande naust. Regelverket frå kommuneplanen om grunnflate, høgder og takvinklar er teke inn i føresegnene

7.4 Kulturminne og verneverdi

Det er ikkje registert verneverdige kulturminne i området.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer vi difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jf. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Friluftsinteresser

Området er lite brukt til rekreasjon no, og denne utbygginga vil gjere sjøen tilgjengelig for fleire.
Den planlagde utbygginga vil auke området sin verdi som rekreasjonsområde både på land og sjø.

7.8 Trafikkforhold

Det ligg ein uavklara konflikt i planen i og med at ny trasé for Fv21 er teke med. Dersom den den nye vegen skal byggast i samsvar med vegplanen frå 1975 vil det oppstå konflikt med BUN_1 og BFR_1 i vår plan. Forbi BUN_1 vil Fv-lina gå 3-4m bak naustveggane og 2-2,5m høgre enn noverande Teigenesveg. Om ikkje anna vil det bli vanskeleg å kome seg ned frå Fv til nausta og rorbudene på BFR_1 pga høgdeskilnaden.

7.9 Barn sine interesser

For både barn og vaksne vil denne utbygginga, og tilgangen til båt-og sjøliv ha ein positiv effekt.
Området vil i langt større grad enn i dag vere eit attraktivt område å oppsøke.

7.10 Sosial infrastruktur

Liten relevans utifrå arealbruk.

7.11 Universell tilgjengelegheit

Området er utilgjengeleg for rørslehemma no. Vår utbygging vil generelt gi betre tilgang til strandkanten både for rørslehemma og førige personar. Naust og rorbuder vil også kunne gjerast universelt tilgjengelege slik at rørslehemma kan kome inn som kjøparar på denne marknaden tilliks med alle andre.

7.12 ROS

Ustabile grunnforhold?

I følgje NGU sine kartbaser (www.ngu.no) ligg planområdet litt innpå eit område med tjukk strandavsetning. Det er hytteområdet BFF som vert berørt, men her er allereide bygd både vegar, hus og andre tekniske anlegg utan at det har vore insidenter som tyder på ustabile masser. Vi konkluderer difor med at det ikkje er behov for nærare vurdering av grunnstabilitet i planområdet.

Er området sårbart for stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?

I samsvar med Tek10 §7-2 ligg naust i sikkerheitsklasse F1 og fritidsbebyggelse (rorbuder/hytter) i klasse F2. Innanfor F1 er største nominelle årlege sannsynlegheit for flaum satt til 1/20 (20-års flaum) og F2 til 1/100 (100-års flaum). Rapporten «Havnivåstigning – klimatilpasning Norge», utarbeidd av DSB m.fl, har satt kotehøgda for 100-års stormflo til cote 2,72. I gjeldande kommunedelplan er det i vedtektene til nye naustområda satt krav om at alle konstruksjonar under cote 2,72 skal dimensjonerast og utformast for å tole påkjenningar ved stormflo. På bakgrunn av dette er nausta og rorbudene plasserte med golvnivå på kote 2,50, og føresegnene bestemmer at bygningsdeler under cote 2,72 skal tole overfløding og stormpådriv.

7.14 Jordressursar/landbruk
Ca 1da fulldyrka mark på 5/4 vert omdisponert frå landbruk til framtidig vegareal for Fv21.

7.15 Teknisk infrastruktur
Vatn og avlaup
Inga endring som følgje av plan. Nausta skal ikkje tilknytast VA-anlegg. Takvatn førast til terreng/sjø.

7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen
Tiltaket vil generelt styrke grunnlaget for turistnæringa på sikt gi auka skatteinngang.

7.17 Konsekvensar for næringsinteresser
Opparbeidinga av nausta / fritidsbebyggelse vil kunne generere inntekter til lokalt næringsliv.
Titaket vil også kunne stimulere til auka turistnæring på lengre sikt i kommunen

8 KONSEKVENSUTGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL

9.1 Samandrag og kommentar:

Teigane, Nerlandsøya
Forvarsling i tida 5.feb – 20.mars 2015

Desse har kome med innspel:

1 - Fylkesmannen i M&R
2 - M&R Fylkeskommune
3 - Statens vegvesen
4 - NVE
5 - Bergen sjøfartsmuseum - marin arkeologi
6 - Runar Teige / Pauline Kvalsund / Paul Teige
7 - Svein og Magne Teige
8 - Åse Torgersen

Samandrag og *Kommentar*

1 - Fylkesmannen i M&R
a) Viser til krav om dokumentasjon i høve naturmangfaldslova §7
b) Naust og fritidshus må vere fysisk skilde med buffersone mellom. Bør ha opningar mot sjø
c) Planområdet er større enn areala som er avsett til føremålet i kommuneplanen. Legg til grunn at LNF-område ikkje må bli berørd av reguleringsplanen
d) Viser til PBL §4-3 som krev ROS-analyse. Viser til Fylkesmannen si «Sjekkliste»

Kommentar

a) Ingen spesielle registreringar i Naturbase eller Gislink
b) Vi tek dette til vitande
c) Avgrensinga på området er gjort i samråd med Herøy kommune. Vi intenderer ikkje å bygge naust / rorbuder utanfor det området som er avsett til slike føremål i kommuneplanen.
d) Slik utfylt «sjekkliste» låg ved i utsendt oppstartvarsel.

2 - M&R Fylkeskommune

a) Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering i samb. med off. ettersyn. Området er vurdert til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar må dekke kostnadane med registreringa. Samla økonomisk ramme for det arkeologiske arbeidet (1 vekesverk feltarbeid + etterarbeid) vil utgjere kr. 66.250,- Arbeidet bør gjerast så tidleg som mogleg i prosessen.
b) Det er snakk om fylling i sjø, og Bergen sjøfartsmuseum vert difor kobla inn. (Sjå merknad nr 5)
c) Oppstartvarselet er fyldestgjerande. Ingen merknad til det planfaglege anna enn at det er ynskje om universell tilkomst på området og at det vert opna for ålmenn tilkomst til sjø.

Kommentar

a) Vi tek dette til vitande. Undersøking vil bli tinga så snart eigarane har gjeve grønt lys. Vi har no i ettertid konstantert at arkeologiinteressene knyter seg utelukkande til areala som omfattar grunn til ny Fv21. Denne vegn er ikkje inne på nokon prioriteringslister eller budsjett og ligg evt. langt fram i tid. Vårt oppdrag er å ta arealet inn i planen for å hindre attbygging av traséen. Vi har difor fått forståelse for at arkeologisk registrering skal knytast til evt detaljplanlegging / prosjektering av Fv21 når og om den måtte kome.
b) Bergen Sjøfartsmuseum har kome med innspel. Ingen krav om marin undersøking.
c) Tek til vitande ynskjet om Universell Tilkomst og opning for ålmenn tilkomst til sjøen.

3 - Statens vegvesen

Statens vegvesen har ingen merknadar til varsla arbeid. Vil kome attende til detaljar og avklaringar når planframlegget ligg føre.

Kommentar

Spørsmålet om FV21 skal inn i planframlegget må avklarast, og dette må skje i planprosessen før framlegget ligg føre. Denne avklaringa må skje i samråd med kommunen.
Kommunen si haldning er at traséen må takast inn i planen for å sikre areala mot attbygging.
Det vert då snakk om rein flateregulering ut frå planen datert 1975 utan noko form for detaljering
Dersom vegparsellen skal inn i planen må Statens vegvesen utarbeide samla detaljplan som vi kan klippe inn i vår regulering.

4 - NVE

NVE har ingen innspel til planarbeidet

5 - Bergen sjøfartsmuseum - marin arkeologi

a) Kjenner ikkje til kulturminne som kan bli råka i dette området. Basert på topografien i området ser BS lågt potensiale for funn av marine kulturminne. Krev ikkje undersøkingar, men oppmodar oss om å ta vare på evt. fortøyningsringar i «Teigeviken» i nordenden av området sjølv om desse ringane ikkje er formelt verna.

b) Dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. pliktar tiltakshavaren å gje melding til museet. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Kommentar

Vi tek dette til vitande. Desse fortøyningsringane i «Teigeviken» ligg ikkje innanfor vårt planområde.

6 - Runar Teige / Pauline Kvalsund / Paul Teige

a) Ynskjer best mogleg samla arealutnytting for teigane 5 / 37, 38, 39 og 40 uavhengig av noverande parsellgrenser.

b) Ynskjer naustføremål m. tilhøyrande installasjonar. Ynskjer også tilrettelagt tilflot.

Kommentar

Vi noterer dette. Felles utnytting av desse teigane med noko fylling for tilflot er nok den mest rasjonelle måten å bebygge desse skrå og litt vanskelege teigane på.

7 - Svein og Magne Teige

a) Varsler at eigarane av 5/61 ikkje er interesserte i å vere med på detaljreguleringa som skal utarbeidast for området.

b) Krev at teigen 5/61 med sjøtilkomst så langt som privat eigedomsrett gjeld ut i sjø vert teke ut av reguleringsplanen ved vidare handsaming.
Ber om at kart og eigedomslister vert korrigerte i samsvar med ovanståande

Kommentar

Kommuneplanen stiller krav om reguleringsplan for å kunne føre opp ny bygning i dette området. Vi får ikkje lov til å sette att «kvite flekkar» inne i eit reguleringsområde, og eigarane får heller ikkje føre opp nytt naust på tomta utan at den først er regulert, sjølv om der har stått naust før. Vi ber om at eigarane tek kontakt med Hallvard Rusten i Herøy kommune (tel. 70081371) for nærare informasjon om dette.

8 - Åse Torgersen

Gjer merksam på at gnr.5 / brnr. 25 og 35 har tinglyst rett til å nytte hovudbruket 5/3 sin landingsvór i fjøra.

Kommentar

Dette er eit privatrettsleg spørsmål som ikkje kan fastleggast i reguleringsplanen. (Så lenge landingsvoren har tilkomst frå både land- og sjøsida skulle det ikkje vere noko i vegen for å

oppretthalde ein slik klausul. Dersom landingsvoren vert omarbeidd til eller etstatta av ein meir tidhøveleg landingsplass eller kai kan kanskje retten overførast til denne nye plassen?)

KONKLUSJON:

1) Naust og rorbuder må vere fysisk avskilde. Det må vere opninger (sjøgløtt) i rekkene.
2) Det kan berre førast opp bygninger på dei områda som er avmerkte til føremålet i kommuneplanen.
3) Det er reist krav om arkeologisk registrering. Tinging bør gjerast snarast råd i samråd med tiltakshavar som må betale for registreringa.
   Kravet om arkeologisk registrering vart fråfalle då det nesten utelukkande var knytt til areala for ny Fv21. Det skal ikkje gjerast tiltak der i overskueleg tid, og kravet om registrering vil difor bli knytt til utarbeiding og gjennomføring av detaljplan for vegutvidinga.
4) Parsellane 5/37,38,39og40 kan utnyttast samla uavhengig av noverande parsellgrenser
5) Vi kan ikkje utelate 5/61 frå planen. Eigarane vert oppmoda om å ta kontakt med Hallvard Rusten i kommunen for nærare informasjon om regelverket .

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planframlegget er utarbeidd i samsvar med overordna plan og i stor grad tilpassa innkomne merknader. Med dette vurderer vi planframlegget som tilstrekkjeleg opplyst, og klart for politisk handsaming.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/1384
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/17	Formannskapet	28.03.2017

DETALJREGULERINGSPLAN FOR HÅVIKA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Håvika vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Sporstøl arkitekter v/Bjørnar Sporstøl	pb. 301	6067 ULSTEINVIK
Larsen Gunnar Larsen graving og transport		6070 TJØRVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY
Mørenett AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA

Barnerepresentanten i Herøy kommune
Ungdomsrådet
Eldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg
1 Planomtale Tjørvåg -FB16
2 V1 Plankart håvika rev 28-2-2017
3 V2 førsegner Håvika 28-02-17
4 V5 Sjekkliste ROS -Håvika 29-11-16
5 V6 Vurderinger i forhold til §8-12 - Håvika - 29-6-15

Bakgrunn for saka:
Saka gjeld offentleg ettersyn av ein reguleringsplan i Tjørvåg. Grunneigarane har starta arbeid med å regulere eit område som i stor grad er i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Det er planlagt bustadar, hytter, rorbuer og naust med tilhøyrande fellesområde og badeområde som skal vere opent og tilgjengeleg for alle.

Område er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig FB16 (fritidsbustadar) og det er planlagt mellom 11 nye hyttetomter, to tomter for bustadar, åtte rorbuer, åtte naust og småbåtanlegg i sjø.

Det er gjennomført oppstartsmøte mellom kommunen og tiltakshavar plankonsulent 30.10.2015. Det vart gjeve løyve til oppstart av planarbeid i Formannskapet 01.12.2015, F-sak 222/15. Oppstart vart varsla i avis og på nett 18.12.2015 med frist for merknadar 10.02.2016.

Saksopplysningar:
Omtale av planforslaget

Byggje og anleggsføremål
Fritidsbebyggelsen i planen består av 11 nye tomter for frittliggjande hytter, to bustadtomter, åtte rorbuer, åtte naust, småbåtanlegg i sjø og tilhøyrande tilkomstvegar og friområde på land og i sjø.

Frittliggjande bustadar – BFS 1-3
Det er vurdert at er mulig å kunne etablere 3 nye tomter for bustadar. Rammer for dette er føresegner i kommuneplanen og PBL. Grad av utnytting: maksimum bebygd areal %BYA = 30%. Mønehøgde som ikkje overstig 9,0 meter og gesims 7,5 meter målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget.

Frittliggjande hytter – BFF 1-7
Det er planlagt 11 nye hytter, fritidsbustadar. Maksimum bruksareal BRA inntil 100 m2. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,0 m og gesimshøgda inntil 5,0 m målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget. Bygg skal utformat med sal- eller pulttak. Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m² BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m. Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m².

Rorbuer – BFK 1-2
Det er vurdert at er er mulig å kunne etablere 8 nye rorbuer. Maksimum bruksareal BRA inntil 80 m2. Mønehøgda rekna frå topp golv nærmast sjø skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Bygg skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader. Det kan lagast til båtopphal frå sjø til naust/rorbuene, og terrassar kan lagast inntil naustfasadar bak naust/rorbu og som vender i frå sjøen.

Småbåtanlegg, landfeste og båtopphal - BBS

Det er planlagt anlegg med flytebrygge og båtopphal i sjøen.

Naust – BUN 1-2
Det er planlagt 8 nye naust inntil 60 m2. Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 60 m2. Mønehøgda rekna frå topp golv skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Nausta skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

Leikeplass - BLK
Område f_BLK er fellesområde for BFS, BFF og BFK i planområde. Område skal minimum ha ei sandkasse, ein benk, eit leikestativ og noko fast dekke.

Serviceveg og infrastruktur – BKB
Område for serviceveg, infrastruktur og plass for felles slamavskillar er merka med BKB . Området er felles for heile planområdet.

Grøntstruktur
Badeplass (landdelen) – GB
Området merka f_GB er føresett nytta til bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk. Området skal vere ope for allmenta.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Badeområde i sjø – VB
Området merka f_VB er føresett nytta til felles bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk. Området skal vere ope for allmenta.

Småbåtanlegg i sjø – VS
Område f_VS skal nyttast til privat felles småbåthamn. Det kan anleggjast felles småbåthamn med flytande bryggjer og bølgjedemparar. Det skal vere gjestebrygge i småbåthamna.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
Internvegar – SKV 1-5
Felles vegar og parkering skal vere open for allmenta. Vegane i området er dimensjonsert for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknyting til søknad om utbygging. Planen regulerer og at inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

Parkeringsplassar – SPP
Område f_SPP er felles område for parkeringer og gjesteparkering for områda BFS, BFF og BFK i planområde.

Krav om rekkjefølgje
Parkering/biloppstilling f_SPP skal opparbeidast samstundes og ferdigstillast seinast saman midlertidig brukstillateles til første nye bygg i område fritidsbusetnad - konsentrert BKF1 og BFK2.

Leikeplass f_BLK skal opparbeidast samstundes og ferdigstillast seinast saman midlertidig brukstillateles til første nye bygg i område BFS, BFF og BFK.

Tekniske planar for heile området skal godkjennast av kommune før utbyggingar i planområdet tek til.

Eksisterande vegtilkomst frå planområdet til avkjørsle til fylkesveg 654 skal verte opprusta til å tåle utbygging og vedlikehaldast i tida med utbygging av planområdet. Avkjørsel ved Fv. 654 skal utbetrast i samråd med Statens Vegvesen og i samsvar vegnormal handbok N100 og V121, seinast ved midlertidig bruksløyve første nye bygg i planområdet.

Vurdering:
Planfagleg vurdering
Planforslaget er godt gjennomarbeidd og løysingane som er valt er kvalitetssikra av kommunen. Området i dag er i stor grad ubebygd med unntak av eit hus og ei hytte som ligg på BFS3 og BFF3. Det er bygd veg ned til område for småbåtanlegg og denne må utvidast og utbetrast ved gjennomføring av planen.

Rorbuer, naust og småbåtanlegg er ikkje i tråd med kommuneplanen sin arealdel, men for å skape eit miljø med dei kvalitetane som kundane etterspør i dag ser vi dette som ein naturleg del å ta inn i planforslaget. Det er gjort grep for å hindre privatisering ved at evt. terrasse til rorbuene må byggast på den sida som vender vekk frå sjøen for å hindre utilsikta privatisering av strandsona. Kommunen meiner derfor det er gjort grep for å sikre fri ferdsel langs strandsona og vil derfor kunne akseptere tiltaka med det avbøtande tiltaket som er nemnd ovanfor.

Merknadar ved oppstart
Plankonsulenten har vurdert merknadane ved oppstart og gjort naudsynte tilpassingar i planforslaget. Kommunen kommenterer derfor ikkje merknadane ved oppstart noko i denne saka.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12
§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12
Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget
Plankonsulent har lagt ved *vurderingar i forhold til §§8-12* i eit eige dokument. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt og viser til vurderingane som ligg vedlagt saka.

§9, Føre-var-prinsippet
Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Støy
Område er ikkje utsett for støy frå fylkesvegen.

Barn og unge

Barn og unge sine interesser i planområdet er sikra gjennom standardheving av tilkomstvegen, store område for fri leik i terreng og eit område er avsett til leikeplass som skal opparbeidast med eit minimum av utstyr. Sidan dette er eit område for fritidsbustadar vil det ikkje vere same trafikk i området og kommunen stiller derfor ikkje krav om fortau eller fleire leikeplassar.

Folkehelse
Planforslaget vil kunne ha positive konsekvensar for folkehelsa ved at det vert lagt til rette for auka bruk av strandsone til rekreasjon. Ved gjennomføring av planen vil strandsona bli meir tilgjengeleg for folk flest.

Konklusjon:
Etter ei heilskapleg vurdering av saka vil rådmannen rå til at planforslaget i medhald av plan- og bygningslova, §12-10, vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Lenke til plankartet digitalt:
https://kommunekart.com/klient/sunnm%C3%B8rskart?urlid=945d84e4f8534769acf8e3edde69d778

Fosnavåg, 16.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

SPORSTÖL

www.sporstol.no

Plan ID.201515: Arkivsak ID: 1584.02/51 Ulsteinvik, 28.02.2017

Planomtale

REGULERINGPLAN FOR GBNR 53/5 m-fl. – OMRÅDE FB16 - HÅVIKA i HERØY KOMMUNE – PlanID: 201515
Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3 OG §12-11



Innhald

1 Samandrag 4
2 Bakgrunn 5
2.1 Formål med planen 5
2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold 5
2.3 Tidlegare vedtak i saka 5
2.4 Utbyggingsavtaler 5
2.5 Krav til konsekvensutgreiing (KU) 5
3 Planprosessen 5
4 Planstatus 6
4.1 Overordna planer 6
4.2 Gjeldande reguleringsplaner 6
4.3 Tilgrensande planer 6
4.4 Statlige retningslinjer/rammer/føringar 6
5 Planområdet - Eksisterande forhold 6
5.1 Lokalisering, avgrensing og storleik 6
5.2 Dagens arealbruk 7
5.3 Stadens karakter 7
5.4 Landskap 8
5.5 Kulturminner 9
5.6 Naturverdiar 9
5.7 Rekreasjonsverdi og uteområde 10
5.8 Landbruk 10
5.9 Trafikk og infrastruktur 10
5.10 Barns interesser 11
5.11 Sosial infrastruktur 11
5.12 Universell utforming 11
5.13 Teknisk infrastruktur 11
5.14 Grunnforhold 13
5.15 Støyforhold 13
5.16 Luftforurensing 14
5.17 Risiko og sårbarhet (ROS) 14
5.18 Næring 14
5.19 Analyser og utgreingar 14
6 Planforslaget 15
6.1 Planlagt arealbruk og formål 15
6.3 Bygg si plassering og utforming 17

6.4 Parkering og tilkomst 18
6.5 Teknisk infrastruktur 19
6.6 Uteareal tilhøyrande byggareal 19
6.7 Uteopphald, friluft og leik 20
6.8 Kulturminner 20
7 Konsekvensar av planforslaget 20
7.1 Overodna planar 20
7.2 Terrengtilpassing, bygg og anlegg 20
7.3 Konsekvensar for andre grunneirgar, naboar og gjenbuarar 21
7.4 Trafikk og parkeringstilhøve 21
7.5 Friluftsaktivitet, natur og born og unge sine interesser i nærmiljøet 21
7.7 Kulturminne 21
7.8 Risiko og sårbarheit 21
8 Medverknad i planprisessen 21
9 Avsluttande kommentar 22

1 Samandrag

<table>
<tr><th colspan="2">PLANOMTALE</th></tr>
<tr><td>Plannamn</td><td>REGULERINGPLAN FOR GBNR 53/5 m-fl. – OMRÅDE FB16 – HÅVIKA I HERØY KOMMUNE</td></tr>
<tr><td>Arkivsak (ARK)</td><td>1584.02</td></tr>
<tr><td>Plan ID</td><td>201515</td></tr>
<tr><td>Omtale av planinitiativet</td><td>Planinitiativet tek føre seg eksisterande situasjon, bakgrunn og målsetting for planarbeidet.
Hovudmålet med reguleringa er:
Legge til rette for framtidig utvikling av mindre område for fritidsbygg med hytter, rorbuer og naust.
Legge til reguleringsformål i sjø med formål med brygger, opphal for småbåt.</td></tr>
<tr><td>Formål/Hensikt/lovgrunnlag</td><td>Planarbeidet er vurdert i forhold til forskrift om konsekvensutgreiing, og om det vert fanga opp av § 4 i ”Forskrift om konsekvensanalyse”:
Kommunen konkluderte med at:
Planframlegget skal ikkje konsekvensutgreiast.
Behovet for nødvendige utgreiingar vert avklart i planomtalen.
Informasjons- og medverknadstiltak. Særlege tiltak overfor spesielt råka grupper vert gjort greie for.
Det private planforlaget er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3og §12-11.</td></tr>
<tr><td>Estimert framdrift for behandling av plan</td><td><table>
<tr><td>Oppstartsmøte</td><td>Oktober 2015</td></tr>
<tr><td>Varsel om oppstart av planarbeid</td><td>Desember 2015</td></tr>
<tr><td>Frist for innspel varsling</td><td>Februar 2016</td></tr>
<tr><td>Utarbeiding av planforslag</td><td>oktober-november. 2016</td></tr>
<tr><td>Kommunal behandling (12 veker)</td><td>Januar 2017</td></tr>
<tr><td>Høring av planforslag (6 veker)</td><td>Mars 2017</td></tr>
<tr><td>Behandling av ev. merknader og endringar</td><td>April 2017</td></tr>
<tr><td>Godkjenning av planforslag</td><td>Mai 2017</td></tr>
<tr><td>Kunngjering av godkjent plan</td><td>Mai 2017</td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>Organisering/kontakt</td><td>Planinitiativet er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller.

Forslagsstiller (FS):
Lars Gunnar Larsen Graving og Transport
6070 Tjørvåg
Org. Nr.: 994 321 390
Kontaktpersoner:
Lars Gunnar Larsen - Tlf.: +47 952 30 726
Mail: larsgunnarlarsen@gmail.com

Plankonsulent (PK):
Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 18 550 Nettside: www.sporstol.no
Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl
Tlf: 918 68 794 E-post: bjornar@sporstol.no</td></tr>
</table>

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for planinitiativet er dette planforslaget utarbeidd for å legge til rette for framtidig utvikling av område for fritidsbusetnad i Håvika i Herøy kommune

2.1 Formål med planen

Hovudmålet med reguleringa er:

- Legge til rette for framtidig utvikling av mindre område for fritidsbygg hytter, rorbuer og naust.
- Legge til reguleringsformål i sjø med formål med brygger, opphal for småbåt.

2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold

Forslagstiller (FS):
Lars Gunnar Larsen Graving og Transport - 6070 Tjørvåg - Org. Nr.: 994 321 390
Kontaktpersoner: Lars Gunnar Larsen - Tlf.: +47 952 30 726 - Mail: larsgunnarlarsen@gmail.com

Plankonsulent (PK): Sporstøl Arkitekter AS
v/ ingeniør Bjørnar Sporstøl

Eigedommar: Forslagstiller er eigar av gnr./bnr. 53/5.
Aina Gjerde – Mauseidvåg er eigar av gnr./bnr. 53/103.
Halvard Thorseth - eigar av gnr./bnr. 53/190.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Det er gjort vedtak i saka tidligare i samband med søknad om løyve til oppstarte av planarbeid. Løyve til oppstart var gitt i formannskapet den 1/12-2015 i sak 222/15. Viser til varslingsdokument vedlegg

2.4 Utbyggingsavtaler

Det vil ikkje verte aktuelt med utbyggingsavtale.

2.5 Krav til konsekvensutgreiing (KU)

Planen skal i følgje Forskrift om Konsekvensutgreiing § 3b) – Vedlegg II vurderast etter forskrifta § 4. Det er vurdert og avklart med kommunen at plane ikkje vert råka av KU.


3 Planprosessen

Prosess til no og estimert vidare framdrift:

Oppstartsmøte	Oktober 2015
Forvarsel og planarbeid	Desember 2015
Frist for innspel varsling	Februar 2016
Utarbeiding av planforslag	oktober-november. 2016
Kommunal behandling (12 veker)	Januar 2017
Høring av planforslag (6 veker)	Mars 2017
Behandling av ev. merknader og endringar	April 2017
Godkjenning av planforslag	Mai 2017
Kunngjering av godkjent plan	Mai 2017

4 Planstatus

4.1 Overordna planer



Utsnitt av gjeldande arealplan med forlag til planområde .

I den gjeldande arealplanen for Herøy kommune, er planområdet innafor byggeområde – Fritidsbusetnad (FB16). Området er omkransa av LNF-område . Området i sjøen har nemning NFFF, som er ei forkorting for Natur, friluft, ferdsel og fiske, samt område med arealformal Fiske Fi40 som er en låssettingsplass.

4.2 Gjeldande reguleringsplaner

Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar i planområde.

4.3 Tilgrensande planer

Det er ikkje tilgrensande reguleringsplanar til planområdet.

4.4 Statlige retningslinjer/rammer/føringar

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 1. juli 2009.
- Lov om forvaltning av naturens mangfald av 1. juli 2009.
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 1. oktober 1983.

5 Planområdet - Eksisterande forhold

5.1 Lokalisering, avgrensing og storleik

Planområdet ligg nordvest om Tuftevatnet i Tjørvåg - Herøy kommune. Område har eksisterande privat tilkomst frå Tjørvågvegen FV654 sør av planområdet.
Planområdet er avgrensa i samråd med kommune. Planområdet er på om lag 86 dekar land- og sjøareal. Landarealet i dag utgjer om lag 69 daa.



Ortofoto frå sunnmørskart.no med forslag til plangrense

5.2 Dagens arealbruk

I planområdet er dagens arealbruk areal på eigedommane gnr./bnr. 53/5, 53/90 (om lag 1,1daa) og 53/103 (om lag 1,1 daa).
Området inneheld ei hytte, ein einebustad og veg til sjøen. Areal utanom dette er natur utan inngrep.

5.3 Stadens karakter

Området er orientert med mot nordvest. Området er naturområder med mindre inngrep som veg, infrastruktur og ei hyttetomt. Området er solrikt og ikke utsatt for spesielt krevende klimamessige forhold. Området er småkupert med skrin jord der fjell stikk opp i dagen.



Foto i planområdet. Foto frå Håvika mot sørvest

5.4 Landskap


Området ligg nord om fylkesveg omfattar eigedomane gbnr. 53/3, 53/90 og 53/103. Område ligg mellom Tuftevatnet i sør og sjøen i nord. Elveutløpet for Tuftevatne går ikkje gjennom planområdet. Store deler av området er naturområder med busker, lyng og tre på skrin fastmark. Her er fjell og berg opp i dagen. Området er i ferd med på bli meir og meir igjen grodd. Området er småkupert og har slakk helling frå i sør mot sjøen i nord (Håvika). Området strekker seg frå sjøen til ca. kote + 25m.



Foto del av planområdet til området sett frå aust mot vest.

5.5 Kulturminner

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. I område er registrert 2 lokalitetar med ruin eller fjernet objekt som er SEFRAK-registrerte. Viser til Vedlagt faktaark for nr 1515 17 09 og 1515 17 10. Lokalitet 1515 17 09 er rivet og erstatta med nybygg. 1515 17 10 er der restar etter mur til bygget.




Utsnitt av plansjekk for området- Grå trekantar = ruiner, spor etter tidlegare bygging.

5.6 Naturverdiar

I «Naturbase» til Direktoratet for naturforvalting. Tuftevatnet søraust av planområdet er klassifisert som viktig verdi natur og viktig for vilt og det er ørret i vatnet. ID - BN00081121.
Tjørvåg osen vest av planområdet er viktig naturområder med vernestatus. VV00001950.

Begge område kjem utanom planområdet.

Viser her til kartutsnitt nedanfor og vedlegg.




Utsnitt av plansjekk for området.

5.7 Rekreasjonsverdi og uteområde

Det er ikkje registert offentlige uteområde med rekreasjonsverdi innafor planområdet. Området er i dag nytta til områder for privat fritidsbygg og aktiviteter nytt til friluftsliv, båt og fiske.

5.8 Landbruk

I kartbasen til skog + landskap (http://kilden.skogoglandskap.no) er området klassifisert som open skrinn fastmark berg opp i dagen. I planområdet er det registrert mindre område med skog lav bonitet. Det er ikkje registret produktiv mark.




5.9 Trafikk og infrastruktur

Det er tilkomst til området med direkte avkjørsel frå fylkesveg 654. Midlare ÅDT 4110. Det er etablert busslommer og gangs og sykkelveg langs Fylkesvegen.



Foto kryss tilkomst til planområdet ved fylkesveg 654 - retning søraust. Kilde Google map.



Vegdata fylkesveg 654 Tuftene. Kilde Statens vegvesen.

5.10 Barns interesser

Det er ikkje registrert spesiell aktivitet eller bruk frå born i området.

5.11 Sosial infrastruktur

Ikkje relevant.

5.12 Universell utforming


Områder er ikkje tilrettelagt med omsyn til universell utforming.

5.13 Teknisk infrastruktur

Det er noko opparbeidd infrastruktur i området.
Forslagstiller er i ferd med å få lagt fram ny el.kabel og vassleidning til området.
Det er etablert tilkomstveg med grusdekke i planområdet.
Området har soleis gode muligheit for vidareføring og tilkopling til eksisterande infrastruktur.



Foto del av planområdet lag eksisterande veg til området sett frå sør mot nord.




Ortofoto gbnr. 53/5. Kilde: www.sunnmorskart.no

5.14 Grunnforhold

Det er ikkje registert spesielle eller utfordrande grunnforholda i planområdet.

5.15 Støyforhold

Det er ikkje registrert at det er uakseptable forhold tilknytt støy.
Planområdet kjem ikkje i berøring støysoner til fylkesvegen vist i kartutsnitt nedanfor.



5.16 Luftforurensing

Det er ikkje registrert at det er uakseptable luftforurensninger i området.

5.17 Risiko og sårbarhet (ROS)

Det er ikkje knytt uakseptabel risiko knytt til område.

5.18 Næring

Ikkje relevant.

5.19 Analyser og utgreingar

Det vart ikkje avdekt spesielle krav til utgreiningar ved varsling av planen. Det er for FB16 ikkje gjort spesielle avmerkingar konsekvensanalyse for natur, miljø og samfunn til Kommuneplanen. Det er krav om reguleringsplan ved tiltak.

6 Planforslaget

Planforslaget er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller.

6.1 Planlagt arealbruk og formål

Den framtidige utviklinga av området ligg godt til rette for utvikling av et attraktivt område for fritidsbusetnad. Forslagstiller ser det som særs viktig at det blir etabler et anlegg som gir muligheit for å kunne ha båt og drive med aktivitet som knytt til sjø.

Området gjeld deler av eigedomane Gnr. 53 Bnr. 5 - Håvika på Gurskøya i Herøy kommune. Området inkluderer ei bustadtomt (53/90) og en hytte tomt (53/103).

Området planlagt med 11 ny fritidsbygg, 8 nye rorbuer og 8 nye naust med tilhøyrande bryggeanlegg som har minimum kapasitet på 16 båtar. Det er også planlagt 3 ny einebustadtomter.

Areal på planområdet totalt på ca. 86,1 dekar.
Av dette er om lag 17,3 daa i sjø.

Planlagde byggjeområde for bustadar, fritidsbygg, rorbuer og naust, felles veger er om lag 35 dekar. Av dette er om lag 4 daa som er regulert for sjøareal felles privat småbåthamn.
Nye og eksisterande bustad/hytter/rorbuer/naust utgjer om lag 23 daa. Område for felles vegtilkomst/parkerings/teknisk anlegg vil utgjer om lag 8 daa.
Areal for felles privat småbåthamn er om lag 4,1 dekar.

Resten av areala er planlagt som felles frilufts og grøntområde på land og i sjø er om lag 51 dekar.

Parsellen har om lag 1620 meter sjølinje. Av dette er 480 meter med i planområdet der 80 meter er planlagt for bryggeanlegg/landfeste og rorbuer. Resten som er om lag 400 meter er område planlagt regulert for strandsone med grøntstruktur, badeplass og friluft/rekreasjon.

NØKKELDATA/AREALBRUK
Planforslag med føresegner og arealtabell er vist nedanfor og i vedlegg V1 - plankart og føresegner.

Område	Størrelse daa	Arealbruk/formål	høgd BYA%	Ev. kommentar
§ 12-5. nr.1 Bygningar og anlegg:				
BSF1 - BSF3	4,7	Bustader - frittliggjande småhus (Sosi-kode 1111)	Maks møne 9m, gesims 7,5m. Maks BYA% =30%	Områda er regulert med byggegrenser. 3 nye bueiningar. Krav til 2 biloppstillingsplasser
BFF1- BFF7	14,7	Fritidsbusetnad frittliggjande (Sosi-kode 1121)	Maks høgd Møne7 m. Maks BRA = 100m2	Områda er regulert med byggegrenser. 11 nye fritidsbygg. Krav til 2 biloppstillingsplasser.
BFK1-BFK2	1,2	Fritidsbusetnad konsentrert (Rorbuer) (Sosi-kode 1122)	Maks høgd 10m. Maks BRA = 80m2	Områda er regulert med byggegrenser. Parkeringsplasser på f_SPP. 8 nye rorbuer Krav til rekkjefølgje.

Område	Størrelse daa	Arealbruk/formål	høgd BYA%	Ev. kommentar
f_BAT1-f_BAT2	0,2	Anna offentlig eller privat tjenesteyting (renovasjon m.m.) – felles – (Sosi-kode 1169)		Regulert i føresegner og plankart.
f_BBS	0,6	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag til tilhørande standsone (Landfeste flytebrygge og båtopphal) – felles (Sosi-kode 1588)		Regulert i føresegner og plankart. Krav til rekkjefølgje.
BUN1 – BUN2	1,0	Naustrekkjer (Sosi-kode 1589)	Maks høgd 6,5m. Maks BRA = 60m2	Områda er regulert med byggegrenser. 8 nye naust. Krav til 1 biloppstillingsplasser.
f_BLK	0,6	Lekeplass – felles (Sosi-kode 1610)		Min. krav til utsyr.
f_BKB	0,7	Kombinert byggje- og anleggsformål (serviceveg og infrastruktur) – felles (Sosi-kode 1800)		Område for serviceveg til rorbuer og småbåthamn og teknisk anlegg. Regulert i føresegner og plankart.
Delsum	23,8			
§ 12-5. nr.2 Samferdsel, anlegg og infrastruktur.				
f_SKV1- f_SKV5	4,2	Kjøreveg – felles (Sosi-kode 2011)	-	Eksisterande og nye veger
f_SPP	0,3	Parkering – felles (Sosi-kode 2082)	-	Nye felles parkering Krav til rekkjefølgje.
f_AV1- f_AV5	0,6	Annan Veggrunn (Sosi-kode 2018)	-	
Delsum	5,1			
§ 12-5. nr.3 Grøntstruktur.				
G1 – G3	31,8	Grøntstruktur –grøntdrag (Sosi-kode 3001)	-	I område G1 kan det tillatast å føre anlegg grøfter lendingar for VA
f_GF1- f_GF2	7,4	Friområde – felles (Sosi-kode 3040)	-	I område GF kan det tillatast stiar og å føre anlegg grøfter lendingar for VA.
f_GB	0,8	Badeplass – felles (Sosi-kode 3041)	-	I området kan det oppførast mindre bygg.
Delsum	39,9			
§ 12-5. nr.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone				
f_VS	4,1	Småbåthamn – felles (Sosi-kode 6230)	-	Områder for flytebrygge til småbåt.
VFS	11,8	Friluftsområde med tilhøyrande strandsone (Sosi-kode 6720)	-	Sjøområde for almen bruk og ferdsel
f_VB	1,4	Badeplass - felles (Sosi-kode 6770)	-	
Delsum	17,3			
Samla areal planforslag	**86,1**			

Områda for hytter er lokalisert nord og sør i planområdet.
Deler av området på land er planlagt med føremål bygg og anlegg Hytter, naust, rorbuer og bustadar.
Deler av sjøarealet er planlagt regulert for småbåthamn.

Registrerte ruiner i kulturatlaset vil komme innfor planområdet. Den eine at disse er fjerna og det reist et nybygg. Det er ikkje planlagt inngrep i det andre området då dette vil bli ein del av grøntstrukturen i området.

Tilkomst, infrastruktur, VA i område kan verte knytt til eksisterande anlegg i planområdet. Infrastruktur skal graderast opp og vert tilpassa planlagt utbygging. Områda vert knytt til eksisterande privat veg som har tilkomst til Riksveg 654 i sør. For VA-anlegg er det planlagt separat slamavskiljarar eller en felles anlegg ved småbåthamna i område f_BKB. Vatn og el/tele er planlagt lagt i eller ved vegar i planområde.

6.3 Bygg si plassering og utforming

Ulike storleikar og typar dekker ein større marknad. Planen fylgjer rammer gitt i føresegner til kommuneplanen.

Plasseringer butadar. hytter, naust og rorbuer er vist på plankartet men er berre resningsgivande.
Det er lagt førninger som gir bygg som har tradisjonell utforming.

Det er valgt å konsenstere inngrep som ligg i sjøkanten. Bygg og anlegg: Båtopphal. brygge og landfeste samt rorbuer er klart avgrensa med føremål og samla på ein plass i sjøkanten. Halvparten av rorbuere og alle nausta er trekt inn på land. Dette gir et klart visulet begrensa inngrep i standsona sett frå sjøen.

Bustadar og hytte er frittliggjande og har romlige tomter og med spreding på fleire små felt.

Frittliggande bustadar:
Det er vurdert at er mulig å kunne etablere 3 nye tomter for bustadar.
Rammer for dette er føresegner i kommuneplanen og PBL.
Grad av utnytting: maksimum bebygd areal %BYA = 30%.
Mønehøgde som ikkje overstig 9,0 meter og gesims 7,5 meter målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget.
Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.
Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport.

Hytter, fritidsbustadar:
Det er planlagt 11 nye hytter, fritidsbustadar.
Maksimum bruksareal BRA inntil 100 m2.
Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,0 m og gesimshøgda inntil 5,0 m målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget.
Bygg skal utformat med sal- eller pulttak.

Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m² BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m.
Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m².


Rorbu:
Det er vurdert at er er mulig å kunne etablere 8 nye rorbuer.
Maksimum bruksareal BRA inntil 80 m2.
Mønehøgda rekna frå topp golv nærmast sjø skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Bygg skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.
Det kan lagast til båtopphal få sjø til naust/rorbuene, og terrassar kan lagast inntil naustfasadar bak naust/rorbu og som vender i frå sjøen.

Naustrekkjer:
Det er planlagt 8 nye naust inntil 60 m2.
Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 60 m2.
Mønehøgda rekna frå topp golv skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Nausta skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.
Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper.
Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

Båtopphal og småbåtbrygge:
Det er planlagt anlegg med flytebrygge og båtopphal i sjøen.

6.4 Parkering og tilkomst

Tilkomst til området er uendra. Veger vert oppgradert og i nokre parti lagt noko om for å få betre stigningsforhold. Vegen er dimensjoner for hastighet maks 30 km/t og liten lastebil. Viser her til prinsipp tverrprofil nedanfor og vedlagt situasjonsplan/lengdeprofilar vedlegg V4.
Parkering vert på eigen grunn i planområde for bustader, fritidsbygg og naust. For rorbuer er det regulert felles parkering i område f_SPP. Denne parkeringsplassen vil ha kapasitet til nokre gjesteplassar.



Prinsippskisser utforming av felles tilkomstvegar. Kjelde: Rettleiar til Herøy kommune


6.5 Teknisk infrastruktur

Den tekniske infrastrukturen skal oppgraderast der nye bygningar vert tilkopla. Felles slamavskillar vert etablert. Føringsvegar for den nye infrastrukturen er for det meste den same som eksisterande anlegg. Nye grøfter blir i hovudsak ført langs nye vegar og formål f_SKV, f_BBS og f_BKB.

Innanfor byggeområda i formåla f_BAT kan det førast opp trafokioskar, samleplass renovasjon og andre tekniske innretningar der det er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bygg elles i område.

Før utbygg skal det utarbeidast ein samla detaljplan for vegar, vatn, avløp, renovasjon og andre tekniske anlegg. Samla teknisk plan skal godkjennast av kommunen.

Avløpsleidning skal førast ut i og på tilstrekkeleg djupne og i samsvar den gjeldande reglar.



Utsnitt forslag reguleringsplan med plan for kablar, avløp og vatn.

6.6 Uteareal tilhøyrande byggareal

Fellesføresegner gir fylgjande regulering:

Uteareal tilhøyrande byggeareal: Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

Planen regulerer og at inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

6.7 Uteopphald, friluft og leik

Område for leikeplass. Område f_BLK er fellesområde for bygg i områda BSF, BFF og BFK i planområde. Område skal minimum ha ei sandkasse, ein benk og noko fast dekke. Området ligg sentralt o planområdt og med kort avstand frå felles tilkomstveg og friluftsområdet som dannar tilkomst til felles regulert friluftsområde f_GF og badeplass f_GB ved sjøen. Området om lag 500 m2 og kan karakteriserast som nærleikeplass. Område for friluftsområde og badeplass på land er samla om lag 8,4 dekar.
Det er i plan stilt krav til rekkjefylgje om etablering av leikeplassen.

6.8 Kulturminner

Viser til merknad for Bergen sjøfartsmuseum og registrering gjort av fylkeskonservators arkeolog i høve til Kulturminne vart gjennomført sommaren 2016.
Det var ikkje registert funn under denne registreringa.
Det er tatt med fylgjande føresegn i planen.

Kulturminne: Dersom ein under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne i grunnen eller i sjø pliktar ein å stoppe arbeidet, og ta kontakt med fylkeskommunen for avklaring. Om det under opparbeiding av tiltak i sjø skulle påvisast skipsvrak, må arbeid stansast. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum skal då undersøke funn før eventuell frigjeving av området, og arbeid kan vidareførast.

7 Konsekvensar av planforslaget

Her er verknader og konsekvensar av gjennomføring av planen verte beskrive og vurdert. Konsekvensar vert beskrive når planer avviker frå vedtatt overordna planar, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt og når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Avbøtande tiltak skal då beskrivast.
Plandokumentet vert utarbeida etter rettleiar til Reguleringsplan T-1490, utgitt av Miljøverndepartementet i 2008.
På oppstartmøte med kommunen vart det konkludert med at plan ikkje vil medføre KU etter «Forskrift om Konsekvensutgreiing § 4». Det vart heller ikkje stilt krav til dette frå andre instansar.

7.1 Overordna planar

Det er lagt inn byggområdet i bukta ved Håvika som ikkje er heit i tråd med arealplanen. For at ein skal kunne gjennomføre slike utbyggingsplanar økonomiske er det naudsynt med gode og attraktive sjønære fasilitetar. Vi har i planen minimert inngrep i standsona til til ca 80 meter, der vi har område for felles landfeste småbåthamn og båtopphal. Ved å plasser nokre rorbuer i same området er dette med på å skape et tradisjonelt naustmiljø.
Øvrige byggeareal er meir enn 30 meter frå strandsone.
I tillegg er det sett av områder som felles badeplass som er allment tilgjengelig. Det ligge til rette for at god tilgjenge for alle.

Vi meina planen for det meste er i tråd med kommunen sine overordna plan og det ligg til rette for eit attraktivt fritidsanlegg ved Håvika slik det ar planlagt.

7.2 Terrengtilpassing, bygg og anlegg

Viser til plankart, føresegner og illustrasjonar.
I plankart med føresegner er det regulert bygg og anleggs området med byggegrenser.
Det er nytta områder med eksisterande inngrep. Bygge er regulert med høgder og storleikar som er i tråd med føresegner til overordna arealplan for kommune. Anlegg utanom bygg er regulert med omsyn til utform og tilstelling.

Vi meina at omsynet til terrengtilpassing og rammer for byggutforming er god i varetatt i planen.

7.3 Konsekvensar for andre grunneigarar, naboar og gjenbuarar

Viser til merknadar for naboar etter forvarsling planarbeid.
Eksistende tilkomst er regulerast med omsyn til oppgradering og vedlikehald under gjennomføring av utbyggingsplanane. Tilgjengelegheit til området vil bli betra for alle.
Med bakgrunn i dette vil utbygging ha liten innverknad på forholdet til naboar til planområdet.
Vi meina tiltaka i planen har klar overvekt av positive verknad for området.

7.4 Trafikk og parkeringstilhøve

Dette er regulert i plankart, føresegner.
Det er planen inn felles vegar og parkeringsplass i området som er open for allmenta.
Vi meina tiltaka i planen har klar overvekt av positive verknad for området.

7.5 Friluftsaktivitet, natur og born og unge sine interesser i nærmiljøet

Dette er regulert i plankart, føresegner.
Det er i planen regulert store felles friluftsområder, badeplass og et område for nærleik. Området som er open for allmenta. Vi meina tiltaka i planen har klar overvekt av positive verknad for området.

7.7 Kulturminne

Planen har fellesføresegn som regulerer om det skulle vert gjort funn i sjø eller på land med om syn til varsling ved eventuelle funn.

7.8 Risiko og sårbarheit

Viser til sjekkliste vedlegg 5.
Området skal tilførast ny vassleidning. Eksisterande tilkomst skal verte utbetra. Vegane i området skal dimensjonerast for liten lastebil. Næraste brannstasjon er i Myrvåg som er om lag 10 min unna. Dette sikrar sløkkjevatne og tilkomst for utrykkingskjørety til bygg og anlegg i området.
Det er elles ikkje påvist særlig risiko i området.
I fylgje NGU sin kartbase er nivå av aktsomheit i området i høve til radon klassifisert moderat til lav. Vi meiar at krav i teknisk forskrifta til PBL er tilstrekkelig.

8 Medverknad i planprosessen.

Viser til vedlagt dokument V7 med kopi av politiske behandling av oppstart planarbeid, og kommentarar til merknadar/fråsegner som er innkome etter varsling om oppstart.

Med bakgrunn i oppstartmøte og vedtak om løyve til oppstart planarbeid og vart planarbeidet forvarsla. Dei ulike høringsinstansar, grunneigarar og naboar fikk då få varselet tilsendt skriftleg.
Det vart i tillegg kunngjering, plankonsulenten og kommunen sin nettsider. Frist for innspel vart sett til 4-5 veker.
Formell saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentlig ettersyn av utarbeidd planforslag. Merknadar etter varslinga er vurderte i dette planframlegget.

Vi meina at alle medverknad er godt i varetatt.

9 Avsluttande kommentar


Med bakgrunn i dette plan vil vi på vegne av forslagsstiller be om at utvalet for plansaker behandlar planforslaget i samsvar til plan- og bygningsloven (PBL) § 12-3 og §12-11.

Med helsing

Ingeniør Bjørnar Sporstøl
Telefon: 9186 8794
E-post: bjornar@sporstol.no

Vedlegg:
- V1 Detaljregulering Håvika, datert 28.02.2017.
- V2 Føresegner detaljregulering Håvika, datert 28.02.2017
- V3 Illustrasjonar til planen.
- V4 Lengdeprofiler på veier.
- V5 Sjekklist ROS
- V6 Vurdering i forhold til Naturmangfaldlova §§ 8 til 12.
- V7 Merknadar etter varsling start planarbeid med vurdering.
- V8 Uprenta vedlegg. Kopi av dokument forvarsling

Med kopi til: Forslagstiller



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BFS – Bustader-frittliggjande-småhus
- BFF – Fritidsbusetnad-frittliggjande
- BFK – Fritidsbusetnad-konsentrert
- BAT – Anna offentleg eller privat tenesteyting
- BBS – Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- BUN – Uthus/naust/badehus
- Leikeplass – Leikeplass
- BKB – Kombinert byggje- og anleggsformål

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV – Køyreveg
- Annan veggrunn – Annan veggrunn – teknisk anlegg
- SPP – Parkeringsplassar

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

- G – Grøntstruktur
- f_Friområde – Friområde
- GB – Badeplass/-område

§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- VS – Småbåthamn
- VFS – Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- VB – Badeområde

§12-6 - Omsynssoner

- H140_ – Frisikt

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Regulert tomtegrense
- RpSikringGrense
- Byggegrense
- Planlagt bebyggelse
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert kjørefelt
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert støttemur
- Måle og avstandslinje

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84

Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m

Kartmålestokk: 1:1000

0 12.5 25 37.5 50 m

N

Herøy kommune

Detaljregulering for

Håvika, gbnr 53/3 - Områder FB16

Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID:
Forslag 201515

Forslagstillar:
Lars Gunnar Larsen

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gangs behandling				
Offentlig ettersyn fra .....til				
2. gangs behandling				
Offentlig ettersyn fra.....til				
1. gangs behandling				
Kunngjøring av oppstart av planarbeid			15.12.15	BS
Oppstartsmøte Herøy rådhus.			30.10.15	

PLANEN ER UTARBEIDD AV:	Sprostø Arkitekter AS	TEGNNR.	DATO	SIGN.
		101	28.02.17	BS

Det bekreftes at planen er i samsvar med kommunestyrets vedtak av _____ Dato _____ Plansjef

HERØY KOMMUNE

FØRESEGNER TIL DETALJERGULERING FOR

Håvika, gnr. 53/5 – område FB16.

Datert 28.02.2017 PlanID: 201515.

Godkjend av Herøy kommunestyre
den ……...20xx sak …/……

§ 1 GENERELT:

1.1 GYLDIHETSOMRÅDE

Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innafor det området som er synt med reguleringsgrenser på plankartet.

1.2 PRIVATRETTSLIGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.2 REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innafor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til fylgjande føremål:

Byggje- og anleggsformål (PBL § 12-5 nr. 1):

BFS1 - BFS3	Bustader - frittliggjande småhus (Sosi-kode 1111)
BFF1- BFF7	Fritidsbusetnad – frittliggjande (Sosi-kode 1121)
BFK1-BFK2	Fritidsbusetnad – konsentrert . Rorbuer. (Sosi-kode 1122)
f_BAT1-f_BAT2	Anna offentlig eller privat tjenesteyting (renovasjon m.m.) – felles. (Sosi-kode 1169)
f_BBS	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag til tilhørande standsone Landfeste flytebrygge og båtopphal – felles (Sosi-kode 1588)
BUN1 – BUN2	Naustrekkjer (Sosi-kode 1589)
f_BLK	Leikeplass (Sosi-kode 1610)
f_BKB	Kombinert byggje- og anleggsformål. Serviceveg og infrastruktur – felles (Sosi-kode 1800)

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

f_SKV1- f_SKV5	Kjøreveg - felles (Sosi-kode 2011)
f_SPP	Parkering - felles (Sosi-kode 2082)
f_AV1 – f_AV5	Annan Veggrunn (Sosi-kode 2018)

Grantstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

G1 – G3	Grøntstruktur –grøntdrag (Sosi-kode 3001)
f_GF	Friområde – felles (Sosi-kode 3040)
f_GB	Badeplass – felles (Sosi-kode 3041)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

f_VS	Småbåthamn – felles (Sosi-kode 6230)
VFS	Friluftsområde med tilhøyrande strandsone (Sosi-kode 6720)
f_VB	Badeplass – felles (Sosi-kode 6770)

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

H140_	Frisikt

§ 2 FELLESFØRESEGNER:

a. Bygg skal plasserast innanfor byggje og anleggformål, samt byggegrenser som er vist på plankartet. Plassering av planlagt bygg i plankartet er berre retningsgivande.

b. Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bygg. Overskottsmasse skal køyrast vekk.

c. Innanfor byggeområdet kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bygg elles i område. Før utbygg skal det utarbeidast samla detaljplan for vegar, vatn, avløp, renovasjon og andre tekniske anlegg. Samla teknisk plan skal godkjennast av kommunen.

e. Kulturminne: Dersom ein under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne i grunnen eller i sjø pliktar ein å stoppe arbeidet, og ta kontakt med fylkeskommunen for avklaring. Om det under opparbeiding av tiltak i sjø skulle påvisast skipsvrak, må arbeid stansast. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum skal då undersøke funn før eventuell frigjeving av området, og arbeid kan vidareførast.

§ 3 AREALBRUK

I område merka «**BFS**» kan det byggjast frittliggjande småhus – einebustad, ev med sekundærhusvære (leilegheit). Totalt 4 einingar.
I område **«BFF»** kan det byggjast frittliggjande fritidsbusetand. Totalt 12 einingar.
I område merka **«BFK»** kan det byggjast konserntert fritidsbusetnad (Rorbuer). Totalt 8 einingar.
I område merka « **f_BAT»** kan brukast til offentlig eller privat tenesteyting (renovasjon m.m.) – områda er felles for heile planområdet.
I område merka «**f_BBS»** skal det byggast anlegg for småbåtanlegg i sjø og vassdrag til tilhørande standsone(Landfeste flytebrygge og båtopphal). Områda er felles for heile planområdet.
I område merka **«BUN»** kan det byggjast Naustrekkjer. Totalt 8 einingar.

I område merka **«f_BLK»** kan del leggast til rette for felles leikeplass. Områda er felles for heile planområdet.
I område merka «**f_BKB»** Kombinert byggje- og anleggsformål (serviceveg og infrastruktur og plass for felles slamavskillar) . Områda er felles for heile planområdet.

§ 4 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

4.1. Generelt:

a: Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Plassering av planlagt bygg i plankartet er retningsgivande

b: Grad av utnytting av tomtene er fastsett ved tillaten prosent utbygd areal (% - BYA): BYA for dei enkelte delområda bustad. For fritidsbygg (Hytter, rorbuer og naust) skal det nyttast bruksareal (BRA) per eining.
Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med «NS 3940:2012 Areal og volumberegninger av bygninger» gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA.

c: Høgder på bygg: Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget, jf. rettleiar "T-1459 Grad av utnytting".

d: Uteareal tilhøyrande byggeareal: Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

4.2 Bustadar – frittliggjande småhus (BFS1 til BFS3)

a: Områda merka BFS1 til BFS3 på plankartet skal nyttast til bustad med tilhøyrande anlegg. BFS3 er område med eksisterande bustad.

b: Grad av utnytting: maksimum bebygd areal %BYA = 30%.

c: Mønehøgde som ikkje overstig 9,0 meter og gesims 7,5 meter.
Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.

d: Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport.

d: Situasjonsplan. Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding på kvar av tomtene skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder og biloppstilling/garasje/carport vere synt på situasjonsplanen.

4.3 Fritidsbusetnad – frittliggjande (BFF1 til BFF7)

a: Områda merka BFF1 til BFF7 på plankartet skal nyttast til fritidsbusetnad med tilhøyrande anlegg. BFF3 er områder med eksisterande fritidsbusetnad.

b: Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 100 m2.

c: Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,0 m og gesimshøgda inntil 5,0 m målt frå gjennomsnittleg eksisterande terreng. Bygg skal utformat med sal- eller pulttak

d: Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m² BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m.

e: Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m².

f: Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per bueining.

g: Situasjonsplan:
Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder og biloppstilling vere synt på situasjonsplanen.

4.4 Fritidsbusetnad – konsentrert(Rorbuer) (BFK1 og BFK2)

a: Områda merka BFK1 og BFK2 på plankartet skal nyttast til konserntert fritidsbusetnad (rorbuer) med tilhøyrande anlegg. Fritidsbustad rorbu kombinert med naust ved sjø.

b: Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 80 m2.

c: Høgdeplassering over sjø: Golvnivå i naustdel i rorbuer skal plasserast i intervallet kote + 1,3 og 2,5 meter over NGO kote 0. Golv i rorbuer for varig opphald skal minimum ligge på kote +3 NGO.

d: Mønehøgda rekna frå topp golv nærmast sjø skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.

e: Det kan lagast til båtopphal få sjø til naust/rorbuene, og terrassar kan lagast inntil fasade bak naust/rorbu og som vender frå sjøen.

f: Krav til tal biloppstillingsplassar er ein (1) stk. per bueining. Parkering er lokalisert til område f_SPP.

g: Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer.
Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

g: Situasjonsplan. Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder vere synt på situasjonsplanen. Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for kvar av formålsområda.

4.5 Anna offentlig eller privat tenesteyting - renovasjon m.m. (f_BAT1 og f_BAT2)
Områder for anna offentlig eller privat tenesteyting (renovasjon m.m.). Område f_ BAT1 og f_BAT2 er fellesområde for bygningar i planområde der f_BAT2 er plass for renovasjonsstasjon. Områda kan nyttast til teknisk anlegg for planområdet.

4.6 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag. Privat felles småbåtanlegg på land (f_BBS)

a: Område for småbåtanlegg med molo og landfeste for flytebrygger, kai og felles båtopphal. Område f_BBS er fellesområde for bygningar i planområde.

b: Eksponert fylling i sjø skal avsluttast med fylling plastring av naturstein eller murt naturstein til LAT (lavast astronomiske vannstand) - 0 meter.

c: Om det i områda skal foregå spyling, pussing eller skraping av båtar skal det forgå på anlegg med fast dekke (asfalt/betong) og sedimentkummar.

4.7 Naustrekkjer (BUN1 og BUN2)

a: Områda merka BUN1 og BUN2 på plankartet skal nyttast til nauts i rekkjer med tilhøyrande anlegg. Naustrekkjene skal vere i tråd med føresegner til kommuneplanen.

b: Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 60 m2.

c: Mønehøgda rekna frå topp golv skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Nausta skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.

e: Krav til tal biloppstillingsplassar er ein (1) stk. per nausteining. Biloppstilling kan plasserast ved portåpning til naust.

f: Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

g: Situasjonsplan. Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder vere synt på situasjonsplanen. Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for kvar av formålsområda.

4.8 Leikeplass (f_BLK)

a: Område for leikeplass. Område f_BLK er fellesområde for bygg i områda BFS, BFF og BFK i planområde.

b: Område skal minimum ha ei sandkasse, ein benk, eit leikestativ og noko fast dekke.

4.9 Kombinert byggje- og anleggsformål - serviceveg og infrastruktur (f_BKB)

a: Område for serviceveg, tilkomst og anlegg infrastruktur vann og avløp med felles slamavskillar. Område f_BKB er fellesområde for bygningar i planområde.

b: Om det i områda skal forgå spyling, pussing eller skraping av båtar skal det forgå på anlegg med fast dekke (asfalt/betong) og sedimentkummar.

§ 5 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, nr. 2)

5.1 Generelt

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal som følgje av detaljprosjektering.
Felles vegar og parkering skal vere open for allmenta.
Vegane i området er dimensjonsert for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknyting til søknad om utbygging.
Planen regulerer og at inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

5.1 Privat felles tilkomstveg (f_SKV1 – f_SKV5)

Tilkomstvegen skal vere felles privat veg for alle dei eigedomane i planområdet som er tilknytt vegen.

5.2 Privat felles parkeringsplass (f_SPP)

Område f_SPP er felles område for parkeringer og gjesteparkering for områda BFS, BFF og BFK i planområde.

5.3 Privat felles parkeringsplass (f_AV1 – f_AV5)

Annan veggrunn (f_AV1 – f_AV5) langs tilkomstvegar i planområdet.

§ 6 GRØNTSTRUKTUR (PBL § 12-5, nr. 3)

6.1 Grøntstruktur (G1 – G3)

I området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av området. Området skal vere ope for allmenta. I område G1 kan det tillatast å føre anlegg grøfter lendingar for VA og infrastruktur som el og tele. Områder med inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter.

6.2 Friområde (f_GF1 – f_GF2)

Området GF er friområde med ein korridor mellom leikeplass og tilgrensande fritidsbygg og badeplass/friluftsområde f_GB. Det kan i områda anleggjast og ryddast for stiar til badeplasser i område f_GB. Området skal vere ope for allmenta.
I område f_GF kan det tillatast å føre anlegg grøfter lendingar for VA og infrastruktur som el og tele. Områder med inngrep skal ordnast til, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter.

6.3 Friområde (f_GB)

Området merka f_GB er føresett nytta til bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk. Området skal vere ope for allmenta.

§ 7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12-5, nr. 6)

7.1 Sjøområde f_VS

Område f_VS skal nyttast til privat felles småbåthamn. Det kan anleggjast felles småbåthamn med flytande bryggjer og bølgjedemparar.
Det skal vere gjestebrygge i småbåthamna.

7.2 Badeplass i sjø f_VB

Området merka f_VB er føresett nytta til felles bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk.
Området skal vere ope for allmenta.

§ 8 SIKRINGSSONER (PBL § 12-6)

8.1 Frisiktsoner H140_.

I frisiktsoner skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde over 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane.

§ 9 KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL § 12-7, pkt.10)

9.1 Parkering/biloppstilling f_SPP skal opparbeidast samstundes og ferdigstillast seinast saman midlertidig brukstillateles til første nye bygg i område fritidsbusetnad - konsentrert **BKF1 og BFK2**.

9.2 Leikeplass f_BLK skal opparbeidast samstundes og ferdigstillast seinast saman midlertidig brukstillateles til første nye bygg i område **BFS, BFF og BFK**.

9.3 Tekniske planar for heile området skal godkjennast av kommune før utbyggingar i planområdet tek til.

9.4 Eksisterande vegtilkomst frå planområdet til avkjørsle til fylkesveg 654 skal verte opprusta til å tåle utbygging og vedlikehaldas i tida med utbygging av planområdet. Avkjørsel ved Fv 654 skal utbetrast og strammast i samråd med Statens Vegvesen og i samsvar vegnormal handbok N100 og V121, seinast ved midlertidig bruksløyve første nye bygg i planområdet.

Herøy kommune, Fosnavåg, den _____

_____

ordførar

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Plan- og bygningslova § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga:

§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse
Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.

Føremålet er å gi grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan også oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplansaker, men den som skal utarbeide arealplanar og planstyresmakta må i kvart tilfelle vurdere om bruk av denne sjekklista er føremålstenleg. Einkvar står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gir størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande ROS-vurdering av dei avdekte forholda. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko- og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Når uakseptabel risiko vert påvist, eller dersom den som utarbeider planen er usikker på om det føreligg uakseptabel risiko, må det hentast inn tilstrekkeleg fagkyndige vurderingar før planen vert vedteken eller byggeløyve vert gitt.

Aktuelle lenker:

Miljøverndepartementet:
- Plan- og bygningslova
- Rundskriv T-5/97 Arealplanlegging og utbygging i fareområde
- Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven
- Veileder til forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven

Direktoratet for byggkvalitet:
- Byggjereglar på ein stad
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift / TEK10)
- Rettleiar til byggteknisk forskrift (TEK10)
- Temarettleiar HO-1/2008: Utbygging i fareområde

Noregs vassdrags- og energidirektorat:
- Retningslinjer 2-11. Flaum- og skredfare i arealplanar

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:
- Samfunnstryggleik i arealplanlegging. Kartlegging av risiko og sårbarheit
- Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ivareta samfunnstryggleik i arealplanlegginga
- Rettleiar om GIS i samfunnstryggleik og arealplanlegging
- Havnivåstiging i norske kystkommunar
- Handtering av havnivåstiging i kommunal planlegging

Statens strålevern:
- Busetnad nær høgspentanlegg - informasjon til kommunar og utbyggjarar
- Radon i inneluft – helserisiko, målingar og mottiltak

Noregs geologiske undersøking:
- Nasjonal skreddatabase på nett: www.skrednett.no

Namn på tiltak/plan: **DETALJREGULERING HÅVIKA - Herøy Kommune. Vedlegg 5**

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	x	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	x	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon? ***Teknisk forskrift til PBL. setter krav til tiltak og at dette vil vere tilstrekkelig***	x	
	i	Anna (spesifiser)?	-	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)	x	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	x	
	d	Anna (spesifiser)?	-	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder utgjere risiko?	x	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? ***Infrastruktur med ny vassleidning vil bli bygd ut som ein del av planen. Vassleidning vert tilknytt godkjent vassverket i området.***		x
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? ***Infrastruktur med nye og oppgraderte vegar dimensjonsert for liten lastebil (LL) vil bli bygd ut som ein del av planen.***		x
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	x	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	x	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	x	
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

Sjekklista er gjennomgått den 29/11 – 2016 av *sign*: _____Bjørnar Sporstøl_____

Vurderingar i høve til

Naturmangfaldlova §§ 8-12

Plannavn:	**Detaljregulering for Håvika** **Herøy kommune – Vedlegg 6**
Pland-id:	**201515**
Eiendom (gnr./bnr.):	**53/5 m.fl**
Saksnummer:	1584.02
Utfylt av - dato:	**Sporstøl Arkitekter AS v/Bjørnar Sporstøl - 29.11.2016**

NML § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninga som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekt av påvirkninga. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig høve til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Myndigheitene skal vidare legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringar gjennom bruk av og samspill med naturen, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfaldet.

For rettleiing; sjå rettleiar T-1514 (s. 22-30)

Vurdering:

Artskart.no via gislink.no – Ingen funn i planområdet.
Naturbasen via gislink.no – Ingen funn som er påverka negativt av tiltaket i planområdet
Skog&landskap, verneskog, Mijøreg. MiS via gislink.no – Ingen funn som påverka negativt av tiltaket.
Erfaringsbasert kunnskap - Grunneier, forslagstiller og kommune.
Merknadar frå Landbrukskontor og Fylkesmannen.

I «Naturbase» til Direktoratet for naturforvalting. Tuftevatnet søraust av planområdet er klassifisert som viktig verdi natur og viktig for vilt og det er øret i vatnet. ID - BN00081121.
Tjørvågosen vest av planområdet er viktig naturområder med vernestatus. VV00001950.
Viser til utsnitt il planomtalen der en ser at områda ligger utanfor planområdet. Grense til naturområdet Turftevatet om lag 70 meter aust om planområdet og grense naturområde Tjørvågosen om lag 40 meter vest om planområdet.

Skog og landskap. Ingen funn som påverka negativt av tiltaket.
Ingen merknader til tiltaket frå lokale landbruksmyndigheiter.

Erfaringar og kunnskap til grunneigar og forslagstiller. Ingen funn som påverka negativt av tiltaket.

På bakgrunn av dette grunnlaget vurderer vi dette til at kravet til kunnskapsgrunnlaget iht. NML § 8 er oppfylt.

§ 9. (føre-var-prinsippet)
Når det skal treffas ein besluttning utan at det føreligg tilstrekkelig kunnskap om kva verknadar den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfaldet. Føreligg ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunn for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

For rettleiar; sjå rettleiar T-1514 (s. 31-33)

Vurdering:
Tiltaket. «Ny» arealbruk med nye Bustadar, fritidsbygg (Hytter og rorbuer) og naust med tilhøyrande anlegg er permanent. Den nye planen har klare føringar for bygg og anlegg kan byggast. I forhold til kunnskapsgrunnlaget, samt utsjekking av dagens kunnskapsgrunnlag er her ikkje avdekt spesielle registreringar i planområde.
Vi vurderer det slik at det ikkje er mangel på kunnskap som tilseier at føre-varprinsippet skal nyttast.

§ 10. (økosystemtilnærming og samla belastning)
En påverknad av et økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

For rettleiar; sjå rettleiar T-1514 (s. 34-41)

Vurdering:
Området er tidlegare vert gjenstand for ei moderat utbygging og store deler av planområdet er regulert med grøntstruktur.
At planen regulerer fleire nye bygg med ordna avløps vil være positivet for omgivnadane. Dette er i føresegner regulert tiltak for å minke belasting om det skal forgå spyling, pussing eller skraping av båtar.
Vi vurderer at økosystemets samla belastning ikkje blir vesentleg forverra som følgjer av tiltaka i planen.

§ 11. (kostnadar ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar)
Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller begrense skade på naturmangfaldet som tiltaket volder, dersom dette ikkje er urimelig ut frå tiltakets og skadens karakter.

For rettleiar; sjå rettleiar T-1514 (s. 42)

Vurdering:
Det vert planlagde området å få et tilnærma terrengfrom og overflater slik det er i dag med.

Dette blir regulert i føresegner med omfang, plassering og størrelsar av nya bygg/anlegg. Det er regulert utforming på fylling mot sjøen og at område langs vegar blir tilordna, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

§ 12. (Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)
For å unngå eller begrense skader på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultat

For rettleiar; sjå rettleiar T-1514 (s. 43-46)

Vurdering:
I det planlagde området.

Det er stilt krav til godkjente tekniske planar før utbygging som skal i vareta avløp og renovasjon.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/245
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/17	Formannskapet	28.03.2017

REGULERINGSPLAN SKARABAKKEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Skarabakken ut til offentleg ettersyn i tida 30.mars – 11.mai 2017.

Særutskrift:
Statens vegvesen
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Vedlegg:
Vedlegg
1 5_Blad_1_ny
2 C001
3 F001
4 3_NY_Planbeskrivelse_17.03.17_A3
5 X001
6 fra DMF
7 fra Fylkeskommunen
8 fra Fylkesmannen
9 fra Harald Thorseth
10 fra Inge Kvalsvik
11 fra Jan-Lennart Berge
12 fra NVE
13 Føresegner_fv 654 Skarabakken
14 Varsel om oppstart av reguleringsplan Skarabakken
15 Varsel om oppstart av reg.plan Skarabakken

Saksopplysningar:

Statens vegvesen vil utbedre Skarabakken med god horisontal- og vertikalkurvatur, med dobbeltsidig fortau og fullgod bredde på vegen.


Som kjent vedtok Herøy kommune ny reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg den 25. april 2013. Denne planen tok i hovudsak for seg traseen for ny innfartsveg lagt i tunnel, men den omfatta og ei oppgradering av eksisterande innfartsveg med fokus på mjuke trafikantar.

Ny innfartsveg til Fosnavåg er eit stort og omfattande prosjekt som ikkje er prioritert i Møre og Romsdal fylkeskommune sitt investeringsprogram for periode 2017 – 2023, og det må planleggast ei løysing som kan fungere fram til permanent løysing vert gjennomført.

Ein planlegg å utbetre vegen med betre horisontal- og vertikal kurvatur, som vil seie at veglina vert endra slik at stigninga og svingen i Skarabakken vert mindre. Dette krev at veglina vert trekt «opp over» i terrenget. I tillegg skal sjølve vegbredda utvidast , og det skal inn eit fortau med bredde 3,0 meter på begge sider av vegen.

Tverrsnittet av den nye vegen vert som vist i figuren under, med to kjørebaner på 3 meter, vegskulder på 0,25 meter og fortau på 3,0 meter. I tillegg vert vegen utvida inn mot svingen og i sjølve svingen. Vegen vil på sitt breiaste vere 8,10-8,20 meter mellom kantsteinane.

På nedsida av vegen vil det vere behov for rekkverk på utsida av fortauet.



Figur 8: Planlagt vegprofil for fv. 654 Skarabakken

Gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging er T-1442/2016. Denne skal leggast til grunn ved arealplanlegging og behandling av enkeltsaker etter plan- og bygningsloven i kommunane og i andre statlige etatar.

Med omsyn til støy er det 12 bustadar i raud sone innanfor planstrekninga, to av disse skal rivast som følgje av planen. Det er i planen ikkje anbefalt støyskjermar langs fylkesvegen, da topografi, bustadar veldig nær veg og eksisterande avkjørsler gjer det svært vanskeleg å få til effektiv støyskjerming. Det betyr at bustadane i raude støysoner må vurderast nærare for lokale støytiltak. For de bustadane som i 2003 fikk påkosta fasadetiltak vil det ut frå kost-/nyttevurderingar ikkje vere aktuelt å gjere ytterligare tiltak for å redusere støynivå innandørs.

Ytterligare detaljer kring planforslaget finn ein i vedlagte planomtale.

Vurdering og konklusjon:

Skarabakken er innfartsveg, skuleveg og ein viktig forbindelse mellom Fosnavåg sentrum og idrettsanlegga ved Myklebustvatnet. Vegen har stort potensiale for gangtrafikk dersom forholda vert lagt til rette.

Bakgrunn for planarbeidet er å utbetre vegstrekninga i Skarabakken og etablere tosidig fortau for å auke trafikktryggleiken for alle trafikantgrupper.

Statens vegvesen har ansvaret for planarbeidet til og med merknadsbehandling etter høyringsperioden. Etter dette tek Herøy kommune planbeskrivelse, plankart og plan til politisk slutthandsaming.

Varsel om oppstart av reguleringsplanen vart i henhold til Plan- og bygningslova §12-8 sendt ut til offentlege instansar samt grunneigarar og andre berørte 02.02.2017, og annonsert i avisene Sunnmørsposten 06.02.17 og Vestlandsnytt 07.02.17.

Det er kome inn 8 merknadar til varsel om oppstart. Alle merknadane er kommentert og vurdert av Statens vegvesen på ein tilfredstillande måte og ligg vedlagt saka.

Planforslaget ønskjer Statens vegvesen å legge ut til høyring, offentleg ettersyn i tida 30.mars – 11.mai.

Kva skal skje med Skarabakken? No kan du kome med innspel innan 09.03.2017. Hugs at det er Statens vegvesen som... https://t.co/xc1axcpyzC

Steng den farlige Skarabakken og lag ein kort tunell gjennom Tverrfjellet.

Mvh Inge Kvalsvik

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

Fra: jan-lennart berge <jan-lennartberge@hotmail.com>
Sendt: 6. februar 2017 11:55
Til: Firmapost-Midt
Emne: Fremdrift og innspill Skarabakken Fosnavåg

En ting er vertfall sikkert at en må lage veien så gjennomtenkt så mulig, en må også tenke på den nye bruen fra Igesund til Kvalsund der en god ide hadde vært å få bru fra Teige og over til Remøy sånn all turisme på sommeren kan passere sentrum i Fosnavåg og en slepp og utvide/forbedre veien fra Leine til Voldsund , og ikke minst slipper og lage ny bru i Nordre vaulen Fra Voldsund til Remøy. Der en kunne bare utvide Nord Vaulen for større skip og en slapp tenke på bru der. Det er vertfall vært og ta et overslag på dette og se på muligheten for Bru over fra Teige på Nerlandsøy til Remøy istedenfor ny bru over fra Voldsund til Remøy.

Mvh
Jan-L Berge
6094 Leinøy
Tlf:41235050
Mail:jan-lennart@tussa.com

Herøy kommune

Forslag til

Planføresegner

Detaljregulering for fv. 654 Skarabakken

Planidentifikasjon: 201704
Planutkast datert: 16.03.2017
Revidert etter offentleg ettersyn:
Vedtatt i kommunestyret:

§1 AVGRENSING OG FØRMÅL

1.1 Planavgrensing
Det regulerte området er vist med plangrense på plankart datert 16.03.2017. Reguleringsføresegnene gjeld for områda innanfor plangrensene.

1.2 Føremål med planen
Reguleringsplanen er både eit miljø- og trafikksikkerheitstiltak og eit framkomeligheitstiltak som legg til rette for betre framkomeligheit og sikkerheit for alle trafikantgruppar. Kjøyrebanen utvides, horisontal og vertikalkurvatur forbedres og det etableres tosidig fortau.

1.3 Planområdet - arealformål og omsynssoner
Planområdet er regulert til følgjande formål og omsynssoner:

Bygningar og anlegg (pbl §12-5 nr. 1)
- Bustadbygg - frittliggande småhus, BFS

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)
- Køyreveg, SKV
- Fortau, SF
- Parkering, SPA
- Anna veggrunn – tekniske anlegg, SVT

Omsynssoner (pbl § 12-6)
- Faresone - høgspenningsanlegg (H370_)

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Landskapsbehandling og terrengbehandling
Området skal kartleggast for svartelista planteartar før anleggsstart. Eventuelle svartelista artar skal fjernast i samsvar med Statens vegvesen sin strategi/handlingsplan for framande artar. Jordmassar frå stader med slike artar skal ikkje bli brukt om att eller til eventuell revegetering.

Det nye veganlegget skal vere best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal vere avslutta inn mot terreng, slik at sideområda blir estetisk godt utforma og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg. Alle areal knytt til veganlegget skal bli stelt til og tilsådd.

Murar skal vere oppført i naturstein og ha eit heilskapleg utrykk på strekninga.

Alle sideareal skal vere sett i stand seinast i løpet av sommaren etter at veganlegget er ferdistilt. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet.

2.2 Kulturminne
Dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og ein skal omgåande gi beskjed til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

2.3 Støy
Føringane for «miljø- og sikkerhetstiltak» i «retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)» skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

Det framgår av tabell i planomtalen hvilke bustader som vil få tilbod om nærare vurdering av lokale støytiltak i byggeplan. Målet er å tilfredsstille 55 dB (L_{den}) på lokal uteplass og dersom støynivået inne i rom med støyfølsom bruk er over 35 dB (L_{eq24h}) er målet etter tiltak 30 dB.

Støytiltaka skal praktisk kunne gjennomførast og kostnaden skal stå i rimeleg forhold til støyreduksjonen. Eventuelle avvik frå grenseverdiane gitt over skal dokumenterast og grunngivast.

2.4 Universell utforming
Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle.

2.5 Frisiktlinje ved vegkryss
Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegplan.

2.6 Byggegrense langs offentleg veg
Byggegrense langs offentleg veg følgjer av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i plankartet, eller er fastsett i tilgrensande reguleringsplanar.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1 Bustadbygg - frittliggande småhus, BFS

Område for frittliggande småhus med maksimal utnyttingsgrad pr tomt BYA 40%.

§4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Generelt

Innanfor trafikkområda skal det anleggast køyrevegar, parkeringsplass og fortau. Regulerte avkøyrsler og tilkomstvegar gjeld berre for eksisterande bebyggelse.

4.2 Køyreveg, o_SKV

Kjøreveg merka o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skulder og kryssområder.
Det er ikkje tillate med andre avkøyrsler til vegen enn dei som er vist på plankartet.

4.3 Fortau, o_SF

Områda skal nyttast til offentleg fortau.

4.4 Parkering, SPA

Plassen skal nyttast til offentleg parkering.

4.5 Annan veggrunn – tekniske anlegg, o_SVT

Område merka o_SVT kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk og mur langs køyrevegen. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet. Områda o_SVT er offentleg areal.

§ 5 OMSYNSSONE

5.1 Faresone - høgspent (H370_)

Innanfor omsynssone høgspentanlegg kan det ikkje iverksetjast bygge- eller anleggstiltak av noko slag utan godkjenning frå eigar av høgspentanlegget.

§ 6 OMRÅDEFØRESEGN

6.1 Mellombelse anleggs- og riggområde

Område merka #1 kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, m.a. mellombelse anlegg, lagring av utstyr, massar, stadeigen vegetasjon mv. Når området blir tatt i bruk, skal det vere sikra på forsvarleg måte.

I områda kan det ikkje settast i verk tiltak som er til hinder for gjennomføring av reguleringsplanen.
Når veganlegget er ferdigstilt fell områdeføresegna bort.

Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region midt	Pernille Ibsen Lervåg / 70175023	15/230244-4		30.01.2017

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for fv. 654 Skarabakken

Bakgrunn

Som kjent vedtok Herøy kommune ny reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg den 25. april 2013. Denne planen tok i hovedsak for seg traseen for ny innfartsveg lagt i tunnel, men den innbefattet også en oppgradering av eksisterende innfartsveg med hensyn på myke trafikanter. Det ble planlagt fortau på begge sider av fv. 654 i en strekning på 300 m, men uten at vegen skulle flyttes eller utvides.

Problemstilling

Den nye innfartsvegen til Fosnavåg i tunnel er et stort og omfattende prosjekt som ikke er blitt prioritert i Møre og Romsdal fylkeskommune sitt investeringsprogram for perioden 2017 - 2023.

Dermed vil fv. 654 via Skarabakken fortsatt være hovedinnfartsåre til Fosnavågen i overskuelig framtid, med de trafikale utfordringer det fører med seg.

Konklusjon

Sett i lys av at Skarabakken vil være innfartsveg til Fosnavåg i lang tid framover, har Statens vegvesen konkludert med at reguleringsplanen for Skarabakken ikke er omfattende nok. Skal man i Skarabakken lykkes i å ivareta tilstrekkelig flyt i privat biltrafikk, næringstrafikk og samtidig gi nødvendig sikkerhet for myke trafikanter, må man utføre langt mer inngripende tiltak enn nåværende reguleringsplan gir rom for. Statens vegvesen vil utbedre Skarabakken med god horisontal- og vertikalkurvatur, med dobbeltsidig fortau og med fullgod bredde på selve vegen. Dette for å øke både fremkommelighet og trafikksikkerhet på strekningen. En slik utbedringen kommer utenfor godkjent reguleringsplan.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Herøy kommune i Møre og Romsdal, Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset Julsundvegen 9, 6412 MOLDE
NVE Region vest, Naustdalsvn. 1B Postboks 53, 6801 FØRDE
Yrkestrafikkforbundet, Urdsgate 3B, 3182 HORTEN

gnr	bnr	Navn
34	1	ANDREASSEN LEIFMAR ANDREAS
34	1	LØVOLL TORIL
34	1	MOSER MAY BRITT
34	1	PEDERSEN AUD
34	1	SANDØY GERD HILDUR
34	8	ALBERTSEN HERBORG MARIE
34	8	HALLIN FRED SVEN ERIK
34	8	PETTERSEN LEIV
34	8	VALØ SVEIN
34	46	FINSTAD PETRA ANNIE
34	64/65	HESTHOLM ERLING MAGNE
34	64/65	JACOBSEN ARILD RØIKAAS
34	90	LEIKANGER ODDRUN
34	98	SEVI GROUP AS
34	111	SEEVARATNAM JEYAKUMAR
34	111	SINNATHAMBY SAROJA
34	126	FRØYSTAD IDAR
34	128	BERGE HENRY ARVE
34	160	MOLTU STINE
34	162	THORSETH HARALD
34	183	LEINE ASLAUG
34	191	BERGE ATLE ERLING
34	200	BIGSET SVEIN INGE
34	202	BERGE RANDI M PETTERSEN
34	213	SØRDAL HERDIS
34	295	LARSEN BEN RUNE
34	295	LARSEN LILLY-ARLEN
34	302	LEIKANGER ALFHILD
34	303	DAHL LIDVAR
34	303	KOPPERSTAD HILDA SORIANO
34	304	LEIKANGER ODDRUN
34	318	HJELMESET ELISABETH
34	332	FAGERLUND KJARTAN
34	363	BERGE KJARTAN BJØRN
34	377	ALBERTSEN HERBORG MARIE
34	394	HJELMESET ELISABETH
34	396	BEDDARI HEGE-K FLUSUND
34	433	SØRDAL JON
34	434	SKINNES ALIS GUN
34	444	MOLTU STINE
34	445	BERGE RANDI M PETTERSEN
34	448	VIKENE SVEIN PAUL
34	449	KISMUL HEIDI MARIE
34	461	BREKKE JAN LIDVARD
34	470	SØRDAL RITA
34	527	THORSETH HARALD
34	542	BERGE ATLE ERLING
34	547	HJELMESET ELISABETH
37	14	OKSAVIK ELFRID PETRA R
37	14	OKSAVIK KARSTEN
37	15	HERØY SOKN



Varsel om oppstart

Plangrense for reguleringsplan fv. 654 Skarabakken

Herøy kommune, 01.02.2017

Plangrense ---------

Fra: Lervåg Pernille Ibsen [mailto:pernille.lervaag@vegvesen.no]
Sendt: 6. februar 2017 08:03
Til: Jarl Martin Møller; postmottak
Emne: Varsel om oppstart av reg.plan Skarabakken

Varsel om oppstart av reg.plan-arbeid. Fv. 654, Herøy kommune.

Se vedlagt brev, samt link:
http://www.vegvesen.no/vegprosjekter/Om+vegprosjekter/H%C3%B8ringer+vegprosjekter/fv654-skarabakken

Med hilsen
Pernille Ibsen Lervåg

Seksjon: Plan- og prosjekteringsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE
Besøksadresse: Vestre Olsvikveg 13, ÅLESUND
Telefon: +47 70175023 **Mobil:** +47 41087093 **e-post/Lync:** pernille.lervaag@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/419
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/17	Formannskapet	28.03.2017

PRISFASTJING OG RETNINGSLINER FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER

Tilråding:

Formannskapet vedtek nye reviderte retningsliner for sal av bustadtomter revidert januar 2017 og følgjande prisfastsetjing i kommunale bustadfelt:

Nye bustadfelt-

Kvadratmeterpris (m2) i nye bustadfelt i område kring Leine, Dragsund, Bergsøya skal vere utrekna med basis i kva det kostar å opparbeide bustadfeltet inklusive grunnervervskostnadar. Nye bustadfelt skal i tillegg takserast ved ferdigstilling og endeleg prisfastsetjing vert etter prinsippet kva som gir høgaste salgspris for kommunen (sjølvkost eller markedspris).

Eldre opparbeidde tomter-

Bustadfelt skal retakserast og kvadratmeterpris (m2) vert fastsett etter takstgrunnlaget.

Felles-

Prisane i bustadfeltet skal regulerast etter bustadprisindeksen (4 kvartal foregåande år) og kvart femte (5) år skal kommunale bustadfelt retakserast.

Særutskrift:

Kommunalsjef samfunnsutvikling

Vedlegg:
Vedlegg
1 RETNINGSLINJER FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER rev_jan_2017

Saksopplysningar:

Pris på kommunale bustadtomter har tradisjonelt vore fastsett politisk og sist regulert 1.6.2012. Desse prisane er gjeldande (til privatpersonar) :

Kvalsvik kr. 0,- m2
Remøy kr. 100,- m2
Leine kr. 350,- m2
Trolldalen kr.100,- m2
Dragsund kr.200,- m2
Feirelia kr.100,- m2
Moltu kr. 100, m2
Nykrem kr. 100,- m2
Feirevika kr. 70,- m2
Bergsøy kr. 400,- m2

Pris for tilleggsareal har vore basert på prisane som har vore i dei respektive bygdene. Dersom føretak ønskjer å kjøpe tomter har desse vore takserte før sal.

Kostnader til oppmåling, tinglysing, målebrev og skøyte samt dokumentavgift, kjem i tillegg.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen finn det formålstenleg å revidere retningsliner for sal av kommunale bustadtomter og få vurdert prisfastsetjinga av kommunale tomter.

Med ein klar ambisjon om å få eit økonomisk handlingsrom er det starta opp prosessar med effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak i organisasjonen. Kommunen må søkje «gevinstar» i heile organisasjonen og ein ser no til området som vedkjem sal av kommunale eigedomar.

Eit viktig prinsipp i saka er at kjøpar av tomtene dekkjar dei kostnadane som kommunen har med å legge til rette for bustadutviklinga. Prisane på kommunale tomter har ikkje vore regulerte på fleire år og bør prisfastsetjast på nytt.

Som hovudregel bør kvadratmeterprisen (m2) i nye bustadfelt, som skal etablerast eller er under utarbeiding i dag, vere basert på faktiske utbyggingskostnadar for feltet. Vidare bør ein taksere/re-taksere bustadområda kvart femte år. Det kan vere tenleg at ein skil prisfastsetjinga av tomter mellom område der kommunen er i konkurranse med private og der det ikkje er reelle konkurrentar.

Basert på dette bør ein vurdere at tomter i områda kring Leine, Dragsund,

Bergsøya vert prisfastsatt på bakgrunn av faktiske utbyggingskostnadar. Andre områder bør fastsetjast etter skjønn ved politiske vedtak.
Når nye områder er klare for sal skal administrasjonen sitt forslag til prisfastsetjinga leggast fram for formannskapet til godkjenning.

Med omsyn til endring av føresegner har rådmannen desse kommentarane:

Søknad om tomt – ei forenkling og tilpasning slik at organisasjonen kan endre skjema utan å ha politisk godkjenning.

Kven kan kjøpe kommunal bustadtomt? Ein bør fjerne denne føresegna for å sikre at bustadbygginga aukar. Det viktigaste for kommunen er at tomter vert solgt så fort som råd slik rådmannen vurderer det.

Reservasjon av tomt - Dette er ei lita tilpasning for å ha fleksibilitet i den daglege korrespondanse med tomtekjøparar.

Unntak frå retningslinene – Kan ikkje sjå at dette er naudsynt å ha med.

Fosnavåg, 15.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

HERØY KOMMUNE

RETNINGSLINJER FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER

Vedtekne av Formannskapet i F-sak xx/xx den xx.xx.xx

Søknad om tomt

1. Søknad om erverv av kommunal bustadtomt skal skje med søknadskjema. Oppdatert skjema er å finne på kommunen si nettside.

2. Søknad vert ikkje handsama før slikt søknadsskjema er innlevert. Tidspunkt for innlevering er også avgjerdande for prioritetsval dersom det er fleire søkarar til tomta.

~~Kven kan kjøpe kommunal bustadtomt?~~

~~3. Nye bustadtomter som vert lagt ut for sal etter Formannskapets vedtaking av retningsliner, er reservert for privatpersonar dei fem - 5 - fyrste salsåra. Deretter kan også foretak erverve tomt i desse felta.~~

~~4. For eksisterande felt kan både privatpersonar og foretak erverve tomt. Privatpersonar kan ikkje kjøpe fleire tomter for samanslåing til eitt prosjekt. Foretak kan kun kjøpe to tomter i kvart felt.~~

Reservasjon av tomt

5. Tomtesøkar kan reservere, som hovudregel, den kommunale bustadtomta utan økonomisk binding i to månader. Administrasjonen kan fråvike denne regelen dersom ein finn det formålstenleg.

6. Reservasjonsfristen vert rekna frå dato for kommunens bekrefting av reservasjonen.

7. Søker må innan reservasjonsfristen bekrefte skrifleg til kommunen at ein ynskjer å kjøpe tomta. Dersom slik skriftleg bekrefting ikkje er motteke innan fristen, vert saka avslutta og kommunen kan legge tomta ut for sal på ny.

Sal av tomt

8. Dersom skriftleg bekrefting om kjøp av tomta føreligg innan fristen -jf. pkt. 5 ovanfor - vert Herøy kommunes standardkontrakt for ubebygde bustadtomter oversendt kjøpar for signatur. Dersom kjøparen er eit foretak, vil seljar innhente takst for eigedomen før kjøpekontrakt vert oversendt.

9. Signert kjøpekontrakt må returnerast innan ein – 1 – månad saman med signert eigenfråsegn om konsesjonsfritak. Dersom signert kjøpekontrakt og eigenfråsegn ikkje er returnert innan fristen, vert saka avslutta og kommunen kan legge tomta ut for sal på ny.

10. Når signert kontrakt og eigenfråsegn er motteken av kommunen, vert det fatta tildelingsvedtak. Tildelingsvedtaket vert oversendt tomtekjøpar saman med faktura for kjøpesum og omkostnihgar.

11. Dersom Kjøpar ikkje betaler faktura innan forfall, vert overskøyting utsett og tomtekjøpar fakturert for forseinkingsrei nter etter lov om forseinkingsrenter. Overskøyting vert ikkje iverksett før samtlege krav er innfridde.

~~Unntak frå retningslinene~~

~~12. Unntak frå retningslinene ovanfor, skal handsamast av Formannskapet.~~

* * *

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/92 L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/17	Formannskapet	28.03.2017

TOMTEPRIS VIKE/TOFTEDAL

Tilråding:

Tomteprisen for eigedomane 36/123, 36/124, 36/125 og 36/126 i Vike/Toftedal vert sett til kr 643,18 pr. m2. Utgiftene knytt til oppmåling, tinglysing, m.v. kjem i tillegg.

Særutskrift:

Saksopplysningar:
Arbeidet med å ferdigstille den tekniske infrastrukturen i bustadfeltet Vike/Toftedal er no ferdig. Det står att noko mindre tilstellingsarbeid etter påske før prosjektet blir økonomisk avslutta. Det ligg soleis til rette for at dei fire (4) attståande kommunale tomtene i feltet blir lagt ut for sal.

Prosjektet har hatt følgjande kostnadar:

Kostnad grunnkjøp:	1 200 000
Kostnad utbygging:	1 700 000
Sum:	2 900 000

Vurdering og konklusjon:
Skal Herøy kommune dekkje inn alle utgiftene i dette tomtesalet blir kvadratmeterprisen høg: kr 1082,49 pr. m2. Rådmannen vurderer det slik at dei fire attståande tomtene ikkje bør står for heile infrastrukturkostnaden i bustadfeltet. Ein finn det meir naturleg at sjølve utbyggingskostnadane vert fordelt mellom alle husa i feltet som nyttar seg av den tekniske infrastrukturen. Dette vil gje ein meir fornuftig pris: kr 643,18 pr. m2. Oppsettet blir då som følgjer:

TOMT	AREAL (M2)	PRIS GRUNNKJØP	PRIS UTBYGGING	SUM
36/123	706	316 237	137 847	454 084
36/124	812	363 718	158 544	522 261
36/125	485	217 245	94 697	311 942
36/126	676	302 800	131 990	434 789

Utgifter knytt til oppmåling, tinglysing, m.v. kjem i tillegg.

Tilråding:
Herøy formannskap vedtek følgjande:
Tomteprisen for eigedomane 36/123, 36/124, 36/125 og 36/126 i Vike/Toftedal vert sett til kr 643,18 pr. m2. Utgifter knytt til oppmåling, tinglysing, m.v. kjem i tillegg.

Fosnavåg, 09.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2016/874
		Arkiv:	M30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/17	Formannskapet	28.03.2017
37/17	Kommunestyret	06.04.2017

PLASSERING AV PUMPESTASJON PÅ ALMENNINGEN

Tilråding:

1. Herøy formannskap vedtek eksisterande plassering av pumpestasjon på ytre Almenningskai.

2. Herøy formannskap ber administrasjonen utarbeide løysing for overbygg på pumpestasjon i moderne design og som skal innehalde offentleg toalett og renovasjonsløysing.

3. Herøy formannskap godkjenner planar for mellombels tilstelling ved gnr/bnr 34/86 og ber administrasjonen inngå avtale med grunneigar.

Særutskrift:
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Vedlegg
1 Rapport - flytting av stasjon
2 Skisse VA-anlegg


Saksopplysningar:
Vedtak i F-sak 239/16:

1. Formannskapet vedtek løysing med overbygg på pumpestasjonen på ytre Almenningskai som skal utformast i moderne design og innehalde offentleg toalett.
2. Formannskapet ber administrasjonen utarbeide løysinga og gå i dialog med grunneigar av gnr/bnr 34/86 med sikte på avtale om midlertidig tilstelling av området.
3. Almenningen skal planleggast med tilrettelegging for heving av kai
4. Saka skal tilbake til formannskapet for endeleg vedtak.

Administrasjonen har også fått i oppgåve å greie ut om pumpestasjonen på Almenningskaia kan flyttast til kanten av kaia eller i sjø mot Fosnavåg Brygge. I samband med det har kommunen engasjert konsulent til bistand, sjå vedlagt rapport. Rapporten inkluderar også vurderingar kring kaihøgde. Denne saka gjeld val av plassering av stasjonen, forslag til utvida bruk og godkjenning av planar for mellombels tilstelling av gnr/bnr 34/86.

<u>Flytting av pumpestasjon</u>
Som det framkjem i rapporten kan stasjonen flyttast til enden av kaia, men alternativet med å plassere den utanfor kaia (i sjøareal) vart ikkje tatt med vidare då det er uvisse kring bereevna til kaikonstruksjonen og at ein då endrar systemet slik det er i dag. Dette alternativet vert difor ikkje greia ut vidare i denne saka.

I praksis inneberer flyttinga som er skissert å flytte heile konstruksjonen og legge om leidningar i ny grøft. Sjå utsnitt frå VA-skisse nedanfor.



Fordelar og ulemper med å flytte

Fordelar

- Overflata der stasjonen står i dag vert open.
- Kan skjerme mot nordavinden.

Ulemper

- Den nye løysinga kan auke driftsutgiftene då forlenging av leidningssystemet gir mindre fall mot stasjonen enn i dag.
- Det kan medføre at ein må spyle leidninga med jamne mellomrom og/eller kjøre pumpene oftare då leidninga kan gå tett.
- Auka kostnad
- Plasseringa på ytterkant kai minskar open kailinje og tek delar av utsikta mot sjø som er i dag.
- Vert plassert i ei promenade langs sjøkanten frå Vågsplassen til forbi hotellet.

Eit av ønskja for å flytte pumpestasjonen er å kunne nytte heile arealet som før. Det viktig at ein er klar over at traseen for utrykkingskjøretøy ikkje kan flyttast nemneverdig sjølv om stasjonen vert flytta. Sjå illustrasjonen nedanfor, den kan slik det er i dag ligge noko nærare stasjonen.



Kostnadar

I rapporten er flytting av stasjonen kostnadsvurdert av konsulent til 1,075 mill kr. eks. mva, dette er kostnadar knytt til sjølve flyttinga og inkluderer ikkje nytt overbygg eller generell tilstelling.

Prosjekt 51405 har om lag 1,25 mill kr igjen av løyvinga som er tenkt å dekke generell opparbeiding, mellombelse tiltak på 34/86 og toalett. Løyvinga vil ikkje vere tilstrekkelig til kostnadane med sjølve flyttinga også. Dersom flytting vert aktuelt må det løyvast midlar. Rekneskapsprinsippet er diskutert med revisjonen og kostnadane knytt til flytting kan ikkje førast på avlaupsplanen då det er formålet med flyttinga som må leggast til grunn. Formålet slik det framkjem av ønskemåla for flytting er «rekreasjon i tettstad» og ikkje for å tene sjølve avlaupsanlegget då det fungerer der det står i dag. Det må soleis løyvast nye investeringsmidlar.

Løysingar, kostnadar og framdriftsplan for overbygg og generell tilstelling av kaia avheng av vedtak om plassering.

Kaihøgde

I F-sak 239/16 vart det vedtatt i punkt 3 at tiltaka må planleggast med tilrettelegging for heving av kai. For å kunne gjere det, fekk konsulent også i oppgåve å sjå på

mogleg kaihøgde. Som det framkjem i rapporten kan ein endre kaihøgda i front på kaia.

Utgangspunktet for det er at høgda ved overgangen frå Allmenningstorget til kaia vert same høgde som i dag og soleis bevare fall frå Tollåsbygget mot sjø. Forslaget frå konsulent er kaihøgde på 2,2m i front, dette kan justerast noko. Det er ikkje gjort vurderingar på tilstanden på dagens konstruksjon, men kommunen har no ein peikepinn på kva som kan vere mogleg og ta omsyn til det ved nye installasjonar på området. Om ein skal jobbe vidare med heving av kai, må dette kome i eit eige prosjekt.


Renovasjon
Kommunen har i dag ei renovasjonsløysing for kaia, dette ein stor container. Det er ønskjeleg å inkludere ei løysing for renovasjon med nytt overbygg.

Kystverket
Sidan dette er ei offentleg Almenningskai ønskjer Kystverket at tiltak på kaia som har konsekvens for kaifunksjonen vert sendt på høyring hjå dei. Dette kan gjerast når vi har vedtak om plassering. Om vedtaket vert flytting, vert det eit atterhald om samtykke frå Kystverket.

Mellombels tilstelling av gnr/bnr 34/86
I F-sak 239/16 vart det nemnt enkle midlertidige grep på «Strandteigen»-tomta som kan bidra til å gjer området meir attraktivt fram til eventuell bygging. Sidan planane skal attende til Formannskapet for godkjenning (punkt 4 i vedtaket) tek vi med desse planane i denne saka slik at ein uavhengig av framdrift for pumpestasjonen kan utføre tiltaka på «Strandteigen». Det er sjølvsagt ein føresetnad at grunneigar samtykka til tiltaka.

Forslaga er følgjande (Sjå også bilete nedanfor):

- Setje opp ein murkant (blokker) langs skråninga som er i dag og få rette linjer og penare skråning.
- Reinske opp ved murkant og henge opp bilete/male
- Planere og evnt. asfaltere eit lag asfalt på det som i dag vert nytta som parkeringsareal.
- Setje ned ein sluk for overvatn om det skulle vise seg naudsynt.



Vurdering og konklusjon:
Det vil vere teknisk mogleg å flytte pumpestasjonen. Om ein tek omsyn til heilskapen og at det er regulert eit større bygg på «Strandteigen»-tomta meiner vi det vil vere naturleg å plassere bygningsmasser mot hotellet og la utsikta mot sjø vere open. Vidare vil det verte auka kostnadar med å flytte stasjonen i staden for å bygge nytt overbygg der den står i dag. Trasè for utrykkingskjøretøy vil dele arealet i to uavhengig av plassering for pumpestasjonen.

Dagens løysing med avfallscontainer på kaia er lite estetisk og det er der no moglegheita til å gjere noko med.

Totalvurdering frå rådmannen vert at pumpestasjonen bør ha den plasseringa den har i dag og at det nye overbygget inkluderer toalett (som vedtatt i F-sak 239/16) og renovasjonsløysing. Foreslått løysing til mellombels tilstelling av gnr/bnr 34/86 er mogleg å få til så snart ein har avtale med grunneigar og kan utførast uavhengig av prosessen kring pumpestasjonen.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Uansett tiltak vil ei ferdigstilling av prosjektet vere positivt for sentrum. Området ligg fint til i forhold til ei promenade langs sjø og tilkomst til hotell/konserthus langs sjø for gåande.
<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Uansett kva tiltak som vert gjort på området, må trase for utrykkingskjøretøy bevarast og det kan i den ikkje setjast opp faste eller mellombelse konstruksjonar i den.
<u>Konsekvensar for drift:</u>
Den nye løysinga kan auke driftsutgiftene då forlenging av leidningssystemet gir mindre fall mot stasjonen enn i dag. Det kan medføre at ein må spyle leidningen med jamne mellomrom og/eller kjøre pumpene oftare. Overbygg må uansett

plassering ha mest mogleg vedlikehaldsfrie materialval for å minske driftsbehov. Ved plassering på kaikant vil det vere vanskelig med tilkomst for vedlikehald på eine veggen.

Fosnavåg, 15.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

Herøy kommune

Pumpestasjon Almenningskaia

Moglegheiter for flytting



Oppdragsnr.: 5168425 **Dokumentnr.:** rapp_01 **Versjon:** J01
2017-02-17

Norconsult

Oppdragsgjevar:	Herøy kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Lene Huldal
Rådgjevar:	Norconsult AS, Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund
Oppdragsleiar:	Tormod Lausund Relling
Fagansvarleg:	Tormod Lausund Relling
Andre nøkkelpersonar:	Oddbjørn Ringset, Christoffer Dahlstrøm Nilsen, Arnold Bolstad

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
J01	2017-02-17	For bruk	ToLRe	OdRin/CDNil	ToLRe

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Samandrag

Norconsult AS er engasjert av Herøy kommune for å sjå på moglegheiter til å flytte eksisterande pumpestasjon vekk frå midten av Almenningskaia i Fosnavåg. I dette arbeidet er det sett på moglegheiter for og estimert pris på å flytte pumpestasjonen til det vestlege hjørnet av kaia. Det er òg sett på kva nivå ein kan legge seg på for at den eldre delen av Almenningskaia skal framstå som meir heilheitleg saman med den nye kaia frå hotellet.

Det er kome fram til at det bør vere mogleg å flytte pumpestasjonen til det vestlege hjørne av kaia. Ein held på eksisterande høgder, og justerer fallet på leidninga frå innløpskummen til pumpesumpen. Det er gjort fleire antakingar rundt eksisterande kai, mellom anna at det er fylt opp med massar under kaidekket og bak den synlege kaifronten. Saging i og graving/sprenging under kaidekket går ein ut ifrå er mogleg for plassering av pumpesumpen.

Pris for flytting av pumpestasjonen er estimert til **1,075 MNOK eks. mva.**

Høgd på kaikanten er foreslått til 2,2 meter, men ein har fleksibilitet så lenge ein sikrar fall frå eksisterande bygg, Tollåsbygget, og ut til sjø mot kaikanten i vest på kote +1,8. Det er ikkje gjort vurderingar på om eksisterande kai vil tole å bli heva, då det ikkje har kome fram nok dokumentasjon på eksisterande kai.

Innhald

1 Innleiing 5

2 Eksisterande situasjon 6

3 Nøkkeltal 7

4 Vurderingar 8

4.1 Flytting av pumpestasjonen 8

4.1.1 Plassering av pumpestasjonen på utsida av kaia 8

4.2 Nivå på kaia 8

4.3 Riving og reetablering av ny kai 9

4.4 Nytt pumpehus 9

5 Kostnadsoverslag 10

6 Oppsummering og konklusjon 11

1 Innleiing

Norconsult AS er engasjert av Herøy kommune for å sjå på moglegheiter til å flytte eksisterande pumpestasjon vekk frå midten av Almenningskaia i Fosnavåg. Før pumpestasjonen vart sett opp vart Almenningskaia brukt til store arrangement og festivalar.

I rapport «Pumpestasjon Almenningskaia – Moglegheiter og utfordringar» datert 25.10.2016, vart det sett på moglegheiter for å ta tilbake bruken av kaia før pumpestasjonen vart bygd. Det vart sett på løysingar rundt å seinke pumpehuset ned i bakken og å utvide pumpehuset til å tene kaia på anna vis enn berre drift av pumpene. Å flytte pumpestasjonen vart ikkje sett på i detalj, då ein gjekk ut ifrå at dette vart ei dyr og vanskeleg teknisk løysing.

I dette arbeidet er det sett på moglegheiter for og estimert pris på å flytte pumpestasjonen. Det er òg sett på kva nivå ein kan legge seg på for at den eldre delen av Almenningskaia skal framstå som meir heilheitleg saman med den nye kaia frå hotellet.

2 Eksisterande situasjon

I høve bygging av nytt hotell og kulturhus vart det sett opp ein avløpspumpestasjon med overbygg levert av pumpeleverandøren. Pumpehuset står framleis slik det vart bygd, sjølv om det ikkje var tenkt som ei permanent løysing. Området framstår i dag som uferdig og lite estetisk, og pumpestasjonen pregar dette inntrykket. Det er no ynskje om å sjå på ei løysing der ein flyttar pumpestasjonen til utsida av kaia eller heilt i utkanten av ho.

Pumpestasjonen er utforma med ein pumpesump og ein innløpskum i PE. Overløp går frå innløpskummen til ein slamavskiljar med utløp til sjøen. Systemet er tett utforma med tilbakeslagsventil på utløpet frå slamavskiljaren og tette lokk på innløpskummen og slamavskiljaren. Dette både for å hindre inntrenging av sjøvatn og redusere risiko for utslepp til hamnebassenget. Dekket på pumpesumpen er det lågaste punktet i pumpesystemet som ikkje er tett. Dette er lagt så høgt at sjøen ikkje skal stå inn i pumpestasjonen. Pumpestasjonen, slik han er utforma og blir drifta i dag, fungerer godt med lite problem.




Figur 1: Eksisterande situasjon

Kaikonstruksjonen er frå seint på 1950-talet eller tidleg på 60-talet. Rundt foreslått ny plassering av pumpestasjonen er avstanden til botnen om lag 4 meter, og er bygd opp av ein tørrmur på ca. 2 meter og eit kaiskjørt på ca. 2 meter over tørrmuren. Kaidekket strekk seg ca. 4 meter inn på kaia. Det er ikkje kome fram opplysningar om korleis kaia ser ut under kaidekket, men det er gått ut ifrå at det er fylt opp med lause massar på innsida av tørrmuren og opp til kaidekket. Avstand til fjell er noko uviss, men det er tatt utgangspunkt i at ein finn fjell frå ca. kote 0, og ein må då rekne med noko sprengings-/piggingsarbeid.

3 Nøkkeltal

Kommunen har opplyst om enkelte høgder på terreng og leidningsnett som vil vere viktige i vurderinga av moglege til å flytte pumpestasjonen. Supplerande informasjon rundt høgder på kaia kan sjåast på Figur 2.

	Kote
Botn pumpestasjon	-0,95
Golv pumpestasjon	+2,25
Innløp pumpestasjon	-0,75
Utløp pumpetasjon	+0,47
Botn innløpskum	-0,03
Start/stopp pumpe	-0,05/-0,55
Kaikant	+1,6
Opparbeidd areal i vest	+1,8 - +2,0
Inngangsparti eksisterande bygg, Tollåsbygget	+2,0
Sjøbotn i vest	-2



Figur 2 Innmålte høgder på kaia

4 Vurderingar

4.1 Flytting av pumpestasjonen

Det bør fokuserast på å bevare så mykje som mogleg av eksisterande pumpestasjon med tilhøyrande system. Det er om lag 20 meter frå pumpestasjonen til kaikanten i vest. Med den eksisterande høgdeforskjellen mellom botn innløpskum og innløp pumpestasjon på 0,73 m har ein godt fall til å kunne halde pumpestasjonen på same høgd som i dag utan å måtte flytte på andre delar av pumpesystemet. Då beheld ein innløpet til pumpestasjonen på kote -0,75 og topp golv på pumpestasjonen på kote +2,25 som sikrar at sjøen ikkje blir ståande inn i pumpestasjonen.

Eksisterande pumpesystem har stupfall mellom innløpskum og pumpesumpen. Dette sikrar sjøvreinsing av innløpsleidninga. Det er utfordrande å få til det same om ein flyttar pumpesumpen, men det er foreslått å ha ein kum med stupfall rett før pumpestasjonen. Frå noverande innløpskum til ny kum er det foreslått 10 ‰ fall. Med pumpedrift som i dag, vil vatnet framleis gå opp i innløpsleidninga med lite fall, men regelmessig spyling eller hyppigare start og stopp på pumpene vil hindre innløpsleidninga frå tilstopping.

Pumpesumpen er utforma slik at det skal vere mogleg å flytte han, og materialet skal tole belastninga ved ei flytting. NOFI, leverandøren av pumpesumpen, er kontakta for diskusjon rundt den praktiske flyttinga av pumpestasjonen. NOFI bør kontaktast igjen ved detaljering for godkjenning av løysingar.

4.1.1 Plassering av pumpestasjonen på utsida av kaia

Å plassere pumpestasjonen på utsida av kaia fører til at heile kaifronten må takast ned der ein ynskjer å setje pumpestasjonen grunna rørgjennomføringar og uvisse rundt bereemne til eksisterande kai. Pumpestasjonen står i dag omfylt av lause massar. Ved å endre på dette legg ein til større grad av uvisse rundt eit fungerande system. Det er difor sett bort ifrå plassering av pumpestasjonen på utsida av kaia.

4.2 Nivå på kaia

Ved heving av kaia til eit nivå som samsvarar meir med nivået på kaia frå hotellet, må det sikrast at ein ikkje fører vatn inn i eksisterande bygg, Tollåsbygget, på kote +2,0. Sjø og bølger kan ein risikere at slår innover kaia òg ved dagens situasjon. Det er difor viktig at ein sikrar fall bort frå bygget slik at regnvatn ikkje blir ført inn i bygget, og at sjøvatn trekk seg tilbake etter høgvatn. Om ein held på eksisterande høgder i vest der ny plassering av pumpestasjon er tenkt, vil ein sikre dette på ein tilfredsstillande måte. Om ein i tillegg set ned eit sluk med avløp til sjøen, skal ein sikre rask tilbakeførsel av vatn som måtte kome i retning eksisterande bygg. Ut ifrå dei vurderingane som er gjort har ein stort spelerom til å endre høgdene på kaianlegget berre ein held seg til avgrensinga med fall bort frå Tollåsbygget. På illustrasjonen på Figur 3 er det lagt inn ei høgd på kote +2,2 for den nordlegaste delen av kaikanten og i retning hotellet. Det er ikkje lagt stor vekt på mogleg framtidig havnivåstiging, men ein ynskjer at sjøen trekkjer seg raskt tilbake etter at kaia eventuelt er blitt oversvømt.


Det er per no ikkje nok kunnskap rundt kaianlegget til å seie noko om bereevne på kaia. Ved flytting av pumpestasjonen og skjering i kaidekket, vil ein få meir kunnskap om betongkvalitet og oppbygging under kaidekket. Vidare må det vurderast om eksisterande kai kan brukast eller om ein skal bygge heilt ny kai for å få heva kaifronten.

4.3 Riving og reetablering av ny kai

Den føreslåtte plasseringa av pumpestasjonen i ytterkant av kaiområdet medfører at kaidekket må rivast og reetablerast for nedseinking av pumpesumpen. Det er tenkt at ein sagar ut eit område på 3x3,5 meter og graver ned til naudsynt nivå for sumpen. Det er fare for at ein må sprenge/pigge ut fjell, om det er lagt opp til masseutskifting under pumpesumpen. Pumpestasjonen blir så sett ned, ein fyller att med massar, og støyper att mot eksisterande kaidekke.

4.4 Nytt pumpehus

Det blir vurdert om ein i tillegg til å flytte pumpestasjonen, òg skal lage ei ny utforming av pumpehuset. Dette gir moglegheiter for til dømes offentleg toalett. Omfanget av dette er ikkje vurdert, og kostnaden for dette arbeidet vil vere avhengig av omfang. Det som er vist på Figur 3 blir rekna som det minste arealet ein må rekne med for å få plass til pumpehus og offentleg toalett. Utforming er ikkje avklart.



Figur 3: Foreslått ny plassering for pumpestasjonen og heving av kai.

5 Kostnadsoverslag

Det er forsøkt å anslå kor mykje den skisserte løysinga vil koste. Prisane er presentert i Tabell 1 og oppgitt eks. mva.

Tiltak	Kostnadsoverslag	Merknad
Flytting av pumpestasjon	1 075 000	
Nytt/utvida pumpehus	100 000-400 000	Prisen er sterkt avhengig av kva ein ynskjer å legge i det.

Tabell 1: Kostnadsoverslag for flytting av pumpestasjon.

6 Oppsummering og konklusjon

Ut ifrå dei tekniske vurderingane som er gjort i dette arbeidet og dei høgdene ein har fått oppgitt bør det vere mogleg å flytte pumpestasjonen til utkanten av kaia. Med tanke på dei VA-faglege forholda har ein stor grad av fleksibilitet når det gjeld høgdene på ytterkanten av kaia, men ein veit for lite om kaikonstruksjonen til å seie noko om eksisterande kai toler å bli heva. Fall frå Tollåsbygget til sjø må sikrast i retning nordvest.

Ny plassering pumpestasjon

Eksisterende innløpskum og pumpestasjon

Høgd 1.8

SP 200 PVC

SP 200 PL

8.30/00

SP 200 PL

Høgd 2.0

OV 160 PVC

OV 200 Eksist

OV 200 Eksist

OV 200 Eksist

Tollåsbygget

N

6916860
6916840
6916820
6916800
6916780
6916760

325720
325740
325760
325780
325800
325820

Tegnforklaring

Eksisterende

- Overvannsledning
- Spillvannsledning

Prosjektert

- Overvannsledning
- Spillvannsledning
- Kum
- Sandfangskum

Revisjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
J02	2017-02-17	For bruk	ToLRe	OdRin	ToLRe
C01	2016-12-22	For gjennomgang hos oppdragsgiver	ToLRe	OdRin	ToLRe

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtelen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Herøy kommune

Målestokk: 1:200

Tegningsformat: A1

Fosnavåg - flytting av pumpestasjon
Skisseprosjekt
VA
Plantegning

Norconsult

Oppgragsnummer: 5168425

Tegningsnummer: H001

Revisjon: J02

HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/17	Formannskapet	28.03.2017

PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - NEDSKALERT PROSJEKT - ALTERNATIV LOKALISERING

Tilråding:

1. Formannskapet ber rådmannen om å oversende forslag til byggeprogram for eit utvida fleirbrukshalltilbod ved Herøy kulturhus og idrettshall.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar
Kommunalsjef Stab
Kommunalsjef Oppvekst
Kommunalsjef Samfunnsutvikling
Hovudverneombodet

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Saka gjeld prosjekt 51408 – Einedalen skule, fleirbrukshall – forslag til å greie ut eit nedskalert prosjekt på alternativ utbygginstomt.

Bakgrunn
Formannskapet handsama i møte 20.09.2016 byggeprogrammet for prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall – og gjorde slikt vedtak:

«Herøy formannskap sender saka tilbake til administrasjonen og ber om ei ny vurdering på type, standard og arealbehov, med sikte på å redusere prosjektkostnaden.»

Alternativ utbygging
Eigedomsavdelinga har i etterkant av dette hatt møte med Bergsøy IL handball og drøfta alternative løysingar for prosjektet. Vi har i den samanheng mellom anna drøfta om prosjektet bør flyttast til alternativ tomt og konkludert med at ein bør vurdere å flytte prosjektet til Herøy kulturhus og idrettshall. Dette fordi ein ved slik lokalisering kan utnytte – mellom anna - eksisterande garderobefunksjonalitet og parkeringsareal og derved relativt enkelt redusere prosjektet i omfang utan at kvaliteten ved prosjektet vert nemneverdig dårlegare, kanskje tvert imot.

Før eigedomsavdelinga jobbar vidare med å greie ut dette alternativet, ynskjer vi formannskapets aksept for at dette alternativet skal greiast ut.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår formannskapet til å godkjenne tilrådinga om greie ut nedskalert fleirbrukshall på alterntiv utbyggingstomt ved Herøy kulturhus og idrettshall. Dette fordi eit slikt prosjekt vurderast til å kunne bidra til betre sambruk og drift av allereide etablerte funksjonar ved Herøy kulturhus og idrettshall og Sunnmørsbadet Fosnavåg.

Utgreiinga bør gjennomførast av eigedomsavdelinga i samråd med sektor Oppvekst og sektor Samfunnsutvikling og fremmast til politisk handsaming i kommunestyret via komite for oppvekst og komite for næring, kultur og idrett.

Fosnavåg, 17.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Avd.leiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/242
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/17	Formannskapet	28.03.2017

RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET

Tilråding:

Formannskapet vedtek at KO & KO AS får reservere tomteareal som omsøkt.

Frist for å kjøpe tomta er satt til : **7.2.2018**

Særutskrift:
KO & KO AS

Vedlegg:
Vedlegg
1 Søknad om reservasjon næringstomt Mjølstadneset
2 Søknad om reservasjon næringstomt Mjølstadneset
3 KO&KO AS INFO NORWEGIAN BRANDS
4 KO&KO AS søknad om næringstomt

Samandrag av saka:

KO & KO AS ønskjer å reservere tomt på Mjølstadneset. Rådmannen rår til at firmaet får reservere tomt som omsøkt.

Saksopplysningar:

KO & KO AS ønskjer å reservere tomt på Mjølstadneset på om lag 1750 m2. Ein ser føre seg eit bygg på 600 kvadratmeter fordelt på 400 m2 lager og 200 m2 kontor m.m. Alt skal ligge på eit plan lik drifta som i dag.

KO&KO AS er mest kjend for merkevara ko:ko norway som hovedsakleg er produksjon av kjolar. Ein produserer kjolane i Europa og ein har veldig god dialog med produsentane. Dette gode samarbeidet gir ein muligheiter til å auke produksjon.

KO&KO si omsetning har vore stabil dei 5 siste åra og firmaet har god struktur og stabilitet. Med ein vekst i salget knytt til m.a nettbutikk er omsetninga aukande noko som slår positiv ut. Behovet for plass aukar og ein har eit ønskje om å etablere seg i Herøy. KO&KO AS meinar at Mjølstadneset er ein god plass for å ekspandere.


Ein peikar på følgjande behov:
- Større lager
- Større pakkeavdeling til å betjene ordrer i nettbutikk og til forhandlarar.
- Større kontorlokaler
- Showroom

Vurdering og konklusjon:

KO&KO AS ønskjer å etablere seg på gnr 23 bnr 46 på Mjølstadneset. Omsøkt område er regulert til Industri og ligg i tilknyting til eit trelastlager med butikk som sel ulike produkt knytt til hus og heim. I sør for tomta er Proton eigedom AS etablert.

Reguleringsplanen tilseier at på området kan det etablerast industribygg med tilhøyrande lagerbygg som ikkje skal være til vesentleg ulempe for nærliggande områder. Det er gitt opning i §3 i føresegnene at dersom særlege grunnar ligg føre kan ein gjere unntak frå reguleringsbestemmelsane.

KO&KO AS si etablering er i hovudsak knytt til lager og pakkeverksemd med tilhøyrande fasilitetar. Omsøkt areal ligg i utkanten av eit større regulert område og kan lett tilpassast eigedomstrukturen i området. Innanfor eigedomen som ein søkjer seg etablert på er der og ein del teknisk infrastruktur som begrensar handlingsromet.



Både vass og avløpsledningar ligg i tilknyting til tomta.

I samtalar med KO&KO AS er det klart informert om at det ikkje vil vere mogleg å etablere noko form for butikkverksemd.

Rådmannen kan ikkje sjå at næringsetableringa som omsøkt er til vesentleg ulempe for nærliggande områder med visning til at etableringa er knytt til lager og pakkeverksemd med tilhøyrande fasilitetar.

Fosnavåg, 27.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Søknaden sendast til:

Herøy kommune – Servicetorget
Postboks 274
6099 Fosnavåg

postmottak@heroy.kommune.no

SØKNAD OM KJØP/RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT

☐ Kjøp ☒ Reservasjon

SØKJAR:

Firma/Navn: Ko & Ko as Org.nr/personnr.: 996 695 530

Adresse: MYKLEBUSTVEGEIV 69

Postnr.: 6092 Poststad: FOSNAVÅG Telefon: 98257100

Epost: oyvind@kokonorway.no

SØKNADEN GJELD:

☒ Mjølstadneset ☐ Dragsund ☐ Leine

PLAN FOR TOMTA:

(Skriv her om kva tomta skal nyttast til og kor mykje areal det er behov for. Legg ved kart der arealet er avmerka)

KONTOR OG LAGERBYGG
ØNSKER 1750 m² STOR TOMT
PLANLEGGER BYGG PÅ ca 600 m²

7/2-2017
Dato

Underskrift

Herøy kommune



35 x 50

Hei Jan Martin!

Då sender vi over litt meir info.

Mvh. Øyvind

Fra: Jan Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>
Dato: fredag 10. februar 2017 14.48
Til: Øyvind Rekkedal <oyvind@kokonorway.no>
Emne: Søknad om reservasjon næringstomt Mjølstadneset

Hei

Kan dere skriv litt meir om formål og bakgrunn for etableringa ? Kva driver KO&KO med ? Kva planar har dere framover ? Historia bak og suksessen som har danna grunnlag for vidare vekst og utvikling osv...

Husk at det er politikere som skal treffe beslutningane så ein må ha litt meir "kjøt" på beina enn det som ligg i saka no.

KO&KO

COLORFUL NORWEGIAN BRANDS

KO&KO AS
ER EIT FIRMA SOM UTVIKLAR NORSK DESIGN
KO&KO AS BLEI ETABLERT AV STINE E. GOKSØYR I 2011.
I FOSNAVÅG HAR BEDRIFTA SIN DAGLIGE DRIFT OG SITT LAGER.
HER DESIGNER VI ALLE PRODUKT, OG HER PAKKAR OG SENDER VI UT ALLE VÅRE PRODUKT TIL NETTBUTIKKKUNDAR OG TIL VÅRE FORHANDLERA RUNDT I NORGE, SVERIGE, DANMARK, FÆRØYANE, SVEITS M.M
FIRMAET KO&KO AS
BYGGER MERKEVARER UNDER EIGNE NAVN OG MED TYDELIGE TEMA.

MERKEVARENE:

ko:ko norway

YOU BLOOM

TINDRANDE

(Tindrande blir lansert hausten 2017)

KJOLEDESIGN

KO:KO NORWAY

I 2011 PRODUSERTE VI DEN FYRSTE KOKO KJOLEN.
I 2017, 5-6 ÅR SEINARE HAR VI PRODUSERT OVER 70 000 KO:KO KJOLAR.
KJOLANE ER DESIGNA MED EIT SMIL OM MUNNEN.
VI ER LIKE GLADE I DET ENKLE OG KLASSISKE SOM DET LEIKNE OG FARGERIKE.
KONTRASTAR OG SMÅ SPENNANDE DETALJAR KAN GJERE ENKLE KJOLAR UNIKE.
PÅ SAME MÅTE SÅ ELSKAR VI Å LEIKE OSS MED FARGAR,
VI OPPLEVER AT FARGAR KAN GJERE MYKJE MED HUMØR OG UTSTRÅLING.
DEI SISTE ÅRA HAR VI DESIGNA ALT MØNSTER TIL STOFFET SJØLV OG SÅLEIS HAR VI FÅTT EIT ENDA TYDELIGARE SÆRPREG PÅ KO:KO KJOLANE.

VI PRODUSERER KO:KO KJOLANE I POLEN OG I LITAUEN.
I TILLEGG TIL KJOLAR SÅ DESIGNER VI KO:KO SJAL OG ANNA TILBEHØR SOM PASSAR TIL KO:KO KJOLANE.

BLOMSTERPRINT

I NOVEMBER 2016 VART YOU BLOOM LANSERT.
STINE E. GOKSØYR ER UTANNA BLOMSTERDEKORARTØR OG INSPIRASJONEN OG FARGESPELET SOM EIN FINN I BLOMAR HAR ALLTID VÅRE EI DRIVKRAFT.

EG SIT OFTE Å STUDERAR EIN BLOME. EG SER PÅ STRUKTUR, FARGAR OG FORMER, OG BLIR NÆRMAST BERGTATT AV DEI FANTASTISKE KUNSTVERKA SOM VI HAR I FLORAEN.
I 2013 STARTA EG Å LEIKE MEG MED BILETE OG PRINT AV BLOMAR OG ORGANISKE FORMER.
KRISTIN SMÅDAL HIDE SOM JOBBAR I KO&KO AS HAR EI SPESIELL INTERESSE FOR FOTOGRAFERING SÅ I 2016 BESTEMTE VI OSS FOR Å LAGE EIT EIGE MERKE MED BLOMSTERPRINT.
YOU BLOOM
PRODUKTSPEKTERET SKAL FÅ UTVIKLE SEG SJØLV ETTERKVART.

KO&KO SI UTVIKLING FRÅ 2015 til 2017 :

KO&KO AS er mest kjend for merkevara ko:ko norway som hovedsakleg er produksjon av kjolar.
Vi produserer kjolane i Europa og har veldig god dialog med våre produsentar, og vi er svært fornøgd med produksjonen pr. d.d.
Dette gode samarbeidet gir oss gode muligheiter til å auke produksjon etter forespørsel i marknaden.

KO&KO si omsetning har vore på ca kr. 5 mill. dei 5 siste åra. Dette har vore nyttig, trygt og lærerikt for å få god struktur og stabilitet på firmaet.

I august 2016 fekk vi ein vekst i salget på nettbutikken, og denne utviklinga ser svært positiv ut. Omsetninga i 2016 blei ca. 8.3 mill. I 2017 har auke vedvart og vi forventar ei omsetninga på 12-13 mill i 2017. Behovet for plass aukar og vi har eit ønskje om å etablere oss i Herøy.

Vi ser fordelar med ei slik drift i utkantstroka, og meinar at Mjølstadneset er ein god plassen for dette.

<u>Drifta vår treng meir plass til dette:</u>
Større lager
Større pakkeavdeling til å betjene ordrer i nettbutikk og til forhandlarar.
Større kontorlokaler
Showroom

I dag har vi lager/kontor på ca 170 kvadrat
Vi ser føre oss eit bygg på 600 kvadrat med 400 kvadrat lager og 200 kvadrat kontor m.m. Alt på eit plan.
Det blir liknande drift som i dag.

Mvh. Stine Goksøyr
KO&KO AS

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/1231
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/17	Formannskapet	28.03.2017
38/17	Kommunestyret	06.04.2017

REGULERINGSENDRING FOR ASPEVIKA - SLUTTHANDSAMING

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *reguleringsendring for Aspevika gnr. 50 bnr. 4 mfl*. datert 28.11.2016 og føresegn datert 14.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:

Knut Ove Aspevik	Aurvågvegen 560	6070 Tjørvåg
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE

Vedlegg
1 Plankart Aspevika datert 28.11.2016
2 Føresegn Aspevika datert 14.03.2017
3 Planomtale Aspevika datert 24.02.2016

Bakgrunn:
Siv. Ing Svein Holmen Arealplanlegging søkte, på vegne av Knut Ove Aspevik, om oppstart av reguleringsarbeid for eit avgrensa område i Aspevika. Saka gjeld endring av eksisterande reguleringsplan for naust og hytteområde frå 2012.

I gjeldande plan for Aspevika frå 2012 er heile fremre naustrekka, 3 av nausta i bakre rekke pluss to av fritidsbustadtomtene no realisert. I tillegg er det blitt ført opp ei lagerbygning lengst vest i planområdet.

Ved bygging av 3 naust i bakre rekke, blei desse ved ein feil, plassert for nær den fremste naustrekka. Dette førte til eit avvik frå opphavleg plan og behovet for ei reguleringsendring då feilplassering av nausta råka ved eit anna arealformål i gjeldande plan.

- Naustrekka a_BUN vert flytta mot nord slik det går fram av plankart..
- Parkeringsplassane mellom nausta får anna arrondering
- Ny felles parkeringsplass aust for den bakre naustrekka
- Tilkomstvegen a_SKV3 i gjeldande plan er flytta aust for fritidsbustaden 50/20 slik at vegen får ein lengre og lågare stigning
- Tomter for fritidsbustad får ei anna arrondering – plassering trekt bak på haugen.
- Parkeringa er noko utvida og samla i to meir avgrensa plassar – f_SPP1 og 4
- Lagertomta (BL) er betre arrondert i høve terrenget
- Leikeplassen har fått krav om eit minimum av leikeutstyr.
- Det er lagt inn ein felles uteplass f_BAU.
- Punkt for renovasjon er flytta vest for tilkomstvegen f_BAS
- F_SVG støyvoll er teke inn mot fylkesvegen i sør
- Omsynssoner knytt til støy, sikringssone, bevaring og infrastruktursone er vist i plankartet.

Saksopplysningar:
Planforslaget:
Knut Ove Aspevik ynskjer å gjere endringar i tidlegare godkjent detaljreguleringsplan for Aspevika – endringar vil skje internt i planområdet.

Byggjeareala i planframlegget er lagt ut til naust med hems (BUN), frittliggjande fritidshus (a_BFF), lager (BL) og område for renovasjon (f_BAS). I tillegg kjem felles privat leikeplass (f_BLK) og felles privat uteområde (f_BAU), køyreveg, parkering, anna veggrunn og friområde.

Naust med hems (BUN):
Det er i planframlegget lagt til rette for 1 rekke med naust (BUN) 11 av nausta er tenkt som nye naust. Det er i dag oppført 3 stk naust innanfor dette arealet. Nausta har ei utnyttingsgrad på maks BYA%= 100 og har ei maksimal gesimshøgde på 5 meter og maksimal mønehøgde på 7.8 meter. Naustrekkja skal føreast opp i mur/betong i første etasje, mens naustloft/takstolar skal utførast som

trekonstruksjon, Takvinkel skal vere 30 grader. Parkering skal vere 1 plass pr. naust, der denne skal vere framfor portane til kvart enkelt bygg. Føresegnene til nausta er ei vidareføring frå den reguleringsplanen som blei vedtatt i 2012. Utover dei føresegnene som ligg i reguleringsplan gjeld føresegnene vedteke i kommuneplanens arealdel.

Frittliggjande fritidshus (a_BFF):
Det er sett av fem tomter for fritidsbebyggelse i planframlegget, der to av tomtene allereie er bebygd. Tomtene har varierande arealstorleik, men felles for tomtene er ei utnyttingsgrad på maksimal BYA% = 30, som også inkluderer overbygde terrasser og ein biloppstillingsplass pr. tomt. Fritidshus skal som hovudregel byggast i ein etasje og tilpassast i terrenget på staden. Det skal setjast av 1 parkeringsplass i garasje/carport på tomta, i tillegg kjem 1 plass for gjesteparkering.

Område for renovasjon (f_BAS):
BAS omfattar areal som er avsett til lagring av renovasjonsløysingar for området. Her kan det byggjast konstruksjonar for skjerming av renovasjonsdunkar m.m.

Lager (BL):
Området skal nyttast til reiskapshus. Utnyttingsgrad for arealet er maksimalt BYA%= 35. Gesimshøgd skal ikkje overstige 4 meter og maksimal mønehøgde vil vere på 7.3 meter.

Felles privat leikeplass (f_BLK):
Området er felles privat leikeplass. Det er i sona nærast elva avsett eit belte med omsynssone H_560 (vern av naturmijø) som utgjer vegetasjonssona langs elva i samsvar med krava i vassressurslova. Innanfor denne sona kan ikkje vegetasjon fjernast og det ikkje gjerast terrenginngrep innanfor dette arealet. For øvrig del av leikeplassen skal denne opparbeidast og det skal setjast opp sandkasse, vippe og huske som minimum av leikeplassutstyr. Samla vil leikeplassen tilby både opparbeidd areal og naturleg leikeareal – noko som vil tilby eit variert og godt tilbod for barn- og unge i planområdet.

Felles privat uteområde (f_BAU):
Det er i planframlegget avsett eit felles utområde for areal avsett til fritidshus. Dette området kan opparbeidast og nyttast som samlingsplass for vaksne og born.

Køyreveg (f_SKV):
I planframlegget er det lagt til rette for felles private vegar (f_SKV1-3) for dei eigedomane som tilknytt vegane. Tilkomstvegen skal byggast slik desse er vist på plankartet. Vegane er i reguleringsendringa fått ei anna linjeføring enn i gjeldande plan, mellom annan for å betre tilkomst til fritidsbustadane i området.
Veg f_SKV 1 blir no forlenga og får ein vegtrase som strekk seg lengst aust i planområdet, rundt høgdedraget i området a_BFF og tilbake mot vest for å ta opp nivåskilnaden i terrenget. Den vertikale standarden på hovudtilkomsten fram til nausta og båtplassane og vidare mot hyttetomtene har maksimal stigning på 10%. Siste biten opp til hyttene har stining på ca 12%. Dette er den brattaste biten på vegsystemet og omfattar tilkomsten til 3 nye tomter for fritidsbustader.

Anna veggrunn – grøntareal (f_SVG):
Det er innteikna støyvoll som areal f_SVG på plankartet. Denne er gitt krav til utforming i føresegnene basert på støyrapport frå Asplan viak.

Parkering (f_SPP):
f_SPP 1 og 4 skal nyttast som felles parkeringsareal for gjesteparkering til fritidsbustadane og for dei som har frie småbåthamnplassar utan naust- eller hyttetilknytning. Nausta har parkeringsplassar framfor portane.

Når det gjeld parkering er 26 av båtplassane knytt til nausta og oppnår parkeringsdekning der. Med 50 båtplassar vert det altså inntil 24 frie båtplassar som ikkje er knytt til naust eller hytter. Det er i gjeldande plan sett av 0,5 parkeringsplass pr. båtplass i småbåtanlegg. Kravet er då 12 P-plassar til desse 24 frie båtplassane. Krava til parkering i felles plass er altså 5+12=17 plassar i tillegg til parkeringa framom nausta. Det er sett av i alt 24 plassar til felles parkering og det er soleis ei overdekning på 7 parkeringsplassar i planframlegget.

Friområde (f_GF):
Områda er lagt til rette som friområder. Dette er felles private grøntområde som kan nyttast til uteopphald og evt vedlikehald av bygningane i området.

Merknadar ved offentleg ettersyn:
Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 04.05.2016 – 17.06.2016 der det kom inn merknadar frå Statens vegvesen, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Noregs vassdrags- og energidirektorat og Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen merknadar til reguleringsendringa.

Statens vegvesen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal peika på at det manglar støyfagleg vurdering i planforslaget og Fylkesmannen hadde motsegn inntil det låg føre ei støyfagleg vurdering og eintydige avbøtande tiltak er sikra i plan og føresegner.

Dette vart rekvirert og støyrapporten avdekte behov for høgare støyvoll enn det som var lagt inn i reguleringsplanen. Høgda på støyvollen vart endra i føresegna og sendte over naudsynt dokumentasjon til Fylkesmannen for ny vurdering 03.02.2017. Fylkesmannen trekte si motsegn til planen 06.02.2017.

Vurdering:
Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd til kommunen sine krav. Planen gjeld ei endring av tidlegare godkjent detaljreguleringsplan for Aspevika og medfører endringar internt i planområde.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12
§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12
Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget
Ved ein gjennomgang av database for naturmangfald ser ein at utbygging i området er i konflikt med naturtypar som er nasjonalt og regionalt viktige områder. Dette er knytt til strandsona og områda (sjøareala) rundt sjølve Aspevika. Planforslaget legg opp til ei vidare utvikling som er lokalisert med ein større avstand frå dei nemnde

naturområda. Rådmannen legg vidare vekt på at det allereie er etablert naustrekkje, flytebrygge og fritidstomter i dette området gjennom tidlegare gitt dispensasjon og vedtatt reguleringsplan– nokon som i dag er å sjå på som irreversible inngrep. Rådmannen viser også til tidlegare uttalar frå Fylkesmannen knytt til desse forholda. Med bakgrunn i ovannemnde, kan ein ikkje sjå at reguleringsendringa vil medføre noko endring i høve naturmangfaldet i området, eller at gjennomføring av tiltaka i dette planforslaget vil medføre ei vesentleg forverring for tilstanden til artar, naturtypar eller økosystem i eller rundt planområdet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast derfor som godt for denne saka.

§9, Føre-var-prinsippet
Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert og planforslaget vil styrke born og unge sine interesser ved at leikearealet har fått krav til møblering og opparbeiding for deler av leikeplassen

Støy
I Statens Vegvesen sine støykart, utarbeidd i samband med prosjekt for gang- og sykkelvegen langs FV654, ligg delar av reguleringsområdet innanfor gul og raud støysone frå fylkesvegen. Ingen av fritidsbustadane ligg innanfor raud støysone RpStøySone_H210 frå fylkesvegen. Gul støysone RpStøysone_H220 grip inn i området for fritidsbustader (a_BFF) og Statens vegvesen og fylkesmannen har derfor stilt krav om utarbeiding av støyfagleg rapport.

Det er innhenta kompetanse frå Asplan viak der dei konkluderer med at støyvollen på arealet f_SVG bør vere utforma med høgde på min. 2,2m. Dette er innarbeidd i føresegna til planen slik at tomter for fritidsbustad kan oppnå akseptable støytilhøve på uteareal og utanfor støyømfintlege rom.


Konklusjon:
Rådmannen rår til at kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *reguleringsendring for Aspevika gnr. 50 bnr. 4 mfl*. datert 28.11.2016 og føresegn datert 14.03.2017.

Lenke til plankartet digitalt:
https://kommunekart.com/klient/sunnmørskart?urlid=c391782747274516a72aedfeb71d6024

Fosnavåg, 14.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5 NR.1)

- Fritidsbusetnad - frittliggjande
- Lager
- Uthus/naust/badehus
- Andre særskilt angitte bygningar og anlegg
- Leikeplass
- Anna uteopphaldsareal

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 NR.2)

- Køyreveg
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkeringsplassar

Grøntstruktur (§12-5 NR.3)

- Friområde

Omsynsoner (§12-6)

- Sikringsone - Andre sikringssoner
- Støysone - Raud sone etter rundskriv T-1442
- Støysone - Gul sone etter rundskriv T-1442
- Infrastruktursone - Krav som gjeld infrastruktur
- Angittomsynsone - Bevaring naturmiljø

Juridiske linjer og punkt

- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert støyskjerm
- Målelinje/avstandslinje
- Sikringssonegrense
- Støysonegrense
- Infrastrukturgrense
- Angittomsyngrense
- Abc Påskrift feltnavn

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Geovekst
Dato for basiskart: 29.11.2016
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høgdegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1m m
Kartmålestokk 1:1000
0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

AREALPLAN ETTER PBL AV 2008

Reguleringsendring for Aspevika hytteområde

Nasjonal arealplan-ID
201510
Plantype:
Detaljregulering
Forslagsstillar:
Knut Ove Aspevik
Saksnr i saksbehandlingssystem:
2015/1231

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kunngjeringsdato for planvedtak: Dato for siste revisjon av plankart: 28.11.2016	Behandlingsorgan	Møtesaksnr	Dato	Sign
Planvedtak:				
Revidering av plankart i område a_BUN fra kode 1900 til kode 1589	UTV		28.11.2016	OMR
Høyring og offentleg ettersyn frå/til: 28.04.2016-08.06.2016	Formannskapet	F-sak 73/16	21.04.2016	AZT
Kunngjering av oppstart av planarbeidet:				AZT

PLANEN ER UTARBEIDD AV:
siv. ing. Svein Holmen

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan
ASPEVIKA, gnr /brnr: 50/4, 18, 19, 20, 21 i **Herøy kommune**

Plan ID: 201202
Plan dato: 28.nov 2016 Føresegn sist revidert 14.mars 2017

1 - GENERELT:

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.

1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som kan hindre gjennomføring av planen.

2 - REGULERINGSFØREMÅL:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Fritidsbebyggelse frittliggande (1121) BFF
	Andre typer bebyggelse og anlegg – Naust m hems (1589) BUN
	Lager (1350) BL
	Boss og post (Annen særskilt bebyggelse -1590) f_BAS
	Leikeplass (sosi 1610) f_BLK
	Felles uteområde for hyttene (Annet uteopphaldsareal -1690) f_BAU
Samferdsleanlegg (S)	Køyreveg (2011) f_SKV_1,2,3
	Parkeringsplassar (2082) f_SPP_1,2,3,4
	Annen veggrunn – tekniske anlegg (2018) SVT
	Støyvoll (Annen veggrunn – grøntareal sosi 2019) SVG
Grønstruktur (G)	Grønstruktur – Friområde (sosi 3040) f_GF
Omsynssoner (PBL §12-6)	RpStøySone - raud støysone H 210
	RpStøySone - gul støysone H 220
	Vegetasjonssone langs elva (RpAngittHensynSone-Naturvern) H_560
	Sikring av skrent mot fallfare (RpSikringSone) H_190
	Kabelgrøft/vassleidn (RpInfrastrukturSone) H_410

3 - FELLESFØRESEGNER:

3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet

3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.

3.3 Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt som råd er. Ny vegetasjon skal haldast så lav at den ikkje tek utsikt frå bakanforliggande hytter.

3.4 Vegar og tekniske anlegg skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye naust og fritidseigedomar i planområdet..

3.5 Overskotsmasse skal køyrast vekk.

3.6 Fritidsbustadar skal plasserast innafor byggegrensene på ein slik måte at ein oppnår gode uteareal der støynivåa ikkje overskrid grenseverdiane i Miljøverndeptets retningsline T-1442.

4 - BEBYGGELSE OG ANLEGG

4.1 Fritidsbebyggelse (BFF):

4.1.1 Fritidshusa skal som hovudregel byggast i ein etasje. Grunnmuren skal vere lågast råd.

4.1.2 Største utnyttingsgrad for fritidseigedomane skalo vere BYAmax=30%.
(inkludert overbygd terasse og ein biloppstillingsplass på tomta)

4.1.3 Kvar fritidsbustad skal ha 1 P-plass i garasje/carport på tomta + 1 gjesteparkeringsplass/fritidshus i fellesanlegg

4.1.4 Fritidshus skal oppførast i mur / trekonstruksjoner i harmonisk utforming og fargevalg.
Største gesimshøgde for fritidshusa skal vere 3,0m, og største mønehøgde 7,5m.

4.1.5 Fritidshusa kan gjevast eit moderne preg, men på ein slik måte at dei tilpassar seg til kring-liggande bygg/miljø og landskapsformer/terreng med omsyn til høgde, volum, takform, material-og fargeval. Kommunen skal godkjenne eksteriør samt plassering av bygningar på tomta.

4.1.6 Store byggegroper og bearbeiding av terrenget (planering/store plener etc) er ikkje tillatt.
Hyttetomtene skal i størst mogleg grad beholde sin naturlege vegetasjon, og ei moderat nyplanting kan godtakast. Vegetasjon/trær skal haldast nede på ei slik høgd at utsikt frå bakanforliggande hytter ikkje vert hindra. Evt. moderat avdekking av berget og tilordna uteopphaldsplassar kan godtakast, men utearealet skal ikkje ha preg av villahage.

4.1.7 Tomtene skal ikkje gjerdast inne, men det kan etablerast rekkverk/gjerde rundt opne terasser eller nære uteopphaldsplassar

4.1.8 Alle fritidshus skal ha støynivå mindre enn Lden 55dB på uteplass og utanfor rom til støyfølsom bruk. Utanfor soverom skal maksimalt støynivå i nattperioden (23-07) ikkje overstige L5AF 70 dB. Dette skal dokumenterast av fagkunnig før byggeløyve vert gjeve.

4.2 Naust (Andre typer bebyggelse og anlegg – Naust m hems sosi 1589)

4.2.1 Naustrekka skal oppførast i mur/ betong i første etasje, mens naustloft/ tak (takstoler) utførast i trekonstruksjon.
Takvinkelen på nausta skal vere 30 gr.,
Gesimshøgde skal vere max 5,0 m (i front) ,
Mønehøgde max 7,8 m (i front).

4.2.2 Utnyttingsgrad: BYAmax =100% for BUN.

4.3 Lager (BL)

Området skal nyttast til reidskapshus. Maksimal utnyttingsgrad er %BYA=35.
Reidskapshuset skal oppførast i trekonstruksjon (takstolar), med port, dør og vindauge.
Takvinkel skal vere 25 grader. Gesimshøgda skal ikkje overstige 4m og mønehøgda 7,3m.

4.4 Tekniske anlegg:

Fritidshusa skal ha høg standard med biltilkomst, straum, innlagt vatn og avlaup.
Kloakken skal gå til tette tankar for kvar hytte, mens gråvatnet skal gå til utslepp til sjø på -2m.
Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk (Stemmedalen vassverk)

4.5 Felles uteområde for hyttene (f_BAU - 1690)

f_BAU er felles uteopphaldsområde for fritidshusa i BFF. Området kan opparbeidast og nyttast som samlingsplass for vaksne og born. Det kan plasserast leikeapparat i området om ynskjeleg.

4.6 Returpunkt renovasjon. (Annan tenesteyting: f_BAS - 1590)

På f_BAS kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling. Det kan også

settast opp felles postkassestativ

4.7 Leikeplass: (f_BLK sosi 1610)

På området f_BLK kan det byggast konstruksjonar som har tilknytning til bruken av området. Det skal som minimum settast opp sandkasse, vippe og huske på f_BLK.
Det kan etablerast tilkomst til fjøra vest for planområdet over leikeplassen.
Omsynssona H_560 (vern av naturmiljø) utgjer vegetasjonssone langs elva i samsvar med krava i vassressurslova. Innanfor H_560 kan ikkje vegetasjonen fjernast og det kan ikkje gjerast terrenginnghrep her. Ferdsle er lovleg

5 - SAMFERDSLEANLEGG

5.1 Privat felles tilkomstveg (f_S KV_1,2,3)

F_SKV skal vere felles private vegar for alle dei eigedomane som er tilknytta vegane.
Tilkomstvegen skal byggast med den standard som er vist på plankartet.

5.2 Parkering (f_SPP):

f_SPP 1 og 4 skal nyttast som felles parkeringsareal for gjesteparkering til hyttene og for dei som har frie småbåthamnplassar utan naust- eller hyttetilknytning. (0,5P- plassar/båtplass = 12 P-plassar) f_SPP_2 og 3 skal nyttast som parkering til nausta. 1 plass/naust

5.3 Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT):

f_SVT skal nyttast til grøfteområde, snøopplag eller anna srviceareal langs tilkomstvegane. Det kan ikkje settast opp sikthindrande konstruksjonar i f_SVT

5.4 Annen veggrunn – grøntareal - Støyvoll (SVG):

På SGS skal det anleggast ein støyvoll som skal vere 2,2m høg. Langs JurLine - regulert støyskjerm 1227 kan det byggast en støyskjerm 2 – 2,4m høg. Dokumentasjonkrav av støynivå på uteareala og utanfor støyømfindtlege rom på hyttene er tekne inn i føresegnene i § 4.1.8.

6 – GRØNSTRUKTUR:

6.1 Friområde: (f_GF-1,2)

Det er rett til fri ferdsle i f_GF-områda
f_GF-1 er felles grøntområde / bruksområde for nausteigarane til utopphald / evt vedlikehald av bygga. f_GF-2 utgjer samanhengande grønstruktur mellom dei ulike føremåla. f_GF_2 skal ikkje snauhoggast, men det kan drivast vanleg skogskjøtsel i området.

7 – OMSYNSSONER OG JURIDISKE LINER

7.1 RpAngittHensynSone – Bevaring av naturmiljø (vegetasjonssone langs elva) (H_560):
Det kan ikkje fjernast vegetasjon eller gjerast inngrep innafor H_560

7.2 Innafor RpStøySone H_210 kan det ikkje byggast bygg for varig opphald.
RpStøySone H_220: Ved bygging av bygg for varig opphald i denne sona skal støydokumentasjon leggast fram i samband med byggemeldinga.

7.3 RpSikringSone H-190:
I H_190 skal det settast opp sikringsgjerde for sikring av skrent mot fallfare ned på gangvegen langs Rv654. Sikringsgjerde skal vere på plass før nokon av dei nye hyttene i BFF kan takast i bruk

7.4 RpInfrastrukturSone H 410: Før evt. inngrep i denne sona er tiltakshavar pliktig til å undersøke nærare om inngrepet vil påvirke kabelgrøfta.

REGULERINGSFRAMLEGG:

ASPEVIKA II

Gnr:50 , Brnr: 4,18,19,20,21 i HERØY KOMMUNE

Volda 24.feb 2016
For Knut Ove Aspevik
Svein Holmen.



TILTAKSHAVAR:
Knut Ove Aspevik
6070 Tjørvåg

SIV.ING SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

Siv. Ing. Svein Holmen - **AREALPLANLEGGING.** Hamnegata 10, 6100 Volda.
Post: Postboks 319, 6101 Volda **Telf:** 90844415 **E-post:** svein.l.holmen@gmail.com

INNHALD:

1: SAMANDRAG AV PLANFRAMLEGGET.....4

2: NØKKELOPPLYSNINGAR.....5

3: BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET..... 5

4: PLANPROSESSEN 6

5: PLANSTATUS OG AREALBRUK.....7
5.1 - Planstatus
5.2 - Tilhøvet til kommuneplanen
5.3 - Reguleringsplanar i området

6: PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON.....9
6.1 – Lokalisering
6.2 – Avgrensing
6.3 – Bruk av / arealstatus på naboareala
6.4 – Eksisterande bebyggelse
6.5 – Topografi / Landskapstrekk
6.6 – Soltilhøve
6.7 – Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve
6.8 – Grøne interesser
6.9 – Kulturminneverdiar
6.10 – Veg- og trafikktilhøve
6.11 – Støy
6.12 – Offentleg kommunikasjon
6.13 – Vatn- og avlaup
6.14 – Energi- og teleløysingar
6.15 – Privat- og offentleg servicetilbod
6.16 – Risiko- og sårbarheit
6.17 – Privatrettsleg tilhøve

7: KONSEKVENSUTGREIING.....18

8: PLANFRAMLEGG.....19
Plankart s 19
Føresegner ss20 - 22

9: PLANOMTALE ss23 - 30
1 - Føremål
2 - Byggjeareal
3 - Leik- og uteareal

4 - parkering
5 - Trafikkareal
6 - Trafikkstøy
7 - Avfallshandtering
8 - ROS-analyse
9 – Konsekvensar av planframlegget

10. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN……31
10.1 - Utsendt materiale / annonser
10.2 - Samandrag, kommentar og konklusjon etter innspela s32 - 35

11. VEDLEGG:
Kopi av innkomne merknadar og korrespondanse……38

Føreord:

….Han saag ut paa dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

(Frå: "Nordmannen" av Ivar Aasen)

1: SAMANDRAG AV PLANFRAMLEGGET

Planområdet:
Denne planen er ei endring av reguleringsplan for Aspevika hytteområde frå 2011. P grunn av endra føresetnadar må vi rokere på innhaldet i planområdet utan at funksjonane vert endra. Det er berre intern plassering som vert endra. Plangrensa er innsnevra i høve planen frå 2011.
Planen inneheld:
- 11 nye naust i tillegg til dei 3 eksisterande.
- 3 nye fritidsbustadar i tillegg til 2 eksisterande.
- Leikeplass – utvida i høve gjeldande plan
- Felles uteområde for hyttene
- Justering av intern infrastruktur i høve gjeldande plan

Konsekvensar:
Justering / ommøblering av innhaldet i planen får etter vårt skjøn stort sett berre positive konsekvensar for nabolaget og lokalsamfunnet.
- Vi unngår uføresette ustabile massar i høve opprinneleg plan.
- Folk som ikkje eig til sjø får bedre tilbod / tilgang til bruk av naust- og sjø .
- Lokalsamfunnet (Myrvåg – Tjørvågane) får økonomisk stimulans ved at nye naust- og båteigarar provianterer og tek supplies frå forretningane i området
- Aspevika vert lettare tilkomeleg for ålmeinta ved at ein kan få frå seg ein bil og kome seg ut i strandområdet med utgangspunkt i småbåtanlegget.

2: VIKTIGE OPPLYSNINGAR:

Stad	Aspevika
Adresse	6070 Tjørvåg
Gnr/brnr:	50/4, 18, 19, 20, 21
Gjeldande planstatus:	Reguleringsplan for Aspevika: Naust (n) dato: Denne planen må justerast pga endra føresetnadar.
Tiltakshavar	Knut Ole Aspevik, 6070 Tjørvåg
Grunneigar	Knut Ole Aspevik, 6070 Tjørvåg
Plankonsulent	Svein Holmen Arealplanlegging
Areal heile planområdet	samla: 22,6da : landdelen:14,4da sjø: 8,2da
Eksisterande naust	3 eksisterande
Planlagde naust	12 nye naust
Eksisterande fritidshus	2 eksisterande
I Planen	3 nye fritidshus
Oppstartmøte	10.sept 2015: desse møtte: Jarl Møller, Aleksander Tarberg, Knut Ove Aspevik, Svein Holmen
Kunngjering av forvarsling	Vestlandsnytt: 13.okt 2015
Varsling rørde partar	Eige brev 12.okt 2015
Herøy kommune si heimeside	I heile forvarslingsperioden

3: BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Bakgrunn for planen:

Tiltakshavaren er oppvaksen på bruket som har 8,1da fulldyrka mark, 6,2da innmarksbeite, 8,8da skog og 34da anna areal (stort sett skrapmark og fjøre) Her er ikkje landbruksproduksjon lenger. Eigaren ynskjer å utnytte potensialet til eigedomen ved å legge til rette for tradisjonelt småbåthold etter dagens standard Første halvdelen av småbåtanlegget (10 naust m tilhøyrande flytebrygge) vart oppstarta i 2005 – no ynskjer eigaren å utvide dette med 16 nye naust og ei ekstra flytebrygge. Han ynskjer også å frådele 3 nye fritidsbustad-tomter for salg i nærområdet ved nausta og flytebryggene. Desse nye elementa vart planlagte i reguleringspålan for Aspevika i 2011/12.

Pga endra føresetnadar må vi no justere planen frå 2011. Den bakre naustrekka er flytta 4m fram. Det vert då ca 14m mellom dei to naustrekkene.

4: PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

PROSESS, Detaljplan (PBL§12-8) u konsekvensutgreiing etter §4 i PBL	Forum / Deltakarar / Kunnskapsbase	Framdrift
Forarbeid: Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av bakgrunnsmateriale ,	Tiltakshavar, Planleggar, Kommune	Sept 2015
Oppstartkonferanse	Tiltakshavar, Planleggar, kommune	9.sept 2015
(Utarbeiding av Planprogram)	(Planleggar i samarbeid m kommune / MR Fylke)	
Forvarsling: Annonsering i aviser og elektroniske medier. (Sjå elles kap 10) Utsending til rørde partar (Sjå kap 10) **Høyringsperiode:** Høyring på plandokument og planprogram **-** 6 vekers frist for innspel **Merknadshandsaming – Konfliktavklaring:** Gjennomgang av innkomne merknadar. Avklaring av motsegner / protestar (Kap 10) Konklusjon etter forvarslinga	 Lokalavisa, Sunnmørsposten, Kommunen si heimeside, Eigarar, fagutval, off.organ og lag / organisasjonar Planleggar - merknadsorgan Planleggar /Tiltakshavar i samarb m kommunen	 12.okt 2015 12.okt 2015 12.okt – 24.nov 2015 Nov / des 2015 5.jan 2016
(Vedtak på planprogram)	Formannskapet / Planutvalet	
Utarbeiding av planframlegg Få fram alle aktuelle alternativ og konsekvensane av desse. Avklare den kommunale haldninga til framlegga. Få fram semje om kva som skal fremjast som planframlegg. **Utgreiingar:** -Tilhøvet til naboområda / bruk av vegen /nausta /sjøområda -ROS-amalyse: Ustabile massar + vegtrafikkstøy (hyttene) -Universell utforming **Plandokumenta:** -Plankart SOSI 4, -Føresegner, -Planomtale m utgreiingane og ROS-analyse **Korrigering etter kvalitetskontroll i kommunen**	 Tiltakshavar - Planleggar - kommune -Miljøvernavd, Fylkesmannen i M&R (Kleiva) + Sjøfartsmuseet i Bergen (Maritim del) ROS: Statens vegvesen, geolog for vurdering av massestabilitet -Planleggar, kommune, andre kunnskapskjelder -NHF avd. søre Sunnmøre / kommunen -Statens Vegvesen Region Midt Planleggar Planleggar / kommuneadministrasjonen	 Veke 5og 6 i 2016
Kommunalt gebyr	Kommunen	
Kommunal slutthandsaming : Vedtak om off. ettersyn Off. ettersyn i 6 veker Planvedtak – innstilling til K.styret Eigengodkjenning Utlysing av vedtaket med klagefrist	 Formannskapet Formannskapet Kommunestyret: Kommuneadministrasjonen	


5: PLANSTATUS OG AREALBRUK

5.1 - Planstatus

Området er omfatta av følgande reguleringsplan:
Plannamn: Aspevika hytteområde
Plan ID: 201202
Dato 26.jan 2012
Vårt planframlegg er ei endring på planen 201202


5.2 - Tilhøvet til kommuneplanen

Arealet som omfattast av reguleringa er i kommuneplanen frå 2004 avsett til
1: Naust og sjøbuder (n)
2: LNF-område der spreidd bygging (3 nye einingar) vert tillate (nr 24 Aspevika).



I vårt planområde i Aspevika er der pr i dag ei eksisterande naustrekkje med 10 naust med tilhøyrande flytebrygger samt to fritidsbustadar. Vi ynskjer no å fullføre naustprosjektet med ei ny naustrekkje med tilhøyrande flytebrygge, samt 3 nye tomter for fritidsbebyggelse. Dette samsvarer soleis med kommuneplanen sin arealdel.
Tiltaket er også godt i samsvar med samfunnsdelen av kommuneplanen for Herøy. I kapittel 5 om næring vert det der peika på at…"*Dei naturlege fortrinna som ligg i dei spesielle naturkvalitetane i Herøy er dårleg utnytta i turistsamanheng…"*, og i kap. 2 les vi at ei av retningslinene for kommunal planlegging skal vere å…."*leggje til rette for maritime miljø og for private utbyggings- og investeringsprosjekt…"*
Vårt prosjekt er soleis i samsvar med nokre av måla i kommuneplanen.

6: PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON



6.1 – Lokalisering

Bustadkonsentrasjonar - Marknad / Nedslagsfelt

Aspevika er lokalisert sentralt på ytre søre Sunnmøre. Køyretida med bil er ca 10min til Fosnavåg, ca 12 min. til Ulsteinvik, ca 20 min, til Hareid og ca 25 min. til Ørsta/Volda via Eiksundsambandet. Her er altså kort reisetid til relativt store befolkningssentra, og det kan sikkert vere interessant for folk i alle delar av denne regionen å få seg eit fotafeste med båt her i Aspevika

Samfunnsfunksjonar / Service / Forretningar:

Tiltaket vil stimulere privat tenesetyting og handel i området Myrvågane – Tjørvågane ved at småbåtmiljøet vil proviantere og ta supplies frå forretningane i området

Skipsleia – fjerntrafikk av småbåtar

Frå Aspevika er det kort veg til destinasjonar i alle retningar: -Strake vegen nord Fløfjøra over Breisunddjupet til Ålesund, -like strak veg sørvestover Herøyfjorden rundt Stadt mot Måløy og Bergen og samstundes kort veg inn til Eiksund og nord/sør Vartdalsfjorden/Rovdefjorden indre leia. Og inn Austefjorden, Hjørundfjorden og Storfjorden. Altså nær tilgang alle typer vestNorsk kystlandskap med ein middels stor fritidsbåt.

Nærturområde for små småbåtar:


Den "grøne korridoren" inn mot Eiksund og øyriket nordom Dimna (Hatløy, Borgarøy Vattøy) representerer eit glimrande nærterreng for dei med mindre fritidsbåtar. Her er ideelle tilhøve for segling, fiske og padling.



6.2 – Avgrensing:

Bileta syner planavgrensinga og lokaliseringa andsynes gardsbruket og dyrkamarka.
Området er ikkje dyrka og omfattar i hovudsak ein kolle ned mot vika i vestenden av garden. Naust, hytter og båtplassar vert samla på eit nokså konsentrert område for å minske behovet for lokal infrastruktur.





6.3 – Bruk av / arealstatus på naboareala:

Bruk: Planområdet grensar i nord mot sjø, i aust mot innmarksareala på tiltakshavar sin gard, i sør mot Rv654 og i vest mot utmarksareal på tiltakshavaren sin gard (50/4)
Arealstatus: Utanom Rv654 er ingen av desse areala regulerte, og dei inngår i kommuneplanen sin arealdel som vanlege LNF-områder der det ikkje er høve til annan bygging enn det som er knytt til landbruket.



6.4 – Eksisterande bebyggelse

Som det framgår av bilda ovanfor er det ikkje mykje bebyggelse tett innpå planområdet.
Tunet til tiltakshavar (50/4) er det næraste. Litt lenger ut i Aspevika på nordsida (Kalveneset) er der noko bebyggelse som vel vert det som er mest tilknytt vårt planområde. Bildet nedanfor syner noko av denne bebyggelsen. Vi bit oss merke i dei nye naustrekkene som er i "slekt" med våre….



6.5 – Topografi / Landskapstrekk
Det skulle vere overflødig å verbalisere topografi og landskap – gå heller til s9 og studér bildet. Dette skulle gi eit fyldestgjerande inntrykk av den kyststripa vi befinn oss på.

6.6 – Soltilhøve

Området er relativt flatt med lave fjell i sør og sørvest og opent mot havet i nord og nordvest. Sjå bilde s 9.
Her er mykje sol når det er klarvér. Vi har ikkje laga "soldiagram" for ulike årstider og tider på døgnet – området har eit opent og lyst preg – det er vel oftast lavtrykk og havskodde som skuggar for sola her utmed kysten.

6.7 – Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve

Vegetasjon:
Generelt er her vanleg kystvegetasjon med bjørk, noko innplanta gran, kystlyngvegetasjon og lav skoggrense. Her er ingen raudlista arter som er registrert av Direktoratet for naturforvaltning.


"Undervasseng" I naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning er registrert ei viktig undervasseng inst i Aspevika. Denne registreringa vart gjort i 1978.

1: Undervasseng: ID: BN00010877, Gurskøya: Aspevikvågen

Kommune	Herøy (Møre og Romsdal)
Områdebeskrivelse	**Generelt:** Grunn, leirmudret våg med breie tidevassoner i vikane langs indre del, der er ein del ålegras og blåskjelbankar. Dette er dels eit viltområde som er raste- og overvintringsplass for vassfugl. **Vegetasjon:** Lokaliteten inneheld mellom anna undervassenger med ålegras (Zostera marina) (vegetasjonstype U1). **Kulturpåverknad:** Ubetydeleg. **Artsfunn:** Mest interessant når det gjeld høgre planter er ålegras. Området er raste- og overvintringsplass for vassfugl, m.a. songsvaner (opp til 15), ærfugl, sjøorre (opp til 140) og meir fåtallig stokkand, svartand, havelle, kvinand og siland. **Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla undervassenger, som i tillegg har ein viltfunksjon. **Omsyn/Skjøtsel:** Ingen spesielle.

Naturtyper

Naturtype	Undervannseng
Verdi	Viktig
Dato registrert	01.01.1978



Andre opplysninger

Totalareal	

Kilder

Navn	Årstall	Tittel	Link	Kildetype
Folkestad, A. O.	1978			Litteratur
Jordal, J. B. &	2001	Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy		Litteratur

Grimstad, K. J.	kommune, Møre og Romsdal. Herøy kommune, rapport. 123 s. + kart og bilete.

Dyreliv:

2: Grågås og sangsvanehabitat: ID: BA00061961,

Kommune	Herøy (Møre og Romsdal)
Områdebeskrivelse	GRÅGÅS: 7 PAR. OGSÅ ENDER. SANGSVANE VINTER: MAX 20.

Arter

Artsforekomst

Art	Funksjon	Funksjons-kvalitet	Vekting	Årstid	Truethets-kategori	Stedkvalitet	Dato registrert
Andefugler	beiteområde	Påvist	2	vår/sommer/ høst			01.01.1987
Grågås	yngleområde	Påvist	1	vår/sommer			01.01.1987


Andre opplysninger

Totalareal	658 daa

Kilder

Navn	Årstall	Tittel	Link	Kildetype
Alv Ottar Folkestad				Innmeldte opplysninger

Kartutsnitt



Utanom desse spesifikke lokalitetane / habitata som er registrerte og verdsette av fagfolk, finst her sjølvsagt den vanlege floraen og faunaen som ein finn ellers i kyststroka på Sunnmøre. Vi kjenner ikkje til at her er registrert raudlista artar korkje dyr eller plantar. Som legfolk på dette fagområdet har vi ikkje nok kompetanse til å kome med tungtvegande vurderingar av flora / fauna utan å søke fagkunnig assistanse.

Randsoner: Planområdet ligg til sjø, men grensar også mot den vesle elva som kjem ned frå Aspevikvatnet. Riksvegen ligg mellom planområdet og Aspevikvatnet, så vi kan vel ikkje akkurat påstå at vi ligg i randsona mot Aspevikvatnet sjølv om avstanden er kort.

6.8 – Grøne interesser

I Gis-link er registrert to lokale friluftsområder i eller ved vårt planområde:

1: Tuftevatnet og Aspevikvatnet:

Miljøverndata for 151504800 Tuftevatnet og Aspevikvatnet i HERØY

Grunne, heller frodige lavlandsvatn på nordaustsida av Gurskøya. Dei har eit bra vegetasjonsbelte, omgitt dels av lyngmark og myr, dels av kulturmark og bebyggelse. Serleg Tuftevatnet må karakteriserat som næringsrikt, og begge vatna har bra bestand av fisk. Fuglefaunaen er rik og om vinteren tener begge vatna som beiteplass for svaner. Vatna har betydning både som landskapselement og som friluftsområde, serleg for sportsfiske, men og for bading.

Friluftsområde
- Bruksverdi Lokal

2: Fiskeplass i Aspevika rett aust for vårt planområde

Miljøverndata for 151506400 Aurvåg i HERØY

Fiskeplass-sjø.

Friluftsområde
- Bruksverdi Lokal

Verdsetjing av Grøne interesser:
No er det vel slik at dei fleste vaksne folk i liten grad nytter lokale fiskeplassar på sjøberga eller i vatna. Dei vaksne dreg helst til havs etter storfisken eller inn i lakseelvane der dei kan få "skikkeleg" fisk. Ved Aspevikvatnet står det skilt med opplysning om at berre grunneigarar har lov til å fiske i vatnet – så førebels må vi nok verdsette Aspevikvatnet som nokså uinteressant som ålmenn sportsfiskeplass. Vår lille naust- og hyttelokalitet vil ellers neppe rokke ved desse grøne verdiane.

6.9 – Kulturminneverdiar

I SEFRAK-registeret er det registrert eitt objekt i planområdet. Dette har nummer 1515018034, og er ein stovemur som ligg nordvest for løda i Aspeviktunet. Denne muren ligg utanfor plangrensa vår og inngår i kulturlandskapet rundt tunet.

Her har budd og ferdast folk i uminnelege tider, så her er sjølvsagt spor av mang slags verksemd om ein ser nøye etter. Men det er spor som finst overalt der folk har budd – alt frå nedrausa steingardar til gamle rustne båtmotorar og andre kulturgjenstandar frå gamal og nyare tid. Men utanom dette er her ikkje kulturminner av vesentleg verdi som vi kjenner til i planområdet.

6.10 – Veg- og trafikktilhøve

Det er to vegar i og forbi planområdet:

1: Internvegen i feltet som er den gamle sjøvegen frå Aspeviktunet til sjøplassen:

Breidde: 2,5m
Stigning: max 1:9 - 1:10
Trafikkbelastning no og etter gjennomføring av planen:
No: Trafikk til 12 naust/båtplassar + to hytter + ca 12 frie båtplassar
Framtida: Trafikk til i alt 26 naust/båtplassar + 5 hytter + ca 20 frie båtplassar
Snarvegar: Rv654 har "Vik-rekkverk". Her er ingen snarvegar over Rv så vidt vi kjenner til.

2: Rv654 som går forbi tett inntil tunet

Breidde:	2-felts veg – 6m
Stigning forbi feltet:	1:20
ÅDT – fordeling over døgnet:	
Fatsgrense:	80km/t
Gangveg:	Under planlegging – skal gjennomførast i prioden 2010 - 2012

6.11: Støy

i samband med reguleringsarbeidet for GS-veg langs Riksvegen har Statens vegvesen berekna støysoner. Vårt planområde ligg delvis innpå gul støysone. Støysonene er lagt inn i reguleringskartet

6.12 – Offentleg kommunikasjon

Drosje: I Tjørvågane

Buss: Frekvens: ca 1 tur/1,5t mot Ulstein / Hareid + 1 tur / 2 t mot Ørsta/Volda.
Tilsvarande motsett veg mot Fosnavåg I tillegg er her lokalruter til ytre
Her er buss-stopp tett ved planområdet. Det er altså nokså god frekvens på bussane i området..

6.13 – Vatn- og avlaup.

Stemmedalen vassverk forsyner bygda med drikkevatn.
Ingen felles kloakkleidningar i området – vi satsar på Jets med tette tanker og gråvatn til sjø

6.14 – Energi- og teleløysingar

Tussa leverer straum- og breiband, og det er god mobildekning i området.

6.15 – Privat- og offentleg servicetilbod

Myrvåg, Tjørvågane, Fosnavåg og Ulstein representerer dei næraste stadene der ein kan få nødvendig supplies til drift av denne typen lokalitet.

6.16 – Risiko- og sårbarheit

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne		**Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?**	NEI	JA
Naturgjevne tilhøve	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	*1
	d	Er området utsett for flaum/flaumskred?	X	
	e	Er det registrert radon i grunnen?	X	
	f	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	g	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo?	X	*2
	h	Anna (spesifiser)?		
Omgjevnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b	Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	X	
Brann-/ulykkes-beredskap	a	Har området utilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skole/barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	 X X	
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet ? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon/spillvatn?	 X X X X	
	b	Er det vassforsyning/drikkevatn i området		X
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	

Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjå kommentar og konklusjon på s.26


6.17 – Privatrettslege tilhøve.
Vi kjenner ikke til servituttar eller klausular på 50/4 som kjem i konflikt med reguleringa.

7: KONSEKVENSUTGREIING:

Ikkje aktuelt.

8: PLANFRAMLEGG:

På dei neste sidene er reguleringskartet og føresegnene lagt inn.
Deretter kjem **pkt 8 - Planomtale.**


Y 331900
Y 332000
Y 332100
X 6909700
X 6909600
f_SPP-3 parkeringspl.
f_SPP-4 parkeringspl.
f_SKV-1 kjøreveg
f_SPP-2 parkeringspl.
a_BAA
Naust med hems
f_BAU
Felles uteområde for hyttene
A = 0.7 da
f_GF-1
f_SPP-1
parkeringspl.
f_BLK
Leikeplass
A = 0.8 da
H560
BL
Lager
A = 0.9 da
BAS
a_BFF
Frittliggande fritidshus
A = 3.7 da
bygmax=30%
H220
Gul Støysone
f_SKV-2
H210
Rød Støysone
H190 Sikringssone
f_SVG Støyvoll
f_GF-2
f_GF-3
f_SKV-3
R 15
R 20
R 25
Detaljregulering
ASPEVIKA II
Gnr50, brnr 4,18,19,20,21 Tjørvågane, Herøy kommune
ENDRINGAR
TEIKNFORKLARING PBL.§ 12-5
1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL.§ 12-5 .1)
a_BAA Naust med hems
a_BFF Frittliggande fritidshus
BL Lager
f_BLK Leikeplass
f_BAU Felles uteområde for hyttene
f_BAS Boss og post
2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)
f_SKV Felles køyreveg
f_SPP Felles parkeringsplassar
f_SVT Annan veggrunn - tekniske anlegg
f_SVG Annan veggrunn - grøntareal - støyvoll
3: GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5 . 5)
f_GF Friområder
OMSYNSSONER
H_210 RpStøySone H_210 - raud sone 2m o terr.
H_220 RpStøySone H_220 - gul sone 2m o terr.
H_190 RpSikringSone H_190 - Andre sikringssoner - fallfare
H_560 RpAngittHensynSone H_560 - bevaring av naturmiljø
H_410 RpInfrastrukturSone H_410 - Jordkabel
JURIDISKE LINER OG PUNKT
Plangrense
Føremålsgrense
Regulert tomtegrense
Byggegrense
Regulert senterline
Støyskjerm
RpJurline - Innregulerte bygg
KARTOPPLYSNIGAR
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
0 10 20 30 40 m
Basiskart er teikna med svak gråfarge
N
M = 1:1000
SAKSHANDSAMING ETTER PBL
Oppstartkonferanse
Forvarsling i tida 8.feb - 24.mars 2012
1. gangs handsaming i planutvalet
2.gangs handsaming i planutvalet
Offentlig ettersyn fra _____ til _____
Handsaming i kommunestyret
Kunngjering med klagefrist
PLANEN ER UTARBEIDD AV:
siv.ing SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING
DATO:
26.feb 2016
just. 7.mars 2016 sh

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan
ASPEVIKA, gnr /brnr: 50/4, 18, 19, 20, 21 i **Herøy kommune**

Plan ID:
Plan dato: 16.feb 2016

1 - GENERELT:

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.

1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som kan hindre gjennomføring av planen.

2 - REGULERINGSFØREMÅL:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Fritidsbebyggelse frittliggande (1121) BFF
	Kombinert føremål – Naust m hems (1900) BAA
	Lager (1350) BL
	Boss og post (Annen særskilt bebyggelse -1590) f_BAS
	Leikeplass (sosi 1610) f_BLK
	Felles uteområde for hyttene (Annet uteopphaldsareal -1690) f_BAU
Samferdsleanlegg (S)	Køyreveg (2011) f_SKV_1,2,3
	Parkeringsplassar (2082) f_SPP_1,2,3,4
	Annen veggrunn – tekniske anlegg (2018) SVT
	Støyvoll (Annen veggrunn – grøntareal sosi 2019) SVG
Grønstruktur (G)	Grønstruktur – Friområde (sosi 3040) f_GF
Omsynssoner (PBL §12-6)	RpStøySone - raud støysone H 210
	RpStøySone - gul støysone H 220
	Vegetasjonssone langs elva (RpAngittHensynSone-Naturvern) H_560
	Sikring av skrent mot fallfare (RpSikringSone) H_190
	Kabelgrøft/vassleidn (RpInfrastrukturSone) H_410

3 - FELLESFØRESEGNER:

3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet

3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.

3.3 Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt som råd er. Ny vegetasjon skal haldast så lav at den ikkje tek utsikt frå bakanforliggande hytter.

3.4 Vegar og tekniske anlegg skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye naust og fritidseigedomar i planområdet..

3.5 Overskotsmasse skal køyrast vekk.

3.6 Fritidsbustadar skal plasserast innafor byggegrensene på ein slik måte at ein oppnår gode uteareal der støynivåa ikkje overskrid grenseverdiane i Miljøverndeptets retningsline T-1442.

4 - BEBYGGELSE OG ANLEGG

4.1 Fritidsbebyggelse (BFF):

4.1.1 Fritidshusa skal som hovudregel byggast i ein etasje. Grunnmuren skal vere lågast råd.

4.1.2 Største utnyttingsgrad for fritidseigedomane skalo vere BYAmax=30%.
(inkludert overbygd terasse og ein biloppstillingsplass på tomta)

4.1.3 Kvar fritidsbustad skal ha 1 P-plass i garasje/carport på tomta + 1 gjesteparkeringsplass/fritidshus i fellesanlegg

4.1.4 Fritidshus skal oppførast i mur / trekonstruksjoner i harmonisk utforming og fargevalg.
Største gesimshøgde for fritidshusa skal vere 3,0m, og største mønehøgde 7,5m.

4.1.5 Fritidshusa kan gjevast eit moderne preg, men på ein slik måte at dei tilpassar seg til kring-liggande bygg/miljø og landskapsformer/terreng med omsyn til høgde, volum, takform, material-og fargeval. Kommunen skal godkjenne eksteriør samt plassering av bygningar på tomta.

4.1.6 Store byggegroper og bearbeiding av terrenget (planering/store plener etc) er ikkje tillatt. Hyttetomtene skal i størst mogleg grad beholde sin naturlege vegetasjon, og ei moderat nyplanting kan godtakast. Vegetasjon/trær skal haldast nede på ei slik høgd at utsikt frå bakanforliggande hytter ikkje vert hindra. Evt. moderat avdekking av berget og tilordna uteopphaldsplassar kan godtakast, men utearealet skal ikkje ha preg av villahage.

4.1.7 Tomtene skal ikkje gjerdast inne, men det kan etablerast rekkverk/gjerde rundt opne terasser eller nære uteopphaldsplassar

4.1.8 Alle fritidshus skal ha støynivå mindre enn Lden 55dB på uteplass og utanfor rom til støyfølsom bruk. Utanfor soverom skal maksimalt støynivå i nattperioden (23-07) ikkje overstige L5AF 70 dB. Dette skal dokumenterast av fagkunnig før byggeløyve vert gjeve.

4.2 Naust (Kombinert føremål – Naust m hems sosi 1900)

4.2.1 Naustrekka skal oppførast i mur/ betong i første etasje, mens naustloft/ tak (takstoler) utførast i trekonstruksjon.
Takvinkelen på nausta skal vere 30 gr.,
Gesimshøgde skal vere max 5,0 m (i front) ,
Mønehøgde max 7,8 m (i front).

4.2.2 Utnyttingsgrad: BYAmax =100% for BAA.

4.3 Lager (BL)

Området skal nyttast til reidskapshus. Maksimal utnyttingsgrad er %BYA=35.
Reidskapshuset skal oppførast i trekonstruksjon (takstolar), med port, dør og vindauge.
Takvinkel skal vere 25 grader. Gesimshøgda skal ikkje overstige 4m og mønehøgda 7,3m.

4.4 Tekniske anlegg:

Fritidshusa skal ha høg standard med biltilkomst, straum, innlagt vatn og avlaup.
Kloakken skal gå til tette tankar for kvar hytte, mens gråvatnet skal gå til utslepp til sjø på -2m.
Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk (Stemmedalen vassverk)

4.5 Felles uteområde for hyttene (f_BAU - 1690)

f_BAU er felles uteopphaldsområde for fritidshusa i BFF. Området kan opparbeidast og nyttast som samlingsplass for vaksne og born. Det kan plasserast leikeapparat i området om ynskjeleg.

4.6 Returpunkt renovasjon. (Annan tenesteyting: f_BAS - 1590)

På f_BAS kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling. Det kan også settast opp felles postkassestativ

4.7 Leikeplass: (f_BLK sosi 1610)

På området f_BLK kan det byggast konstruksjonar som har tilknytning til bruken av området. Det skal som minimum settast opp sandkasse, vippe og huske på f_BLK.
Det kan etablerast tilkomst til fjøra vest for planområdet over leikeplassen.
Omsynssona H_560 (vern av naturmiljø) utgjer vegetasjonssone langs elva i samsvar med krava i vassressurslova. Innanfor H_560 kan ikkje vegetasjonen fjernast og det kan ikkje gjerast terrenginnghrep her. Ferdsle er lovleg

5 - SAMFERDSLEANLEGG

5.1 Privat felles tilkomstveg (f_S KV_1,2,3)

F_SKV skal vere felles private vegar for alle dei eigedomane som er tilknytta vegane.
Tilkomstvegen skal byggast med den standard som er vist på plankartet.

5.2 Parkering (f_SPP):

f_SPP 1 og 4 skal nyttast som felles parkeringsareal for gjesteparkering til hyttene og for dei som har frie småbåthamnplassar utan naust- eller hyttetilknytning. (0,5P- plassar/båtplass = 12 P-plassar) f_SPP_2 og 3 skal nyttast som parkering til nausta. 1 plass/naust

5.3 Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT):

f_SVT skal nyttast til grøfteområde, snøopplag eller anna srviceareal langs tilkomstvegane. Det kan ikkje settast opp sikthindrande konstruksjonar i f_SVT

5.4 Annen veggrunn – grøntareal - Støyvoll (SVG):

På SGS skal det anleggast ein støyvoll som skal vere 1 - 1,5m høg. Langs JurLine - regulert støyskjerm 1227 kan det byggast en støyskjerm 2 – 2,4m høg. Dokumentasjonkrav av støynivå på uteareala og utanfor støyømfindtlege rom på hyttene er tekne inn i føresegnene i § 4.1.8.

6 – GRØNSTRUKTUR:

6.1 Friområde: (f_GF-1,2)

Det er rett til fri ferdsle i f_GF-områda
f_GF-1 er felles grøntområde / bruksområde for nausteigarane til utopphald / evt vedlikehald av bygga. f_GF-2 utgjer samanhengande grønstruktur mellom dei ulike føremåla. f_GF_2 skal ikkje snauhoggast, men det kan drivast vanleg skogskjøtsel i området.

7 – OMSYNSSONER OG JURIDISKE LINER

7.1 RpAngittHensynSone – Bevaring av naturmiljø (vegetasjonssone langs elva) (H_560):
Det kan ikkje fjernast vegetasjon eller gjerast inngrep innafor H_560

7.2 Innafor RpStøySone H_210 kan det ikkje byggast bygg for varig opphald.
RpStøySone H_220: Ved bygging av bygg for varig opphald i denne sona skal støydokumentasjon leggast fram i samband med byggemeldinga.

7.3 RpSikringSone H-190:
I H_190 skal det settast opp sikringsgjerde for sikring av skrent mot fallfare ned på gangvegen langs Rv654.
Sikringsgjerde skal vere på plass før nokon av dei nye hyttene i BFF kan takast i bruk

7.4 RpInfrastrukturSone H 410: Før evt. inngrep i denne sona er tiltakshavar pliktig til å undersøke nærare om inngrepet vil påvirke kabelgrøfta.

9 - PLANOMTALE

1 – Reguleringsføremål

Vi viser til reguleringskart på s19 samt reguleringsføresegner på ss20-23.
Returpunkt renovasjon (off/priv service) (1160) BOP

Føremål – PBL§12-5	Nemning	Sosi-koding	Areal da	Utnyttingsgrad
Fritidshus - frittliggande	BFF	1121	3715m2	BYA_{max}=30%
Annen bebyggelse – boss/post	f_BAS	1590	30m2	
Lager	BL	1350	926m2	BYAmax=35%
Kombinert føremål–Naust m hems	a_BAA	1900	1011m2	BYAmax=100%
Leikeplass	f_BLK	1610	847m2	
Felles uteområde for hyttene	f_BAU	1690	743m2	
Private vegføremål	f_SKV1	2011	2124m2	
	f_SKV2	2011		
	f_SKV3	2011		
Felles parkering	SPp_1-4	2082	Totalt 51 P-plassar	
Annen veggrunn,tekniske anlegg	f_SVT	2018		Kantareal m.m
Annen veggrunn, grøntareal	f_SVG	2019	174m2	Støyvoll
Grønstruktur - friområder	f_GF	3040		
Omsynssoner: RpStøySone – raud sone RpStøySone – gul sone RpAngittHensynSone – Naturvern RpSikringSone RpInfrastrukturSone	 H_210 H_220 H_560 H_190 H_410	Forbod mot bygging av hus med varig opphald Krav om dokumentasjon av støy før byggeløyve. Vegetasjonssone langs elva – ih.h.til vassressursloven RpSikringSone – for sikring av skrent mot fallfare «Føre-vár»-sone» Undersøkelsesplikt før evt inngrep.		

2 – Byggjeareal

Type bebyggelse	**Utnyttingsgrad**	**Byggehøgder**	**Byggegrenser**
Fritidshus	BYA_{max} = 30%	Max 3m raftehøgde Max 7,5m mønehøgde	4m frå tomtegrense Brannlova
Naust m hems	BYA=100%	Max møne 7,8m Max gesims 5,0m	Kjeda Brannseksjonert

Kommunen skal godkjenne plassering og utforming av kvart einskild bygg.
Nausta skal ha hems – dette har lange tradisjonar og er vanleg i moderne former langs heile kysten.
Nausterekkene vert utforma i samsvar med det som vart bestemt i reguleringa frå 2012.

3 – Leik og uteareal. Barn og unge sine interesser. Universell standard (US)

Sjø- og båtliv kjem i første rekke på denne staden.

3.1 Friområde / Leikeareal

Vi har sett av ca 847m2 (sjå regkartet) til leikeplass. Vi ynskjer i utgangspunktet ikkje å opparbeide dette området spesielt då vi meiner at opphaveleg terreng og fri fjøre er bedre leikeplassar enn dei som er tilordna med utstyr og leikeapparat. I forståing med krava frå fylkeskommunen har vi likevel bestemt at den delen av f_BLK som ikkje omfattast av H_560 skal utrustast med minimum sandkasse, vippe og huske

H_560 (stripa langs bekken (5m)) skal utgjere nødvendig kantvegetasjonssone i samsvar med krava i vassressurslova. Denne stripa er avsett til RpAngittHensynSone H_560. I H_560 kan vegetasjonen ikkje fjernast og det er forbode med inngrep og anlegg her. Ferdsle og leik er OK

Planområdet ligg fritt andsynes sjø og utmark. Fri fjøre, bekken frå Aspevikvatnet samt utmarks-areala både mot aust og vest representerer svært spennande og interessante leikeområder-/aktivi-tetsområder for born og unge som bur i fritidsbustadane. Kvar einskild fritidsbustad skal i tillegg ha privat uteareal på tomta og felles uteområde for alle hyttene framom tomtene, og tomtestorleiken er stor nok til dette.

3.2 Universell Standard (US):

For at eit område skal godkjennast som universelt tilgjengeleg har m.a Husbanken sett opp visse krav til tilkomsten: Max stigning 1:12, kvilerepos for kvar 60cm stigning ein må overkome, og max 100m frå bilplass til inngangsdør. Offentlege vegar er ikkje alltid i US (stign > 1:12) US må difor målast ut frå den staden der rørslehemma går ut av bilen. I vårt planområde vil det vere interessant med US frå parkering til småbåtplassane samt frå hyttene til sjøen (båtplassane) og internt på tomtene i feltet. Mellom P-plassane og nausta/båtplassane får vi til US – dette er vel det vesentlegaste.

Internt på kvar tomt er det opp til kvar einskild hyttebyggar om han ynskjer å utforme prosjektet i US. Tomtene ligg oppå ein haug og er noko kuperte, og det vil krevjast ein del "tomtebearbeiding" (inngrep) for å oppnå US. Dette vert nok ei avveiing som kommunen evt. må gjere – kor store inngrep kan godtakast for å gjere einskildtomter universelt tilgjengelege dersom ein hyttebyggar ynskjer det. Hytteområdet ligg som sagt oppå ein haug, så universell tilkomst til sjøen frå hyttene vert vanskeleg utan å lage eigne rullestolvegar ned til sjønivået. Dette vil krevje ein god del inngrep som vél er uynskeleg både frå grunneigaren og kommuna si side. Men det går an å få det til.

4 – Parkering

4.1 Nausta skal ha parkering framfor naustporten. Dette dekker også dei tilhøyrande båtplassane – altså 1 båtplass / naust

4.2 Hyttene skal ha ein P-plass på eiga tomt samt ein gjesteparkeringsplass på felles plass. Altså i alt 5 p-plassar til hyttene på felles plass

4.3 Frie båtplassar: 26 av båtplassane er knytt til nausta og får P-dekning der. Med 50 båtplassar vert det altså inntil 24 frie båtplassar som ikkje er knytt til naust eller hytter. Herøy kommune krev 0,5 P-plass/ båtplass i småbåtanlegg. Kravat er då 12 P-plassar til desse 24 frie båtplassane

Krava til parkering i felles plass er altså 5+12=17 plassar i tillegg til parkeringa framom nausta. Vi har sett av i alt 24 plassar til felles parkering og har soleis overdekning på 7 plassar

5 - Trafikkareal

Innafor planområdet er det berre private køyrevegar (ingen off. vegar). Den horisontale standarden framgår av reguleringskartet. Den vertikale standarden på hovudtilkomsten fram til nausta og båtplassane og vidare mot hyttetomtene har maksimal stigning på 10%. Siste biten (ca 60m) opp til hyttene har stigning på ca 12%. Dette er den brattaste biten på vegsystemet og omfattar tilkomsten til 3 nye hytter.

6 - Trafikkstøy

I Statens Vegvesen sine støykart ligg delar av reguleringsområdet innanfor gul støysone frå Rv654.
Dette gjeld byggeområdet for frittliggande fritidsbustadar (BFF), samt delar av leikearealet (f_BLK)
Når det gjeld hyttetomtene har vi teke inn krav i føresegnene til max. støynivå på uteareala. Dette går fram i §§ 3.6 og 4.1.8 i reguleringsføresegnene. Vi har sett av areal til ein støyvoll / støyskjerm langs enden av hyttefeltsvegen. Sjå reguleringskartet. Med 1,5m høg voll / ein skjerm på 2 – 2,4m vil hyttetomtene kunne få akseptable støytilhøve på uteareala og utanfor støyømfindtlege rom dersom hyttene vert plasserte med omtanke. Dokumentasjon på støysituasjonen vert kravd i samb. med byggemelding av einskildhyttene.
Etter at statens vegvesen utarbeidde støysonekarta har tiltakshavar bygd eit lagerbygg mellom Rv654 og leikeplassen, og leikeplassen er soleis skjerma mot vegtrafikkstøy.

7 – Avfallshandtering – returpunkt for renovasjon

Vi har regulert inn eit lite areal for off og privat service – "f_BAS» – Annen særkilt bebyggelse - sosi1590 i planen. Her tenker vi oss at det kan byggast ein avskjerma oppsamlingsplass for avfall som lett kan betjenast av renovasjonsbilen utan at denne må inn i naustområdet. Vi vil også ha evt fellesanlegg for postkasser til hyttene på f_BAS

8 – Risiko og sårbarheit

Viser til enkel ROS-analyse etter MR Fylke sin standard på s.17.
Ut frå svara på desse spørsmåla konkluderer vi slik:

8.1 Vi er litt usikre på Aspevikvatnet og evt usikker is der på kalde vintrar. Tilsiget til Aspevikvatnet kjem frå Stemmedalsvatnet som er noko oppdemt og utgjer vasskjelde for Stemmedalen vassverk. Tilsiget til Aspevikvatnet vert soleis noko ujamnt alt etter vassforbruk og nedbør i nedslagsfeltet til Stemmedalsvatnet. Vi kan risikere at vass-standen i Aspevikvatnet går noko ned i lange kuldeperiodar – noko som kanskje kan gje uforutsigbare is-tilhøve.

8.2 Fallfare frå fjellskjæring i samb. med ny GS-veg: Den nye GS-vegen langs Rv654 har ei stor fjellskjæring mot vår hyttelokalitet. Her kan vere fallfare frå hyttelokaliteten og ned på GS-vegen. Her må settast opp sikringsgjerde langs kanten. Dette inngår i RpSikringSone H 190 og er teke inn i føresegnene i §7.3

8.3 Radongass.
Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon-gass er som kjent knytt til forekomst av alun-skifer. Vi kjenner ikkje til om det er alun-skifer i grunnen her i Aspevika. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m3 inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit i tunet på 50/4.

Frå Statens strålevern saksar vi:
…."Statens strålevern anbefaler ikke undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok…..".

8.4 Ustabil grunn.
Ved oppstart av bygging av bakre naustrekke synte det seg at der var ei lomme med ustabil masse i bakkant av dei innregulerte nausta. Vi har hatt geolog på staden, og han konkluderer med at dersom vi bygger i samsvar med det jusrterte reguleringsframlegget og fyller etter i bakkant av dei nye bygga vil dette vere uproblematisk. Sjå vedlagt rapport frå Breiteig fjordsenter.

8.5 Stormflo / havnivå..
Her kan vere stormflo, men lite direkte bølgepåverknad. Dei to naustrekkene har golvnivå over cote 3,0 og er soleis ikkje i faresona ved evt høgt vassnivå / stormflo.

9: Konsekvensar av planframlegget.

9.1 – Overordna planar og vedtak:

9.1.1 Arealdelen av kommuneplanen:
Arealet som omfattast av reguleringa er i kommuneplanen frå 2004 avsett til
1: Naust og sjøbuder (n)
2: LNF-område der spreidd bygging (3 nye einingar) vert tillate (nr 24 Aspevika).

9.1.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen for Herøy:
Under kapittelet om næring vert det peika på at…..… …."*Dei naturlege fortrinna som ligg i dei spesielle naturkvalitetane i Herøy er dårleg utnytta i turistsamanheng…" (kap 5)* , og i kap 2 les vi at ei av retningslinene for kommunal planlegging skal vere å…."*leggje til rette for maritime miljø og for private utbyggings- og investeringsprosjekt…"*

Vårt prosjekt er soleis i samsvar med måla både i arealdelen og samfunnsdelen av kommuneplanen

9.2 – Gjeldande reguleringsplanar:

9.2-1 Statens vegvesen har utarbeidd **Reguleringsplan for gang og sykkelveg parsell Torsethøgda – Kalveneset, dato 15.12.2011 PlanID 201102**. Prosjektet er under gjennomføring. Denne planen berører våre tiltak med støykrav som vi tek inn i føresegnene. Ei større fjellskjæring i samb med GS-vegen vil fallfare / sikringsbehov bak vårt hytteområde. Dette er ivareteke ved sikringssona H_190.

9.2-2 Endringane i høve **gjeldane plan for Aspevika hytteområde** er meir ei rokering av funksjonar, og dette får ikkje vesentlege konsekvensar for naboskapet. Manøvreringsarealet mellom naustrekkene vert noko smalare – det var i utgangspunktet 18m og vert no redusert til 14m. Dette skulle allikevél vere rikeleg samanlikna med det som har vore vanleg andre stadar i kommunen.

9.3 - Terrengtilpassing / Byggutforming / Uteareal:

9.3.1 Terrengtilpassing.

Naust- og hytteområdet i Aspevika ligg midt i eit tradisjonelt maritimt område. Tradisjonell bygging i kyst-og fjorddidtrikta var etter vårt skjøn monumental: Ved sjøen var nausta og sjøhusa gjerne samla i grupper - høge hus med sterke fargar – altså synleg og monumentalt. Gardshusa var gjerne samla på høge punkt på garden og med kvite hus og signalraude løder - godt synleg og monumentalt, og setrene i fjella var gjerne plassert i dalmunningane der ein hadde utsyn både inn i dalen og heim til garden. Monumentalt her også. Vi ynskjer å følge opp denne skikken med lokalisering av fritidsbustadar og naust i ein samla huskrull på og ved haugen inst i Aspevika

9.3.2 Byggutforming

Vi tenker oss at fritidsbustadane og nausta kan gjevast eit moderne preg, men på ein slik måte at dei tilpassar seg til kringliggande bygg/miljø og landskapsformer/terreng med omsyn til høgde, volum, takform, material-og fargeval. Vi har ikkje gitt toleranseområde for takvinkel – vi ynskjer variasjon. Max. utnyttingsgrad på hyttetomtene er sopass romsleg at det stimulerer til lav bygging.

9.3.3 Uteareal

Store byggegroper og bearbeiding av terrenget (planering/store plener etc) er ikkje tillatt. Hyttetomtene skal i størst mogleg grad beholde sin naturlege vegetasjon, og ei moderat nyplanting – då helst med stadtypisk vegetasjon - kan godtakast. Ei moderat avdekking av berg kan også godtakast. Vegetasjon/trær skal haldast nede på ei slik høgd at utsikt frå bakanforliggande hytter ikkje vert hindra. Tilordna uteopphaldsplassar kan godtakast, men utearealet skal framstå som naturtomt og ikkje ha preg av ”villahage”.

9.4 – Konsekvensar for naboar / gjenbuarar:

Her er ingen direkte tilgrensande naboar til feltet andre enn tiltakshavaren som er vél nøgd med planframlegget.

9.5 –Trafikk og parkeringstilhøve

Det at vi bygger rikeleg med parkeringsplassar i området vil opne indre delen av Aspevika for ålmenn ferdsle. Når planen er gjennomførd vil det bli mykje enklare å få frå seg ein bil og soleis kome seg ned til sjøen og ut i fjøra for folk flest.

9.6 - Kulturminner

Vi kjenner ikkje til spesielle kulturminner i planområdet.

9.7 – Friluftsaktivitet, naturområder, barn og unge sine interesser i nærmiljøet.

Planområdet legg ikkje beslag på eksisterande leike-/aktivitetsområder for barn.
Tiltaket vil etter vårt skjøn opne for lettare tilkomst ut i fjøreområdet inst i Aspevågen ved at parkerings-tilhøva vert mykje betre, og at vi regulerer inn ca 800m2 ny leikeplass i området.. (sjå pkt 9.5)

9.8 – Privat og offentleg tenesteyting

Tiltaket vil stimulere privat tenesetyting og handel i området Myrvåg – Tjørvågane ved at småbåtmiljøet vil proviantere og ta supplies frå forretningane i området

9.9 – Risiko og sårbarheit:
Omgjevnadane til vårt planområde vil ikkje få noko slags risiko eller sårbarheitsverknadar av vårt tiltak. Vårt tiltak vil heller ikkje få vesentlege risiko- eller sårbarheitsverknadar frå omgjevnadane anna enn dei momenta som er nemnde under pkt. 8.9:
-evt. usikker is på Aspevikvatnet,
-trafikkfare frå RV654 før vi får GS-veg der
-om der evt kan finnast Radongass.
Evt. fallfåre ned vegskjæringa til GS-vegen er ivareteke ved sikringssona H_190
Tilhøva kring ustabil grunn er avklara i rapporten frå Breiteig fjordsenter AS
Omsynet til stormflo / havnivåstigning:. Her kan vere stormflo, men lite direkte bølgepåverknad Dei to naustrekkene har golvnivå over cote 3,0 og er soleis ikkje i faresona ved evt høgt vassnivå / stormflo

10 - MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN.

Vi syner til pkt 4 side 6. for oversikt over planprosessen og hovudopplegget for medverknad

10.1: Forvarslinga

Gjennomgang av innkomne merknadar ved
Forvarsling av Reguleringsplan for
Aspevika hytteområde
Gnr:50 , Brnr: 4,18,19,20,21 i HERØY KOMMUNE

Desse har kome med innspel:
1: Fylkesmannen i Møre- og Romsdal
2: Møre- og Romsdal Fylkeskommune
3: NVE
4: Statens vegvesen, region midt
5: Kystverket
6: Ottar-Arne Hareide

1: Fylkesmannen i Møre- og Romsdal
Samandrag:
Det må ligge føre ei støyfagleg utgreiing både for bygningane og uteopphaldsareala, og nødvendige avbøtande tiltak må sikrast i plan og føresegnmer.
Kommentar:
Vi tek dette til vitande. Areal for nødvendig støyskjerming er avsett i planen, og krav om dokumentasjon av støysituasjonen er lagt inn i føresegnene.

2: Møre- og Romsdal Fylkeskommune
Samandrag:

Ingen særskilde merknadar

3: NVE
Samandrag:
Peiker på vassressurslova §11 som krev vegetasjonsbelter langs alle vassdrag. Rår til, at vi legg inn vegetasjonssone langs elva.
Kommentar:
Vi har lagt inn RpAngittHensynSone – Naturvern (vegetasjonssone langs elva) sosi 560 med føresegner som sikrer kantsona langs elva

4: Statens vegvesen, region midt
Samandrag:
Ingen merknad i forvarslingsfasa. Vil kome attende med nærare vurderingar og avklaringar når endeleg planframlegg ligg føre.

5: Kystverket
Samandrag:
Ingen merknad til oppstartvarselet.

6: Ottar-Arne Hareide
Samandrag:
Meiner at det vert for trangt mellom nausta, og at dei bakre nausta heller bør kortast inn. Meiner at endringa vil slå spesielt negativt ut for han som har endenaustet i vest
Kommentar: Her vil framleis vere 14 mellom nausta, og dette er meir enn det som er vanleg andre stadar i distriktet på slike anlegg. Hareide sitt naust ligg på vestenden av rekka med sjø framom og friområde og elv på vestsida. Dette naustet har etter vårt skjøn den beste lokaliseringa av alle i rekka

Konklusjon:
Her er to nye moment som ikkje var spesielt fokusert i planen frå 2011:

1: Krav om støyvurderingar – Vegtrafikkstøy.
Dette er dels aktualisert ved at gangveganlegget er ferdigstilt , og dels fordi vi har rokert på hytteplasseringane slik at dei ligg meir oppå haugen og dermed kanskje er meir eksponerte for støy.

2: Vegetasjonssone langs elva i samsvar med vassressursloven §11
Vi har lagt inn ei omsynssone for å ivareta dette kravet:
RpAngittHensynSone – Naturvern (vegetasjonssone langs elva) sosi 560 som er markert på reguleringskartet og teke inn i føresegnene.

3: Ved bygging av dei 3 første nausta i bakre rekka vart det avdekka ei lomme med ustabile masser (marine avsetningar) i bakkant av byggeområdet. Vi har hatt geolog til å vurdere massestabiliteten, og vi legg ved geolograpporten.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/843
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
54/17	Formannskapet	28.03.2017
39/17	Kommunestyret	06.04.2017

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESET - SLUTTHANDSAMING

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka* datert 13.03.2017 og føresegn datert 13.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:

Tomteservice AS v/Lauritz Holsvik	Indre hovdevegen 64	6160 HOVDEBYGDA
Norhus Ørsta AS	Indre hovdevegen 64	6160 HOVDEBYGDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE

Vedlegg
1 Detaljregulering Gjertnesmarka Plankart rev 130317
2 Detaljregulering Gjertnesmarka Føresegner 130317
3 Detaljregulering Gjertnesmarka Planomtale 130317

Bakgrunn:
proESS AS søkte, på vegne av Tomteservice AS, om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit avgrensa område på Gjertneset gnr 23 bnr 48 m.fl. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til framtidig bustadområde med krav om reguleringsplan før utbygging.

Arealet er avgrensa av Gjertnesvegen i sør, Mjølstadnesvegen i aust og nord og eit etablert bustadområde på Gjertneset i vest. Plangrensa mot vest er avgrensa av eit terrengdrag som utgjer eit naturleg skilje mellom ubebygd og bebygd areal. Samla areal for planområdet er 28 daa.

- Det vart gjennomført oppstartsmøte 09.06.2015 og vedteke oppstart i Formannskapet 07.07.2015, F-sak 132/15. Planarbeidet blei varsla oppstart 09.07.2015 i avis og på internett med frist for merknadar 31.08.2015.
- Komplett planforslag vart motteke 04.04.2016 og Formannskapet gjorde vedtak om utlegging til offentleg ettersyn 19.04.2016, F-sak 76/16. Forslag til plan vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 28.04.2016 – 08.06.2016.
- Planforslaget vart sendt attende til tiltakshavar 30.06.2016 med krav om retting etter offentleg ettersyn.
- Revidert planforslag vart oversendt kommunen 14.03.2017 til slutthandsaming.

Hovudelementa i planforslaget kan oppsummerast som følgjer:
- Planforslaget legg til rette for om lag 49 nye bueiningar
- Bustadareala blir regulert som konsentrert bebyggelse KS %BYA= 50 og frittliggjande bustadbebyggelse FS %BYA= 35.
- Leikeplassar med krav om opparbeiding er avsett i planområdet
- Støyfagleg utgreiing og skjermingstiltak er innarbeidd i plan i høve framskriven vegtrafikk på Mjølstadnesvegen
- Bustadområdet er planlagt med felles privat vegsystem (ringvegfunksjon) med avkøyrsler mot Gjertnesvegen (offentleg veg)
- Det er planlagt internt sti/gangvegsystem mot etablert gang- sykkelveg langs Mjølstadnesvegen

Saksopplysningar:
<u>Planforslaget:</u>
Innanfor plangrensa er byggjeareala i planframlegget er lagt ut til konsentrert bebyggelse,, frittliggjande bebyggelse, køyreveg, gangveg, grøntstruktur, annan veggrunn og leikeplass.

<u>Bustadbebyggelse (BBK) og (BBF):</u>
Planforslaget legg til rette for nye bustadareal i form av tomter for konsentrert bebyggelse – BBK, med utnyttingsgrad %BYA = 50. Det blir også lagt til rette for frittliggande bustader (BBF), med utnyttingsgrad %BYA = 35. Feltinndeling og arrondering går fram av planforslaget.

<u>Turveg (GT):</u>

Planforslaget inneheld eit internt gangvegsystem som koplar byggeområda til Mjølstadnesvegen og etablert gang- og sykkelvegsystem, samt ei samanbinding av områda internt i planområdet for gangtrafikk.

Gangeveg:
Det er lagt til rette for ein gangveg og samanbindingsveg mellom felles private vegar som kryssar leikearealet. Gangvegarealet er tenkt opparbeidd som gatetun etter miljøgateprinsipp. Denne vegen er tenkt skilta og det skal opnast for moglegheit for gjennomkøyring av brannbil og renovasjon.

Leikeplass (BUL):
Det er avsatt regulert lekeareal med 2025 m², samt regulert turvegareal med 365 m². 1824 m² lekeareal er plassert sentralt i planområdet, forbundet med gangarealer, som også sikrer gangpassasje fra nord til sør i planområdet. Arealene er solrike og støyfrie etter at støyskjerming er kommet på plass, og vil kunne opparbeides med stigningsforhold som er slik at mesteparten av arealene vil kunne være tilgjengelige for alle.

Friareal (GF)
Det er avsett 971m2 friareal som skal vere med å bevare kulturminne, Askeladden ID 220693. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på anna måte utilbørlig skjemme de automatisk freda kulturminna, eller framkalle fare for at dette kan skje.

Køyreveg (V):
Området har planlagt eit felles privat internvegsystem med ein ringveg funksjon for renovasjon og utrykningskøyretøy. Dette gjer det mogleg med inn/utkøyring av planområdet mot Gjertnesvegen frå to avkøyrsler. Stikkveg mot tomt vest for planområdet er privat. Gjertnesvegen er teke med i planforslaget og gitt ein offentleg vegstandard etter kommunal vegnorm.

Anna veggrunn:
Areala som er avsett til annan veggrunn i planforslaget er vist som sideareal til vegane i planen og opnar for framføring av infrastruktur og oppføring av naudsynte installasjonar.

Omsynssoner:
I tillegg til desse arealformåla inneheld også planforslaget omsynssoner knytt til kulturminne og vegtrafikkstøy.

Merknadar ved offentleg ettersyn:
Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 04.05.2016 – 17.06.2016 der det kom inn merknadar frå Statens vegvesen, Kystverket, NVE, Advokatene Aarsæther, Hove og Tynes, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Statens vegvesen:
1. Etter Vegvesenet si vurdering er reguleringsframlegget mangelfullt utgreidd og avklara i høve til støyproblematikken/-utfordringane planområdet er omfatta av, i og med at framlegget ikkje er utarbeidd på grunnlag av ei støyfagleg utgreiing. Utifrå ei støyfagleg utgreiing vi ein få grunnlag for å utarbeide eit meir føreseieleg og presist reguleringsframlegg i forhold til:

2. Vegvesenet føreset at det i det vidare arbeidet med reguleringsframlegget vert utarbeidd ei støyfagleg utgreiing i samsvar med retningslinja for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012), med sikte på at støyproblemtikken/-utfordringane området er omfatta vert avklara og løyst meir føreseieleg og eintydig gjennom planframlegget.

3. Dersom det frå Vegvesenet si side skal vere aktuelt å inngå ein avtale om plassering av støyskjerm i tråd med rekkjefølgjekravet i punkt 8.4 i framlegget til føresegner, må det gjennom planframlegget avklarast nærare kva konsekvensar og støymessige tiltak flytting/fjerning av støyskjerminga fører til.

Vurdering: Støyvurdering er innhenta og konklusjonen er innarbeidd i føresegn og plankart.

Møre og Romsdal fylkeskommune:
Planforslaget vil ikkje kunne eigengodkjennast før forholdet til eventuelle automatisk freda kulturminne er avklara.

Vurdering: Det er gjennomført arkeologisk undersøking og planforslaget er utarbeidd i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommunen.

For å sikre at leikeareal blir opparbeidd, også om berre delar av feltet vert bygd ut, rår vi til at rekkefølgjeføresegna stiller krav om at det leikeareal må vere opparbeidd før første bueining kan bli teke i bruk.

Vurdering: Føresegna er endra med rekkjefølgjekrav om at nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Den minste leikeplassen, f_BUL5, er på kun 150 m2, noko som er lite.

Vurdering: f_BUL5 er utvida til 200m2.

Alle bueiningar skal ha nærleikeplass innanfor ein avstand på 50 meter. For bueiningane BBK1 er ikkje dette oppfylt dersomf_BUL1 kun er kvartalsleikeplass.

Vurdering: Føresegna til f_BUL1 er endra slik at det skal opprettast ein nærleikeplass innanfor arealet.

Dei felles leikeplassane skal vere opparbeida før første bustad kan takast i bruk. Det må også stillast nærare funksjonskrav til leikeplassane i førsegnene. Føresegnene for nærleikeplassane skal difor supplerast med «nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat»

Vurdering: Føresegna er endra med rekkjefølgjekrav om at nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen og opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Advokatene Aarsæther, Hove og Tynes:
Eierne av gnr. 23 bnr.1 aksepterer ikke ytterligere utvidelse av vegen innover bnr.1... Samsvarende bes om at reguleringsplangrensen korrigeres til å stemme overens med faktiske grenseløp mellom bnr. 1 og veien slik den er opparbeidet i dag.

Vurdering: Der er sendt brev 23.06.2016 der kommunen ber om ei kartfesting av konfliktområde då dette ikkje går klart fram av merknaden. Merknad vert vidare ikkje teke til fylgje. Sørlig plangrense som inkluderer regulert vegareal er i tråd med gjeldande krav til regulert vegbreidde. Dette er også ei stadfesting av eksisterande kommunal veg.

Vurdering:
Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd til kommunen sine krav. Planen gjeld detaljregulering av B51 i kommuneplanen sin arealdel og legg til rette for eit bustadfelt med to avkjørsle frå Gjertnesvegen(kommunal veg). Resterande vegsystem er felles(ikkje offentleg) for dei busette i området.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12
§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12
Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget
Ved ein gjennomgang av database for naturmangfald ser ein at utbygging i området ikkje er i konflikt med utvalde naturtypar som er nasjonalt og regionalt viktige områder. Med bakgrunn i ovannemnde, kan ein ikkje sjå at reguleringsplanen vil medføre noko endring i høve naturmangfaldet i området, eller at gjennomføring av tiltaka i dette planforslaget vil medføre ei vesentleg forverring for tilstanden til artar, naturtypar eller økosystem i eller rundt planområdet. Kunnskapsgrunnlaget for dette planforslaget er tilstrekkeleg.

§9, Føre-var-prinsippet
Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert og planforslaget vil styrke born og unge sine interesser ved at det er stilt rekkjefølgjekrav til at leikearealet skal opparbeidast før det vert gjeve ferdigattest til bustadar som soknar til leikeplassen. Det er sett av store areal til leik og dette meinar kommunen kompenserer for at dei bustadane som er lengst frå ein leikeplass (ca. 85m) ikkje tilfredsstiller kommunen sitt krav om leikeareal innan 50m frå bustadane.

Støy
Utførte støyvurderingar i regi av Statens vegvesen viser at det er behov for støyskjerming langs fylkesvegen. Støyskjerm plasserast på topp av eks. voll i en høgde på 2,4 meter over eks. voll på eigedom til Statens vegvesen.
Det er gjennomført støyvurdering av Asplan Viak og støyrapport og støykart følger vedlagt. En har her konkludert med at en må etablere støyskjerm på eks. voll med høyde 2,4 meter. En har videre gjort greie for støyforholda som følge av ett evt. krav om framtidig flytting av skjerm.

Konsekvensar for folkehelse:
Gjennomføring av planen slik den ligg føre vil ikkje ha noko konsekvensar for folkehelse då område er lite bruk til rekreasjon i dag. Forslaget vil heller ikkje legge avgrense bruk av strandsone i området.

Konklusjon:
Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka* datert 13.03.2017 og føresegn datert 13.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Lenke til plankartet digitalt: http://tema.webatlas.no/heroy/planinnsyn?planid=201603

Fosnavåg, 20.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



DETALJREGULERING FOR GJERTNESMARKA
DEL AV GNR. 23 BNR. 48 - HERØY KOMMUNE

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN
Kunngjøring oppstart			
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra til			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			

PLANEN UTARBEIDET AV:	SAKSNR	TEGNNR.	SAKSBEH
proESS LERSTADVEGEN 540, 6018 ÅLESUND TLF. 93441312 WEB: PROESS.NO	5068	A-001	sø/mhs

Tegnforklaring

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)
- Bustader - frittliggjande småhus BBF
- Bustader - konsentrerte småhus BBK
- Leikeplass, felles f_BUL1

Samferdselsanlegg og teknisk infrastrukur (PBL § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg, offentlig o_V
- Køyreveg, felles f_V
- Køyreveg, privat a_V
- Gang-/ sykkelveg, felles, kjørbar
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)
- Turveg f_GT
- Friområde f_GF

Hensynssoner (PBL § 12-6)
- Frisikt (H140)
- Rød sone iht. T-1442 (H210)
- Gul sone iht. T-1442 (H220)
- Bevaring kulturmiljø (H570)
- Bandlegging etter lov om kulturminner (H730)
- Bestemmelseområde (RpBo)

Linjesymbol
- Plangrense
- Formålsgrense
- Byggegrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje i veikryss
- Regulert kant kjørebane
- Regulert støyskjerm
- Måle-/avstandslinje
- Bestemmelsesgrense
- Støygrense
- Angitt hensynsgrense
- Båndleggingsgrense
- Sikringsgrense

DIGITALT KARTGRUNNLAG FRA KOMMUNEN
EKVIDISTANSE 1 M
ARKFORMAT A3

HØYDEGRUNNLAG NN1954
EUREF 89 UTM SONE 32

MÅLESTOKK 1:1000
DATO: 31.03.2016/19.12.2016/13.03.2017

FORSLAGSSTILLER: TOMTESERVICE AS

N

0 10m 20m 30m 40m

HERØY KOMMUNE
REGULERINGSFØRESEGNER

DETALJREGULERING
FOR GJERTNESMARKA, GNR. 23 BNR. 48

§ 1 – Generelt

1.1 - Rekkevidde:
Denne reguleringsføresegna gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastsett.

1.2 - Andre lover og vedtekter:
Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova (PBL) og gjeldande vedtekter for Herøy kommune.

1.3 - Unntak:
Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med plan. Unntak frå plan og reguleringsføresegner kan, der særlege grunnar taler for det, tillatast av administrasjonen i Herøy kommune.

§ 2 – Reguleringsformål

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)
- Bustadar - frittliggjande småhus (BBF)
- Bustadar - konsentrerte småhus (BBK)
- Leikeplass, felles (f_BUL)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg, offentleg (o_V)
- Køyreveg, felles (f_V)
- Gang-/sykkelveg, felles, kjørbar
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)
- Turveg (f_GT)

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)
- Frisikt (H140)
- Støysone (H210, H220)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)
- Bandleggingssone etter lov om kulturminne (H730)

§ 3 – Fellesbestemmelsar

3.1 – Plassering:
Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene som vist på tilhøyrande plankart. Tillate bygd areal BYA (grad av utnytting) skal definerast etter gjeldande teknisk forskrift (TEK). Gesims og mønehøgde skal reknast i forhold til gjennomsnittleg terreng.

3.2 – Estetikk, form og utsjånad:
Ved søknad om løyve til tiltak skal bygningar innanfor same området ha ei heilskapleg og harmonisk utforming med tanke på utsjånad.

Plass til evt. garasje eller carport skal visast på situasjonsplanen ved søknad om tiltak, sjølv om disse skal byggast seinare. Garasjar og carportar skal vere tilpassa hovudhusa med tanke på estetikk, form og utsjånad.

3.3 – Terrengtilpassing og utomhusplan:
Den ikkje utbygde delen av tomta skal fortrinnsvis vere ferdigstilt samstundes med bustadhuset. Uteareal skal utformast på ein tiltalande måte i høve omkringliggjande terreng. Det skal leggast vekt på å unngå skjemmande skjeringar eller fyllingar på den einskilde tomt.

Skjeringar / fyllingar som følgje av utgraving eller planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Unntaksvis gjeld ikkje dette for areal som er avsett til opphald / leik, som skal opparbeidast med lågtveksande vegetasjon, t.d plen eller liknande. Det skal leggast vekt på å skape gode uteareal til bustadhusa innanfor den einskilde tomt. Areala skal kunne nyttast til leik og opphald for barn og unge.

Der det er behov for støttemurar mot nabotomt eller veg skal desse førast opp med gode estetiske kvalitetar.

3.4 – Gjerde, hekk og liknande mot offentleg veg:
Terreng, gjerder, hekkar og liknande i formålslinja mot offentleg veg skal ikkje vere høgare enn 1.0 m over vegnivå og 0.5 m ved kryss eller avkøyrsle.

3.5 – Tekniske anlegg:
Innanfor byggjeområda kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittståande bygg skal tilpassast staden og eksisterande bygningar i høve form, utsjånad og fargeval.

3.6 – Drenering:
Innanfor kvar tomt må utbyggar sørgje for naudsynt drenering av overflatevatn og grunnvatn, og føre dette til godkjent resipient etter gjeldande forureiningsforskrifter.

Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggjeområda.

3.7 – Leikeareal:
Bustadområda som inngår i plan skal nytte seg av felles leikeareal som er vist på plankartet. Leikeareal skal opparbeidast på born- og unge sine premissar, der leik for born i alderen 0-6 år skal prioriterast.

3.8 – Universell utforming uteareal:
Planlegging og utbygging skal, så langt det let seg gjere, basere seg på prinsippet om universell utforming / tilgjengelegheit for alle.

3.9 – Automatisk freda kulturminne:
Dersom ein under arbeid i området kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stogge arbeidet og kontakte kulturavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune, jfr. kulturminnelova § 8, andre ledd.

3.10 – Kommunaltekniske anlegg
Offentleg VA, trafikkområder og vegareal skal opparbeidast i høve kommunal standard. Innanfor byggjeområda kan det setjast opp mindre naudsynte bygningar til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

3.11 – Parkering:
Talet på parkeringsplassar skal stette krava som er sett i Herøy kommune sine parkeringsvedtekter. For planområdet gjeld 1,5 stk parkeringsplassar for BBK-areala og 2 stk parkeringsplassar for BBF-areala. Dersom ein i BFF etablerer felles parkeringsplassar/garasje_carport-anlegg, gjeld 1,5 parkeringsplassar pr. bueining. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL.

3.12 – Tomtedeling:
Plankartet viser ikkje regulerte tomtegrenser. Tomtedeling skal skje utan søknad om dispensasjon. Ved 1. byggesak i kvart felt skal det leverast ein illustrasjonsplan som viser korleis ein tenker seg resten av delfeltet utbygd.

3.13 – Regulert byggegrense langs fylkesvegen:
Regulert byggegrense langs fylkesvegen er plassert i formålsgrense mellom annan veggrunn og byggeområda BBK1 og BBK2.

3.14 - Bestemmelsesområde RpBo #1 og RpBo #2: Tiltak i henhold til planen er tillatt. Kulturminnet er allerede undersøkt, og det er ikke stilt ytterligere vilkår forbundet med dispensasjonen.

§ 4 - Bebyggelse og anlegg (PBL. §12-5, nr. 1)

4.1 – Frittliggjande småhus (BBF):
Innanfor områda BBF1, BBF2, BBF3 og BBF4, kan det førast opp frittliggjande småhus med opp til 2 (to) bueiningar. Grad av utnytting skal ikkje overstige maks % BYA = 35.

BBF1 og BBF2: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 6,5 m og mønehøgd ikkje over 8,5 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 8,0 meter.

BBF3 og BBF4: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 7,5 m og mønehøgd ikkje over 9,0 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 8,5 meter.

Evt. garasjar/carportar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 meter og mønehøgde ikkje over 4,5 meter. Grunnflata skal ikkje overstige 50 m2.

4.2 – Konsentrert småhusbebyggelse (BBK):
Innanfor områda BBK1 og BBK2 kan det førast opp konsentrerte småhus med opp til 4 (fire) bueiningar. Grad av utnytting skal ikkje overstige maks % BYA = 50.

BBK1: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 6,5 m og mønehøgd ikkje over 8,5 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 8,0 meter.

BBK2: Bygningar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 7,5 m og mønehøgd ikkje over 9,5 m. For arker, takopplett og hus med takform utan møne er tillaten gesimshøgde 9,0 meter.

Evt. garasjar/carportar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 meter og mønehøgde ikkje over 4,5 meter.

4.3 – Leikeplass, felles (f_BUL):
Leikeareala f_BUL1, f_BUL2, f_BUL3, f_BUL4 og f_BUL5 er felles for heile planområdet.

f_BUL1, f_BUL2 og f_BUL3 skal etablerast som kvartalsleikeplass. f_BUL 4 og f_BUL5 skal etablerast som nærleikeplass. Innanfor f_BUL1 skal det etablerast ein nærleikeplass på eit avgrensa areal. Nærleikeplassane skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Leikeareala skal opparbeidast innanfor formålsområdet som vist på plankartet. Områda skal kunne fungere som ein felles sosial møteplass for heile planområdet. Det vert tillate med tilplantning, murar, belysning, leikeapparat, benker, gangstiar, vassarrangement, sitjeplassar og andre parkmessige installasjonar.

Leikeareala skal primært utformast på born- og unge sine premissar. Leikeplassane skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Areala skal opparbeidast i samsvar med forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr frå Barne- og Familiedepartementet.

På nærleikeplassane skal leik for born i alderen 0-6 år prioriterast.

§ 5 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2)

5.1 - Køyreveg, offentlig (o_V):
Offentleg veg skal opparbeidast innanfor formålsgrensene.

Vegen skal opparbeidast i kommunal standard innanfor formålsgrensene som er vist på plankartet. Det er tillate å leggje ned naudsynt anna infrastruktur, t.d røyr og kablar, innanfor området som er avsett til offentleg veg etter nærare avtale med kommunen. Det vert tillate å føre opp gatelys langs offentlege vegareal.

I tillegg til regulert vegareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap.16.

5.2 - Køyreveg, felles (f_V):
Felles veg skal opparbeidast innanfor formålsgrensene.

Vegane skal opparbeidast i kommunal standard innanfor formålsgrensene som er vist på plankartet. Det er tillate å leggje ned naudsynt anna infrastruktur, t.d røyr og kablar.

I tillegg til regulert vegareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap.16.

5.3 – Gang-/sykkelveg, felles, kjørbar:
Vegarealet skal opparbeidast innanfor formålsgrensene. Det er tillate å leggje ned naudsynt anna infrastruktur, t.d røyr og kablar. I tillegg til regulert vegareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal jf. pbl. kap.16. Det skal tillatast køyring kun i samband med utrykning, avfallshenting og snømåking, og dette skal informerast om ved skilting.

5.4 – Annan veggrunn – tekniske anlegg:
Innanfor områda vert tillate å oppføre støttemurar, grøfter og liknande i tilknyting til vegareala. Det vert tillate å føre opp gatelys og nedlegging av naudsynte leidningar for tekniske anlegg innanfor formålsgrensa til desse areala.

5.5 – Annan veggrunn – grøntareal:
Innanfor området vert det tillate å opparbeide vegskråning, grøfter og støttemurar i tilknyting til vegareal og området som er regulert til sti. Det vert tillate å føre opp gatelys og nedlegging av naudsynte leidningar for tekniske anlegg innanfor formålsgrensa til desse areala.

§ 6 – Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

6.1 - Turveg (f_GT):
Arealet f_GT1 skal nyttast til etablering av felles turveg som gangforbindelse til gangareal ved fylkesvegen (Mjølstadnesvegen). Turvegen skal etablerast i 2 m bredde.
Arealet f_GT2 skal nyttast til etablering av felles turveg som gangforbindelse internt i område og for enkel tilkomst til leikeareala for alle bebuarane innafor planområdet.
Arealet f_GT3 skal nyttast til etablering av felles turveg som gangforbindelse til Gjertnesvegen.

I tillegg til regulert areal til turveg kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap.16.

§ 7 - Omsynssoner

7.1 - Frisikt:
Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegnivå. Vegetasjon, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillate. Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsonene, dersom dei ikkje er til hinder for fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

7.2 - Støysone:
For bygningar gjelder miljøverndepartementets føresegner om utandørs støynivå på maks. L_{DEN} 55 dB. Bygningar og uteopphaldsareal som er berørt av støysone skal sikrast i tråd med støyvegleiar T-1442. Avbøtande tiltak skal dokumenterast i støyfagleg utredning seinast ved byggesøknad.

7.3 - Kulturminne
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Intensjonsvedtak, oppstart av arbeid med interkommunal kystsoneplan
  - Delegering av mynde til *Styret* – PBL § 9-3
  - Fastsetting av vertskommune for prosjektet
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn – PBL § 11-12 og § 11-13
  - Planprogram utarbeidast i tråd med krava i PBL § 4-1
  - Organisering: heimla i PBL§ 9-2
- ✓ Vedtak i *Styret:* Stadfesting av planprogram – PBL § 11-13
- ✓ Vedtak i *Styret*: Delegering av mynde/ansvar til prosjektleiar
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Høyring av planforslag – PBL § 11-14
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Vedtak av interkommunal plan – PBL § 11-15

Utkast til organisering:



Vurdering:

Dei felles interkommunale prosjekta knytt til «havromet» har vore ein suksess der samarbeidet mellom kommunane vert dratt fram og peikt på som av grunnpilarane for at ein har lukkast. Kommunane og Runde miljøsenter har fått mykje positiv merksemd med sine Marine grunnkart og ein får stadig henvendelsar om dette samarbeidsprosjektet langt utover Møre og Romsdal sine grenser.

Rådmannen støttar styringsgruppa som utarbeidar felles interkommunal næringsanalyse og rår kommunestyret til å gjere ein formell oppstart av utarbeiding av ein felles interkommunal kystsoneplan. Planen skal vere bygd på kommunane sine felles utfordringar og muligheiter og bidra til at Søre sunnmøre forsterkar sin posisjon som ein attraktiv stad å drive marin næringsutvikling i. Vedtak av utlegging av planprogram og delegasjon til styret i planprosessen vet å kome attende til i seinare sak.

Ein vurderer det vidare som tenleg og viktig for prosjektet at det vert gjennomført i eigen regi gjennom ein vertskommunemodell. Vertskommuna tilsetjer og organiserer arbeidet gjennom ein prosjektkoordinator (planleggar) i 50 % stilling over 2 år. Prosjektkoordinator er ein planleggar som utarbeider og koordinerer heile det interkommunale planarbeidet. Herøy kommune har søkt om prosjektmidlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, midlane er innvilga, og ein rår til at Herøy kommune vert vertskommune for arbeidet. Prosjektkoordinator (planleggar) rapporterer til sektor for samfunnsutvikling ved kommunalsjef i Herøy kommune og vidare til Styret i det interkommunale plansamarbeidet.

Samarbeidet med Runde miljøsenter har vore viktig for å få dei resultat som ein ser no i etterkant av tidlegare felles prosjekt. Kompetansearbeidsplassane som er lokalisert ved Runde miljøsenter er sentrale og viktige for eit godt resultat i det komande felles interkommunale plansamarbeidet. Ein rår derfor til at prosjektkoordinator (planleggar) får kontorplass i dette fagmiljøet.

Rådmannen rår kommunestyret til å starte opp interkommunalt planarbeid for ein felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven med den organisering og finansiering det går fram av saksframlegget.

Fosnavåg, 06.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2017/176
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/17	Formannskapet	28.03.2017
42/17	Kommunestyret	06.04.2017

UTGREIING AV NY LOKALISERING FOR HERØY VIDAREGÅANDE SKULE

Tilråding:

Kommunestyret i Herøy inviterer Møre og Romsdal fylkeskommune til samarbeid om å greie ut forskottering og relokalisering av Herøy vidaregåande skule til Fosnavåg sentrum.

Særutskrift:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Herøy vidaregåande skule v/ Gullik Kjellstadli

Vedlegg:

Saksopplysningar:
Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført ein tilstandsanalysen for Herøy vidaregåande skule som omfattar om lag 6000m2 og 13 bygg. Skulen har ein tilstandsgrad på 1,5 (skala frå 0 til 3 der 3 er høgast/dårlegast). Tilstandsanalysen viser behov større investeringar både gjennom kortsiktige og langsiktige utbetringar. I utviklingsplanane for HVS er det planlagt nybygg, men på den andre sida er ein forplikta til å vere nøktern i sine investeringsplanar.

Fylkeskommunen og kommunen har på bakgrunn av dette drøfta moglegheitene for å relokalisere skulen til Fosnavåg sentrum.

Sentrumsutvikling og lokalsamfunnsutvikling:
Eit overordna mål for Herøy kommune er å styrke sentrum gjennom fortetting og utfyllingar der ein legg til rette for næring og bustadar. Kommunen har tidlegare samarbeidd med private aktørar for å få realisert hotell, parkeringshus og simulatorsenter i sentrum. Alle desse prosjekta har bidrege til å styrke sentrum og Herøy kommune ser no fleire fordelar ved relokalisering av HVS til sentrum.

Arealmessig vil det vere fullt mogleg å flytte HVS til sentrum. I dialog mellom kommunen og fylkeskommunen er det peika på tre aktuelle tomter. Dersom fylkeskommunen får HVS inn på sitt 10-årige investeringsprogram vil det bli utarbeidd utviklingsplan der alle tre tomtene verte vurderte. Val av plassering vert derfor å kome attende til i ei seinare sak etter at desse er tilstrekkeleg utgreidde.

Dersom det vert aktuelt å flytte HVS vil det skape ein meirverdi for lokalsamfunnet, men også fleire føremon for skulen sjølv.

- Knyte relevante linjer og fag nærmare Fosnavåg Ocean Academy.
- Knyte linje for restaurant- og matfag nærmare Thon Hotel Fosnavåg.
- Skulen vil vere nært knytt til Thon Hotel Fosnavåg og Herøy kommune sine fasilitetar knytt til hotellet som kino og konsertsal.
- Auke attraktiviteten til skulen ved at den er lokalisert i eit sentrum.
- Nærleiken til sjø og hamn vil vere positivt for naturbrukslinja og satsing mot dei marine næringane.
- Herøy vidaregåande skule vil gjere sentrum meir attraktivt og skape meir aktivitet.
- Ved etablering av eit nytt offentleg bygg i sentrum vil ein kunne samlokalisere både kommunale og fylkeskommunale tenester.
- Etablering av gode møteplassar for fleire aktørar og brukargrupper.

Berekraft og grønt skifte:
Både Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune har sterkt fokus på at eit nybygg skal bere preg av berekraft, godt materialval og byggeform. Prosjektet skal ha ei offensiv haldning med omsyn til det grøne skiftet. Dette vil vere gjennomgåande i prosjektet.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår kommunestyret til å invitere Møre og Romsdal fylkeskommune til eit samarbeid om vidareutvikling av Herøy vidaregåande skule der ein bla. ser på moglegheit for relokalisering av skulen til Fosnavåg sentrum.

Fosnavåg, 09.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

HERØY KOMMUNE

Skatteavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JD	Arkivsaknr:	2016/158
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/17	Formannskapet	28.03.2017
35/17	Kommunestyret	06.04.2017

SKATTEREKNESKAPEN 2016

Tilråding:

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2016 til vitande.

Særutskrift:
Kontrollutvalet i Herøy
Skatteoppkrevjaren i Herøy
Skatt Midt, Postboks 2060, 6402 Molde

Vedlegg:

1 Skatteoppkrevjaren i Herøy. Årsmelding og årsrekneskap 2016
2 Skatt Midt-Norge. Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Herøy kommune
3 Herøy kommune. Kontrollutvalet. Uttale i sak 08.2017
4 Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Årsmelding arbeidsgjevarkontroll 2016

Saksopplysningar:

Total skatteinngang
Skatterekneskapen for 2016 syner ein total skatteinngang i Herøy kr 1.278.236.276. Dette er ein reduksjon med kr 30.728.824 samanlikna med 2015.

Det vart innbetalt skatt frå personlege skattytarar kr 845.229.355. Dette er ein auke med kr 7.085.666 eller 0,1 % samanlikna med 2015.
Skatt frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten) vart kr 92.340.984, ein reduksjon med kr 5.982.540 eller 6,1 % samanlikna med 2015.
Det vart innkravd arbeidsgjevaravgift kr 339.729.882, ei reduksjon med kr 31.884.564 eller 8,6 % frå 2015.

Skatteinntekter til Herøy kommune
Herøy kommune sin del av skatteinngangen i 2016 er kr 260.045.749. Dette er ein auke med kr 11.585.958 eller 4,7 % frå 2015.

Skatteinngangen vart 5,5 mill.kr lågare enn kommunen hadde budsjettert med i sitt opprinnelege budsjett for 2016. Kommunen hadde ved årsstart budsjettert med ein skatteinngang på 265,5 mill.kr. Budsjettet vart korrigert i desember 2016 til 259,0 mill.kr, og resultatet er 1,05 mill.kr eller 0,40 % over sist reviderte budsjett.

Restanseutvikling
Restanseutviklinga er positiv samanlikna med førre år. Samla restanse 31.12.2016 er kr 13.354.999. Dette er ein reduksjon med kr 1.811.471 samanlikna med 2015. Reduksjonen er i hovudsak knytt til restansar på arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk. Restansenivået for restskatt personlege skattytarar er om lag som i 2015.

Arbeidsgjevarkontroll
Det er i 2016 halde arbeidsgjevarkontroll hjå 2,3 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Dette er vesentleg dårlegare enn i 2015, då 4,3 % av arbeidsgjevarane vart kontrollert. Kravet til kontrollfrekvens er sett til 5,0 %.

Det vert synt til skatteoppkrevjar si årsmelding 2016 for meir detaljerte opplysningar.

Vurdering og konklusjon:

Skatterekneskapen er ført og framlagt etter gjeldande regelverk.

Total skatteinngang
Kommunesektoren fekk i 2016 ein vekst i skatteinntektene på 9,7 % samanlikna med 2015. Mykje av veksten på landsbasis skuldast at personlege skattytarar tilpassa seg skattereforma i 2016 ved å ta ut store utbytter i 2015. Denne veksten gav berre ekstra skatteinntekter i 2016, og vil i lita grad påverke skatteinntektene i 2017 og framover. Til samanlikning var veksten i 2015 på 6,0 %

Skatteinntekter til Herøy kommune
Skatteinngangen til Herøy kommune syner ein vekst med 4,7 %, samanlikna med førre år, og Herøy har dermed ein vekst som er 5,0 % svakare enn landsgjennomsnittet.
Herøy kommune har tradisjonelt vore ei skattesterk kommune, og ein har i 2016 ein skatteinngang som er på 100,9 % av landsgjennomsnittet (105,2% i 2015 og 103,6 % i 2014). Det er sannsynlegvis lågare aktivitet innan viktige næringar som offshore, som er årsaka til at Herøy har ein vesentleg lågare vekst enn landsgjennomsnittet.

Innbetalingane av skatt frå personlege skattytarar syner ein vekst på 0,1 %. I 2015 var veksten i innbetalingane på 8,8 %. Aukande arbeidsløyse og redusert aktivitet innan oljerelatert verksemd, er sannsynlegvis årsaka til stagnasjonen i veksten i skatteinnbetalingane. For kommunen sine skatteinntekter, er det utviklinga i skatteinnbetalingane frå personlege skattytarar som er viktigast, då det er frå denne skattearten at kommunen får det aller meste av sine skatteinntekter.

Restanseutvikling
Restanseutviklinga er positiv med reduserte restansar. Samla restansar er redusert med 11,9 % samanlikna med 2015. Reduksjonen gjeld hovudsakleg krav på forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift. Ein har unngått store konkursar med ubetalte skattekrav, og sjølv om talet på konkursar syner ei dobling frå 4 til 8 konkursar i 2016, så har dette i liten grad påverka restansenivået.

Når det gjeld innkrevjing mot personar, så ser ein at enkelte av dei som er blitt oppsagt/permitert siste åra, no slit stadig tyngre økonomisk. Det verkar som om den økonomiske bufferen som dei hadde, no er oppbrukt, og at dei no ikkje klarer uføresette utgifter like godt. Skatteoppkrevjar merkar at stadig fleire utleggsforretningar vert halde med «intet til utlegg», og vi ser at gjelda til dei som slit aukar. Den «lette» tilgangen til kreditt har og ført til stor gjeldsoppbygning for fleire, og enkelte har refinansiert gjeld med stadig nye kredittkort.

Når det gjeld effektiviteten i innkrevjinga, så er alle resultatkrava som er sett av Skatt Midt-Norge oppfylt.

Arbeidsgjevarkontroll
Arbeidet med arbeidsgjevarkontrollen oppfyller heller ikkje i 2016 kravet til kontroll av 5,0 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Det vart i 2016 halde kontroll hjå 2,3 % av arbeidsgjevarane i kommunen, ein vesentleg reduksjon samanlikna med 2015, då resultatet vart 4,3 %. I 2014 var resultatet 3,2 %.

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Herøy kommune har kjøpt kontroll-tenester tilsvarande 0,5 årsverk frå denne kontrollordninga. Kontrollordninga omfattar frå 01.01.2017 alle kommunane på Sunnmøre unnateke Vanylven.

Eit kontrollresultat på 2,3 % er ikkje tilfredstillande. Det var forventa eit betydeleg dårlegare resultat enn i 2015 grunna bortfall av kontrolltypen personallistekontrollar, og dette vart og varsla i kommunestyresaka vedkomande skatterekneskapen for 2015. Når ein frå 2016 berre får telt ordinære bokettersyn, så medfører dette at det er naudsynt å auke ressursbruken til kontroll. Det er mange arbeidsgjevarar i Herøy, og resultatkravet medfører at vi skal gjennomføre 21 bokettersyn i året.

Ressursane til kontrollordninga vert auka betydeleg i 2017, og talet på tilsette i kontrollordninga er auka frå 7,8 årsverk i 2016 til 11 årsverk frå 01.03.2017. Mange nytilsette medfører at noko tid vert nytta til opplæring, og at ein soleis ikkje får full effekt av alle ressursane i 2017. Det er av skatteoppkrevjar signalisert til kontrollordninga at ein forventar eit resultat på minimum 4,0 % i 2017, og at ein frå 2018 skal nå kontrollkravet på 5,0 %.

Konsekvensar for drift:

Skatt er ein svært viktig del av kommunen sine inntekter. Endringar innan skatt og skatteinnkrevjing vil påverke kommunen si økonomiske drift.

Fosnavåg, 20.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Driveklepp
Skatteoppkrevjar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

ÅRSMELDING 2016



Offshorefartøy i opplag Foto: Jan Driveklepp

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

INNHALD

DEL 1:	**GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID**	**Side 3**
1.1	**Skatteoppkrevjarkontoret**	**Side 3**
1.1.1	Ressursar	Side 3
1.1.2	Organisering	Side 3
1.1.3	Ressursar og kompetanse	Side 3
1.2	**Intern kontroll**	**Side 4**
1.3	**Vurdering av skatteinngangen**	**Side 4**
1.3.1	Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	Side 4
1.3.2	Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	Side 9
1.4	**Skatteutval**	**Side 10**
DEL 2:	**SKATTEREKNESKAPEN**	**Side 11**
2.1	**Avlegging av skatterekneskapen 2016**	**Side 11**
2.2	**Margin**	**Side 11**
2.2.1	Margin for inntektsåret 2015	Side 11
2.2.2	Margin for inntektsåret 2016	Side 11
2.2.3	Kommentar til marginavsetnaden	Side 11
DEL 3:	**INNKREVJING AV KRAV**	**Side 12**
3.1	**Restanseutviklinga**	**Side 12**
3.1.1	Totale restansar og berostilte krav	Side 12
3.1.2	Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	Side 12
3.1.3	Restansar eldre år	Side 14
3.1.4	Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år	Side 15
3.2	**Innkrevjinga sin effektivitet**	**Side 15**
3.2.1	Vurdering av kontoret sine resultat pr 31.12.2016	Side 15
3.2.2	Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	Side 15
3.2.3	Omtale av spesielle tilhøve	Side 15
3.2.4	Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	Side 16
3.3	**Særnamskompetanse**	**Side 16**
DEL 4:	**ARBEIDSGJEVARKONTROLL**	**Side 16**
4.1	**Organisering av arbeidsgjevarkontrollen**	**Side 16**
4.2	**Planlagde og gjennomførte kontrollar**	**Side 16**
4.3	**Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen**	**Side 17**
4.4	**Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen**	**Side 17**
4.5	**Samarbeid med andre kontrollaktørar**	**Side 18**
4.6	**Gjennomførte informasjonstiltak**	**Side 18**
Vedlegg:	**Årsrekneskap 2016**	**Side 19**
	Forklaring til årsrekneskapen	**Side 20**

DEL 1: GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID

1.1. SKATTEOPPKREVJARKONTORET

1.1.1. Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-del fordelt
Antal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre vert nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	1,50	100,0 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	----------	----------
Skatterekneskap	0,20	13,3 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,80	53,3 %
Kontroll av arbeidsgjevarar. Vart utført av interkommunal kontrollordning lokalisert i Ålesund.	0,40	26,7 %
Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige samt rekneskapsførarar/revisorar	0,05	3,3 %
Skatteutval	0,00	0,0 %
Administrasjon	0,05	3,4 %
Sum	1,50	100,0 %

1.1.2. Organisering

Avdelinga er lokalisert i økonomiavdelinga på rådhuset i Fosnavåg. Servicetorget i kommunen står for skranketeneste og resepsjonsfunksjonar, medan dokumentsenteret har postfunksjonen. Administrativt går avdelinga inn under kommunen si økonomiavdeling, med økonomileiaren som næraste administrative overordna. Til 31.07.2006 hadde økonomileiaren og skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen. Frå 01.08.2006 er det oppnemnt eigen skatteoppkrevjar i Herøy kommune.

Skatteoppkrevjar førar sjølv skatterekneskapen og står for innkrevjing av skattar og arbeidsgjevaravgift. Skatteoppkrevjar arbeidar i 100 % stilling der omlag 90 % vert nytta til arbeid vedkomande skatt. Skatteoppkrevjar har 10 % konsulentstilling og 10 % sekretærstilling tilgjengeleg i tillegg til eiga stilling. I tillegg kan økonomileiar vikariere ved behov.

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av interkommunal kontrollordning som er lokalisert ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy kom inn i denne kontrollordninga 15.september 2011. I følgje Nordre Sunnmøre kemnerkontor er det i 2016 kjøpt kontrolltenester tilsvarande 0,40 årsverk.

Skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt Skattedirektoratet, med regionkontoret Skatt-Midt i Trondheim som næraste faglege overordna.

Skatteoppkrevjar har i tillegg ansvaret for innkrevjing av kommunale krav.

Det har i 2016 vore eit lavt sjukefråvær blant dei tilsette ved skatteoppkrevjarkontoret i Herøy. Arbeidsmiljøet vert vurdert å vere godt.

1.1.3. Ressursar og kompetanse

Frå 03.12.2007 nyttar Skatteoppkrevjaren i Herøy "SOFIE" som skatterekneskap. "SOFIE" er eit landsomfattande skatterekneskap som er utvikla etter bestilling av Skattedirektoratet, og som alle skatteoppkrevjarane i Norge nyttar. SOFIE er eit svært godt verktøy i arbeidet med skatterekneskapen, og har medført ein sterk reduksjon i kostnadene til skatteinnkrevjing for Herøy kommune. Kompetansen i bruk av SOFIE vert i dag vurdert som svært god.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

1. Skatterekneskapen

Kompetanse vedkomande føring av skatterekneskapen vert vurdert som god. Det er få feil i skatterekneskapen, og skatterekneskapen vert korrekt ført og avstemt.

Ressursane til føring av skatterekneskapen er knappe, og ein er avhengig av ekstraarbeid for å vere ajour i periodar. Særleg gjeld dette i tida januar – mars. Dette ekstraarbeidet vert utført innan kommunen sitt fleksitidsreglement, og har ikkje medført ekstra kostnader til overtid.

2. Innkrevjing

Kompetanse vedkomande innkrevjing av skatt og avgift vert vurdert som god. Ein deltek på dei kurstilbod som Skatt Midt tilbyr. Dette er kurs som er tilnærma gratis for kommunen. Kursa har god fagleg kvalitet, og gjev og høve til å møte kollegaer i andre kommunar.

3. Arbeidsgjevarkontroll

Kompetanse vedkomande arbeidsgjevarkontroll vert vurdert som god. Denne personalressursen vert kjøpt av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Frå 15.09.2011 deltek skatteoppkrevjaren i Herøy i ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor lokalisert i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy sin del av ressursane i 2016 var 0,40 årsverk, og det vart nytta 83 dagsverk til kontroll. I 2015 vart det nytta 100 dagsverk.

1.2. INTERN KONTROLL

Internkontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret vert vurdert som god. Arbeidsfordelinga fungerer greitt, og krav til attestasjon/tilvising vert følgt. Dokumentasjon vert produsert og følgt opp i samsvar med regelverk og retningsliner.

Skatteoppkrevjar sin rutinar vart sist ajourført 01.09.2016. Eksisterande rutineskildring må grunna ny lovgjeving ajourførast og endrast i 2017.

1.3. VURDERING AV SKATTEINNGANGEN

1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Skatterekneskapen for 2016 syner følgjande totale skatte- og avgiftsinngang:

Skatteart	**År 2016**	**År 2015**
Arbeidsgjevaravgift	339 729 882	371 614 446
Kjeldeskatt	23 134	657 214
Personlege skattytarar	845 229 355	838 143 689
Tvangsmulkt	2 459	0
Upersonlege skattytarar	92 340 984	98 323 524
Renter	932 796	288 928
Gebyr/innkrevjingsutgifter	- 22 334	- 62 701
Total sum	**1 278 236 276**	**1 308 965 100**

Tabellen syner ein auke i innbetalt skatt frå personlege skattytarar, renter og gebyr/innkrevjings-utgifter.
Tabellen syner ein reduksjon i innbetalt arbeidsgjevaravgift, kjeldeskatt og skatt frå upersonlege skattytarar.
Skattearten Tvangsmulkt er ny i 2016.

Arbeidsgjevaravgift

Innbetalt arbeidsgjevaravgift syner ein reduksjon med 8,6 % eller om lag 31,9 mill.kr i 2016 samanlikna med 2015. I 2015 var auken 2,6 % (8,2 mill.kr), og i 2014 var auken 1,2 % (4,4 mill.kr).

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Ein reduksjon i innbetalt arbeidsgjevaravgift var forventa. Ein såg i 2014 og 2015 at den sterke veksten ein tidlegare hadde hatt i åra 2008-2012 synte teikn på ei utflating. Dette var venta i og med dei dårlege tidene innan offshore relatert verksemd, ei verksemd som er ei svært viktig næring for kommunen. Som kontorkommune for fleire store offshorereiarlag, vil oppseiingar og permiteringar særleg påverke innbetalinga av arbeidsgjevaravgift.

Herøy kommune er framleis ei stor fiskerikommune, og ettersom fiskeria i hovudsak er fritekne frå arbeidsgjevaravgift, så gjev utviklinga i innbetalt arbeidsgjevaravgift ein god indikasjon på utviklinga innan andre næringar enn fiske og fangst.

Faktorar som verkar inn på innbetalt arbeidsgjevaravgift er til dømes:

- ***Konkursar, nyetableringar og flytting av arbeidsgjevarar***
  8 aksjeselskap gjekk konkurs eller vart tvangsoppløyst i 2016. Dette er 4 fleire enn i 2015, då 4 AS gjekk konkurs. Konkursane gjeld i hovudsak små føretak med få tilsette, men ein hadde 2 konkursar i føretak med fleire enn 5 tilsette i 2016.

  Det vart etablert 44 nye aksjeselskap i 2016. Dette er 5 færre enn i 2015, då det vart oppretta 49 nye AS.

  Ein har ikkje gjort noko berekning av kor mange føretak som er flytta til eller frå andre kommunar, eller føreteke noko analyse av nettoeffekten av utflytting / innflytting / nyetablering av arbeidsgjevarar i 2016.

- ***Endringar i regelverk/satsar***
  Herøy kommune er plassert i avgiftssone 1a, og har ikkje endra avgiftssone i 2016. Avgifta er 10,6 % inntil fribeløp kr 500.000 er oppbrukt. Ingen vesentlege regelendringar har påverka avgiftsinngangen i 2016.

- ***Arbeidsmarknad,***
  Herøy kommune har ein næringsliv som er sterkt knytta til maritim sektor, og er blant dei mest oljeeksponerte i Norge. I følgje ein rapport frå Menon Economics i 2014 er 65 % av sysselsetjinga innan privat sektor relatert til maritim sektor. Redusert aktivitet innan olje og oljeservice, og ein kvardag som er prega av permiteringar og båtar som vert lagt i opplag, viser no att på innbetalingane av arbeidsgjevaravgift.

  Arbeidsledigheita i Herøy er stigande. I følgje tal frå NAV er det i desember 2016 registrert 209 personar som heilt arbeidsledige. Dette utgjer 4,4 % av arbeidsstyrken, og det er blitt 10 fleire arbeidsledige i 2016. Veksten er heldigvis redusert samanlikna med 2015, då arbeidsledigheita vaks med 119 % eller 108 personar samanlikna med 2014. Arbeidsledigheita i Herøy er større enn snittet for Møre og Romsdal som er 3,1 %, og landsgjennomsnittet er 2,8 %.

  Lønsveksten i 2016 er i følgje Statistisk Sentralbyrå førebels kalkulert til 2,6 % i Norge. Det er ikkje teke ut statestikk på spesifikke næringar. Lønsveksten i 2015 var 2,8 %.

Utviking i innbetalt arbeidsgjevaravgift frå arbeidsgjevarar

År	Innbetalt arbeidsgjevaravgift	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	238 764 074	+ 43 199 769	+ 22,3
2009	279 893 860	+ 41 129 786	+ 17,2
2010	256 754 646	- 23 139 214	- 8,3
2011	293 651 639	+ 36 896 993	+ 14,4
2012	336 618 504	+ 42 966 865	+ 14,6

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

2013	359 026 961	+ 22 408 457	+ 6,7
2014	363 424 745	+ 4 397 784	+ 1,2
2015	371 614 446	+ 8 189 701	+ 2,6
2016	339 729 882	- 31 884 564	- 8,6

Arbeidsgjevaravgifta er ein viktig del av finansieringa av Folketrygda, og innbetalt arbeidsgjevaravgift vert i si heilheit overført til Folketrygda.

Kjeldeskatt
Kjeldeskatt er ein skatt på utbytte frå aksjeselskap til utanlandske aksjonærar. Innbetalt kjeldeskatt i 2016 syner ein kraftig reduksjon med 96,5 % eller 0,63 mill.kr samanlikna med 2015. Innbetalt kjeldeskatt i 2016 er kr 23.134.

All kjeldeskatt vert overført til Staten.

Personlege skattytarar
Skatteinngangen i 2016 frå personlege skattytarar, syner ein auke med 7,1 mill.kr eller 0,1 % samanlikna med 2015. I 2015 auka skatteinngangen med 8,8 % (68,0 mill.kr) medan ein i 2014 opplevde reduserte skatteinntekter med 2,2 % (17,0 mill.kr).

Skatteinngangen frå personlege skattytar har i perioden 2008-2016 synt store variasjonar, og ein har hatt fleire år med sterk vekst i skatteinngang. Skatteinngangen i 2015 synte til dømes ein sterk vekst med + 8,8 % i ei tid då ein opplevde auka arbeidsledigheit og redusert aktivitet innan viktige næringar. Skatteoppkrevjar varsla derfor i årsmeldinga for 2015 at ein rekna med at desse faktorane ville slå sterkare ut på skatteinngangen i 2016.

At skatteinngangen i 2016 aukar med 0,1 % er eit greitt resultat når ein tek omsyn til auka arbeidsledigheit og redusert offshore aktivitet. Samstundes med dårlige tider innan offshore, så ser ein at fiskeria har hatt eit svært godt år med gode prisar og gode kvoter, og leverer eit av dei beste åra nokon gong. Herøy er ei av dei største fiskerikommunane i Norge, og næringa er i god vekst.

Ein annan årsak til at skatteinngangen er såpass god, er endringar i regelverket som førte til at det vart innbetalt store tilleggsforskot i mai 2016 for å tilpasse seg skattereforma.

Utviking i innbetalt skatt frå personlege skattytarar

År	**Skatteinngang personlege skattytarar**	**Auke(+)/Nedgang(-) i kr**	**Auke(+)/Nedgang(-) i %**
2008	595 426 432	+ 49 953 300	+ 9,2
2009	637 113 423	+ 41 686 991	+ 7,0
2010	634 342 324	- 2 771 099	- 0,4
2011	696 321 254	+ 61 978 930	+ 9,8
2012	800 515 942	+104 194 688	+ 15,0
2013	787 160 678	- 13 355 264	- 1,7
2014	770 162 078	- 16 998 600	- 2,2
2015	838 143 689	+ 67 981 611	+ 8,8
2016	845 229 355	+ 7 085 666	+ 0,1

Innbetalt skatt frå personlege skattytarar vert fordelt til dei fire skattekreditorane etter bestemte fordelingstall. Fordelingstala ved utgangen av 2016 er som følgjer : Kommunen 29,74 % (30,12 % i 2015), Fylket 6,19 % (6,10 % i 2015), Folketrygda 27,01 % (27,40 % i 2015) og Staten 37,06 % (36,41 % i 2015). Reduksjonen i fordelingsprosenten medførte eit tap for kommunen på 3,3 mill.kr i november 2016.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Skattelikninga i 2016, som gjeld inntektsåret 2015, syner at 6.905 personar i Herøy fekk utlikna skatt og trygdeavgift med totalt 835,5 mill.kr. Av dette beløpet så utgjorde 312,2 mill.kr kommuneskatt og fylkesskatt, statsskatt var kr 54,6 mill.kr, fellesskatt 270,7 mill.kr, og trygdeavgifta var 234,1 mill.kr. Samla pensjonsgjevande inntekt for 6.059 skattytarar var 2.438 mill.kr. Ved likninga vart det lagt til grunn ei formue for personar med formuesskatt ved kommunelikninga, med 4.449 mill.kr for 951 personar. Likningsmanntalet for inntektsåret 2015 var 8.208 personar.

Skatteavrekninga i 2016, som gjeld inntektsåret 2015, syner at 5.747 personar fekk til gode 89,9 mill.kr ved avrekninga. Dette utgjorde 15.646 kr i gjennomsnitt pr. person.1.194 personar fekk restskatt med til saman 36,2 mill.kr eller gjennomsnittleg 30.299 kr pr. person. 7.248 personar var omfatta av skatteoppgjeret.

Tvangsmulkt
Skattearten tvangsmulkt gjeld mulkt som vert ilagt grunna sein eller manglande levering av a-melding og liknande oppgåver. Mulkta vert ilagt av Skattekontoret ved Etatens Fellesforvalting.

I 2016 syner skattearten tvangsmulkt ei netto inntekt kr 2.459. Skattearten er ny i 2016.

Innbetalt tvangsmulkt vert i si heilheit overført til Staten.

Upersonlege skattytarar
Skatteinngangen frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten) syner ein nedgang med 6,1 % eller 6,0 mill.kr samanlikna med 2015. I 2015 var nedgangen 9,2 % eller 10,0 mill.kr.

Skatt frå upersonlege skattytarar er skatt på overskotet i selskapa, og er den skattearten som syner størst variasjon.

Utviking i innbetalt skatt frå selskapa (upersonlege skattytarar)

År	Skatteinngang upersonlege skattytarar	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	221 186 964	+ 119 088 992	+ 116,6
2009	142 503 553	- 78 683 411	- 35,6
2010	114 110 650	- 28 392 903	- 19,9
2011	301 797 021	+ 187 686 371	+ 164,5
2012	379 781 486	+ 77 984 465	+ 25,8
2013	233 130 515	- 146 650 971	- 38,6
2014	108 296 700	- 124 833 815	- 53,5
2015	98 323 524	- 9 973 176	- 9,2
2016	92 340 984	- 5 982 540	- 6,1

Ein antek at delar av nedgangen i innbetalt skatt skuldast lågare lønsamheit innan oljerelatert verksemd, samt store avskrivingar på investeringar innan både oljerelatert og fiskerirelatert verksemd.

Likninga for 2015 syner at det vart rekna statsskatt av eit samla skattegrunnlag på 392,4 mill.kr, medan det ved likninga for 2014, vart rekna statsskatt av eit skattegrunnlag på 388,3 mill.kr.

Innbetalt skatt frå upersonlege skatteytarar vert i si heilheit overført til Staten.

Renter
Skattearten renter består av forseinkingsrenter grunna betaling av krav etter forfall, samt renter ved avrekninga. Desse avrekningsrentene omfattar både renter som vert utbetalt til skattytarar som får til gode ved avrekninga, og renter som vert innkravd frå skattytarar som får restskatt.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

I 2016 syner skattearten renter ei netto inntekt kr 932.796, medan skattearten renter i 2015 synte ei netto inntekt kr 288.928.


Alle renteinntektene vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar.

Innkrevjing
Skattearten innkrevjing syner ei netto utgift kr 22.334, medan ein i 2015 hadde ei netto utgift kr 62.701. Ein har ikkje vore involvert i større rettsprosessar i 2016, eller hatt store prosesskostnader.

Alle innkrevjingsutgifter vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar.

*

Grafisk framstilling av utviklinga i dei tre store skatteartane
Dersom ein samanliknar utviklinga innan dei tre store skatteartane arbeidsgjevaravgift (AGA), skatt frå personlege skattytarar (Pers.) og skatt frå upersonlege skattytarar (Upers.) over dei siste 9 åra, så får ein følgjande framstilling.



Vertikal akse er beløp i mill.kr.

*

Dette gjev følgjande fordeling til dei fire skattekreditorane; Folketrygda, Staten, Fylkeskommunen og Kommunen.

Fordelt til:	**År 2016**	**År 2015**
Folketrygda – arbeidsgjevaravgift	339 729 885	371 614 445
Folketrygda – medlemsavgift	231 224 051	233 228 526
Fylkeskommunen	53 748 393	50 770 166
Herøy kommune	260 045 749	248 459 791
Staten	393 496 726	404 765 523
Krav som er ufordelt	- 3	1
Overføring mellom kommunar	- 8 526	126 648
Total sum	**1 278 236 276**	**1 308 965 100**

Fordelinga syner ein reduksjon i skatte- og avgiftsinngangen til Folketrygda med - 5,6 % (+ 5,9 % i 2015).

Fylket får ein auke i skatteinngangen med + 5,9 % (+ 7,6 % i 2015).

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Herøy kommune får ein auke i skatteinngangen med + 4,7 % (+ 7,5 % i 2015).

Staten får ein reduksjon i skatteinngangen med - 2,8 % (+ 3,3 % i 2015).

1.3.2. Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Herøy kommune sin del av skatteinntektene i 2016 er 260.045.749 kr. Dette er ein auke med 11.585.958 kr frå 2015 då skatteinntektene utgjorde kr 248.459.791. I prosent utgjer dette ein auke med 4,7 % i frå 2015 rekneskapen.

Landsstatestikken syner at kommunane hadde ein vekst i sine skatteinntekter med 9,7 % i 2016. Herøy har dermed ein vekst i skatteinntektene som er 5,0 % under landsgjennomsnittet i 2016.
Sammenliknet med 2015, har det vært en vekst i skatteinntektene på 9,7 prosent i kommunene og 7,2 prosent for fylkeskommunene i 2016. Den nasjonale skatteveksten på årsbasis i 2016 ble i statsbudsjettet for 2017 anslått til 8,7 prosent for kommunene og 6,4 prosent for fylkeskommunene.
(Henta frå KS sine nettsider).

Herøy har tradisjonelt vore ei skattesterk kommune som har hatt inntekter godt over landsgjennomsnittet. Dei siste åra har ein hatt ei dårlegare utvikling enn landsgjennomsnittet, og dermed nærma seg dette nivået. I 2016 har ein skatteinntekter som er 100,9 % av landsgjennomsnittet. I 2015 var skatteinntektene 105,2 % av landsgjennomsnittet.

Samanlikning av skatteinngangen i nabokommunane:

Kommune	Total skatteinntekt*	Pr. innbyggar	Prosent av landssnitt	Prosent vekst skatteinntekter	Innbyggartal pr.01.01.16
Vanylven	74 821	22 979	80,0 %	0,6 %	3 256
Sande	63 984	25 004	87,0 %	3,1 %	2 559
Herøy	**260 046**	**28 984**	**100,9 %**	**4,7 %**	**8 972**
Ulstein	245 408	29 111	101,3 %	-4,7 %	8 430
Hareid	119 524	23 034	80,2 %	4,6 %	5 189
Volda	206 755	22 879	79,6 %	6,6 %	9 037
Ørsta	257 414	24 109	83,9 %	3,8 %	10 677
Ålesund	1 296 676	27 738	96,5 %	6,9 %	46 747

(*) Beløp i 1000 kr.

Skatteinngang samanlikna med kommunen sitt budsjett

Skatteinntektene til Herøy kommune syner denne utviklinga i høve til kommunens budsjett sidan år 2000.

År	Budsjett	Rekneskap	Endring (+ auke/-nedgang i høve til budsjett)	Endring i %
2000	105 340	98 653	- 6 687	- 6,35
2001	113 000	153 036	40 036	+ 35,43
2002	130 000	127 166	- 2 834	- 2,18
2003	139 300	135 139	- 4 161	- 2,99
2004	134 100	131 890	- 2 210	- 1,60
2005	141 000	144 029	3 029	+ 2,15
2006	160 000	179 145	19 145	+ 11,97
2007	170 000	179 682	9 682	+ 5,70
2008	187 500	189 363	1 863	+ 1,00
2009	200 000	203 778	3 778	+ 1,89
2010	210 670	208 407	- 2 262	- 1,07
2011	215 000	214 089	- 911	- 0,42

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

2012	240 000	242 141	2 141	+ 0,89
2013	243 200	238 668	- 4 832	- 1,86
2014	253 500	231 216	- 22 284	- 8,79
2015	245 500	248 460	+ 2 960	+ 1,21
2016	259 000	260 046	+ 1 046	+ 0,40

Alle beløp i 1000 kr.

Skatteinngangen var ved årets start budsjettert til 265,5 mill.kr.

Skatteinngangen var i samsvar med budsjett til mars. I mars synte skatteinngangen eit resultat som var om lag 2 mill.kr under budsjett, dette sjølv om ein hadde fått tilført om lag 2 mill.kr som følgje av endra fordelingstal denne månaden.
I mai vart skatteinngangen rekordhøg med over 50 mill.kr. Årsaka til den gode skatteinngangen var rekordstore tilleggsforskot, hovudsakleg relatert til endringar i regelverk som gjorde det gunstig å ta ut utbytte på inntektsåret 2015.
Juli vart den svakaste månaden sett opp i mot budsjettet, med ein skatteinngang som var 5,7 mill.kr under budsjett.
November vart og ein svak månad , særleg ettersom ein hadde eit stor overskot på margin 6,3 mill.kr som vart inntektsført denne månaden. Vidare førte endringar i fordelingstal til at skatteinntektene vart redusert med 3,3 mill.kr.

Ein merkar no auka arbeidsledigheit og redusert aktivitet innan viktige næringar på skatteinngangen. Det som bergar budsjettet i 2016 er tilleggsforskota i mai 2016, og dette var hovudsakleg relatert til regelverksendringar, noko som gjer at ein ikkje kan rekne med liknande inntekter i komande år.

Kommunen sitt budsjettanslag vart i desember 2016 endra frå 265,5 mill.kr til 259,0 mill.kr.

For 2017 har kommunen ved årsstart budsjettert med ein skatteinngang på 275,0 mill.kr.

1.4. SKATTEUTVAL

Grunna endringar i skattebetalingslova, var 2008 det siste året Herøy kommune hadde eige skatteutval. Frå 01.01.2009 er skatteutvalet regionalt, og ligg under Skatt Midt-Norge i Trondheim.

Skatteoppkrevjaren har i 2016 ikkje motteke søknader til skatteutvalet.

Resultatet av søknadshandsaminga dei siste åra, er som følgjer:

	Tal søknader	**Saker ettergjeve**	**Ettergjeve i % av tal**	**Søknads-summar**	**Ettergjevne summar**	**Ettergjeve i %**
2006	4	3	75,0	434	211	48,6
2007	0	0	0	0	0	0
2008	2	1	50,0	26	10	38,5
2009	1	1	100	131	131	100
2010	1	0	0	31	0	0
2011	0	0	0	0	0	0
2012	1	0	0	9	0	0
2013	0	0	0	0	0	0
2014	0	0	0	0	0	0
2015	0	0	0	0	0	0
2016	0	0	0	0	0	0

Alle summar i 1000 kr.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

DEL 2: SKATTEREKNESKAPEN

2.1. AVLEGGING AV SKATTEREKNESKAPEN 2016

Skatteoppkrevjaren i Herøy kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2016 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med lov, gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2, og gjev eit korrekt uttrykk for rekneskapen til Skatteoppkrevjaren i Herøy pr. 31.12.2016.

Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføringa, rapportering eller avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrolleining i 2016.

Årsrekneskapen for 2016 følgjer til sist i årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjar.

2.2. MARGIN

Det vert kvar månad avsett eit marginbeløp for å ha likviditet til å utbetale til gode beløp til skatteytarane ved avrekningane i perioden juni - oktober. Etter at avrekningane er gjennomført, skal det gjennomførast eit oppgjer av avsett margin. Marginoppgjeret vert gjort i november kvart år.

2.2.1. Margin for inntektsåret 2015

Det er marginoppgjeret for 2015 som er gjennomført i 2016. Oppgjer av margin gav følgjande resultat:

Tekst	Beløp	
Innestående margin for inntektsåret 2015 pr. 31.10.2014	Kr	22 373 584
For mykje avsett margin for inntektsåret 2015	Kr	22 373 572

Marginprosent

Prosentsats marginavsetnad: 12 %. Gyldig frå: 01.01.2005.

2.2.2. Margin for inntektsåret 2016

Innestående margin som vil bli nytta ved marginoppgjeret for 2016 i 2017.

Tekst	Beløp	
Innestående margin for inntektsåret 2016 pr. 31.12.2016	Kr	86 732 122

Marginprosent

Gjeldande prosentsats marginavsetnad: 12 %. Gyldig frå: 01.01.2005.

2.2.3. Kommentar til marginavsetnaden

Overskotet på marginavsetnaden for 2015 førte til at kommunen vart tilført om lag 6,3 mill.kr i 2016.

Marginavsetnad siste 3 år

		2016	2015	2014
Margin over-/underskot	Sum	6 309	3 714	- 1 165
Marginavsetnad	Prosent	12	12	12

Alle beløp i 1000 kr – kommunen sin del.

Kommunen har hatt ein marginavsetnad på 12 % frå skatteåret 2005. Ein har i denne perioden, med unntak for 2014, hatt ein positiv marginavsetnad. I 2015 og 2016 syner marginoppgjeret ein stor positiv margin.

Ein finn på det noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å endre marginprosenten, og held fast på dagens sats på 12 %.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

DEL 3: INNKREVJING AV KRAV

3.1. RESTANSEUTVIKLINGA

3.1.1. Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2016	Av dette berostilt restanse 31.12.16	Restanse 31.12.2015	Av dette berostilt restanse 31.12.15	Endring i restanse Minke (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse
Sum restanse pr. skatteart	**13 351 229**	**0**	**15 166 470**	**0**	**- 1 815 241**	**0**
Arbeidsgjevaravgift	396 755	0	1 203 745	0	- 806 990	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	1 626 556	0	1 915 918	0	- 289 362	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt – person	1 187 686	0	1 126 726	0	+ 60 960	0
Forskotstrekk	869 820	0	1 574 897	0	- 705 077	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	157 516		154 322	0	+ 3 194	0
Inntekt frå summarisk fellesoppgjer	0	0	0	0	0	0
Kjeldeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	729 696	0	844 468	0	- 114 772	0
Restskatt – person	8 383 200	0	8 346 394	0	+ 36 806	0
Sum restanse diverse krav	**3 770**	**0**	**0**	**0**	**+ 3 770**	**0**
Diverse krav	3 770	0	0	0	+ 3 770	0
Sum restanse pr skatteart inkl.div.krav	**13 354 999**	**0**	**15 166 470**	**0**	**- 1 811 471**	**0**

3.1.2. Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Arbeidsgjevaravgift
Av restansen på kr 396.755, er det kr 43.676 som gjeld arbeidsgjevaravgift 2016. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen er kr 110.324 krav som er meldt i konkursbu aksjeselskap, og kr 232.608 gjeld krav mot enkeltmannsføretak som er avslutta, men der eigar fortsatt hefter for restansen.

Restanseutviklinga har vore svært positiv siste året, og ein kan ikkje forvente ytterlegare reduksjon.

Forseinkingsrenter
Dette er forseinkingsrenter for alle skattearter. Restansen er redusert med kr 289.362 samanlikna med 2015 til kr 1.626.556. Krav på forseinkingsrenter vert kalkulert løpande fram til hovudstolen som kravet er knytt til er betalt. Først når hovudstolen er betalt vert forseinkingsrenter bokført som ein eigen restanse. Restansen på forseinkingsrenter må derfor sjåast i samanheng med andre skattartar, og då særleg restansen på restskatt. Det aller meste av desse krava gjeld forseinkingsrenter restskatt og forseinkingsrenter forskotsskatt. Mesteparten av krava gjeld skuldnarar som og har andre restansar, og desse hovudstolane vert prioritert før renter ved oppdekking.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Restansen har blitt gradvis redusert siste åra, og ein forventar at restansen vil ligge på dagens nivå dei komande åra.

Forskotsskatt
Skattearten gjeld forskotsskatt frå upersonlege skattytarar. Restansen er kr 0, og det var den og i 2015.

Forskotsskatt person
Restansen er kr 1.187.686. Dette er ein auke med kr 60.960 samanlikna med 2015. Av restansen gjeld kr 505.440 inntektsåret 2016. Tilsvarande restanse for siste inntektsår var i 2015 kr 263.679.

I årsmeldinga for 2015 vart det opplyst at ein forventa ei stabillisering kring dåverande totalrestanse, og dette stemmer godt. Ein forventar at restansen framover vil ligge på om lag same nivå.

Forskotstrekk
Restansen er kr 869.820. Dette er ein vesentleg reduksjon samanlikna med 2015 då restansen var kr 1.574.897. Av restansen er det kr 78.448 som gjeld forskotstrekk 2016. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen gjeld kr 534.369 krav som er meldt i 3 konkursbu aksjeselskap. Kr 257.003 gjeld krav mot enkeltmannsføretak der eigar fortsatt hefter for gjelda.

Konkursbu med skuldig forskotstrekk vert prioritert ved arbeidsgjevarkontroll. Dette for å kunne gjere styreleiar/dagleg leiar personleg ansvarleg for forskotstrekket. Det vert levert politimelding og kravd erstatning i dei sakene der det er grunnlag for dette. Av restansen i konkursbu er kr 309.115 tilkjent i erstatning frå ein tidlegare dagleg leiar i 2014. Ein har førebels ikkje lukkast å krevje inn dette beløpet frå den daglege leiaren. Ein har vidare i 2016 fått dom i forliksrådet mot ein annan dagleg leiar kr 25.282.

Innkrevjingsinntekter
Restansen er kr 157.516. Restansen er på nivå med 2015 då restansen var kr 154.322. Restansen gjeld ubetalte gebyr for varsla / haldne utleggsforretningar av skatteoppkrevjar. Det vart i 2016 varsla 48 utleggsforretningar, og 37 utleggsforretningar vart halde. Dette gav kommunen direkte inntekter kr 83.616, noko som er ei auke samanlikna med 2015 då kommunen fekk overført kr 77.959.

Restskatt
Restansen restskatt upersonlege er kr 729.696. Dette er ein reduksjon samanlikna med 2015, då restansen var kr 844.468. Av restansen gjeld kr 619.613 restskatt 2015.

Av restansen er kr 14.503 krav som er meldt i 1 konkursbu. Eventuell avskriving av dette kravet vert avklara i 2017.

Restskatt person
Restanse er kr 8.383.200. Dette er ein auke med kr 36.806 samanlikna med 2015, då restansen var kr 8.346.394. I 2015 auka restansen med kr 1.432.334 samanlikna med 2014, medan restansen i 2014 vart redusert med kr 1.608.992 frå 2013.

Ein har og i 2016 utfordringar knytt til feilutlikna skattar. I 2016 er desse feillikningane knytt til manglande kredittfrådrag for skatt betalt i utlandet. Det er berekna at dette utgjer om lag 1,2 mill.kr av restansen. Tilsvarande feillikning som skuldast manglande kredittfrådrag i 2015 var om lag 0,5 mill.kr.

Ved førre årsskifte hadde ein store restansar vedkomande utanlandske fiskarar som var feilaktig likna i Norge. Denne restansen gjaldt då 22 personar, og var berekna til om lag 1,5 mill.kr. Her har samarbeidet med Skattekontoret blitt mykje betre, og ein har ingen restansar grunna dette ved årsskiftet.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Det har blitt arbeida mykje med innkrevjing av restskattar siste åra, og restansevolumet har blitt redusert gradvis. Restanseutviklinga for dei siste åra er positiv, og innkrevjinga syner svært gode resultat. Ein har ei utfordring på gamle restskattar for perioden 1992-2005. Hovuddelen av restansane gjeld eit fåtal personar med høge restansar.

Skatteoppkrevjar vurderer restansevolumet som normalt for ei kommune med den storleik og næringsstruktur som Herøy har. Det vert sjølvsagt arbeidd med å få restansevolumet ytterlegare ned i åra som kjem.

Diverse krav
Restansen for diverse krav er kr 3.770. I 2015 var restansen kr 0.

Utvikling totale restansar
Totalrestansen pr. 31.12.2016 er kr 13.354.999. Dette er ein lågare restanse enn i 2015, og årsakene til dette er forklart under dei enkelte skatteartane ovanfor. Ein forventar ei utflating av restansevolumet rundt 12-15 mill.kr i åra som kjem.

Sum restanse alle skatteartar	**Beløp**	
Total restanse pr. 31.12.2007	Kr	35 845 063
Total restanse pr. 31.12.2008	Kr	26 658 606
Total restanse pr. 31.12.2009	Kr	26 233 448
Total restanse pr. 31.12.2010	Kr	18 851 902
Total restanse pr. 31.12.2011	Kr	17 453 913
Total restanse pr. 31.12.2012	Kr	14 872 481
Total restanse pr. 31.12.2013	Kr	30 699 184
Total restanse pr. 31.12.2014	Kr	13 665 996
Total restanse pr. 31.12.2015	Kr	15 166 470
Total restanse pr. 31.12.2016	Kr	13 354 999

Avskriving / ettergjeving 2016
Det er i 2016 avskrive/ettergjeve kr 1.296.229. I 2015 vart det avskrive/ettergjeve kr 555.650, og i 2014 kr 643.829.

Avskriving av krav skjer normalt i samband med konkursar og gjennomførte gjeldsordningar. I 2016 vart det avskrive krav i 7 konkursar. Det er ikkje avskrive krav i samband med gjeldsordningar i 2016. Det er avskrive krav i 1 sletta NUF (Norsk Utanlandsregistrert Føretak).

Det er vidare avskrive krav i 2 dødsbu , og 3 personar har fått ettergjeve skattekrav i medhald av likningslova § 9-12 etter vedtak av skattekontoret.

Personar som er skuldig restskatt eldre enn 3 år, får nedsett pensjonspoeng for desse krava. Ubetalte krav vert nedsett med den del av kravet som gjeld pensjonsdelen.

I 2016 vart det ikkje nedskrive pensjonspoeng grunna ubetalte restansar i Herøy.

3.1.3. Restansar eldre år

Inntektsår	**Sum restanse**	**Av dette skatteart Restskatt - person**
2014	602 000	352 928
2013	345 594	165 561
2012	408 251	70 760
2011-1992	7 049 985	4 436 195

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

3.1.4. Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år

Skatteoppkrevjaren har ingen restansar der innkrevjinga er sett «i bero», men følgjer opp alle restansar aktivt med innkrevjingstiltak. Vi nyttar heile spekteret i vår innkrevjing av desse restansane, frå betalingsavtalar til konkurs.

Dei eldste restansane som vi krev inn er frå 1992, og den eldste restskatten som vert kravd inn er frå 1992. Det er 10-12 personar som er skuldig det aller meste av desse gamle restskattane. Av desse får vi inn pengar frå om lag halvparten. Alle krava vert sikra mot forelding, men det er lite å hente hjå desse skattytarane. Nokre vil bli avskrive som ei følgje av gjeldsordningar, medan andre viser ingen evne/vilje til å gjere opp for seg.

Forelda krav

Skatteoppkrevjaren har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" pr. 31.12.2016 og sikra at krav ikkje vert forelda utan at fristavbrytande tiltak er utført.

Tal på forelda krav pr. 31.12.2016: 1 stk.
Samla beløp på krav forelda pr. 31.12.2016: 397 kr.

3.2. INNKREVJINGA SI EFFEKTIVITET

3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2016.

Oppfylling av resultatkrav fastsett av Skatt-Midt

Skatteart \ år	**2016 Herøy**		**2016 Region**	**2016 Norge**	**2015 Herøy**		**2014 Herøy**	
	Krav	**Resultat**	Resultat	Resultat	Krav	**Resultat**	Krav	**Resultat**
Restskatt person	98,0 %	**98,7 %**	95,8 %	94,9 %	98,0 %	**99,2 %**	97,0 %	**99,6 %**
Innkravd restskatt person	80,0 %	**88,3 %**	69,7 %	63,3 %	80,0 %	**89,6 %**	80,0 %	**95,2 %**
Forskotsskatt person	99,7 %	**99,9 %**	99,4 %	99,2 %	99,5 %	**99,8 %**	99,5 %	**99,8 %**
Arbeidsgjevaravgift	99,9 %	**99,9 %**	99,9 %	99,9 %	99,9 %	**100 %**	99,9 %	**100 %**
Forskotstrekk	100 %	**100 %**	100 %	100 %	100 %	**100 %**	100 %	**100 %**
Restskatt føretak	99,4 %	**99,6 %**	99,4 %	98,9 %	99,4 %	**100 %**	99,9 %	**99,9 %**
Forskotsskatt føretak	99,9 %	**100 %**	100 %	99,9 %	99,9 %	**100 %**	99,9 %	**100 %**

Resultatet vert vurdert som svært godt. Alle krav er oppfylt. Resultatet for 2016 er i samsvar med dei gode innkrevjingsresultata som skatteoppkrevjaren i Herøy har hatt siste åra.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjaren nyttar heile spekteret av innkrevjingsaktivitetar i vår innkrevjing av skattar og avgifter. Ei aktiv oppfølging av våre restansar har gitt gode resultat. Val av innkrevjingsaktivitet vert tilpassa den enkelte skattytar/bedrift. Nokre skattytarar vel å ikkje betale før tidsetjing av konkurssak i Tingretten ligg føre, medan andre følgjer lojalt opp ei inngått betalingsavtale. Erfaring og kunnskap om våre skattytarar/bedrifter er svært viktig. God service og raske tilbakemeldingar til våre kundar har og positiv effekt på restanseutviklinga.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Næringslivet i kommunen er tungt eksponert mot oljeservice, og redusert aktivitet innan denne sektoren har ført til auka arbeidsledigheit og stor usikkerheit kring lokale arbeidsplassar. Store reiarlag var truga av konkurs i 2016, og måtte kutte i drift og investeringar. Dette har påverka drifta for mindre underleverandørar, som har mista store kundar. Ein har likevel hatt få konkursar i 2016. 8 aksjeselskap er gått konkurs eller er blitt tvangsavvikla i 2016. I 2015 gjekk 4 aksjeselskap konkurs.
På tross av dette, så leverer ein gode innkrevjingsresultat på skatteartar som arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk og forskotsskatt/restskatt føretak.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Når det gjeld innkrevjing mot personar, så ser ein at enkelte av dei som er blitt oppsagt/permitert siste åra, no slit stadig tyngre økonomisk. Det verkar som om den økonomiske bufferen som dei hadde, no er oppbrukt, og at dei no ikkje klarer uføresette utgifter like godt. Skatteoppkrevjar merkar at stadig fleire utleggsforretningar vert halde med «intet til utlegg», og vi ser at gjelda til dei som slit aukar. Den «lette» tilgangen til kreditt har og ført til stor gjeldsoppbygning for fleire, og enkelte har refinansiert gjeld med stadig nye kredittkort.

Herøy har i alle år hatt eit næringsliv der arbeid på sjøen har vore sentralt. Dette har medført at ein har kunne gått direkte frå folkeskulen til godt betalte jobbar. Ein har derfor ei befolkning i kommunen som har relativt låg formell utdanning, men som er svært dyktig til å «drive sjøen». Heldigvis går fiskeria svært godt, men skulle ein oppleve at mange må omskulerast til eit arbeid på land, så vil ein ha ei stor utfordring i åra som kjem.

Skatteoppkrevjar har i april-mai vore delvis utleigd til Hareid kommune i samband med sjukdom der. Dette har gitt inntekter til Herøy kommune for sal av tenester, men har og medført litt redusert aktivitet innan innkrevjinga i Herøy. Oppgåvene er likevel blitt løyst tilfredstillande innanfor kommune sitt fleksitidsreglement. Skatteoppkrevjar har og fungert som setteskatteoppkrevjar i ei sak i Vanylven kommune.

3.2.4 Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Kontoret har i dag god effektivitet i innkrevjingsarbeidet. Det vert ikkje vurdert som naudsynt å treffe spesielle tiltak for å betre effektiviteten. Ein arbeider kontinuerleg med ei målsetjing om å yte tenester som er kostnadseffektive og av god kvalitet.

3.3. SÆRNAMSKOMPETANSE

Skatteoppkrevjaren har særnamskompetanse, og nyttar denne aktivt. Det vart varsla 48 utleggsforretningar i 2016, og 37 vart halde.

Tildelte ressursar vert vurdert som tilstrekkeleg til å kunne utnytte særnamskompetansen på ein god måte.

DEL 4: ARBEIDSGJEVARKONTROLL

4.1. ORGANISERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Skatteoppkrevjaren i Herøy er frå 15.09.2011 med i ei interkommunal kontrollordning. Den interkommunale kontrollordninga er plassert i Ålesund, og er ein del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Vedtak om innmelding i kontrollordninga vart gjort i K-sak 62/2011. Det er Nordre Sunnmøre kemnerkontor som har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i denne kontrollordninga.

Kontrollressursane i kontrollordninga vert fordelt mellom dei deltakande kommunane etter folketalet i kommunen. Denne måten å fordele ressursar etter, er ei ulempe for Herøy som har mange føretak registrert i kommunen. I følgje budsjettet for kontrollordninga for 2016, hadde ein totalt 1.489 dagsverk tilgjengeleg, og effektiv kontrolltid var berekna til 1.238 dagsverk. Herøy sin del var planlagt til 65 dagsverk med effektiv kontrolltid, og det vart brukt 83 dagsverk.

4.2. PLANLAGDE OG GJENNOMFØRTE KONTROLLAR

Antal planlagde kontrollar for 2016: 21
Som utgjer: 5,0 % av totalt antal arbeidsgjevarar i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2016: 10

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Som utgjer: 2,3 % av totalt antal arbeidsgjevarar i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2015: 19
Som var: 4,3 % av totalt antal arbeidsgjevarar kommunen

4.3. RESULTAT FRÅ ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Det er gjennomført 4 formalkontrollar og 6 avdekkingskontrollar i 2016. Av dei 6 avdekkings-kontrollane som vart halde, så vart det avdekt beløp i 1 av desse kontrollane (16,7 %). Endringsforslag som følgje av kontroll er kr 335.636 i inntektsgrunnlag og kr 335.636 i arbeidsgjevaravgiftsgrunnlag.

4.4. VURDERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Aktiviteten innan arbeidsgjevarkontrollen oppfyller ikkje dei resultatkrav som Skattedirektoratet har sett til gjennomføring av kontrollar. Dette kravet er og har vore 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen årleg.

Skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester tilsvarande 0,5 årsverk i denne kontrollordninga. I 2016 har vi fått opplyst at det er utført kontrolltenester tilsvarande 0,40 årsverk eller 83 dagsverk.

Utviklinga over tid syner følgjande resultat:

År	Utførte kontrollar	Planlagde kontrollar	Resultat i prosent	Antal arbeidsgj. i kommunen	Endring inntekts-grunnlag	Endring grunnlag arb.gj.avg.
2007	3	19	0,8	394	192 320	192 320
2008	6	19	1,5	394	73 330	73 330
2009	1	21	0,2	433	0	0
2010	3	21	0,7	433	107 601	107 601
2011	4	21	0,9	432	298 818	298 818
2012	15	21	3,4	436	2 865 484	2 865 484
2013	9	22	2,0	452	30 000	141 500
2014	14	23	3,2	442	292 608	292 608
2015	19	22	4,3	440	1 101 171	498 123
2016	10	21	2,3	427	335 636	335 636

Vi hadde ved årsstart ei klar målsetjing om å klare resultatkravet på 5 %.

Arbeidsgjevarkontrollørane nyttar kontrollverktøyet KOSS i arbeidet. Bruken av KOSS gjer at mykje tid vert nytta til detaljregistrering og kvalitetskontroll. Dette arbeidet forenklar arbeidet når rapportane skal handsamast av Skattekontoret, men for kontrollørane tek arbeidet verdifull kontrolltid. Det tek og tid å tilpasse rutinar og arbeidsmåtar til KOSS.

Skatteoppkrevjar er godt nøgd med kvaliteten på dei kontrollane som er utført. Rapportane er oversiktelege og innehald dei opplysningar som vi treng til vidare handsaming av kontrollane.

Noko av årsaka til det vesentleg dårlegare resultatet i 2016 enn i 2015, er at ein i 2015 utførte personallistekontrollar. Dette var enkle kontrollar som tok kort tid å utføre og rapportere. I 2015 var 7 av 19 kontrollar personallistekontrollar. I 2016 er slike personallistekontrollar ikkje lenger teljande som utført kontroll. Alle utførte kontrollar i 2016 er ordinære boketterSyn.

I årsmeldinga for arbeidsgjevarkontrollen vert det estimert at ein bør ha 10 årsverk som lønsrevisor for å kunne nå kontrollkravet. Ein har i 2016 hatt 6-7 årsverk tilgjengeleg fram til desember 2016. Ein har

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

hatt ein lønsrevisor med langtidssjukemelding, og det er i løpet av 2016 tilsett 2 nye lønsrevisorar. Det har gått med tid til opplæring av desse.

Kontrollordninga er frå 01.01.2016 blitt utvida med at Ørsta kommune er kome inn i samarbeidet. Frå 01.01.2017 vil og Sykkylven kommune bli ein del av samarbeidet.

Skatteoppkrevjar har ikkje vore nøgd med dei resultat som blir levert av kontrollordninga, og har via styringsgruppa for arbeidsgjevarkontrollen, søkt å fremme betre framdrift i kontrollarbeidet. Skatteoppkrevjar sin konklusjonen er at kontrollørane arbeidar effektivt og leverer rapportar av god kvalitet. Årsaka til at ein ikkje har nådd resultatkravet er i hovudsak at ressursane til kontrollordninga ikkje er tilstrekkelege til at ein kan forvente at resultatkravet vert nådd. Ein har likevel bedt om betre oppfølging av tidsbruken internt i arbeidsgjevarkontrollen.

Skatteoppkrevjar er ikkje nøgd med at ein heller ikkje i 2016 har nådd resultatmåla. Ein ønskjer likevel å være klar på at arbeidsgjevarkontrollen best vert løyst gjennom den interkommunale ordninga. Tabellen ovanfor, som syner kontrollresultata i perioden 2007 - 2016, syner klart den vesentlege forbetringa som kontrollsamarbeidet har medført frå september 2011.

For meir detaljerte opplysningar om arbeidsgjevarkontrollen, og deira aktivitet i 2016, vert det synt til eiga årsmelding frå den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen.

4.5. SAMARBEID MED ANDRE KONTROLLAKTØRAR

Skatteoppkrevjaren har ikkje delteke i aksjonar saman med andre kontrollinstansar i 2016.

4.6. GJENNOMFØRTE INFORMASJONSTILTAK

Det har blitt halde ein kursdag i desember 2016 for bedrifter, rekneskapsførar og revisorar. Tema for kursdagen var lønsområdet. Kurset vart halde av tilsette i interkommunal kontrollordning i kommune-styresalen i Herøy rådhus.

Det er utarbeida eit orienteringsskriv til nye arbeidsgjevarar. Dette inneheld informasjon om kva pliktar dei har som arbeidsgjevarar vedkomande skatt og avgift, m.m. Dette er blitt sendt til 54 nye arbeidsgjevarar i 2016. Alle arbeidsgjevarar som har vore i kontakt med skatteoppkrevjar, har motteke informasjon om levering av oppgåver, ansvar, m.m.

Stad: Fosnavåg **Dato: 20 januar 2017**



Skatteoppkrevjar sin signatur

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2016. Signert av skatteoppkrevjar.
Forklaring til årsrekneskapen

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

ÅRSREKNESKAP 2016

		Valt år	Førre år
	Likvidar	97 801 244	100 698 983
	Skyldig skattekreditorane	- 11 014 373	- 10 286 472
	Skyldig andre	- 54 747	- 34 750
	Innestående margin	- 86 732 122	- 90 377 757
	Udisponert resultat	- 2	- 4
Sum		**0**	**0**
	Arbeidsgjevaravgift	- 339 729 882	- 371 614 446
	Kildeskatt	- 23 134	- 657 214
	Personlege skattytarar	- 845 229 355	- 838 143 689
	Tvangsmulkt	- 2 459	
	Upersonleg skattytarar	- 92 340 984	- 98 323 524
	Renter	- 932 796	- 288 928
	Innkrevjing	22 334	62 701
Sum		**- 1 278 236 276**	**- 1 308 965 100**
	Fordelt til Folketrygda – arbeidsgjevaravgift	339 729 885	371 614 445
	Fordelt til Folketrygda – medlemsavgift	231 224 051	233 228 526
	Fordelt til Fylkeskommunen	53 748 393	50 770 166
	Fordelt til kommunen	260 045 749	248 459 791
	Fordelt til Staten	393 496 726	404 765 523
	Krav som er ufordelt	- 3	1
	Overføring mellom kommunar	- 8 526	126 648
Sum		**1 278 236 276**	**1 308 965 100**
Sum		**0**	**0**

Fosnavåg 20.01.2017

Jan Driveklepp
-skatteoppkrevjar-

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Forklaring til årsrekneskapen

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen syner skattar og avgifter m.m. som er innbetalt innan rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter m.m. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvidar**
  Likvidar i skatterekneskapen består av bankbehaldning for skatt og eventuelt kontantbehaldning.

- **Skuldig skattekreditorane**
  Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember , står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjeret til skattekreditorane seinast 10.januar.

  Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ein fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal innbetale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20.januar.

- **Skuldig andre**
  Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalingar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

- **Udisponert resultat**
  Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innkrevjing**
  Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk fråtrekt marginavsetnad, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot frå personlege og upersonlege skattytarar, kjeldeskatt, samt renter og gebyr.

- **Fordelt til skattekreditorane**
  Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.

- **Krav som er ufordelt**
  Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Skatteetaten

Saksbehandlar	Dykkar dato	Vår dato
Ragnar Høyland		15.02.2017
Telefon	Dykkar referanse	Vår referanse
73 86 57 35		2016/119127

Kommunestyret i Herøy kommune
PB 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2016/158 | Saksbeh.
17 FEB. 2017
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Herøy kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014
1,5	1,6	1,6

2.2 Organisering

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av kontrollordninga som er lokalisert ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. I 2016 ble det kjøpt kontrolltenester tilsvarende 0,4 årsverk.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Herøy kommune viser per 31. desember 2016 ein skatte- og avgiftsinngang[1] til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 278 236 276 og utestående restansar[2] på kr 13 354 999. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2017.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2016 for Herøy kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultat-krav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	27,7	98,74 %	98,00 %	99,22 %	95,82 %
Arbeidsgjevaravgift 2015	368,3	99,89 %	99,90 %	99,96 %	99,86 %
Forskotskatt personlege skatteytarar 2015	50,1	99,92 %	99,70 %	99,84 %	99,39 %
Forskotstrekk 2015	849,5	99,99 %	100,00 %	100,00 %	99,96 %
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2015	84,7	100,00 %	99,90 %	100,00 %	99,97 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	31,4	99,65 %	99,40 %	100,00 %	99,42 %

Resultatet vert vurdert som godt.

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Herøy kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for kommunen per 31. desember 2016 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar 2016:	Utført kontroll 2016 (i %)	Utført kontroll 2015 (i %)	Utført kontroll 2014 (i %)	Utført kontroll 2016 region (i %)
427	21	10	2,3 %	4,3 %	3,2 %	4,2 %

[1] Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

[2] Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2016 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for innkrevjingsområdet. Siste stadlege kontroll vart halden 1. juni 2016.

Skattekontoret har i 2016 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

5. Resultat av utført kontroll

- ***Intern kontroll***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avleggingа av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjing***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Arbeidsgjevarkontroll***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen vert likevel ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 2,3 % kontroller mot et krav på 5 %.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2016 gjeve tilråding som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 14 juni 2016. Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilrådingen som er gjeven.

Venleg helsing

Stein-Ove Hjortland
Fung. avdelingsdirektør

Ida Moen
Fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Herøy kommune
- Skatteoppkrevjaren for Herøy kommune
- Riksrevisjonen

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

U T S K R I F T

frå

M Ø T E P R O T O K O L L

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	08/17	232	27.02.2017

SAK 08/17 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2016 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Forslag til vedtak/uttale
Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgiveakontroll for det som gjeld Herøy kommune for 2016.

Vedlegg
- Kontrollrapport 2016 frå Skatteetaten, av 15.02.2017
- Årsmelding 2016 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2017
- Årsrekneskap 2015 for skatterekneskapen, av 20.01.2017
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2016, av 12.01.2017

Saksopplysning
Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsrmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgiverkontroll.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:
- Overordna intern kontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Det er ikkje utført arbeidsgivarkontroll i tilstrekkeleg omfang. Det var utført 2,3% (4,3% i 2015) kontrollar mot ei krav på 5%.

Innkrevjinga/skatteinngangen:

- Det vert vist til Skatteetaten sin kontrollrapport, pkt. 3.
- Årsmeldinga frå Skatteoppkrevjaren pkt. 3, samt skatterekneskapen.
- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2016 var kr 260.045.749. I 2015 var den
  kr 248.459.791. Dvs. ein auke kr 11.585.959, 4,7%. Viser til Årsmelding for Skatteopppkrevjaren pkt. 1.3.2 side 9.

Samrøystes vedtak/uttale

1. Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgiveakontroll for det som gjeld Herøy kommune for 2016.
2. Arbeidsgivarkontrollar er ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang i 2016. Antal arbeidsgivarkontrollar bør skjerpast inn i høve målsetting og krav.

Rett utskrift
Åram, 28.februar 2017

Sigrid Aa.Torbjørnson
Konsulent

Utskrift til : **Kommunestyret for behandling**
Skatteoppkrevjar
Rådmann

Interkommunal samarbeidsgruppe

Arbeidsgiverkontroll

Et samarbeid mellom kommunene
Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda, Ørskog og Ørsta

ÅRSMELDING INTERKOMMUNAL ARBEIDSGIVERKONTROLL

ÅR 2016

ARBEIDSGIVERKONTROLL

1. Generelt om arbeidsgiverkontroll

1.1 Samarbeidspartnere

Den Interkommunale arbeidsgiverkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor er et samarbeider mellom flere kommuner. Tilknyttet kommuner i samarbeidet for 2016 er; Giske, Hareid, Haram, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Stordal, Sande, Volda, Ulstein, Ørskog, Ørsta og Ålesund. Ålesund kommune er vertskommune for samarbeidet, og samarbeidet er organisert etter kommuneloven § 28b, administrativt vertskommunesamarbeid. Den interkommunale arbeidsgiverkontrollen er organisert i et eget team som ligger under kemneren.

Det er inngått samarbeidsavtale i med Sykkylven kommune, gjeldende fra 1.1.2017.

1.2 Styringsgruppa

Det er etablert en styringsgruppe der saker vedrørende drift av arbeidsgiverkontrollen blir drøftet. Styringsgruppen består av tre medlemmer. Kemneren i Nordre Sunnmøre er fast medlem. De øvrige velges av og blant skatteoppkreverne i de samarbeidende kommuner. Funksjonstid er to år. Teamleder deltar på møtene i styringsgruppen. Valg av styre ble gjennomført i februar 2015. Sittende styre ble da gjenvalgt.

Medlemmer 2016 har vært:

Kemner i Nordre Sunnmøre	Lindis Skeide Nyland
Skatteoppkrever i Volda	Ove Bjerkvik
Skatteoppkrever i Herøy	Jan Driveklepp

Det har vært avholdt to møter i styringsgruppen i år der følgende saker er drøftet:

- Status - fremdriften i kontrollarbeid
- KOSS – effektiv eller ikke
- Kvalitetssikring – mer krevende kontroller
- Tiltak for effektivitet – øke antall kontroller
- Utvidelse – økt antall lønnsrevisor
- Ny kommune søkt seg inn i samarbeid
- Endring på brevmaler

1.6 Ressurs fordeling

Arbeidsgiverkontrollen har i 2016 utvidet fra 7 til 9 stillinger. Den siste startet 1. desember. I tillegg er det ansatt ytterligere to lønnsrevisorer som skal begynne henholdsvis i januar og mars i 2017. Antall stillinger utgjør etter dette elleve stillinger inklusiv teamleder.

Kontrollene i den enkelte kommune er fordelt etter fordelingsnøkkel basert på folketallet i kommunene. Registrering av årsverk følger Skatt Midt- Norge sin beregning, med 210 DV pr årsverk. For å vite hva ren kontrollarbeid utgjør har arbeidsgiverkontrollen også registrering av ren kontrolltid (effektiv kontrolltid). I dette inngår ikke reisetid, annet kontorarbeid, møter mm.

I årsplan for 2016 var beregnet tilgjengelig ressurs brutto1489 DV, teamleder beregnet 84 DV (administrativ tid for teamleder ikke beregnet med). Effektiv kontrolltid ble beregnet til 1238 DV.

Ved full bemanning skulle årsverk være 7,8 (inkl teamleder 100 %) for 2016.
Etter korrigering for sykefravær er årsverk beregnet til 7,2.

Registrert effektiv kontrolltid i 2016 er 899 DV. Til sammenligning var år 2015 registrert med 840 DV brukt til kontrolltid.

Registret reisetid utgjør 12 dagsverk og 95 dager er registrert som kursdager.
Til sammenligning var år 2015 registret 9 dagsverk og 58 dager kursdager.
Reisetid og tid til kurs/opplæring er fordelt etter prosentvis andel på kommunene.
Total kursdager er iberegnet dager for de kurs arbeidsgiverkontrollen arrangerer selv for arbeidsgivere, regnskapsførere. Lønnsrevisorer som ikke er direkte involvert, er deltaker ved den ene kursdag.
Det er og å bemerke at to av lønnsrevisorene har deltatt på en kontrollopplæring som skatteetaten har gjennomført i høst og som vil fortsette til ca mai 2017. 1 lønnsrevisor har vært langtids sykemeldt.

2. Organisering

2.1 Medarbeidere 2016

Vi har ikke hatt full oppdekning i våre stillingshjemler i 2016. En stilling med midlertidig vakans på 10% og sykefravær gir reduksjon. Ett høyere antall kursdager har og påvirket ressursbruk. I tillegg har vi hatt to medarbeidere som tiltrådte stillingene 1. februar og har vært under opplæring.

Teamleder:
Sigrun Andersen

Lønnsrevisorer i 2016 :
Eldrid Smogeli, Marita Nogva, Kay Robert Brastad, Asbjørn Martin Fiedler Rørvik, Trude Grindvik, Hanne Elin Ytrelid og Lars Heggdal fra 1. februar, og Åse Brandal Sandnes som startet 1. desember hos oss.

2.2 Opplæring / etterutdanning

Registret kurstid er
95 dager ekstern, inkl. fagdager / oppdateringskurs ved Skatt Midt- Norge.

Kurs beskrivelse med antall deltagere fra oss:
NARF kurs 1 stk.(4 d)
Skatt Midt - Norge 2 fagdager Tr. Heim 6 stk (12 d)
Skatt Midt - Norge informasjonsdag/ fagdag 1 stk (2 d)
Skatt Midt - Norge PLK (personallistekontroll) 1(1d)
Infotjenesten – lønnskurs 2 (2d)
Skatteetaten kontrollopplæring 2 stk (40 d)
Intern i kommunen, HMS 2 stykk (4 dv)
Egne kurs 2 stykker avholder 3 informasjonsdager (6)
Andre interne kurs / opplæring, lesedager 24 d

3. Arbeid og resultatoppnåelse

3.1 Resultat pr 31.12.2016

Kommune	Krav kontroller	Gj. ført tellende kontroller	PLK	Resultat i prosent av lev.
NSK*	158	80	30	2,5
Hareid	8	6		3,8
Herøy	21	10		2,3
Sande	5	5		5,3
Stranda	13	7		2,7
Sula	13	8		3,2
Ulstein	17	8		2,3
Volda	17	14	1	4,1
Ørsta	21	8		1,9
SUM	273	146	31	

*Nordre Sunnmøre kemnerkontor (NSK) står for 8 kommuner samlet.
*Antall kontroller i forhold til årsplan er korrigert, pga korrigert liste antall leverandør fra SKM.

Krav til antall kontroller var 273, dette ble lagt til grunn i årsplanen. Vi har oppnådd 146 tellende kontroller, avviket i forhold til krav blir 127 stk. I 2016 er ikke 31 PLK med i antall tellende. I utgangspunkt var det planlagt og lagt noe arbeid i utplukk før vi fikk informasjon om endret telling. Vi valgte da å gå videre med slike kontroller, også fordi det ble oppfordret til det fra skatteetaten.
Til sammenligning i 2015 hadde vi 164 kontroller av dette var 75 PLK. Samlet kontroller tellende og PLK i 2016 er da 177 og total antall kontroller er litt økende.

Årsak for våre avvik tilskrives at vi i utgangspunkt mangler ressurser sett til antall pålagte kontroller. Krav til antall rapporter etter økt kommune antall tilsier ca 10 stillinger som ren lønnsrevisor. I 2016 har det tidvis ligget rundt 6-7 lønnsrevisorer frem til desember. Med knappe ressurser er vi sårbare ved fravær.
Vi vektlegger god kvalitet. Kontrollen med etterfølgende rapporten skal gi et godt grunnlag for den senere saksbehandling av vedtak om endring av ligning, og for eventuelle anmeldelser. Dette innebærer at vi bruker mer ressurser på å innhente informasjon i forbindelse med kontrollene og å få til gode fakta beskrivelser. Ny rutine innen kvalitetssikring medfører at vi er to som utfører kvalitetssikringen, dette skal også dokumenteres. Spesielt viktig med mange ferske i kontrollarbeid og dette utgjør en større del av kontrolltid enn tidligere.
Vi mener likevel det er forbedringspotensial i det å begrense tid pr kontroll jamfør vesentlighetsnivå og vurdert risiko.

Avdekning totalt er større enn i 2015, det tilskrives økt antall AK (avdekningskontroller), bedre utplukk og har i noe grad sammenheng med flere konkurssaker for inntektsendringer.

Avdekning av konkursobjekter medfører for vedtak av arbeidsgivergrunnlaget lavt antall og beløp. Det blir ikke foreslått vedtaksendring (behandling) av avdekt arbeidsgivergrunnlag i disse sakene, da det ikke er likvider å hente. Det blir allikevel meldt som endring på differanse mellom innberettet oppgaver og det som avstemning avdekker. Her vil det og i enkelte tilfeller bli en avdekning som er negativ. Det har vært innmeldt lønn, men hvor lønn ikke er utbetalt gir negativ avdekning.

Totalt sett; kravene er høye sett mot tilgjengelig ressurs. Det er flere forhold som har påvirket resultatet og det er gjort tiltak med at vi nå har styrket med antall stillinger. Det er også planlagt noen endringer fremover som vi mener skal vise effekt. Ser en til total antall kontroller er antallet økt med 13 stk fra 2015. I samme periode har det vært høyt sykefravær og flere nyansettelser.

3.2 Tidsforbruk

Det er i 2016 bestemt endring i forhold til beregningen av kontrolltid brukt på rapporter. Tidligere år er det gjort nøye avregning pr kontrollobjekt på gjeldende år. Dette var en beregnet kvartalsoversikt som lå til grunn. Vi har gått bort fra dette fordi det ikke gir et helhetlig bilde av tidsbruk ved kontrollarbeid. Etterarbeid som tilkommer gjerne i etterkant av en rapport har da ofte ikke vært medtatt i beregningen. Det kan være kontakt med skattepliktige, saksbehandler, politi, skatteoppkrever etc. som da ikke er kommet med. Registrering er avhengig av lønnsrevisors nøyaktighet. Vi mener det er bruk av ressurs som er lite hensiktsmessig og som lett misforstås når den skal forklares. Dette ble tatt opp i siste styremøte og avklart.

Antall dagsverk i snitt (alle kommunene) og beregnet fra antall rapporter utgjør da 5,08 DV.
Beregningsgrunnlag er: sum effektiv kontrolltid 899 / på antall kontroller 177.
Inklusiv reisetid med i fordeling vil forbrukt tid være 5,15 DV.

Sammenliknet med 2015 (samme beregningsgrunnlag) vil DV være henholdsvis 5,12 og 5,17.

3.3 Resultat av kontrollarbeidet 2016

For inntektsåret 2016 er dette telt;
Endringsforslag arbeidsgiveravgift.
Endringsforslag inntektsgrunnlag
Rettinger(egenrettinger) ved at vi sender lønns og trekkoppgaver.
Egenrettinger av virksomhet påvirket av kontroll.

Vi har følgende totalresultat i år:

antall kontroller 177
antall rapporter med avdekning er 36 stk, av disse er,
antall AK rapporter med beløp (endringsforslag) 33 stk
antall FK rapporter med avdekning 1 stk
antall kroner forslag egenretting for AGA grunnlag (arbeidsgiveravgift) 287 195
antall kroner forslag egenretting for inntekt 1 084 863
antall kontroller som er etter konkurs er 24 stk

Det er registrert 16 kontroller i 2016 med avdekt mulig straffbare forhold.
For NSK er det i 2016 sendt inn 14 anmeldelser mot 13 i 2015. I tillegg er en varslet om anmeldelse.

Interkommunal arbeidsgiverkontroll	2016	2015	2014
Endring inntekt ansatte, inkl egenretting	13 535 395	kr 12 185 855	kr 17 091 021
Endring AGA gr.lag inkl egenrettet:	13 493 730	kr 9 860 256	kr 10 910 169

Vedtak: vi er målt på:
Beløp – måle vedtaket fra skattekontoret i beløp som andel av forslaget i beløp fra SKO
Antall – måle hvor mange av skattekontorets vedtak som beløpsmessig er lik endringsforslaget i våre rapporter.

For hvert av forholdene (beløp og antall) er parameteren splittet på:
Grunnlag arbeidsgiveravgift og inntektsgrunnlag (likningsendring for ansatte)
Det er et krav at 50 % av avdekning på avdekningskontrollene

Sum totale antall vedtak for AGA er 11 fra skattekontoret.
Rett vedtak på 9 stk. Gir korrekt treff med 82 %.
Sum totale antall vedtak for inntektsgrunnlag er 57. Rette vedtak 44, gir riktig 77 %.
Avdekning målt i år prosentvis av total antall rapporter er 23,8 %, mot fjorårets 21,1 %.

Måler	2016 antall	2016 beløp	2016	Avdekn.	2015 antall	2015 beløp	2015	Avdekn.
Rett i fh til vedtak	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp
Vedtak inntekt	44 / 57	7 323 392	7 121 937	97, %	36 / 49	8 928 607	8 722 304	97,7 %
Vedtak AGA	9 / 11	2 425 227	2 177 782	90 %	5 / 7	2 515 823	2 552 945	98,5 %

*Antall, «vårt tall» er antall rette sett til vedtak.

Vi har da 17 rapporter pr 31.12.16 som ikke er vedtaksbehandlet.
I personallistekontrollene (PLK) 2016 er det i 18 av 31 kontroller foreslått gebyrer totalt med sum kr 217 300,-. Disse er ferdig behandlet og vedtatt med samme sum.
Til sammenligning var det i år 2015, 30 av 75 PLK med foreslått gebyr sum 268 320, samme beløp er vedtatt.

Informasjonstiltak

Informasjons – dagene våre trakk 175 deltagere (eks. våre interne). Det ble i år gjennomført informasjonsdag i Ålesund, Herøy, og Ørsta.

4. Regnskap 2016.

Regnskap for år 2016 er avstemt og viser mindre forbruk enn budsjettert.
Fakturaoppgjør er utsendt. Regnskapsoversikt vil oversendes.

5. Konklusjon

Arbeidsgiverkontrollen har i 2016 ferdigstilt 177 bokettersynsrapporter. Dette er mindre enn hva vi i utgangspunkt hadde som mål. Det har vært utfordrende år med flere nye lønnsrevisorer, høyt sykefravær og manglende ekstra ressurs som vi har hatt innen NSK.
Vi har i 2016 en økning i endringsforslag/sum avdekning både ved inntekt og for AGA endring.

Proveny av disse PLK fremkommer ikke tall for avdekning.
Vi mener kvaliteten på kontrollene og rapportene er gode, men er viktig å ha fokus på også fremover.
Følgende dagsverk føres over til 2017:

Kommune	Overført DV til neste år
Ålesund	-53
Giske	41
Haram	33
Hareid	- 8
Herøy	-15
Norddal	5
Sande	13
Sandøy	- 1
Skodje	- 2
Stordal	10
Stranda	-27
Sula	-3
Ulstein	23
Volda	-60
Ørskog	15
Ørsta	28

Ålesund, den 12.1.2017

Sigrun Andersen

Sigrun Andersen
teamleder

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/17	Formannskapet	28.03.2017

BUDSJETTKONTROLL PER 28.02.2017

Tilråding:

Saka vert teken til vitande.

Særutskrift:
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest Kontroll IKS, her

Vedlegg:
Budsjettkontroll per 28.02.2017 - Avdelingane sine kommentarar

Samandrag av saka:
Årets første budsjettkontroll kjem ikkje med dei store overaskingane. Etter at omorganiseringa vart sett i verk frå 01.01.2017 har kommunen no fått 4 nye sektorar i staden for dei 15 avdelingane ein hadde tidlegare. Avdelingane/sektorane melder om stabil drift og i prognosene melder dei om eit meirforbruk på om lag 1,0 mill kr for 2017. Dette talet vil nok endre seg månad for månad, men ved å halde fokus på økonomien voner ein på eit godt år trass i at kommunen sitt utgiftsutjamnande tilskott har blitt monaleg redusert frå 2016 til 2017.

Saksopplysningar:
Som normalt har Herøy kommune også i 2017 eit stramt budsjett. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt.

Per 28.02.2017 legg ein opp til ei enklare form for budsjettkontroll enn det som har vore vanleg tidlegare. Vi kjem tilbake med den ordinære budsjettkontrollen per 30.04.2017 som også skal handsamast i kommunestyret.

Alle avdelingane har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 28.02.2017. Den vedtekne omorganiseringa har byrja og setje seg, men budsjettkontrollen er ikkje heilt i samsvar med den nye organiseringa bl.a. fordi budsjettet for 2017 er vedteke etter gamal organisering.

Oversikt per avdeling og seksjon per 28.02.2017. Alle tal i heile 1.000

Avdeling/sektor	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Prognose år
Politisk leiing	**590**	**710**	**-120**	
Adm leiing	**475**	**597**	**-122**	**-1.000**
Servicetorget	547	527	20	
Dokumentsenter	364	383	-19	
Økonomiavdeling	1.059	997	62	
Personal og org avd.	3.147	1.541	1.606	
IKT	1.047	1.182	-135	
Overføringar	2.497	2.765	-268	
Eigedomsavdelinga	4.470	3.489	981	
Sum Seksjon STAB	**13.131**	**10.884**	**2.247**	
Barnehageavdelinga	13.501	15.184	-1.683	
Grunnskuleavdelinga	19.927	20.078	-151	
Sum seksjon OPPVEKST	**33.428**	**35.262**	**-1.834**	
Barn, familie og helse	7.084	6.793	291	1.300
Pleie og omsorg	21.590	19.466	2.124	
Bu og habilitering	7.403	7.284	119	
Nav og flyktning	2.950	1.763	1.187	
Sum sektor HELSE OG OMSORG	**39.027**	**35.306**	**3.721**	

Kulturavdelinga	1.719	1.573	146	
Utviklingsavdelinga	1.358	1.002	356	
Anleggs- og drifsavdelinga	2.555	3.337	-782	
Brannvern og feiing	1.465	1.528	-63	
Sum sektor Samfunnsutvikling	**7.097**	**7.440**	**-343**	
Øhjelp / mottak	**-252**	**-42**	**-210**	
Skatt / ramme/ finans etc	**-82.321**	**-76.400**	**-5.921**	
SUM TOTALT	**11.175**	**13.758**	**-2.583**	**300**

Berre ei avdeling meiner den får mindreforbruk dette året, medan 2 andre meiner det går mot meirforbruk. Eigedomsavdelinga har ikkje noko tal på dette. Samla sett ser det per 28.02.2017 ut til at vi får eit meirforbruk i 2017 på om lag 1,0 mill kr.

Tabell: Økonomisk oversikt drift per 28.02.2017 i 1.000 kr

	Rekneskap 2017	**Reg. budsjett 2017**	**Avvik**	**Rekneskap 2016**
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	-3.024	-4.296	1.272	-3.222
Andre sals og leieinntekter	-4.587	-6.053	1.466	-5.497
Overføringar	-5.325	-5.263	-62	5.711
Rammetilskott	-42.777	-40.640	-2.137	-43.010
Andre statlege overføringar	-4.934	-5.297	363	-2.285
Andre overføringar	-147	-9	138	-231
Inntekts- og formueskatt	-42.135	-36.575	5.560	-38.525
Sum driftsinnt:	**-102.928**	**-98.133**	**4.795**	**-98.480**
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	57.200	54.846	-2.354	53.485
Sosiale utgifter	17.293	15.933	-1.990	16.463
Kjøp av varer og tenester	14.382	13.032	-1.350	14.613
Kjøp av varer og tenester erstatter komm tenesteprod	17.528	19.328	1.800	16.979
Overføringar	4.743	5.080	337	4.991
Avskrivingar	0	5.663	5.663	0
Fordelte utgifter	-142	-1.055	-913	-83
Sum driftutg:	**111.635**	**112.797**	**1.162**	**106.448**
Brutto Driftsresultat	**8.707**	**14.664**	**-5.957**	**7.968**
Eksterne finansinntekter				
Renter og utbytte	-159	-1.129	970	-168
Gevinst finansielle instrument	-63	-671	608	-227
Mottekne avdrag på lån	0	-34	34	0

Sum finansinnt	**-221**	**-1.833**	**1.612**	**-394**
Eksterne finansutg				
Renteutgifter	2.748	2.776	-28	1.582
Tap fin. instrument	0	33	-33	11
Avdrag på lån	335	3.807	-3.472	422
Utlån	0	42	-42	0
Sum finansutg	**3.083**	**6.658**	**-3.575**	**2.016**
Netto finansutg.	**2.862**	**4.825**	**-1.963**	**1.621**
Motpost avskrivinger	0	-5.731	5.731	0
Netto Driftsresultat	**11.569**	**13.758**	**-2.099**	**9.589**
Bruk av bundne fond	-450			-350
Meirforbruk	**11.120**	**13.758**	**-2.638**	**9.239**

Av tabellen ser ein at dei reine lønskostnadane har auka med om lag 6,95% frå januar/februar 2016 og til same periode i 2017. Det er vesentleg høgare enn lønsveksten og kan bety at kommunen har fleire sysselsett no enn for eit år sidan. Sjukepengerefusjonane er like i desse to åra, så veksten skuldast ikkje høgare sjukefråver.

Ser ein samla reelle lønskostnadar (ink refusjonsjukeløn) er forbruket i januar/februar om lag 1,0 mill høgare enn budsjettet.

Ein ser også at skatteinntektene er mykje høgare enn budsjettert, men her kan grunnen vere upresis periodisering.

Avdelingane sine tilbakemeldingar

Adm leiing rapporterer om eit mindreforbruk pga vakanse i ass rådmann stillinga. Denne innsparinga vil utgjere om lag 1,0 mill i 2017.

Innan sektor for stab er dei fleste i rute. Eigedomsavdelinga melder imidlertid om negativt avvik. Dette skuldast utfordringa i løpande drift.

Innan sektor for oppvekst melder barnehageavdelinga dei usikre punkta er knytt til betaling til andre kommune for barn busett i Herøy med barnehageplass i anna kommune samt refusjonskrav frå private barnehagar for ekstra bemanning barn med særskilte behov. Grunnskuleavdelinga melder om styrka bemanning i nokre saker der det er utfordringar knytt til ekstra ressursar på barn i barneskulen. Men begge avdelingane voner at ein skal unngå meirforbruk i 2017.

Sektor for helse og omsorg melder om eit negativt avvik på 1,3 mill kr knytt til ny legeavtale (budsjettet for 2017 vart ikkje endra som følje av at ny avtale vart inngått). I tillegg. Barnevernsavdelinga slit med sjukefråvær og problem med å få kvalifiserte vikarar. Pleie og omsorg har sine utfordringar knytt til ressurskrevjande brukarar og at ein per dato har auka drift tilsvarande 10 årsverk. Innan sosilasektoren fryktar ein stor auke i sosialhjelpskostnadane som følje av auka og langvarig arbeidsløyse.

Sektor for samfunnsutvikling meiner at ein skal unngå meirutgifter i 2017.

Når det gjeld skatt, rammetilskott, finans, pensjon med meir rår det stor usikkerheit med tanke på framtida. Januar og februar har gitt oss auka inntekter innan skatt og rammetilskott sett i høve til tilsvarande periode i 2016. Vi ser tendensar til reduksjon i skattenivået og vi trur at både mars og mai vil syne stor reduksjon sett i høve til tilsvarande månader i 2016.

No tippa vi også at 2015 og 2016 ville bli utfordriande, men begge dei åra viste kommunerekneskapen overskott. Det er sagt at dette er dei to beste åra for kommuneøkonomien i dette årtusenet og det stemmer nok. I 2015 vart det vedteke nye skattereglar som førte til store skattemessige disposisjonar som fekk ein positiv verknad på skatteinntektene på landsbasis.

For dei andre postane på dette kapittelet er det ikkje råd å sjå nokon trend enno.

Vurdering og konklusjon:

Avdelingane ser ut til å kunne levere ein rekneskap om lag som budsjettert i 2017. Alle tal og statestikkar syner at vi har ei god og rimeleg drift. Sjukefråveret har vore dalande og kommunen sine tilsette har synt stor forståing med utfordringane vi har stått ovanfor og som vi står ovanfor i tida som kjem.

Fosnavåg, 23.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Geir Egil Olsen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Folkevalde

Avvik i inntekter: meirinntekter 4'
Avvik i utgifter: mindreutgifter: 116'

Prognose per 31.12.2017: 0 kr avvik

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Møtegodtgjersle vert normalt ført to gongar i året.

Administrativ leiing

Avvik i inntekter: mindreinntekter 49.000 (manglar refusjon innkjøp)
Avvik i utgifter: mindreutgifter på 167.000 pga stillinga som ass. rådmann er budsjettert i 2017.

Prognose per 31.12.2017 er eit mindreforbruk på om lag 1,0 mill kr.

Servicetorget

Avvik i inntekter : Mangler interne overføringar som gjer at inntektene er lavare enn budsjettert.
Avvik i utgifter: Ingen merknader

Prognose per 31.12.2017 er vanskeleg å sei noko om etter 2 mnd. Reknar med å gå i balanse.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: har gjort nokre innkjøp etter februar med bakgrunn i overgang til mobilt bedriftsnett

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik i inntekter: Utgjer om lag kr 170.000,-. Det meste av dette skuldast utkjøp av ei kopimaskin i samband med ny leverandør. Elles ok.

Avvik i utgifter: Utgjer vel kr 150.000,- og skuldast same sak som nemnt ovanfor.

Prognose pr.31.12.2017: Balanse

Kort forklaring på stoda pr.rapporteringsdato: Lite å rapportere. Lita avdeling utan dei store overaskingane.

Eventuelle ting som kan oppstå seinare i året:

Økonomiavdeling

Avvik i inntekter: Ein del av våre inntekter vert først inntektsført i desember. Avviket er på om lag kr 30.000,-
Avvik i utgifter: Her er avviket på om lag kr 61.000,- og det skuldast i hovudsak betalte lisensar etc der ein ikkje har fått periodisert budsjettet rett

Prognose per 31.12.2017 i kr: Slik stoda er per dato er det intet uventa som har skjedd og vi meiner at vi skal klare budsjettbalanse.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Alt ved det normale så langt i 2017. Vore litt intensivt arbeidsmessig som vanleg og det blir nok ein del overtidsutbetalingar i april.

Evt ting som kan oppstå seinare i året: Ikkje som ein kjenner til per dato.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avvik i inntekter (kvifor): Avviket er på totalt kr 310.000,- og skuldast i all hovudsak feil periodisering av inntekter. Det ligg inne ei månadleg fordeling lik på alle månader, medan dei flestè inntektene kjem 2-3 gongar per år - første gong i april.

Avvik i utgifter (kvifor): Avviket er på i alt kr 1.440.000,- og også her skuldast det feil periodisering. Bl.a. personforsikringar blir betalt 1 gong per år (januar) medan dei i budsjettet er fordelt med 1/12 per mnd. Periodiseringane skal vi forsøke å rette opp til neste månadsrapport. I tillegg er lønsutgiftene budsjettert for lavt. Dette skuldast bl.a. omorganiseringsprosessen og at kommunalsjef stab er løna frå dette området.

Prognose per 31.12.2017 i kr: Basert på erfaringar frå dei to siste åra vil avdelinga/ansvaret samla truleg gå i

ballanse. Det likevel nokre usikkerheitsmoment.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Det er per februar eit overforbruk på vel 22%. I den samanhang vert det synt til merknadane over.

Evt ting som kan oppstå seinare i året: Avdelinga velt der vil kome eln del kostnadar kring Leiarutviklingsprogram og 10-faktor medarbeidarundersøking.
Dette er aktivitetar som har kome til etter budsjettet er vedteke. Det er søkt om OU-midlar, men avdelinga har ikkje motteke tilsagn enno.
Per e-post er vi informert om at Herøy kommune vil få tilsagn.

Sidan Kommunelsjef Stab sorterar under Personal- og organisasjonsavdelinga, og ikkje har eige budsjett, vil ein måtte pårekne «nye» kostnader kring deltaking på seminar og kurs utanfor fylket, som vert kostnadsført på 1261.

Overføringar

Avvik i inntekter (kvifor): Avviket skuldast periodiseringsforhold
Avvik i utgifter (kvifor): Også her skuldast avviket periodiseringar. I tillegg er det brukt ein del av "Næringsfondet" som vi ikkje har henta inn igjen frå bunde fond/RDA.

Prognose per 31.12.2017 i kr. Etter det ein kan sjå vil ein ikkje få meirforbruk på dette ansvarsområdet i 2017

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Dette kapittelet gjeld stort sett overføringar til andre. Mange av summane er kjente gjennom budsjettprosessen. Avvik kan kome som følje av årsavrekningar.

Evt ting som kan oppstå seinare i året. Det vil nok ikkje skje så mykje anna enn at vi kan få endringar som følje av tilhøve som oppstår i løpet av året. Eit døme kan vere at vi ber revisjonen om å utføre mange forvaltningsrevisjonsprosjekt. Då vil våre overføringar/betalingar til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon bli høgare enn budsjettert.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Avvik i inntekter: Avdelinga har mottatt inntekter som ikkje er ført pr.febr'17, så som tilskot til Tidleg innsats 1.-4.klasse. Avvik pr febr'17 er minus kr 242'

Avvik i utgifter: Vi har mindreutgifter på kr 398' pr febr. Dette skuldast mindre kjøp av varer og tenester i denne perioden. Vi har vesentlege meirutgifter på lønn. Dette må sjåast i samanheng med refusjon sjukelønn/foreldrepengar, samt øyremerka tilskot til auka lærartettleik, som ikkje er ført endå.

Prognose pr.31.12.2017: Om ikkje noko uventa skjer, vil vi kunne styre mot balanse.

Kort forklaring på stoda pr.rapporteringsdato: Vi er for tida inne med mykje ekstra ressursar på elevar i barneskulen, som krev styrka bemanning. Dette pga åtferd som utfordrar lærings- og arbeidsmiljøet. Elles normalt.

Eventuelle ting som kan oppstå seinare i året: PPT arbeider no med sakkunnige vurderingar for neste skuleår. Vi er usikre på om det vert fleire tilrådingar om spesialundervisning. Vi veit heller ikkje kva tilflytting av elevar som skjer i løpet av sommaren, som kan medføre behov for styrking innanfor norskopplæring for minoritetsspråklege eller spesialundervisning.

Barn, familie og helse

Barnevernsavd:

Avvik i inntekter i kr: Utgjer om lag kr 100.000,- og skuldast i hovudsak store refusjonar av sjukeløn samt mindre refusjon av andre refusjonar og tilskot. Sjukefråvær og vanskar med å få kvalifiserte vikarar gjer at det er utforande å få handsama meldingar og sakar så raskt som ein har krav på seg til.

Avvik i utgifter i kr: Utgjer eit mindreforbruk på om lag kr 350.000,- og skuldast i hovudsak at det nok at det tek tid før ein vert fakturert for varar og tenester som kommunen kjøper som ein del av oppfølginga av det einskilde barn.

Prognosen per 31.12.2017 er at budsjettet skal gå i balanse.

Per dags dato er det eit positivt avvik, men det er ikkje forventa at dette vil vare. Tenesta arbeidar med fleire tunge saker som vil kunne medføre store utgifter seinare i år. Det ser også nå ut som om vi får kvalifiserte vikarar tilsett.

Helseavdelinga:

Avvik på inntekte i kr: Utgjer omlag kr 695.000,- og skuldast i hovudsak nye leigeavtaler med legane og mindreinntekter ved betaling av husleige. Det vises i den samanhengen til Ksak 145/16 kor dette er vedteke.

Avvik i utgifter i kr: Det er ikkje vesentleg avvik på utgifter.

Prognose per 31.12.2017: Eit meirforbruk på kr. 1.3 mill, jf. nemnde K.sak.

Når det gjeld helsetenesta generelt og kva som kan oppstå seinare i året vil eg særleg nemne det auka talet på ressurskrevjande pasientar innan mange av fagområda innan helse som gjer at tenesta i mange samanhenger opplever at dei strekk seg svært langt for at pasientane skal få ei forsvarleg teneste. Over tid kan dette føre til stor slitasje blant dei tilsette.

Pleie og omsorgsavdelinga

Avvik i inntekter: Ein del vederlag er ikkje inntektsført.

Avvik i utgifter: Avvik på grunn av rammekutt, ekstra utgifter til løn. Rapporten på heimetenesta er ikkje reell. Det er negativt avvik, men ikkje så høgt som vist til her.

Prognose per 31.12.17: Negativt avvik på grunn av auke drift tilsvarande 10 årsverk i heimetenesta i heile 2017.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Avvik i inntekter: Ingen spesifikke avvik.

Avvik i utgifter: Høg overtidsbruk dei fyrste to månadane i 2017. Skuldast høg fråversgrad på grunn av sjukdom.

Prognose per 31.12.17: Balanse

Sosial og flyktning

Avvik i inntekter. dette skuldast i hovudsak at statstilskot i flyktningetenesta ikkje er kome inn.

Avvik i utgifter: Det er ikkje vesentlege avvik på utgiftssida.

Prognose per 31.12.2017 er at regnskapet skal vere i balanse.

Eventuelle ting som kan oppstå seinare i året: Det er stor arbeidsledigheit i kommunen og det er og slik at mange har vore ledige lenge. Dette kan fort føre til store utgifter til sosialstønad i løpet av året. Situasjonen på området må derfor følgas nøye opp over tid. Kor mange flyktningar som faktisk kommer vil også kunne påverke den økonomiske situasjonen over tid.

Utviklingsavdelinga

Avvik i inntekter: Mindreinntekter både på plan, byggesak og oppmåling.
Avvik i utgifter: Meirutgifter til kjøp av varer og tenester. Lisensar til programvare for heile året vert betalt i starten på året.

Prognose pr 28.2.2017: Totalsituasjonen er under kontroll og månadsrapporteringa ber preg av meirutgifter til kjøp av lisensar for programvare som kjem i starten av året og medfølgande mva. Budsjetterte inntekter svikter også.

Generell vurdering: Samla sett viser rekneskapen for område 50 eit meirforbruk på om lag 309 148.- pr. 28.02.2017. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Anlegg- og driftsavdelinga:

Generell vurdering:
Samla sett viser rekneskapen pr. 28.02.2017 for område 51 eit mindreforbruk på om lag kr. 782 619.-
Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.
Totalsituasjonen er under kontroll. Månadsrapporten gir likevel ikkje eit korrekt bilde for område 51 då :

*delar av interne føringar ikkje er gjennomført.
*Kommunale gebyr ikkje er utfakturerte enno.

Avvik i inntekter: Interne overføringar ikkje gjennomført.

Avvik i utgifter: Større kostnadar til snøbrøyting enn budsjettert

Prognose pr.28.02.2017: Rekneskapen syner før justering av etterslep på interne føringar, inntekter m.m. eit forbruk på omlag 75% av periodisert budsjett. Totalt sett vurderer ein det slik at forbruket på årsbasis vil bli om lag som budsjettert.

Brannvern og feiing

Generell vurdering:
Samla sett viser rekneskapen pr. 28.02.2017 for område 55 eit mindreforbruk på om lag kr 63000 .-
Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.
Drifta går som normalt

Avvik i inntekter: Ingenting særskild å kommentere

Avvik i utgifter: : Ingenting særskild å kommentere

Prognose pr.28.02.2017: Totalt sett vurderer ein det slik at forbruket på årsbasis vil bli om lag som budsjettert.

Kulturavdelinga

Generell vurdering:
Rekneskapen pr. februar 2017 viser eit netto forbruk på dei ulike tenesteområda på vel 100 % av samla nettoramme.

Avvik i inntekter: Ingenting særskild å kommentere

Avvik i utgifter: : Ingenting særskild å kommentere

Prognose pr.28.02.2017: Prognosane for kulturavdelinga tyder på budsjettbalanse ved årsslutt.

Sektor Samfunnsutvikling (samla vurdering for utvikling, anlegg og drift, brannvern og feiing og kulturavd)

Generell vurdering:
Avdelingane har god kostnadskontroll basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad. Ein vurderer til at ein har god kontroll på økonomistyringa totalt sett.

Avvik i inntekter: Mindreinntekter både på plan, byggesak og oppmåling. Interne føringar manglar

Avvik i utgifter: Meirutgifter til kjøp av varer og tenester

Prognose pr 28.2.2017: Totalt sett vurderer ein det slik at forbruket på årsbasis vil bli om lag som budsjettert.

Eigedomsavdelinga

Avvik i inntekter: Inntekter pr rapporteringsdato er omlag kr 750.000,- under budsjettert nivå. Dette skuldast at det er budsjettert med utleige av Nedre Dragsund 2 og Industrivegen 19, der det pt. er ledig areal. Eigedomsavdelinga jobbar med å skaffe nye leigetakarar til desse bygga, men inntektssida er i budsjettet høgst usikker av denne grunn. I tillegg er vi på etterskot med interne føringar nok som utgjer om lag kr 350.000,- av avviket.

Avvik i utgifter: Det negative avviket utgjer om lag kr 230.000,- og skuldast i all hovudsak ansvar 6022 løpande drift. Her er det allereie pr. rapporteringsdato eit meirforbruk samanlikna med periodisert budsjett. Sett opp mot regnskapet for 2016, er det all grunn til tru at situasjonen vert likeins i 2017. Eigedomsavdelinga presiserer at ovannende situasjon er resultaet av underbudsjettering over fleire år i kombinasjon med at kommunale bygg vert eldre for kvart år med auka risiko for uforutsette og kostnadskrevjande reparasjonar som resultat.

Prognose per 31.12.2017 i kr: Meirforbruk

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Slik stoda er per dato er det intet uventa som har skjedd. Reinhaldsavdelinga ser ut til å kunne levere eit lite pluss medan løpande drift vil kunne representere ein meirkostnad. Tidleg på året og vanskeleg å spå, men manglande inntekter frå utleigebygga i Dragsund gjer at avdelinga mest sannsynleg vil få eit meirforbruk i 2017.

Evt ting som kan oppstå seinare i året: Fått nye midlar frå statens krisepakke som skal gå til vedlikehaldstiltak som per dato ikkje står på kommunen sin vedlikehaldsplan for 2017.

Ø-hjelp, mottak

Avvik i inntekter (kvifor): Positivt avvik pga at vi har fått kr 300.000,- i vertskommunetilskott for 1 kvartal
Avvik i utgifter (kvifor): Litt lavare enn budsjettert pga at ein del utgifter først kjem seint ved årsslutt (feil periodisering).

Prognose per 31.12.2017 i kr: Slik det ser ut i dag går ein i balanse, men det er opna for at avdelingane ute kan få refundert ein del av sine kostnadar knytt til asylsøkjarane. Vi ser også at talet på personar i mottaket stadig vert redusert noko som reduserer våre inntekter, mens kostnadane påløper i same omgang som tidlegare (lønn, husleige etc)

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Det som gjeld øyeblikkeleg hjelp er etter budsjettet, medan det usikre punktet er kostnadar knytt til EMA.

Evt ting som kan oppstå seinare i året: Vi ser for oss at inntektene vert redusert etter kvart som fleire og fleire flyttar frå mottaket medan utgiftene ikkje er like enkle å redusere.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Avvik i inntekter (kvifor): Hittil er både rammetilskott og skatteinntektene høgare enn periodisert budsjett.
Avvik i utgifter (kvifor): Lite utgifter så langt bl.a. gjeld dette renter og avdrag.

Prognose per 31.12.2017 i kr: Vanskeleg å forutsjå. Håpet er å gå i balanse

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato:

Evt ting som kan oppstå seinare i året: Tidleg i året og vi ser ikkje nokon trend enno. Rentene vil sannsynlegvis halde seg lave lenge og KLP hadde eit godt driftsår i 2016 noko som kan gjere at vi får litt lavare pensjonskostnadar enn budsjettert. Vi ser teikn til reduksjon i skatteinntektene. Dette vil nok kunne sjå når tala for mars kjem, men den store knekken får vi nok i mai. Kan nemne to grunnar til dette. Stor arbeidsløyse og at endringar i skattelovgjevinga gjorde at personar posisjonerte seg i 2015. Resultatet vart mange og store ekstraordinære innbetalingar 1 halvår 2016.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/45
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/17	Formannskapet	28.03.2017
40/17	Kommunestyret	06.04.2017

GNR 60 BNR 454 - AVTALE OM VEGRETT OVER KOMMUNAL GRUNN

Tilråding:

Herøy kommunestyre gir bruksrett over gnr 60 bnr 454 for etablering av felles privat veg for eigedomane 60/180 m.fl og 60/118 på dei vilkår som det går fram av saksutgreiinga og som vist på kartskisse 03.02.2017.

Fleire eigedomar i same område kan slutte seg til *Avtale om bruksrett* dersom ein finn det hensiktsmessig og itråd med gjeldande reguleringsplanar.

Særutskrift:
Idar Warholm
Moltu bedehus v/Guttorm Rabben

Vedlegg:
Vedlegg
1 Søknad om løyve til bygging av veg
2 Kart
3 Søknad om bygging av veg
4 Kart 03.02.2017

Saksopplysningar:
I samband med utbygging av bustadfeltet på Moltu har bedehuset og grunneigar på gnr 60 bnr 118 henvendt seg til kommunen om å få vegrett til sine eigedomar. Dei ønskjer å knyte seg til ny veg (f_v4) som vert etablert i samband med utbygginga av bustadfeltet Myrabakken som vist på kartskisse 03.02.2017.

Vurdering og konklusjon:

Søknadane må seiast å vere positive med omsyn til framtidig vegutbetringar knytt til gang og sykkelveg på Moltu. At grunneigarane går saman om å legge til rette for ny tilkomst til eigedomane gjennom ny infrastruktur som kommunen etablerer i desse dager bidreg til framtidsretta løysingar .

Ein ser ikkje nemneverdige ulemper med å gi eigedomane bruksrett over kommunal grunn for etablering av felles privat veg som vist på kartskisse 03.02.2017.

Avtalen vert utarbeidd med følgjande vilkår:

- Alle kostnadar med etablering, vedlikehald må grunneigarane står for sjølve.
- Herøy kommune har eigedomsrett til grunn og kan disponere den fritt i si verksemd .
- Dersom det er hensiktsmessig kan seinare utbygging på KS1 nytte den nye vegen som tilkomst. KS1 må då bere sin andel av etablering og vedlikehald dersom tilkomst vert etablert over denne vegen.
- Vegstandarden skal vere av ein slik kvalitet at renovasjon, brann og ambulanse kjem fram til dei respektive eigedomane.
- Vegen skal byggemeldast på ordinær måte.
- Avtalen skal tinglysast

Rådmannen rår til at kommunestyret imøtekjem søknadane og gir bruksrett som omsøkt. Avtale om bruksrett vert oversendt til grunneigarane for signatur og skal tinglysast på gnr 60 bnr 454. Avtalen vert signert av ordførar før oversending til tinglysinga.

Fosnavåg, 15.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnssutvikling

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller


WTV

Moltu Bedehus

Munkestranda 38

6076 Moltustranda

Tlf. 900 51305



Herøy Kommune

Utviklingsavdelinga

Postboks 274

6099 Fosnavåg

SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV VEG

Moltu Bedehus søkjer herved om løyve til å bygge veg frå sørsida av Bedehuset med tilknyting til kommunal veg i samband med utbygging av Myrabakken byggefelt.

Sjå vedlagt kartskisse av planlagt veg.

6076 Moltustranda, 05.01.2017

Med helsing

Moltu Bedehus

Guttorm Rabben

Guttorm Rabben

formann

BYGGEFELT MYRABAKKEN
6076 MOLDESTRANDA.



1/2

Svanhild Warholm

Moltuvegen 361

6076 Moltustranda

Eigar av GBnr. 60/118

Herøy kommune

Postboks 274

6099 Fosnavåg

SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV VEG

Viser til søknad med kartskisse frå Moltu bedehus den 05.01.17, angåande søknad om løyve til bygging av veg og vil gjerne være med på same sak.

Søkjer herved om løyve til bygging av veg over kommunal eigedom samt bruksrett til vegen for GBnr 60/118.

Til informasjon så er vi i dialog med grunneigar, angåande vidare tilkomst over GBnr 60/31 til 60/118.

Fosnavåg den 10.01.2017

Med helsing

På vegne av Svanhild Warholm

Idar Warholm

Tlf. 91771088

Kopi til:

Bjørnar Tarberg eigar av GBnr 60/31


Moltu bedehus v/ Guttorm Rabben

2/2

Vedlegg A1
Brev. mrs Nr. 6
11.10.2016

ID.01.17


GB nr. 60/118



Gorvtrasé for ny veg til bedehuset

1:500

03.02.2017



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/1780
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
60/17	Formannskapet	28.03.2017
41/17	Kommunestyret	06.04.2017

GNR 15 BNR 3 - FØRESPURNAD OM KJØP AV EIGEDOM

Tilråding:

Herøy kommunestyre ønskjer ikkje å selje gnr 15 bnr 3, men er positiv til at Helge Sande får ein 10 – års leigeavtale på eigedomen til beiteformål og skogproduksjon .

Avtalevilkår går fram av vedlagde ***Jordleigeavtale*** og ordførar får fullmakt til å signere leigeavtalen.

Særutskrift:
Helge Sande, Sandevegen 39 6095 Bølandet

Vedlegg:
Vedlegg
1 Søknad om kjøp av grunn
2 Svar på søknad om kjøp av areal
3 Jordleigeavtale, utkast
4 Kartvedlegg til jordleigeavtale

Saksopplysningar:

Helge Sande viser til i sin søknad at han tok over gnr 14 bnr 8 i 2006 med føremål landbruksdrift og ei interesse å halde kulturlandskapet intakt. Han peikar vidare på å legge eit godt grunnlag for dei som kjem etter og iden forbindelse ønskjer ein seg større beiteområde og meir beite til sauene. Til no har han leigt beiteområde.

Eit av stykka som Sande eig er gnr 14 bnr 8 i Sandeskaret. Denne eigedomen grensar til gnr 15 bnr 3 som Herøy kommune eig. Han ynskjer å kjøpe gnr 15 bnr 3 med Herøy Kommune for å kunne slå saman dei to stykka til eit godt beiteareal for utegangarsau. Der er pr.idag mykje skog på eigedomen og mykje av den ønskjer ein å ta ut til tømmer/ved.

Vurdering og konklusjon:

Denne saka har tidlegare vore vurdert administrativt både i 2015 og 2016 der det vart gjeve avslag om kjøp.

Sandeskogen er ein eigedom med eit samla areal på om lag 28,5 dekar og er i kommuneplanens arealdel vist som LNFR-område (landbruks-, natur og friluftsformål). Mindre delar av eigedomen er i den overordna kommuneplanen tenkt nytta til utbyggingsområde. Det ligg ikkje føre planar om ei omregulering av dette området, men delar av området kan ha potensiale for tomter i framtida.

Slik ein vurderer det bør ein vere varsam med å avhende områder som kan ha potensiale for framtidige bustadtomter. Ein rår til at Helge Sande kan få leigeavtale på eigedomen og at ein vurderer sal av eigedomen i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Ein har førespurt landbrukskontoret med omsyn til leigepris på jord.

Landbrukskontoret skriv :

Herøy kommune bør skrive leigeavtale med Helge Sande på inntil 10 år. Det gir leigetakaren ein god planleggingshorisont i forhold til investeringar i gjerde og opprydding av skog. Investeringane som leigetakaren legg i areala vert rekna som betaling av leiga. Grunneigar kan til dømes avtale at permanente gjerde ikkje skal fjernast etter av leigeavtalene har gått ut.

Pris for å leige eigedomen er satt til kr. 0,-, men leigetakaren må helde seg til dei vilkåra som er nedfelt i leigeavtalen datert dd.mm.åå.

Sjå vedlagde framlegg til leigeavtale og kart.

Fosnavåg, 15.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

(W) KRD

UBV

Herøy Kommune
Pb 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2015/1780 Saksbeh.
14 DES. 2015
Ark.kode P 611
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

14.12.2015

Helge Sande
Sandevegen 39
6095 Bølandet

Søknad

I 2006 overtok eg jorda som har gått i arv i generasjonar.
Eg driv fortsatt med dyr for å halde landskapet vårt intakt og for å drive vidare til neste generasjon.
Eg har etterkommarar som ønsker å ta over å drive vidare når den tid kjem og eg synst det er viktig å legge eit godt grunnlag for dei.
Eg driv blant anna med utegangarsau.
I den forbindelse kunne eg tenkt meg å ha eit større beiteområde og meir beite til sauene.
Så langt har eg måtta leigt beite.
Eit av stykka eg eig er g/bnr 14/8 i Sandeskaret. Til det grensar 15/3 som Herøy Kommune eig.
Mitt ønske er å kunne få kjøpe 15/3 med Herøy Kommune for å kunne slå saman dei to stykka til eit godt beiteareal for utegangarsau.
Der er pr.idag mykje skog. Mykje av den kan eg ta ut til tømmer/ved og ein del av den blir fint til le for sauene.

Håper på positiv dialog.

Mvh
Helge Sande
Tlf 90186859
E-post: helgesande@hotmail.com

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Helge Sande

Sandevegen 39
6095 BØLANDET

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2015/1780	611		UTV / AZT	21.01.2016

SVAR PÅ SØKNAD OM KJØP AV AREAL

Viser til dykkar førespurnad om kjøp av areal gnr. 15 bnr. 3, også kjent som Sandeskogen. Det blir også vist til brev frå eigedomsavdelinga av 22.01.2015 som eit svar på dykkar første førespurnad av 24.01.2013, og svar frå utviklingsavdelinga 06.05.2015 med avslag om kjøp av areal.

Sandeskogen er ein eigedom med eit samla areal på om lag 28,5 dekar og er i kommuneplanens arealdel vist som LNFR-område (landbruks-, natur og friluftsformål, samt reindrift). Eigedomen er i den overordna kommuneplanen ikkje tenkt nytta til utbyggingsområde. Det ligg heller ikkje føre planar om ei omregulering av dette området som kommunen kjenner til pr dato. Ein kan med bakgrunn i dette ikkje tilrå eit sal av denne eigedomen til det formålet det blir søkt om.

Ein kan ikkje sjå at det ligg føre moment som tilseier at kommunen bør ha ei anna tilnærming til førespurnad om sal av dette arealet enn det som går fram av brev til dykk 06.05.2015.

Dykkar søknad kan soleis ikkje imøtekomast. Dette avslaget er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk signert og er utan signatur

JORDLEIGEAVTALE mellom

Eigar: Herøy kommune, gnr. 15 bnr. 3 i Herøy kommune og

leigar: Helge Sande, gnr. 14 bnr. 8 i Herøy kommune.

1. Det ligg ved kart i målestokk 1: 2000 datert 16.03.2017 som syner grensene for det arealet som er med i avtalen.

2. Avtalen gjeld i inntil 10 år, frå og med dd.mm.åå til og med dd.mm.åå. Når leigetida er ute, har leigaren rett til ny leigeavtale på vanlege vilkår i distriktet dersom ikkje eigaren seier opp avtalen.

3. Areala skal nyttast til utmarksbeite og skogproduksjon, og det skal drivast på ein forvaltingsmesseg forsvarleg måte. Leigaren er ansvarleg for offentlege påbod og forskrifter ved bruk av areala.

4. Dersom bruka skiftar eigarar går dei nye eigarane inn i avtalen med same rettar og pliktar.

5. Leigaren overtek dei plikter som eigaren har ved vedlikehald av eksisterande gjerde. Vedlikehald av og oppsetting av nytt gjerde med naudsynte grinder vert rekna som leige.

6. Uttak av vindfall og tømmer vert å sjå på som rotkjøp.


7. Vesentlege brot på avtalen, gjev eigar rett til å krevja avtalen for ugyldig.

8. Dersom det skulle oppstå usemje mellom eigar og leigar over denne avtalen, vert spørsmålet avgjort av ein skilsdomsrett på 3 medlemmar. Denne avgjerda har bindande verknad for begge partar.

Herøy kommune, den

_____ _____

Eigar Leigar



0 20 40 60m

Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 16.03.2017

GRUNNEIENDOM 1515-15/3

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser

	TEGNFORKLARING	AREALTALL (DEKAR)	
=	Fulldyrka jord	0.0	
≡	Overflatedyrka jord	0.0	
≡	Innmarksbeite	0.0	0.0
S	Skog av særs høg bonitet	0.0	
H	Skog av høg bonitet	0.0	
M	Skog av middels bonitet	3.4	
L	Skog av lav bonitet	0.0	
i	Uproduktiv skog	20.9	24.3
≑	Myr	0.0	
	Åpen jorddekt fastmark	0.0	
	Åpen grunnlendt fastmark	4.1	4.1
	Bebygd, samf, vann, bre	0.0	
	Ikke klassifisert	0.0	0.0
	Sum:	28.4	28.4

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Areal-statistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser

Delegerte saker frå avdelingane

DS 4/17 Søknad om endring av løyve.- bytte av stedfortredar 06.03.2017 00:00:00

DS 5/17 Tildeling av prikkar i samband med brot på alkohollova. 03.02.2017 00:00:00

DS 6/17 Melding om utviding av salsareal på salsbevilling for Kiwi Eggesbønes. 20.02.2017 00:00:00

Referatsaker

RS 25/17 Synspunkter på klage fra Ørskog kommune Synspunkter på klage fra Ørskog kommune 07.03.2017 00:00:00

Fra: Frank Sandsund [mailto:frank.sandsund@politiet.no]
Sendt: 7. mars 2017 14:22
Til: 'Molde kommune:'; 'Ålesund kommune:'; 'Kristiansund kommune:'; Resepsjon postmottak; Sande Kommune; postmottak; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; V-Postmottak; Ørsta postmottak; 'Norddal kommune:'; 'Stranda kommune:'; 'Stordal kommune:'; 'Sykkylven kommune:'; 'Skodje kommune:'; 'Sula kommune:'; 'Giske kommune:'; 'Haram kommune:'; 'Vestnes kommune:'; 'Rauma kommune:'; 'Nesset kommune:'; 'Midsund kommune:'; 'Sandøy kommune:'; 'Aukra kommune:'; 'Fræna kommune:'; 'Eide kommune:'; 'Averøy kommune:'; 'Gjemnes kommune:'; 'Tingvoll kommune:'; 'Sunndal kommune:'; 'Surnadal kommune:'; 'Rindal kommune:'; 'Halsa kommune:'; 'Smøla kommune:'; 'Aure kommune:'
Kopi: 'Ørskog kommune:'
Emne: Synspunkter på klage fra Ørskog kommune

Til kommunene i Møre og Romsdal politidistrikt

Vedlagt følger brev fra Politidirektoratet angående klage fra Ørskog kommune på Politidirektoratets beslutning av 13.1.2017. Klagen sendes til berørte kommuner i Møre og Romsdal politidistrikt for uttalelse, i tråd med forskrift om klageordning for berørte kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur § 5.

Kopi: Ørskog kommune.

Med hilsen

Frank A. Sandsund
politiinspektør

Politidirektoratet
Seksjon for plan og utvikling

Telefon: 23 36 46 26/ 48 88 78 95
E-post: frank.sandsund@politiet.no
www.politiet.no

POLITIET
POLITIDIREKTORATET

Kommunane i Møre og Romsdal politidistrikt (iht liste)

NATIONAL POLICE DIRECTORATE

Dykkar referanse:	Vår referanse:	Stad, Dato
	2016/04892	Oslo, 7.3.2017

KLAGE FRÅ ØRSKOG KOMMUNE OVER AVGJERD FRÅ POLITIDIREKTORATET OM LOKAL STRUKTUR I NORDRE SUNNMØRE

Ein syner til vedlagte brev frå Ørskog kommune datert 3.3.2017 med klage i medhald av forskrift om klageordning for kommunar som kan treffast av ny tenestestadsstruktur i politi- og lensmannsetaten (FOR-2016-06-22-815).

Ørskog kommune klager på Politidirektoratets avgjerd av 13.1.2017 om lokal struktur i Nordre Sunnmøre:

> "Sammenslåing av lensmannsdistriktene Haram og Ørskog, del av Sund lensmannsdistrikt (del som dekker Sandøy kommune), og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Norddal kommune), til Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestested og administrasjonssted: Haram lensmannskontor."

I samanheng med Politidirektoratet si handsaming av klagen vert Ørskog kommune si klage lagt fram for dei øvrige kommunane i politidistriktet, jfr. forskriftens § 5, andre ledd.

Klagen frå Ørskog kommune vert hermed lagt fram for dei øvrige kommunane i Møre og Romsdal politidistrikt. Politidirektoratet ber om at eventuelle kommentarar på klagen frå Ørskog kommune sendast til Politidirektoratet innan **17.3.2017.**

Den korte fristen for kommentarar grunnast i omsynet til den vidare sakshandsaminga, og dei fristane som er satt i forskrifta. Om Politidirektoratet opprettheld si avgjerd skal klagen sendast vidare til Justis- og beredskapsdepartementet innan tre veker etter at klagen er motteken.

Med helsing

Hans Bakke
seksjonssjef

Politidirektoratet

Post: Postboks 8051 Dep., 0031 Oslo
Besøk: Fridtjof Nansens vei 14/16

Tlf: 23 36 41 00
Faks: 23 36 42 96
E-post: politidirektoratet@politiet.no

Org. nr.: 982 531 950
Giro: 7694.05.02388
www.politi.no

Kopi:
- Møre og Romsdal politidistrikt
- Ørskog kommune

Vedlegg:

- Brev fra Ørskog kommune med klage på Politidirektoratets avgjørelse – 3.3.2017

Kommunane i Møre og Romsdal politidistrikt:
Aure
Smøla
Surnadal
Rindal
Halsa
Sunndal
Nesset
Tingvoll
Kristiansund
Averøy
Gjemnes
Eide
Fræna
Molde
Aukra
Midsund
Sandøy
Haram
Ørskog
Skodje
Stordal
Norddal
Stranda
Sykkylven
Volda
Ørsta
Vestnes
Rauma
Ålesund
Giske
Sula
Ulstein
Hareid
Vanylven
Herøy
Sande
Agdenes
Hitra
Hemne
Snillfjord
Skaun

Ørskog kommune

- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv:	FE - 030, FA - X31
Saksmappe:	16/584
Saksbehandlar:	Acos.Websak.Mellomlag.Sak
Dato:	01.02.2017

Endringar i lensmannsdistrikt og tenestestadar i Møre og Romsdal - klage frå Ørskog kommune

Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
17/17	Formannskapet	16.02.2017
21/17	Kommunestyret	23.02.2017

Samandrag:
Saka gjeld vurdering av om Ørskog kommune skal påklage Politidirektoratet si avgjerd i sak som inneber endringar i lensmanns- og politidistrikta i Møre og Romsdal, samt endring av tenestestadar. Konkret vil denne avgjerda bety at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at tenestestaden blir flytta til Brattvåg. Politidirektoratet si avgjerd kan påklagast, og klagefristen er sett til 10. mars 2017.

Saksdokument:
Melding om vedtak høyringsfråsegn Politireforma

Høyringsvar - Effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder - Møre og Romsdal politidistrikt

Møtereferat frå politimeisterens utvida styringsgruppe - 14.10.16.

Møtereferat frå politimeisterens utvida styringsgruppe - 10.10.16.

Tenestestadstrukturen i politiet - utsett utsending

INNBYDING TIL SAMARBEIDSKONFERANSE - 27.09.16.

Innkalling og saksunderlag til møte i politimesterens utvida styringsgruppe 13.09.2016

Referat frå politiets styringsgruppe 22.06.2016

Møte i politiets styringsgruppe - 22/6 kl 1100

Nærpolitireforma - innbyding til styringsgruppe.

Vedlegg; Dok.dato	Tittel	DokID
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Høydring. Forslag til tenestestruktur i politiet.	123200
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Forslag til ny tjenestestruktur HØRING	123199
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Melding om vedtak høyringsfråsegn Politireforma	125233
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Beslutninger lokal struktur Møre og Romsdal pd 13.01.17.pdf	127037

Saksopplysningar:

Politidirektoratet har, med bakgrunn i tilråding frå Politimeisteren i Møre og Romsdal, beslutta endringar i lensmanns- og politidistrikta i fylket. Avgjerda inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at tenestestaden blir flytta til Brattvåg. I forkant av denne beslutninga har der vore ein lengre prosess, der mellom anna kommunane har hatt høve til å uttale seg.

Ørskog kommune avga høyringsuttale i saka innan fristen i desember 2016. Kommunestyret gjorde då følgjande vedtak:

KS-101/16 Vedtak: Ørskog kommunestyre gir følgjande innspel til utsendt høyringsnotat frå Møre og Romsdal politidistrikt: Tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog. Grunngjeving framgår av saksutgreiinga.

Saka her gjeld vurdering av om Ørskog kommune skal påklage Politidirektoratet si avgjerd i saka. Klagefristen er sett til 10. mars 2017.

Vurdering:
Om Ørskog kommune skal påklage Politidirektoratet si avgjerd, vil det vere med bakgrunn i same argumentasjon som ein gjorde gjeldande i høyringsuttalen.

Politidirektoratet har, med bakgrunn i tilråding frå Politimeisteren i Møre og Romsdal, beslutta endringar i lensmanns- og politidistrikta i fylket. Avgjerda inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at tenestestaden blir flytta til Brattvåg.

I høyringsnotatet frå politimeisteren er denne endringa grunngjeve slik: *Krav til et tjenestested har vært avgjørende i forhold til plassering av nye tjenestesteder. Arbeidsgruppen foreslo 12 tjenestesteder i politidistriktet. Politidekningen i disse områdene fremsto noe begrenset i forhold til befolkningsgrunnlaget og avstandene. Kjøretidsanalyser har vært gjennomført for å sikre at kravet til plassering oppfylles. Kjøretidsanalysen viser at minimum 95,5 % av innbyggerne er bosatt innenfor 45 minutters kjøretid til nærmeste tjenestested. Det er spesielt vektlagt at et økt antall tjenestesteder gir en redusert risiko for tap av lokalkunnskap på kort og lengre sikt.*

Ørskog kommune stiller spørsmål ved vurderinga ift plassering av lensmannskontoret som er foreslått lagt til Brattvåg/Haram kommune. For Ørskog kommune vil dette bety at lensmannskontoret som har vore lokalisert på Sjøholt langt tilbake i tid, no forsvinn. Lensmannskontoret har vore ein viktig funksjon i nærmiljøet i Ørskog. Kontoret har fungert godt, og det har vore enkelt å rekruttere arbeidskraft til kontoret.

Distriktspolitiske argument er også viktige for Ørskog kommune å få fram i denne saka, i forhold til å behalde kompetansearbeidsplassar lokalt. Dette er ein viktig premiss for busetnad og for vidare folketalsvekst.

Vidare meiner ein at ei lokalisering av lensmannskontoret i Haram (Brattvåg) vil medføre unødig lang reiseveg for innbyggarar i indre del av distriktet. Ørskog har ei geografisk plassering som medfører overkomeleg reiseveg både for indre og ytre del av det nye lensmannsdistriktet, og gjer det enklare for fleire å få utført dei tenester kontoret tilbyr. Ørskog er også eit trafikalt knutepunkt når det gjeld kollektivtrafikk, både vestover og mot indre del av regionen.

Foreslått lokalisering vil i så måte vere ein utkant for store delar av lensmannsdistriktet. Ein ser at folketalsmessig tyngde har vore tillagt vekt i politimeisteren si vurdering. Det er imidlertid slik at folketalet spesielt i indre del av distriktet varierer mykje avhengig av årstid. Både Norddal og Stordal er turistkommunar med stor gjennomgangstrafikk og mange som bur i hytter og campingvogner. Til dømes er det registrert ca. 1500 hytter og andre fritidsbustader berre i Norddal kommune. Gjennomsnittsberekningar syner at i perioden juni-august, kan det opphalde seg ca. 10 000 menneske samstundes i området som i dag er Norddal kommune. Tek ein med Geiranger, Liabygda og Stordal i tillegg, vil talet bli endå større. Mange av desse korttidsbebuarane vil frå tid til annan kunne ha behov for same type politifaglege tenester som dei fastbuande etterspør.

Ørskog kommune meiner at ovannemnde omsyn må vektleggast ved lokalisering av

lensmannskontoret. Ørskog har ei optimal plassering av fleire grunnar. Det ligg i rimeleg geografisk nærheit til indre fjordstrok samtidig som det ligg langs ei vanleg reiserute for dei fleste.

Ørskog kommunestyre gjorde på bakgrunn av ovannemnde fylgjande vedtak i sak 101/16:
Tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog.

Ørskog kommune meiner Politidirektoratet si beslutning må omgjerast, slik at tenestestad for det nye lensmannsdistriktet framleis kan ligge i rimeleg reiseavstand for alle delar av distriktet.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

Ørskog kommune påklagar Politidirektoratet si avgjerd av 13.01.17, som inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at at tenestestaden vert flytta til Brattvåg.

Ørskog kommune meiner at tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog. Grunngjeving framgår av saksutgreiinga.

16.02.2017 Formannskapet

Knut Helge Harstad sette fram følgjande forslag:
Ørskog kommune påklagar Politidirektoratet si avgjerd av 13.01.17, som inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at at tenestestaden vert flytta til Brattvåg.

Ørskog kommune meiner at tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog. Ørskog kommune ligg svært sentralt i distriktet, er eit viktig knutepunkt for offentleg kommunikasjon aust - vest og nord - syd, og ligg nær til Stordal, Norddal og Geiranger kor det er stor turisttrafikk gjennom store delar av året. Ytterlegare grunngjeving framgår av saksutgreiinga.

Det vart røysta over innstillinga opp mot forslaget frå Knut Helge Harstad.
Forslaget frå Knut Helge Harstad vart samrøystes vedteke.

FS-17/17 Vedtak:
Ørskog kommune påklagar Politidirektoratet si avgjerd av 13.01.17, som inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at at tenestestaden vert flytta til Brattvåg.

Ørskog kommune meiner at tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog. Ørskog kommune ligg svært sentralt i distriktet, er eit viktig knutepunkt for offentleg kommunikasjon aust - vest og nord - syd, og ligg nær til Stordal, Norddal og Geiranger kor det er stor turisttrafikk gjennom store delar av året. Ytterlegare grunngjeving framgår av saksutgreiinga.

23.02.2017 Kommunestyret

Det vart røysta over innstillinga frå formannskapet.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

KS-21/17 Vedtak:
Ørskog kommune påklagar Politidirektoratet si avgjerd av 13.01.17, som inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at at tenestestaden vert flytta til Brattvåg.

Ørskog kommune meiner at tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog. Ørskog kommune ligg svært sentralt i distriktet, er eit viktig knutepunkt for offentleg kommunikasjon aust - vest og nord - syd, og ligg nær til Stordal, Norddal og Geiranger kor det er stor turisttrafikk gjennom store delar av året. Ytterlegare grunngjeving framgår av saksutgreiinga.

Rådmannen i Ørskog
Synnøve Vasstrand Synnes

Rådmann
Synnøve Vasstrand Synnes

Ørskog kommune
-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

Justis- og beredskapsdepartementet

Vår ref.	**Dykkar ref.**	**Dato:**
17/1421-FE - 030, FA - X31/INHJ		03.03.2017

Melding om vedtak: KS-sak 21/17: Endringar i lensmannsdistrikt og tenestestader i Møre og Romsdal - klage frå Ørskog kommune

Ørskog kommunestyre hadde saka føre seg i møte 23.2.2017 og gjorde slikt vedtak:

KS-21/17 Vedtak:
Ørskog kommune påklagar Politidirektoratet si avgjerd av 13.01.17, som inneber at Ørskog lensmannsdistrikt blir samanslått med Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, og at tenestestaden vert flytta til Brattvåg.

Ørskog kommune meiner at tenestestad for Nordre Sunnmøre lensmannskontor skal leggast til Ørskog. Ørskog kommune ligg svært sentralt i distriktet, er eit viktig knutepunkt for offentleg kommunikasjon aust – vest og nord – syd, og ligg nær til Stordal, Norddal og Geiranger kor det er stor turisttrafikk gjennom store delar av året. Ytterlegare grunngjeving framgår av saksutgreiing.

Med helsing

Ingrid Marie Rekdal Hjelle
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:
Politidirektoratet

Dok.dato	**Tittel**	**Dok.ID**
03.03.2017	Endringar i lensmannsdistrikt og tenestestadar i Møre og Romsdal - klage frå Ørskog kommune	127706

KOPI

FROSTATING LAGMANNSRETT



Årsmelding 2016

Årsmelding 2016

Ratatosk var norrøn
mytologis svar på e-post
Ratatosk (Ratatoskr) er i norrøn mytologi
et ekorn som levde i verdenstreet Yggdrasil.
Ratatosk sprang som budbringer mellom toppen
og rota av treet. Han var budbringer mellom verdenene.
Han snakket med alle, fra æsene til nornene.

Foto forside:
En av seks grupper av figurer som pryder inngangspartiet
til Trondheim tinghus:

Ove Bjelke (1611-1674),født i Trondheim, Austråtborgens byggherre,
stiftamtmann i Trondheim, Norges rikes kansler med øverste ledelse av
rettsvesen og lovgivning, fremragende jurist.

Over ham til høyre står hans bror general Jørgen Bjelke (1621–1696),
som gjenerobret Trøndelag i desember 1658 etter avståelsen ved Roskildefreden
i februar s.å. Han er også hedret ved monument på Ytre Kongsgård.
Over til venstre står en tredje god trønder: Tordenskjold (1690–1720).

Aller øverst: Bjelkeslektens adelsvåpen.

Frostating lagmannsrett 2016

Innhold

Innledning 3

Førstelagmannen har ordet 5

Organisasjon og medarbeidere 8

Den dømmende virksomheten 14

Saksavvikling – Statistikk 19

Aktuelt:

- 2016: Noen saker fra året som gikk 25
- Ny rettssal i nye Ålesund tinghus 28
- Ny lagmann 29
- 50 år i skranken 31
- Ny ankeordning for saker fra jordskifterettene 34
- Faguttrykk – ordliste 36



Frostatingsseglet er tolket på to måter:
Den ene er at det viser kong Magnus Lagabøter mens han sitter på tronen og mottar den nye Frostatingslova fra lagmannen for Frostatinget. Tingbøndene står til venstre for kongen, kongen i midten med kronen på hodet og septeret i hånden, og med den norske løven under føttene.
En annen tolking er at Magnus Lagabøter på Frostatinget på St. Hans dag i 1274 overleverer lagmannen den nye Landslov

Innledning

Frostating lagmannsrett er en av landets seks lagmannsretter. Lagdømmet omfatter fylkene Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. I embetskretsen var det pr. 1. oktober 2016 i alt 716 867 innbyggere, fordelt på 136 889 i Nord-Trøndelag, 314 358 i Sør-Trøndelag og 265 620 i Møre og Romsdal. Lagdømmet har to lagsogn; Trondheim lagsogn, som omfatter begge Trøndelagsfylkene, og *Møre og Romsdal lagsogn*.

Domstolen har sitt hovedsete i Trondheim tinghus, hvor også Sør-Trøndelag tingrett har sine lokaler. Ankeforhandlinger i saker fra Trondheim lagsogn holdes her eller i Erling Skakkes gate 60, hvor vi også disponerer en større rettssal med tilhørende fasiliteter. Ankeforhandlinger i saker fra Møre og Romsdal lagsogn gjennomføres normalt i Kristiansund, Ålesund og Molde, hvor lagmannsretten har egne rettsaler i sambruk med de lokale tingrettene. Ankeforhandling kan også holdes andre steder når praktiske hensyn, særlig befaring, tilsier det.

Lagmannsretten er ankedomstol for til sammen 8 tingretter:

- Namdal tingrett, Namsos
- Inntrøndelag tingrett, Steinkjer
- Sør-Trøndelag tingrett, Trondheim
- Fosen tingrett, Brekstad
- Nordmøre tingrett, Kristiansund
- Romsdal tingrett, Molde
- Sunnmøre tingrett, Ålesund
- Søre Sunnmøre tingrett, Volda

Lagmannsretten er dessuten ankedomstol for følgende jordskifteretter:

- Nord-Trøndelag jordskifterett, Steinkjer
- Sør-Trøndelag jordskifterett, Trondheim
- Nordmøre jordskifterett, Surnadal
- Romsdal jordskifterett, Molde
- Sunnmøre jordskifterett, Ålesund

Den nye jordskifteloven som trådde i kraft 1. januar 2016 innførte en ny ankeordning i jordskiftesaker, som innebærer at alle anker i jordskiftesaker skal behandles av lagmannsretten, og at systemet med jordskifteoverretter opphørte fra samme tidspunkt. Lagmannsretten ble samtidig styrket med en jordskiftelagdommer og en utreder (med jordskiftedommerkompetanse).

Lagmannsrettene er også førsteinstans for overprøving av Trygderettens avgjørelser.



Vrimleområde utenfor møterom i første etasje i Trondheim tinghus.



Befaring på Byneset i jordskiftesak.

Trondheim tinghus ble totalrenovert tidlig på 1990-tallet, og det ble gjort betydelig ombygging i 2002/2003. Det er sambruk med tingretten om møterom og de store rettssalene. En ytterligere ombygging, for en mer rasjonell arealutnyttelse, bedre publikumsservice og større krav til sikkerhet og beredskap, er påkrevet. Ledig kapasitet i første etasje er delvis utnyttet til nye møterom og rettssaler. Det foreligger planer om ytterligere renovering og ombygging av lokalene i 1. etasje, blant annet for å imøtekomme behovet for en rettssal med forsterket sikkerhet og moderne tolkefasiliteter.

Lagmannsrettens rettssaler er utstyrt med audiovisuelt utstyr. Tre rettsaler er utstyrt med sikte på digitaliserte ankeforhandlinger. Det er to saler i Trondheim tinghus og en i Ålesund.

Trondheim tinghus har trådløst gjestenett til bruk for advokater, journalister og andre besøkende. Dette er nå også tilgjengelig i tinghusene i Ålesund, Molde og Kristiansund.

Frostating lagmannsrett hadde i 2016 en totalbevilgning på ca. 36,7 mill. kroner. Av dette utgjorde ca. 33,5 mill. kroner lønn inkl. arbeidsgiveravgift.

Med rettssteder i Ålesund, Kristiansund og Molde utgjør reiseutgifter på ca. 2,0 mill. kroner den største driftskostnaden ut over lønn. Det er noe lavere enn i fjor og skyldes to forhold. Vi har ikke vært fullt ut bemannet med dommere og har dermed totalt sett reist mindre, samtidig har flere saker fra Møre lagsogn blitt flyttet inn til Trondheim.

Over domstolens regnskap ble det i 2016 utenfor budsjett utbetalt totalt ca. 15,8 mill. kroner i forbindelse med straffesaksavviklingen. Tilsvarende tall for 2015 var ca. 15,4 mill. kroner. Av beløpet utgjør ca. 7,4 mill. kroner godtgjørelse og reiseutgifter til forsvarere og bistandsadvokater. Det resterende dekker godtgjørelse og reiseutgifter til sakkyndige, meddommere, tolker og vitner.

I sivile saker hvor en eller begge parter har fått innvilget fri rettshjelp, ble det utbetalt totalt ca 4,7 mill. kroner til dekning av salær mv til oppnevnte prosessfullmektiger, tolker, meddommere og sakkyndige m.m. Det er særlig i barne- og familiesaker det kan være aktuelt å innvilge fri rettshjelp.

Førstelagmannen har ordet

2016 har vært et svært travelt år for alle ansatte i Frostating lagmannsrett. Vi har av ulike grunner ikke vært fullt bemannet gjennom året, til forskjell fra i 2015. Den viktigste grunnen til dette er tilsettingsstoppen i domstolene som innebar at vi ikke fikk anledning til å utnevne eller konstituere dommere på vanlig måte etter at to dommere gikk av for aldersgrensen i 2016.

Vi har likevel hatt fokus på saksavviklingen, med de ressurser vi har hatt tilgjengelig. Målsettingen har vært å opprettholde produksjonen og kutte ytterligere ned på våre saksbehandlingstider. Tallene over saksavviklingen viser at vi langt på vei har lyktes med dette. Vi går inn i 2017 med gode saksavviklingstall og med en restansesituasjon som er under kontroll. Jeg er stolt av den arbeidsinnsats de ansatte har lagt ned i 2016 og de resultater vi har oppnådd ved felles innsats.



FØRSTELAGMANN:
Sven-Jørgen Lindsetmo.

I et eget kapittel i årsmeldingen gjøres det i detalj rede for vår saksavvikling gjennom 2016. Til tross for en vanskelig ressurssituasjon har vi gjort det beste ut av situasjonen. Dessverre må vi konstatere at den sittende regjering har fortsatt med sine budsjettkutt gjennom den såkalte ABE-reformen (avbyråkratiseringskutt) som reduserer domstolenes budsjett med 0,8 %. Våre budsjetter er for en stor del bundet opp i faste utgifter i form av lønn og husleie, slik at kuttene må dekkes inn gjennom reduserte driftsutgifter, som f.eks. reisebudsjettet. Frostating lagmannsrett har i 2017 ikke tilstrekkelige midler på reisebudsjettet til å avvikle saker på Møre i det omfang som saksinngangen skulle tilsi. Også i 2017 må vi derfor flytte en del saker inn til Trondheim, til ulempe og økte kostnader for de som rammes. Dette beklager vi. Det er ingen ønsket utvikling – men en nødvendig tilpasning.

En annen og høyst dramatisk effekt av budsjettkuttene er at Domstoladministrasjonen har varslet omfattende kutt i bemanningen i domstolene for å dekke inn budsjettkuttene. Foreløpige tall viser at Frostating lagmannsrett ligger an til å måtte redusere bemanningen over de neste tre årene tilsvarende 3,1 millioner kroner. Dersom disse planene gjennomføres, vil det de neste tre årene skje en dramatisk nedbygging av kapasiteten ved norske domstoler. Det er ubegripelig om våre politikere virkelig mener at dette er en riktig politikk.

- lett tilgjenge på kaiplass i leia for både lokale og tilreisande fiskebåtar ved behov for ligge- og ventekai
- moglegheit for realisering av nytt fiskemottak
- lett tilgjengelig offentlig lagerområde

Viser til avsnitt 1.3 nedanfor for kopling mot kommunale og regionale/fylkesplanar.

1.3 Marin næring i kommunen

Skildring av fiskeri- og oppdrettsnæringa i kommunen og i fylkessamanheng.

I kommunen har fiskeri alltid stått sterkt og her er fleire fiskebåtrederi med større båtar, men også fleire sjarkfiskarar. Seinare år har også fleire satsa på nye/nyare fartøy. Ifølgje rapporten «utviklingstrekk i Møre og Romsdal» er Herøy tyngdepunktet for fiskeri i Møre og Romsdal. Fortrinnet Møre og Romsdal har innan marin næring er at fylket har heile verdikjeda: frå fangst til foredling og biomarin ingrediensindustri. Eit eksempel på det er at fiskeflåten ser verdien av å utnytte meir av fisken, og fleire båtar legg no til rette for oppsamling av restråstoff om bord som kan nyttast til mellom anna biomarin ingrediensindustri.

Opplysingar om utbygginga sitt forhold til kommunale og fylkeskommunale planar

- Strategisk næringsplan
  I gjeldande strategisk næringsplan for Herøy kommune er fiskeforedling eit av satsingsområda. Det er nemnt tiltak som å leggje tilrette for etablering av bedrifter som tek i bruk ny teknologi. Det også nemnt at ei av dei svake sidene er å vere for dårlege når det gjeld fiskeforedling og at det er ei moglegheit å utvikle nye produkt basert på ny teknologi og produksjonsmetodar. Det planlagde mottaket på Mjølstadneset vert heilt nytt og moderne med den nyaste teknologien, og svara veldig til måla i næringsplanen.

- Kommuneplanen – samfunnsdelen
  Kommunen sin samfunnsdel omtalar næringslivet og fiskeri fleire stadar. Eit av satsingsområda for kommunen er «kompetanse og næringsutvikling» og ei av målsetjingane er at Herøy skal vere leiande innan fiskeri- og offshore. Ein av strategiane for å nå den målsetjinga er å legge til rette for gode næringsareal på Mjølstadneset.

- Gjeldande reguleringsplan
  Gjeldande reguleringsplan er 199902 Mjølstadneset. Formåla i den austlege delen er industri, veg og kai. Dei to kaiene som skal byggast ligg i areal regulert til kaiføremål.

- Regional planstrategi Møre og Romsdal
  Utdrag frå kap 3.4 (Verdiskaping): *Ved å utnytte kvalitetsvarer produsert i fylket frå både sjø og land, kan Møre og Romsdal utløyse eit enno større potensiale for identitetsskaping og merkevarebygging for fylket og reiselivet.* Vidare peikar den på at fylket er ein del av den veksande biomarine næringa, noko ei etablering med fiskemottak med fabrikk vil bidra til og forsterke. Fylket er også sterkt innan sjømat.

- Fylkesplan for Møre og Romsdal
  Utdrag frå planen: *Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane og gjennom det skape grunnlag for verdiskaping der vi har våre fortrinn. Dei naturgitte fortrinna til Møre og Romsdal er i hovudsak knytt til nærleiken til havet og dei ressursane som finst der, men fylket har også store ressursar innan grøne næringar. God forvaltning og effektiv bruk av ressursane i havrommet har gjort regionen til eit marint og maritimt tyngdepunkt. Møre og Romsdal har òg stor næringsmiddelproduksjon*

- Utviklingstrekk
  I rapport om utviklingstrekk i Møre og Romsdal heiter det: «Fylkeskommunen arbeider aktivt med å leggje til rette for fiskerinæringa gjennom å drive politisk arbeid for å fremje saker og ved å uttale seg på vegner av næringa.» Dette viser at fylket har fokus på fiskerinæringa og det tolkar vi slik at tilrettelegging for næringa er positivt.

  Konklusjon: Både lokale og regionale planar peikar på fiskeri og fiskeindustrien som sterk i fylket og noko som bør byggjast vidare på. Kommunen ønskjer å legge til rette for næringslivet og fiskerikaiene på Mjølstadneset er eit prosjekt som treff på fleire nivå.

Orientering om eksisterande forhold

For å vise til eksisterande forhold har vi nytta Kystverket si kartløysing og laga eit utval relevante parameter. Til vedlegg 1 ligg det ved eit oversiktkart (Forprosjektrapporten sitt vedlegg nr7) over Mjølstadneset, for å sjå eksisterande forhold i ein større samanheng kopier følgjande lenkje inn i nettlesaren: http://kart.kystverket.no/embedded/29292c06-3c6c-42b8-be61-cb3dfbdf555a

På Mjølstadneset er det pr. i dag 3 offentlege kaier lenger vest på området. Dei er ikkje fiskerikaier, men alle er offentlige og kommunen eig dei. Det var tidlegare gitt støtte til dei i tidsrommet 1997-98: 5.226.000kr i statstilskot frå kommunaldepartementet og 3.065.000kr frå kystdirektoratet.

Næraste offentlege fiskerihamnene er i Fosnavåg sentrum og Leine. I Fosnavåg sentrum ligg også fiskemottaket Fosnavaag Pelagic. På Eggesbønes ligg lakseslakteriet til Marine harvest.

Orientering om staden si utvikling siste tre åra og forventa vidareutvikling

Vurderer det slik at med den aktuelle staden er det meint lokasjonen til kaiene, dvs. Mjølstadneset. Siste åra har området våre prioritert i det kommunale budsjettet ved etappevise løyvingar til infrastruktur, det er også gjort løyving for inneverande år. Det er eit mangfald av bedrifter på staden, mellom anna rederi, utstyrsleverandør til fiskeflåten, anleggsentreprenør, elektrofirma, utstyrsleverandørar til maritim næring, byggvarehandel og det lokale renovasjonsselskapet har miljøstasjon der. Pr. i dag ligg det føre reservasjon på fleire tomter, der den eine er som omtala over tenkt til fiskemottak. Samstundes kan kommunen reklamere med ledig areal til potensielle etablerarar.

Om ein skal sjå på kommunen si utvikling kan vi med utgongspunkt i NHO sitt kommunebarometer (2016), sjå ei negativ utvikling. Totalplassering er 132 av 428 og på parameteret næringsliv scorar vi godt (15 plass av 428). Det lokale næringslivet har merka nedgongen i den maritime næringa, då her er fleire offshorerederi og utstyrleverandørar. Samstundes har det siste åra også blitt satsa stort med nytt badeland og hotell/konsertsal/simulatorsenter. Innan fiskeri er ikkje nedgongen som offshoresektoren opplever og det er forventa at fiskeri framleis vil gå godt framover.

1.4 Statistikk

Sidan det pr. i dag ikkje er fiskemottak og fiskerikaier på Mjølstadneset er det ikkje statistikk på fiskeaktiviteten i hamna, men som vedlegg 3 syner er der ein del fiskebåttrafikk. For meir utfyllande generell statistikk, sjå vedlegg 3.

1.5 Finansiering

Syner til vedlegg 3 som inneheld detaljert kostnadsoverslag basert på kalkulerte kostnadar. For å summere opp kan vi setje opp søknadstilskot slik:

	Tilskotsgrunnlag	50% av tilskotsgrunnlag
Kai1	15.075.537	7.537.769
Kai2	10.410.587	5.205.294
Sum som vert søkt om i tilskot		**12.743.063**

Kostnadane ovanfor er eks. mva og inneheld kostnadane som er berettiga tilskot etter retningslinjene.

Planlagt finansiering er 50% statleg støtte for dei tilskotsberettiga kostnadane og resterande kostnad vert dekt av kommunen gjennom budsjett for 2018. Det er utført arbeid for å innføre hamneavgift i kommunen, men det ligg ikkje føre vedtak på det pr. i dag.

1.6 Reguleringsplan

Området er regulert, sjå vedlegg 5. Arealet det skal byggast kai på er regulert til kaiføremål og arealet på land er regulert til veg og industriføremål. Tiltaket vil soleis vere i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Det er kommunen som eig alt areal pr. i dag. Kaier, vegareal langs kai og lagerområdet vil vere kommunalt. Området Silfas har reservert vil stoppe ved regulert veglinje.

2. Informasjon om fristar og saksgang

Frist for innsending av søknad: 01.03.2017

Søknaden skal sendast til: Kystverket
Postboks 1502
6025 Ålesund

Før 1. mars:
Kommunen kan ta initiativ til førehandsdrøfting av prosjektet/søknaden med Kystverket.
Etter 1. mars:
Kystverket sitt regionkontor ber om fråsegner frå fylket og Fiskeridirektoratet om næringsrelaterte og fiskerifaglege vurderingar av prosjekta og eventuelt forslag til prioritering (innan 30. mai). Vedteken årsplan med forslag til tildeling (tilskot 2018) blir lagde ut på Kystverket si internettside rett etter framlegging av statsbudsjettet (oktober 2017). Kommunane vil då bli orienterte i form av e-post frå Kystverket sine regionkontor. Tildeling av tilskot/tilsegner om tilskot vil skje etter at statsbudsjettet er vedteke.

3. Vedlegg

3.1 Vedlegg 1: Forprosjekt med kostnadssamanstilling
3.2 Vedlegg 2: Statistiske opplysingar
3.3 Vedlegg 3: Kostnadsoverslag
3.4 Vedlegg 4: Tidsplan
3.5 Vedlegg 5: Reguleringsplan
3.6 Vedlegg 6: Anna (ev.)

F-sak 210/16 Silfas AS - reservasjon industriareal

NB: opprinnelig Vedlegg 6 Avtalar utgår då der ikkje ligg føre det, vedlegg 6 vert no «anna»

Kort orientering om prosjektet, kostandsamanstilling, situasjonsplan, oversiktskart og plan/snitteikningar


Fiskerikaier Mjølstadneset

Forprosjekt – Vedlegg 1 til søknad om tilskot

Lene Huldal

Orientering

Prosjektet består av to nye fiskerikaier på Mjølstadneset industriområde, sjå utsnitt av teikning nedanfor.



Kaiene er tenkt nytta til fiskeriføremål og det er på området mellom anna ei bedrift som leverer utstyr til den pelagiske fiskeflåta, lager/utskipingsområde og under planlegging eit nytt fiskemottak med fabrikk for mjøl/olje. Viser til søknaden om tilskot for meir utfyllande opplysningar.

Prosjektet er heilt i startfasa, så grunnundersøkingar og detaljprosjektering er ikkje utført. Det er utarbeida skisser for kaiene som tek utgangspunkt i konstruksjonsløysing med stålrørspålar, prefabrikkerte dekkeelement, lastfordelingsplate og landanker. Endelig plassering av kaiene vert å bestemme før ein startar opp detaljprosjektering, men skissene viser løysingar som vil fungere uavhengig av om dei vert trekt lenger aust eller ikkje.

Viser elles til søknaden om tilskot for utfyllande opplysningar om området og målsetjingar.

Kostnadssamanstilling

Viser til vedlegg 3 for detaljert kostnadsoppsett, nedanfor er samanstilling for begge kaiene.


Skildring	**Kostnad**	**Tilskotsgrunnlag**
Faste kaier – kai 1	15.130.978	15.075.537
Faste kaier – kai 2	10.466.028	10.410.587
Total kostnad eks. mva.	25.597.006	25.486.124

	Tilskotsgrunnlag	50% av tilskotsgrunnlag
Kai1	15.075.537	7.537.769
Kai2	10.410.587	5.205.294
Sum som vert søkt om i tilskot		**12.743.063**

Situasjonsplan

Vedlagt ligg situasjonsplan for begge kaiene. Arealdisponeringa på land syner på bildet nedanfor der Herøy kommune pr. i dag eig alt arealet. Det er gjort vedtak om at Silfas får reservere industritomt til 01.07.2017, det er det største merka arealet (om lag 30 mål). Det minste merka arealet (om lag 5

mål) er avsett til offentlig lager/utskiping og vil forbli i kommunal eige. Den innregulerte vegen langs sjø vil også vere i kommunal eige.



Oversiktskart og plan-/snitteikningar

Sjå vedlagte teikningar. Vedlegg 7 er ei utskrift frå kystinfo.no med Mjølstandeset og nærområdet med relevante parametre.

Vedlegg:

1-1 Situasjonsplan kai 1
1-2 Situasjonsplan kai 2
1-3 Situasjonsplan eigedomshøve
1-4 Oversiktskart
1-5 Plan- og snitteikning kai 1
1-6 Plan- og snitteikning kai 2
1-7 Oversiktskart frå kystinfo.no



Tegningsnummer	Revisjon
B-10-00-02	C02

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
C02	2017-02-27	Bredde på kai endret fra 40m til 46m.	MBjAl	CDNil	MBjAl
C01	2017-02-21	For gjennomgåelse hos oppdragsgiver.	MBjAl	CDNil	CDNil

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

HERØY KOMMUNE

Målestokk (gjelder A1): 1 : 500

KAI NR 1 - MJØLSTADNESET
SITUASJONSPLAN

Norconsult	Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon
	5170901	B-10-00-02	C02



Tegningsnummer	Revisjon
B-10-00-02	C02

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
C02	2017-02-28	Korrigert dybde på kai fra 30 til 22,5 m.	MBjAl	CDNil	CDNil
C01	2017-02-27	For gjennomgåelse hos oppdragsgiver.	MBjAl	CDNil	CDNil

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

HERØY KOMMUNE

Målestokk (gjelder A1): 1 : 500


KAI NR 2 - MJØLSTADNESET
SITUASJONSPLAN

Norconsult	Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon
	5170901	B-10-00-02	C02


1-3 Kart med eigedomshøve

1:2000

01.03.2017




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.


kommuneflate
Kyst
Havflate
Kystkontur
Skjær
Innsjøer og vassdrag
Innsjø
Innsjøkant
Elv/Bekk usikker
Elv/Bekk
Kanal/Grøft
Bygningsmessige anlegg
Annet gjerde
Flaggstang
Frittstående trapp
Frittstående trapp kant
Kai/Bryggе
Kai/Bryggе kant
Frittstående mur
Lodrett forstøtningsmur
Steingjerde
Tank
Tank kant
Vegsituasjon
Stikkrenne
Alle
Vegsituasjon
Veg
Annet vegareal
Avgrensning mot annet vegareal
Avgrensning mot avkjørsel
Parkeringsplass kant
Autovern
Vegdekkekant
Annen samferdsel
Traktor/Kjerreveg kant
Annen naturinformasjon
Hekk
Stein omriss
Høydeinformasjon
Høydekurve 5m
Høydekurve 1m
Forsenkningkurve 5m
Forsenkningkurve 1m
Toppunkt
Bygninger
Bygningsdelelinje
Grunnmur
Taksprang Bunn
Bygning - Boligbygg
Bygning - Andre bygg
Annen bygning
Takriss
Takoverbygg
Takoverbygg kant
Trapp inntil bygg, kant
Veranda
Bygningslinje
Taksprang
Mønelinje
Låvebru
Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)
Godkj. Nybygg
Godkj. Tilbygg
Godkj. Tiltak
Uspes. Tiltak
Omriss Tiltak
Godkj. Nyb./Tilb./Påb.
DEK Kvalitet
Abc
Gårds- og bruksnummer
Sikker grense - koordinatfesta
Usikker grense - ikkje koordinatfesta
Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
Eiendomsinformasjon
Abc
Gårds- og bruksnummer
Stedsnavn og andre tekster
Abc
Vegnamn
Abc
Annen opplysende tekst
Adresser
Abc
Adressepunkt tekst

1-4 Oversiktskart

1:5000

01.03.2017



N

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

kommuneflate

Kyst

Havflate
Kystkontur
Skjær

Innsjøer og vassdrag

Innsjø
Innsjøkant
Elv/Bekk usikker
Elv/Bekk
Kanal/Grøft
Kanal/Grøft
Kanal/Grøft kant

Bygningsmessige anlegg

Annet gjerde
Grunnriss/Hjelpelinje
Flaggstang
Flytebrygge
Flytebrygge kant
Frittstående trapp
Frittstående trapp kant
Kai/Brygge
Kai/Brygge kant
Frittstående mur
Lodrett forstøtningsmur
Skrå forstøtningsmur avgrensning
Oppdrettsmerder
Rørgate
Steingjerde
Tank
Tank kant
Tribune kant
Bru
Bruavgrensning

Vegsituasjon

Stikkrenne

Vegsituasjon

Veg
Veg
Ytterkant fortau
Annet vegareal
Midtdeler/Trafikkøy
Avgrensning mot annet vegareal
Avgrensning mot avkjørsel
Gang/Sykkelveg på bro
Gang/Sykkelveg
Parkeringsplass kant
Autovern på bro
Autovern
Vegdekkekant på bro
Vegdekkekant i tunnell
Vegdekkekant
Gang/Sykkelveg kant på bro
Gang/Sykkelveg kant

Annen samferdsel

Traktor/Kjerreveg kant

Annen naturinformasjon

Hekk
Stein omriss

Bygninger

Bygningsdelelinje
Grunnmur
Taksprang Bunn
Bygning - Boligbygg
Bygning - Andre bygg
Annen bygning
Takriss
Takoverbygg
Takoverbygg kant
Trapp inntil bygg, kant
Veranda
Bygningslinje
Taksprang
Mønelinje
Låvebru

Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)

Godkj. Nybygg
Godkj. Tilbygg
Godkj. Tiltak
Uspes. Tiltak
Omriss Tiltak
Abc Godkj. Nyb./Tilb./Påb.

DEK Kvalitet

Abc Gårds- og bruksnummer
Sikker grense - koordinatfesta
Usikker grense - ikkje koordinatfesta
Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta

Eiendomsinformasjon


Abc Gårds- og bruksnummer

Adresser

Abc Adressepunkt tekst

Stedsnavn og andre tekster

Abc Navn på terrengform, stor skrift
Abc Navn på terrengform, liten skrift
Abc Navn på terrengform, stor skrift
Abc Navn på kyst, stor skrift
Abc Navn på kyst, liten skrift
Abc Navn på vann, stor skrift
Abc Navn på landobjekter i vann, høyrehellende
Abc Navn på bebyggelse, stor skrift
Abc Navn på bebyggelse, middels skrift
Abc Navn på gårder
Abc Navn på bergverk, industri, institusjoner
Abc Navn på samferdsel



Tegningsnummer: B-40-00-01 | Revisjon: C02

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
C02	2017-02-27	Bredde på kai endret fra 40m til 46m.	MBjAl	CDNil	MBjAl
C01	2017-02-21	For gjennomgåelse hos oppdragsgiver.	MBjAl	CDNil	CDNil

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

HERØY KOMMUNE

Målestokk (gjelder A2): 1 : 100


KAI NR 1 - MJØLSTADNESET
SNITT A-A

Norconsult

Oppdragsnummer: 5170901

Tegningsnummer: B-40-00-01

Revisjon: C02



Tegningsnummer	Revisjon
B-20-01-01	C02

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
C02	2017-02-27	Bredde på kai endret fra 40m til 46m.	MBjAl	CDNil	MBjAl
C01	2017-02-21	For gjennomgåelse hos oppdragsgiver.	MBjAl	CDNil	CDNil

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.


HERØY KOMMUNE

Målestokk (gjelder A1): 1 : 100

KAI NR 1 - MJØLSTADNESET
KAIDEKKE - DEKKE OVER

Norconsult

Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon
5170901	B-20-01-01	C02



Tegningsnummer	Revisjon
B-40-00-01	C02

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
C02	2017-02-28	Korrigert dybde på kai fra 30 til 22,5 m.	MBjAl	CDNil	CDNil
C01	2017-02-27	For gjennomgåelse hos oppdragsgiver.	MBjAl	CDNil	CDNil


Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

HERØY KOMMUNE

Målestokk (gjelder A2): 1 : 100

KAI NR 2 - MJØLSTADNESET
SNITT A-A

Norconsult	Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon
	5170901	B-40-00-01	C02



Tegningsnummer	Revisjon
B-20-01-01	C02

Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
C02	2017-02-28	Korrigert dybde på kai fra 30 til 22,5 m.	MBjAl	CDNil	CDNil
C01	2017-02-27	For gjennomgåelse hos oppdragsgiver.	MBjAl	CDNil	CDNil

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

HERØY KOMMUNE

Målestokk (gjelder A1): 1 : 100

KAI NR 2 - MJØLSTADNESET
KAIDEKKE - DEKKE OVER

Norconsult

Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon
5170901	B-20-01-01	C02

MEFJORDEN

KYSTVERKET

N62.35327, Ø5.68802 +

Vedlegg 1-7

Oversiktskart som syner relevante parameter. Kartet syner Mjølstadneset og dei to næraste fiskerihamnene: Fosnavåg (bysentrum) og Leine (Leinevika).	2017-03-01 16:30
	Lene SH
Kystverket	
500m	

+ N62.31325, Ø5.64472

Tegnforklaring

Fiskerihavner

- Fiskerihavner
- Fiskerihavn

ISPS havneanlegg

- ISPS havneanlegg (flere anlegg)
- Offentlig anlegg
- Privat anlegg

Akvakultur - flater

- Klarerte ytterpunkt
- Lokalitet trukket tilbake

Akvakulturanlegg med innehaver

- Matfisk laks, ørret, regnbueørret
- Særtillatelser
- Settefisk laks, ørret, regnbueørret
- Stamfisk laks, ørret, regnbueørret
- Slaktemerd
- Andre arter/formål
- Bløtdyr, krepsdyr, pigghuder
- Alger

Fiskeplasser aktive redskap

- Fiskeplass - aktive redskap

Anløpskai fiskeri

- Privat kai
- Ukjent kai
- Slipp/verksted
- Bunkringsanlegg
- Notbøteri
- Mottaksanlegg- aktiv
- Mottaksanlegg- nedlagt
- Offentlig kai

Fiskeplasser passive redskap

- Fiskeplasser - passive redskap


Vedlegg 2: Statistiske opplysingar

Statistiske opplysingar:	Siste år	I fjor	For to år sidan
1) Tal på fiskarar blad A på staden	18	19	20
2) Tal på fiskarar blad B på staden	288	295	297
3) Tal på fiskefartøy som høyrer heime på staden:		93	89
Lengd < 11 meter		53	50
Lengd frå 11 t.o.m. 15 meter		18	16
Lengd frå 15 t.o.m. 21 meter		0	0
Lengd frå 21 t.o.m. 28 meter		1	1
Lengd frå 28 meter		21	22

Punkta 4-10 i tabellen frå søknadsmalen vil vere vanskelige å talfeste då tiltaka ikkje er bygde endå. Kan likevel kalkulere med følgjande:
4) Mengde (tonn) ilandført fisk på staden: 50.000 mt
5) Verdi (mill. kr) av ilandført fisk på staden:Konsum: 400 mill, i tillegg kjem produksjon av mjøl og olje.
6) Tal på fiskarar på staden som dreg direkte nytte av tiltaket -7) Tal på framande fiskarar som dreg direkte nytte av tiltaket og 9) Tal på heimehøyrande fartøy som dreg direkte nytte av tiltaket -10) Tal på framande fartøy som dreg direkte nytte av tiltaket: Heile den pelagiske flåten i forhold til fiskemottaket og Egersund Trål, elles alle både lokale og framande fartøy.
8) Tal på sysselsette på land som dreg nytte av tiltaket: Om lag 100 nye arbeidsplassar på land.
Elles er tabellen fylt ut med dei statistikkar vi har funne.

Skipstrafikken - AIS-data

Skjermdump frå www.marinetraffic.com som syner type båt som har hatt anløp på Mjølstadneset 14.- 27. februar 2017. Hovudtyngda har vore fiskebåtar.



Skjermdump frå www.mareinetraffic.com. Søket er filtrert på ankomster Mjølstadneset iløpet av 24 timar (27.-28. februar 2017)

Fartøyets navn	Dato og tid	Havn
EROS	2017-02-28 08:53 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
M.YTTERSTAD	2017-02-28 07:52 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
OLJEVERN 01	2017-02-28 07:13 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
INGRID MAJALA	2017-02-28 06:59 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
RO FJORD	2017-02-27 23:27 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
VENDLA	2017-02-27 21:23 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
HEROEY	2017-02-27 20:22 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
ROGNE	2017-02-27 19:34 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
VENDLA	2017-02-27 19:06 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
INGRID MAJALA	2017-02-27 18:40 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
OLJEVERN 01	2017-02-27 17:01 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
RO FJORD	2017-02-27 13:25 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
HEROEY	2017-02-27 11:26 (UTC +1)	MJOLSTADNESET
EROS	2017-02-27 10:54 (UTC +1)	MJOLSTADNESET

Found **14** records

Vedlegg 3: Kostnadsoverslag

Tilskotssats inntil 50 %

KAI 1

A	Faste kaiar	Kostnad	Tilskotsgrunnlag
	Byggjeplasskostnader/rigg	1650893	Vurderast
	Fylling	244394	0 (vurderast)
	Plastring under kai	696424	100 %
	Pålar/spunt/celler	3571347	100 %
	Dekke med dragarar	4670497	100 %
	Friksjonsplate/forankring	1071380	100 %
	Skjørt	Inkl i dekke	100 %
	Pullertar/fenderverk	118928	100 %
	Lovbestemt redningsutstyr/lys	71099	100 %
	Straum fram til kai		0
	Vatn og avløp	55441	0
	Andre entreprisekostnader	220575	Vurderast
	Sum eks. mva.	**12370978**	
B	Kapitalkostnader		0
	Upårekna (maks 15 % av A)	1800000	Vurderast
	Planlegging/prosjektering (maks 10 % av A)	960000	
	Samla kostnad eks. mva.	**15130978**	

KAI 2

A	Faste kaiar	Kostnad	Tilskotsgrunnlag
	Byggjeplasskostnader/rigg	1140458	Vurderast
	Fylling	212516	0 (vurderast)
	Plastring under kai	605586	100 %
	Pålar/spunt/celler	2199024	100 %
	Dekke med dragarar	2958115	100 %
	Friksjonsplate/forankring	994485	100 %
	Skjørt	Inkl i dekke	100 %
	Pullertar/fenderverk	118928	100 %
	Lovbestemt redningsutstyr/lys	64544	100 %
	Straum fram til kai		0
	Vatn og avløp	55441	0
	Andre entreprisekostnader	196931	Vurderast
	Sum eks. mva.	**8546028**	
B	Kapitalkostnader		0
	Upårekna (maks 15 % av A)	1280000	Vurderast
	Planlegging/prosjektering (maks 10 % av A)	640000	
	Samla kostnad eks. mva.	**10466028**	

Totalt kostnadsoverslag

Skildring	Kostnad	Tilskotsgrunnlag
Faste kaier – kai 1	15.130.978	15.075.537
Faste kaier – kai 2	10.466.028	10.410.587
Total kostnad eks. mva.	25.597.006	25.486.124

Kommentarer til kostnadsoverslaga:

Kostnadane byggjer på kalkulerte kostnadar og er eksklusive meirverdiavgift. Kostnadar med kommunale administrasjonskostnadar/oppfølging er ikkje medrekna. Med bakgrunn i retningslinjer for tilskot ti kommunale fiskerihamnetiltak meiner vi at det summane oppført i «tilskotsgrunnlag» som er berettiga å søkje på 50% tilskot til. Det gir følgjande reknestykke:

	50% av tilskotsgrunnlag
Kai1	7.537.769
Kai2	5.205.294
Sum som vert søkt om i tilskot	**12.743.063**

Vedlegg 4: Tidsplan

Sidan prosjektet er i heilt i startfasen er det laga ein førebels tidsplan. Den vil avhenge av at det vert løyvd midlar over kommunalt budsjett og vidare at det vert gitt tilskot etter denne søknaden.

Førebels tidsplan:

- Budsjetthandsaming Herøy kommune: Desember 2017
- Statbudsjettet: ?
- Detaljprosjektering januar – mars 2018
- Utlysing av konkurranse på Doffin april 2018
- Handsaming av tilbod og klagefrist mai 2018
- Oppstart fysisk arbeid juni 2018
- Ferdigstilling kaier 2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.10.2016

SILFAS AS får reservere industriareal som vist på vedlagt kartskisse datert 09.10.2016. Reservasjonsretten går ut den 01.07.2017.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/1404
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	18.10.2016

SILFAS AS - RESERVASJON INDUSTRIAREAL

Tilråding:

SILFAS AS får reservere industriareal som vist på vedlagt kartskisse datert 09.10.2016.
Reservasjonsretten går ut den 01.07.2017.

Særutskrift:

Silfas AS
Utviklingsleiaren

Vedlegg:
Søknad frå Silfas AS
Kartvedlegg datert 09.10.2016

Saksopplysningar:

Silfas AS ved Sigurd Teige har i brev datert 06.10.2016 søkt om å få reservere industriareal på Mjølstadneset. Arealet er i storleiken 32 da og føremålet er etablering av industrianlegg mot maritim verksemd. Det er forventa at ei slik etablering kan gi opp imot 100 arbeidsplassar ifølgje Silfas AS.

Vurdering og konklusjon:

Omsøkt industriområde er under opparbeiding og er planlagt ferdigstilt i 2017. Ferdigstillinga er avhengig av at det i budsjettet vert sett av midlar til ferdigstilling. Ein må i den vidare dialogen med Silfas AS få fram behov for kommunal infrastruktur herunder naudsynte kaianlegg som industrietableringa har behov for.
Det vil vere viktig for Herøy kommune å legge til rette for slike store industrietableringar. Silfas AS sine planar vil vere i tråd med dei målsetjingar som kommunen har og etablering av 2 industrianlegg med 100 arbeidslassar vil forsterke kommunen sin maritime posisjon.
Rådmannen rår til at formannskapet reserverer industritomt til Silfas AS slik det går fram av saka og kart datert 09.10.2016

Fosnavåg, 10.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

K-fol

Vår dato
23.02.2017
Dykkar dato

Graf. Rådmann

Vår ref.
2017/1518/FMMRVIVE/310
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG



Nye kommunar i Møre og Romsdal - INFOskriv nr.1/2017/nye kommunar/FMMR

Fylkesmannen sender med dette ut informasjon og planar om arbeidet som ventar nye kommunar. I dette INFOskrivet er det spesielt fokus på inndelingslova og planar framover.

Innhaldet i INFOskrivet seier difor litt om status i fylket og nettverksarbeid framover. Vidare blir det informert om inndelingslova i høve til fellesnemnd, felles kommunestyremøte, fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte og kommunenamn. Det blir også gitt informasjon om arbeidet med kommunevåpen til nye kommunar.

INFOskrivet er meint som ein «vegvisar» for arbeidet med ny kommune frå no og frametter til vedtak om ny kommune i kongeleg resolusjon hausten 2017.

Kontaktperson: prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, mobil 99 15 85 49, e-post fmmrvive@fylkesmannen.no

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:
1 INFOskriv nr 1/2017
2 Milepælsplan - nye kommunar

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Nye kommunar i Møre og Romsdal

INFOskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR

Innhald

1. Nye kommunar i Møre og Romsdal
2. Inndelingslova
3. Felles kommunestyremøte
4. Fellesnemnd
5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte
6. Kommunenamn
7. Kommunevåpen
8. Vidare plan og tiltak for dei nye kommunane

Vedlegg

Milepælsplan

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

1. Nye kommunar i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal er det no **6 nye kommuneeiningar som involverer heile 16 kommunar** med positive gjensidige vedtak om samanslåing. Fylkesmannen merkar seg at det er stor aktivitet, positivt engasjement og tru på dei nye kommunane som skal byggast. I samband med kommunesamanslåingar er Fylkesmannen gitt mynde til å rettleie og gi informasjon til kommunane, og i enkelte saker(eks. grensejusteringar) følger også sakshandsaming. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i dette høvet gitt Fylkesmannen i Møre og Romsdal ansvar for den fylkesovergripande samanslåinga mellom kommunane Volda og Hornindal. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har fått ansvaret for samanslåinga mellom kommunane Halsa, Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune.


I løpet av første del av juni månad vil Stortinget gjere vedtak både om kommunesamanslåingar og regioninndelingar. Det er vist til at samanslåingane skal vere frivillig, med unntak av om det er enkeltkommunar som ligg i vegen for samfunnsutvikling i den nye kommunen. Stortingsfleirtalet har lagt til grunn at frivilligheitsprinsippet derfor skal gjelde, men at det likevel vil kunne være "[...] *aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må kunne stanse endringer som er hensiktsmessige ut fra regionale hensyn*.", jf. Innst. 300 S (2013-2014). Stortingsfleirtalet (Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg folkeparti) blei 21. feb. einige om at for 13 kommunar på landsbasis skulle ikkje frivilligheitsprinsippet gjelde ut i frå ei heilskapleg vurdering av regionen dei høyrer til. I Møre og Romsdal gjeld dette for Haram kommune.

Siste status i Møre og Romsdal ser difor slik ut: (oppdatert status på våre heimesider)

- **Kommunar med positive gjensidige vedtak** (13 kommunar i Møre og Romsdal - samt 3 kommunar i våre nabofylke som til saman utgjer 6 nye kommunar):
  - Volda og (Hornindal i Sogn og Fjordane) (namn ikkje bestemt)
  - Ålesund, Skodje, Sandøy og Ørskog (Nye Ålesund kommune)
  - Molde, Nesset og Midsund (Nye Molde kommune)
  - Fræna og Eide (namn ikkje bestemt)
  - Halsa og (Hemne og 1/3 av Snillfjord i Sør-Trøndelag) (namn ikkje bestemt)
  - Norddal og Stordal (namn ikkje bestemt)
- **Kommunar som er ufrivillig åleine etter vedtak** (4 kommunar):
  - Kristiansund, Vanylven, Surnadal og Sande (– men Sande er i prosess)
- **Kommune som Stortinget vil vedta å slå saman med tvang:** (1 kommune)
  - Haram kommune saman med Nye Ålesund kommune *(stipla line på kartet)*

- **Kommunar som fortsatt er i prosess** (2 kommunar):
  - Herøy og Sande (endelege vedtak mars 2017) *(stipla line på kartet)*

Kommunekartet slik det kan bli 1. jan. 2020 - pr. 1. mars 2017



2. Inndelingslova

Kommunesamanslåingar involverer fleire lover, men inndelingslova er heilt klart veldig sentral. Inndelingslova gjeld for alle typar inndelingssaker som samanslåing, deling, grensejustering og grensefastsetjing.

Stortinget vedtok 13. juni 2016 forslag til endringar i inndelingslova og kommunelova. Vedtaket bygger på forslaget i Prop. 76 L (2015–2016) til endringar i inndelingsloven og kommuneloven (behandling av kommunesamanslåingar mv.) som blei fremma av Kommunal- og moderniseringsdepartementet(KMD) 18. mars 2016. Vedtaket til lovendringar blei sanksjonert av Kongen i statsråd 17. juni 2016, og det blei samtidig vedteke at endringane skulle tre i kraft frå 1. juli 2016.

3. Felles kommunestyremøte

Når det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra jf. § 25 i Inndelingslova.

På slike felles kommunestyremøte skal følgjande saker drøftast:

- forslag til namn på den nye kommunen
- talet på medlemmer i det nye kommunestyret
- kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova
- val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Drøftinga i eit slikt felles kommunestyremøte må føljast opp med vedtak i dei einskilde kommunestyra. I tillegg til sakene som er nemnd i § 25 i inndelingslova bør kommunane i eit slikt felles møte drøfte og bli einige om saker som det er nødvendig å gjere unntak frå i lovverket for å gjennomføre samanslåing, jf. § 17 i inndelingslova.

4. Fellesnemnd

Fellesnemnda skal opprettast for å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga, jf. § 26 i inndelingslova. Etter nasjonalt vedtak i juni 2017 om samanslåing må fullmakter/reglement for fellesnemnda vedtakast i kvar einskild kommune. Etter dette kan fellesnemnda starte sitt arbeid.

Dei fleste nye kommunane i fylket har allereie valt ei «interimfellesnemnd». Denne nemnda kan utføre oppgåver for den nye kommunen på vegne av kommunestyra sine, men vedtak må fattast i dei einskilde kommunestyra.

KMD varslar at dei vil redigere rettleiar: ***Formelle rammer i bygging av nye kommuner;*** *kap. 4, 2. avsnitt, siste setning: «Fellesnemnda kan imidlertid ikke gjøre vedtak som binder den nye kommunen før sammenslåingen er vedtatt ved kongelilg resolusjon».*

Ved samanslåing av fylka i Sør- og Nord-Trøndelag vart praksis at fellesnemnda kunne gjere vedtak på vegne av dei to fylka- etter Stortingsvedtaket om samanslåing - og før kongeleg resolusjon.

I informasjon frå KMD til fylkesmannen blir det opplyst at slik praksis også vil gjelde for kommunesamanslåingar etter det nasjonale Stortingsvedtaket. Det vil seie at fellesnemnda kan gjere vedtak på vegne av kommunane som inngår i samanslåinga etter Stortingsvedtaket i juni.
Den nye kommunen får ikkje namn og kommunenummer før det er gjort vedtak i kongeleg resolusjon.

Fylkesmannen vil kome med nytt INFOskriv når vi har fått nærare informasjon frå KMD om endringa i rettleiaren.

5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte

Departementet kan gi unntak frå kravet om felles kommunestyremøte når det er gjort vedtak om samanslåing. Dette gjeld tilfelle der kommunestyra allereie har gjort alle nødvendige vedtak , jf. § 25 i inndelingslova.

Fylkesmannen har saman med dei aktuelle partane allereie gjennomført markering av dei nye kommunane. I tillegg har det vore tett kontakt mellom Fylkesmannen og dei nye kommunane gjennom heile prosessen, der Fylkesmannen blir godt informert.

Fylkesmannen vil få delegert kompetanse frå KMD til å vurdere om det er nødvendig å kalle inn til felles kommunestyremøte. ***Fylkesmannen vil framover ha dialog med dei einskilde kommunesamanslutningane for å vurdere om innkalling til felles kommunestyremøte blir nødvendig. Slik Fylkesmannen ser prosessane i dei nye kommunane pr. dags dato vil det truleg bli semje med kommunane om ikkje å gjennomføre eit slikt møte.***

6. Kommunenamn

I rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 står det i kap. 5.2 , særleg om kommunenamn nest siste avsnitt: «*Departementet legg til grunn at ved framtidige kommunesamanslåingar skal nye kommunenamn være unike. Det vil seie at namnet ikkje må være nytta av ein annan kommune eller eit fylke. Dersom til dømes ein eller fleire kommunar som blir slått saman, har eit namn som blir nytta av ein annan kommune eller eit fylke, kan den samanslåtte kommunen ikkje nytte dette namnet*».

I felles drøftingar og/eller felles kommunestyremøte er det naturleg å drøfte namneforslag til den nye kommunen. Forslag til namneval blir vedteke i dei einskilde kommunestyra i samband med at det blir gjeve mynde og fullmakter til fellesnemnda. Kommunane kan be Språkrådet om råd og rettleiing i namneprosessen.

KMD sender forslaget til namn på den nye kommunen til Språkrådet som kjem med ein uttale før namnet blir fastsett i kongelig resolusjon hausten 2017. Viser til rettleiar; *Formelle rammer i bygging av nye kommunar kap. 3.*

7. Kommunevåpen og kommuneflagg

Kommunevåpen og kommuneflagg treng ikkje vere ferdig utarbeidd til vedtak om ny kommune i kongeleg resolusjon skal gjerast.

KMD sende ut eit høyringsbrev datert 14. des. 2016 med svarfrist 15. mars 2017 om å forenkle regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.

I høyringsnotatet foreslår KMD at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg blir lagt til det enkelte kommunestyret. KMD foreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er også forslag om å oppheve lov om å flagge på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil være noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg.

8. Vidare plan og tiltak for dei nye kommunane

Milepælsplan
Det ligg vedlagt forslag til ei milepælsplan der ulike tema og fristar er lagt inn – og som Fylkesmannen er delaktig i på ulike vis. Milepælsplanen er eit forsøk på å sette i system hovudlinene for prosessar og fristar- som deretter kan leggast inn i kommunane sine eigne planar.

Milepælsplanen blir redigert etter kvart som nye hendingar og datoar blir bestemt nasjonalt eller lokalt.

Kommunane står framfor følgande viktige oppgåver:

- Dersom det blir gjort unntak frå felles kommunestyremøte, jf. ovanfor – er det nødvendig for kommunane å ha **felles drøftingar** etter § 25 i inndelingslova - som førebuing til kommunestyrevedtak

- Alle kommunane som er del i ei samanslåing skal fatte **vedtak i kommunestyra sine** etter Stortingsvedtaket- der det blir fatta vedtak ut i frå punkta som blei drøfta i felles kommunestyremøte eller frå felles drøftingar, jf. ovanfor.

- **Kommunestyrevedtaka skal sendast til Fylkesmannen.** Fylkesmannen vil snarast sende vedtaka vidare til KMD. Ut i frå den informasjonen KMD får gjennom kommunestyrevedtaka vil dei førebu sak til vedtak i kongelig resolusjon. *Kommunen får etter kongeleg resolusjon sitt offisielle namn og kommunenummer.*

- Dersom Fylkesmannen skal kalle inn til felles kommunestyremøte, må **dato for eit slikt møte fastsetjast** helst før dato for dei siste kommunestyremøta før ferien.

- Fylkesmannen og kommunane har **dialog** om korleis kommunane ønsker å løyse oppgåvene framover.

Nettverk
KS og Fylkesmannen har inngått eit samarbeid med å samordne tilboda sine til dei nye kommunane i fylket, inklusiv Hornindal kommune i Sogn og Fjordane. Første nettverkssamling for fellesnemndene og for prosjektleiarane blir gjennomført no i mars. Tilboda blir tilpassa etter kva slags behov kommunane har framover for kompetanseheving og erfaringsoverføring.

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Forslag til milepælsplan for nye kommunar

År	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
2017	RST – 100 mill			Innstilling Stortinget		Nasjonalt vedtak	ferie	Kongelig resolusjon	Stortingsval	Stats-budsjettet		
	IFF	IFF	IFF	IFF	IFF	Felles KSM drøfting		FF	FF	FF	FF	FF
	IST-100 mill		Nettverk og prosjektleiar-samling		Kommune proposisjon	KS-vedtak – fullmakter F Sendes FM		Utbetaling Eingongs-støtte		Nettverks-samling		KF avslutta-økonomi
2018	RST – 200 mill		Nettverks-samling							Nettverks-samling		
	FF	FF	FF	FF	FF	FF		FF	FF	FF	FF	FF
2019			Nettverks-samling						Kommuneval Fylkestingsval			
	FF	FF	FF	FF	FF	FF		FF	FF	KS konstituer er seg		
2020	Ny kommune											
	Utbetaling reformstøtte											
2021	Nye AA-retningsliner											

IFF: Interimfellesnemnd i funksjon – **FF:** Fellesnemnd i funksjon – **KS:** kommunestyre – **KSM:** kommunestyremøte – **KF:** kommunereforma –

RST: regionsentertilskot – **FM:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal – **AA:** arbeidsgivaravgift – **IST:** Tiltak for infrastruktur

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Forklaring til milepælsplan

2017	Nettverkssamling	14. og 15. mars – samling i Ålesund
	Prosjektleiarsamling	28. og 29. mars – samling i Molde
	Kommuneproposisjon	18. mai – samling i Molde
	Nettverkssamling	2. og 3. oktober
	Regionsentertilskot 100 mill	2017
	Tilskot til infrastrukturtiltak - utlysing	Dato ikkje bestemt for utlysing
	Innstilling til Stortinget om ny kommune- og regioninndeling	7. april
	Vedtak om ny fylkesmannsstruktur	7. april
	Nasjonalt vedtak om kommune- og regioninndeling	Juni
	Felles kommunestyremøte – drøfting fullmakter til fellesnemnd	Juni
	Kommunestyrevedtak – fullmakter til fellesnemnd	Juni
	Utbetaling eingongsstøtte	Tidleg haust
	Vedtak om nye kommunar i Kongeleg resolusjon	Haust
	Stortingsval	11. sept.
	Statsbudsjettet	12. okt. (foreløpig dato)
	Økonomiske verkemedel i kommunereforma avsluttast	31. des.
2018	Regionsentertilskot 200 mill	2018
	Grenseendringar – fylke/region og kommunegrenser	Dato ikkje bestemt for utlysing
2019	Kommunestyre- og fylkestingsval	Sept.
	Kommunestyret i den nye kommunen konstituerer seg	innan utgangen av oktober
2020	**Nye kommunar**	**1. jan. 2020**
	Utbetaling reformstøtte	Jan.